



DET KONGELEGE
BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2008–2009)

Om menn, mansroller og likestilling



Innhald

1	Innleiing	7	3.2.2	Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden – lønnseffektar for menn og kvinner ...	38
1.1	Samandrag av meldinga og forslag til strategiar og tiltak	9	3.2.3	Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden – effektar på arbeidskvalitet og -trivsel.....	39
1.2	Rammeverket for likestilling	13	3.3	Korleis få ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad?	39
1.2.1	Likestillingslovgivinga	13	3.3.1	Menn inn i kvinnedominerte yrke – kvifor og korleis?	39
1.2.2	Andre verkemiddel og kva dei betyr for menn	14	3.3.2	Positiv særbehandling av menn med heimel i likestillingslova	41
2	Gutar – oppvekst, barnehage og skulegang	15	3.3.3	Erfaringar med arbeid for å få kvinner inn i mannsdominerte yrke og utdanningar.....	42
2.1	Innleiing.....	15	3.3.4	Tiltak for betra kjønnsbalanse i val av utdanning	43
2.1.1	Utviklingstrekk	16	3.3.5	Tiltak for rekruttering av menn til barnehage og skule.....	45
2.1.2	Gutar, kjønn og identitet.....	17	3.3.6	Tiltak for rekruttering av menn og personar med minoritetsbakgrunn til utdanning for arbeid i barnevernet.....	47
2.1.3	Gutar og rom for handling	18	3.3.7	Tiltak for fleire menn i omsorgssektoren	47
2.1.4	Gutar som forbrukarar	18	3.4	Oppsummering av tiltak	48
2.2	Gutar i det private og offentlege rommet	19	3.4.1	Utvida høve til positiv særbehandling av menn	48
2.3	Gutar i barnehagen	20	3.4.2	Satsing på rekrutteringsstrategiar – drøfting med partane i arbeidslivet	49
2.3.1	Gutar og kjønnsidentitet i barnehage.....	21	3.4.3	Satsing på tiltak for å rekruttere og halde på menn i kvinnedominerte arbeidsplassar	49
2.3.2	Menn i barnehage og skule.....	21	3.4.4	Bidrag til breiare utdanningsval blant gutar – satsing på rådgivingsteneste	49
2.4	Skulekvardag og skuleprestasjonar hos gutar	22	3.4.5	Forsking	50
2.4.1	Læringsutbyte og resultat hos gutar.....	22	4	Fedrar mellom arbeid og familieliv	51
2.4.2	Læringsmiljøet for gutar	24	4.1	Innleiing – målet om eit likestilt foreldreskap	51
2.4.3	Betydinga av tidleg innsats.....	26	4.2	Småbarnsfedrar og rettane deira – nokre hovudliner	51
2.4.4	Den kulturelle skulesekken	27	4.2.1	Kort om reglane i dag	51
2.5	Kjønnsdelt organisert fritid for gutar og jenter	28	4.2.2	Tid som fedrar bruker til arbeid og omsorg	53
2.5.1	Idrett	28	4.3	Bakgrunn for foreldrepraksis	54
2.5.2	Korleis unge ser på idrett og kjønn	29	4.3.1	Haldningar til menn som forsørgjarar og omsorgspersonar.....	55
2.6	Forskjellar mellom gutar og jenter i den uorganiserte fritida	30	4.3.2	Korleis kvinners arbeidsforhold og haldningar til jobben verkar inn	56
2.6.1	Gutar og bruk av elektroniske medium.....	30			
2.6.2	Gutar og bruk av bibliotek.....	31			
2.7	Ein likestilt oppvekst for gutar og jenter – tiltak	31			
2.7.1	Oppvekst i familien.....	32			
2.7.2	Gutar i barnehagen	32			
2.7.3	Læringsmiljø og læringsutbyte for gutar	32			
2.7.4	Organisert fritid	33			
3	Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden	34			
3.1	Innleiing.....	34			
3.2	Fakta om den kjønnsdelte arbeidsmarknaden.....	35			
3.2.1	Kjønnsdelte utdanningsval	36			

4.3.3	Ønskjer foreldre ei anna arbeidsfordeling?	58	5.6.5	Barnelovutvalet	82
4.4	Korleis auke bruk av foreldrepermisjon blant fedrar?	58	5.7	Forslag til tiltak som kan styrkje menns rolle og ansvar i samliv og familie.....	82
4.4.1	Fedrar som fell utanfor foreldrepengeordninga	58	5.7.1	Menn i parforhold og samliv.....	83
4.4.2	Fedreuttak i familiar med to yrkesaktive foreldre	59	5.7.2	Menn og omsorg for barn i samliv	83
4.4.3	Når berre far er yrkesaktiv	60	5.7.3	Førebygging av samlivskonfliktar og samlivsbrot	84
4.4.4	Erfaringar frå andre nordiske land	61	5.7.4	Gjennomgang av Barnelovutvalets forslag til tiltak for å styrkje fedrerolla etter samlivsbrot.....	84
4.4.5	Hovudprinsipp for vidareutvikling av foreldrepengeordninga	62	5.7.5	Andre forslag til tiltak	90
4.5	Korleis få eit meir familievennleg arbeidsliv?.....	63	6	Menn, livsstil og helse	91
4.5.1	Om rettar for å tilpasse arbeid og familieliv	63	6.1	Innleiing	91
4.5.2	Rett til full lønn under omsorgspermisjon	65	6.1.1	Levealder.....	92
4.5.3	Korleis arbeidslivet kan gjere tilpassingar enklare for fedrar – erfaringar og døme.....	65	6.1.2	Eigenvurdering av helse og livskvalitet hos menn	93
4.6	Oppsummering av tiltak	67	6.1.3	Førekomst av sjukdom og ulikskapar i diagnosar mellom kvinner og menn	94
5	Menn i samliv og familie	68	6.1.4	Sjukefråvær	96
5.1	Innleiing	68	6.2	Bruk av helsetenester	97
5.2	Likestilling mellom kjønna i parforhold	69	6.2.1	Bruk av primærhelsetenester	97
5.2.1	Menn i parforhold og samliv	69	6.2.2	Bruk av spesialisthelsetenester	98
5.2.2	Likestilling og valfridom i parforhold.....	71	6.3	Sjukdomsrapportering hos menn.....	99
5.2.3	Korleis menn handterer samlivskonfliktar	72	6.3.1	Psykisk helse	100
5.3	Menn, parforhold og overgang til foreldreskap	73	6.3.2	Sjølvmod	101
5.4	Menn og omsorg for barn i samliv	74	6.4	Menns livsstil.....	101
5.4.1	Omsorg og ansvar som kjønna fenomen	74	6.4.1	Ernæring	101
5.4.2	Frå fråverande til nærverande fedrar.....	74	6.4.2	Fysisk aktivitet.....	102
5.4.3	Barrierar	76	6.4.3	Tobakk	102
5.4.4	Menn og omsorg i ulike livsfasar.....	76	6.4.4	Gutar og menn – seksualitet og seksualvanar	103
5.5	Førebygging av samlivskonfliktar og samlivsbrot	77	6.4.5	Seksuelt overførbare infeksjonar.....	104
5.6	Menn og omsorg for barn etter samlivsbrot	78	6.4.6	Alkohol og rus	104
5.6.1	Korleis menn handterer samlivsbrot	78	6.4.7	Ulykker.....	106
5.6.2	Likestilt foreldreskap etter samlivsbrot	80	6.5	Strategiar for å redusere forskjellar i helse og bruk av førebyggjande helsetenester blant gutar og menn....	107
5.6.3	Foreldresamarbeid etter samlivsbrot.....	81	6.5.1	Formidling av helseinformasjon.....	107
5.6.4	Manglande likestilling kan bidra til at fedrar får dårlegare omsorg som eldre	82	6.5.2	Bevisst satsing på gutar i skulehelsetenesta for å gjere det meir attraktivt for gutar å bruke tenesta	108
			6.5.3	Eit innarbeidd kjønnsperspektiv i helse- og omsorgstenestene, og i forkinga om helse	109
			6.5.4	Målretta tiltak for redusert førekomst av seksuelt overførbare infeksjonar	110

7	Gutar og menn som er sosialt utsette	112	8.5.1	Greie ut samanhengen mellom den kommersielle valden og valdelege haldningar og handlingar, særleg hos gutar og menn	132
7.1	Innleiing.....	112	8.5.2	Utvikle landsdekkjande hjelpe- og behandlingstilbod for gutar og menn med valdelege haldningar	133
7.2	Risikogrupper	112	8.5.3	Haldningsskapande arbeid blant menn og i mannsdominerte miljø.....	133
7.3	Fråfall i utdanning	113	8.5.4	Førebyggjande innsats i grunnskule og vidaregåande opplæring.....	133
7.3.1	Utdanningsnivå blant gutar og menn.....	113	8.5.5	Tiltak i forhold til gutar og menn som vert utsette for vald	133
7.3.2	Tiltak for å hindre fråfall i vidaregåande skule.....	114	9	Nyare kjønns- og mannsforskning – om menn og maskulinitet	135
7.4	Fråfall i arbeidsmarknaden	114	9.1	Maskulinitet i endring	135
7.4.1	Menn som er utanfor arbeidslivet ...	114	9.1.1	Haldningar til likestilling mellom kjønn	137
7.4.2	Unge utanfor arbeidslivet	115	9.1.2	Nokre omgrep	138
7.4.3	Uføretrygda	116	9.1.3	Kven definerer maskulinitet?	138
7.5	Sosialhjelp	116	9.1.4	Maskuline stereotypiar	139
7.6	Bustadlause	116	9.1.5	Om forståing av det mannlege.....	139
7.7	Kriminalitet	117	9.1.6	Maskuline fellesskap og vennskap mellom menn.....	140
7.7.1	Ungdomskriminalitet	117	9.2	Ulike maskulinitetsideal	141
7.7.2	Gjengkriminalitet og gutar med innvandrarbakgrunn	118	9.2.1	Innleiing	141
7.8	Barnevern.....	119	9.2.2	Alder og klasse	141
7.8.1	Barnevernsbarn får oftare eit vanskeleg liv	119	9.2.3	Menn i ulike posisjonar	143
7.8.2	Eit maskulinitetsperspektiv i barnevernet	120	9.2.4	Menn med innvandrarbakgrunn	143
8	Maskulinitet og vald	122	9.2.5	Menn med nedsett funksjonsevne ...	145
8.1	Innleiing.....	122	10	Økonomiske og administrative konsekvensar	147
8.2	Om menns vald.....	122	Vedlegg		
8.3	Ulike former for vald	123	1	Likestilling og livskvalitet 2007.....	149
8.3.1	Vald på offentleg stad.....	124	2	Mannspanelets konkurjonsnotat.....	160
8.3.2	Vald i nære relasjonar og partnarvald	125	3	Referansar	167
8.4	Menn som offer for vald og seksuelle overgrep.....	128			
8.4.1	Det problematiske offeromgrepet ...	129			
8.4.2	Offer for vald i nære relasjonar	130			
8.4.3	Offer for seksuelle overgrep.....	131			
8.4.4	Offer for vald på offentleg stad.....	131			
8.5	Strategiar og tiltak for å dempe valdelege haldningar og handlingar, særleg hos gutar og menn.....	132			



DET KONGELEGE
BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2008–2009)

Om menn, mansroller og likestilling

*Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet av 12. desember 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Regjeringa legg med dette fram ei stortingsmelding om menn, mansroller og likestilling. Likestilling har lenge vore synonymt med kvinner og deira kamp for økonomisk sjølvstende, lik løn, makt, og mot undertrykking og vald.

Likestilling handlar om begge kjønn. Når menn har mindre tid saman med egne barn, er meir utsette for ulykker, er overrepresentert på kriminalstatistikken, og fell oftare frå vidaregåande utdanning, er dette døme på at menn òg kan tene på likestilling. Menn er i dag òg underrepresenterte i yrke som lærar i barnehage og grunnskule, sjukepleiar og barnevernspedagog. Samstundes sitt menn framleis i dei fleste maktposisjonar, dei tener meir enn kvinner, og det er i hovudsak menn som står bak den grove valden i nære relasjonar.

Dei seinare åra har det skjedd positive endringar i mansrolla. Det er no gått nesten 20 år sidan Mannsrolleutvalet i 1991 la fram si innstilling. Mannsrolleutvalet peika ut omfordeling av makt mellom kvinner og menn, meir tid for fedrane til omsorg for egne barn både før og etter samlivsbrot, reduserte kjønnsforskjellar i val av utdanning og yrke, og å hindre menns vald mot kvinner, som sentrale mål for det framtidige likestillingsarbeidet. På fleire områder har utviklinga i mellom-

perioden vore positiv. Særleg er det grunn til å trekkje fram utviklinga i heimen, og den auka kontakten mellom fedrar og deira barn. På andre område har utviklinga stått stille eller vore negativ. Medan kvinner har kome inn på dei tidlegare mannsdominerte arenaene i arbeidslivet, har det ikkje vore nokon auke når det gjeld menn i helse- og omsorgssektoren, og i utdanningssektoren utgjer menn ei mindre gruppe i dag enn 15 år tidlegare. Det gjer at det er grunn til å gjenta måla frå Mannsrolleutvalet.

Det er òg behov for å oppsummere endringar som har skjedd som følgje av forslaga frå utvalet, og for å vurdere nye utfordringar i lys av den generelle samfunnsutviklinga. Forslaga som utvalet la fram, er mellom anna følgde opp med ein eigen fedrekvote i foreldrepermisjonsordninga. Det har medverka til endringar i mansroller og i tradisjonelle oppfatningar om eigenskapar knytte til menn og maskulinitet. Den «nye mannen» er meir likestillingsorientert. Særleg er menn i dag meir delaktige i omsorga for barn, og endringane i farsrolla har vore spesielt store. Menn har òg fått utvida rom for handling.

Omsorg er ei åtferd hos menn som bør stimulerast. Omsorg er på mange måtar i utgangspunktet det motsette av vald, og dessutan ei viktig evne

Boks 1.1 Endringar i mansrollene sidan mansrolleutvalet

- Medan menn i studieåret 1993/1994 utgjorde 47 % av talet som fullførte utdanning ved universitet og høyskole, var talet gått ned til 37,7 % i studieåret 2006/2007.
- I likestillingsgranskinga i 1988 svara 95 % av menn at partner sto for matlaging. I granskinga i 2007 svara 48 % av menn det same.
- Fedrene hadde i 1990 rundt 12,5 timar meir arbeidstid enn mødrene pr veke. I 2005 var forskjellen rundt 8 timar.
- I 1988 tok 1-2 % av fedrane ut foreldrepermisjon. I 2007 nytta 9 av 10 fedre med rett til fedrekvote seg av dei øyremerkte vekene.
- I 1996 utgjorde menn 41,3 % av tilsette i undervisningssektoren. 2. kvartal 2008 utgjorde menn 34,6 % av dei tilsette.
- På 90-talet var 19 av 20 styredeltakarar menn. I 2008 er 6 av 10 deltakarar av styre i allmennaksjeselskap menn.
- På 90-talet var barn under 18 år som bur berre hos far, eller far og ny sambuar eit unntak. I 2008 gjeld dette om lag 41.500 barn, og berre sidan 2001 har talet auka frå om lag 29.000.
- Raten for dødelegheit før fylde 65 år var i 1991 41 per 1000 for menn og 22 per 1000 for kvinner. I 2007 var raten 28 per 1000 for menn, og 18 for kvinner
- Forventa levealder ved fødsel var i 1991 74 år for menn og 80 for kvinner. I 2007 var forventede levealder auka til 78 og 83 år.

i oppseding og samvær med barn, også i yrke i barnehagar og skular. I omsorga for eldre har menn ei viktig rolle, og likeeins i sjukepleia generelt. Både menn og kvinner blir sjuke og pleietrengande og bør ha krav på å få møte personar av begge kjønn som omsorgsytarar.

Maskulinitet er, som feminitet, allment forbunde med ei rekkje positive verdiar og eigenskapar. I sum dannar dei eit mangfald som gir grunnlag for sosial, kulturell og økonomisk vekst i samfunnet. Enkelte åtferdstrekk som tradisjonelt er knytte til maskulinitet, er det likevel grunn til å vurde kritisk. Det gjeld særleg trekk som har ein slik karakter at dei rammar kvinner, men òg grupper av menn, på ein negativ måte. Vald mot kvinner og

barn eller andre menn, mellom anna vald mot homofile, er døme på dette.

Regjeringa erkjenner at likestilling berre kan oppnåast når menn og kvinner arbeider saman mot konkrete mål og aksepterer at både maskulinitet og feminitet har sider der endringar og nye tilpassingar trengst. Likestilling mellom kjønn handlar både om å endre haldningar hos menn og kvinner og om å sikre formelle rettar og plikter på individ- og gruppenivå.

Eit viktig formål med denne meldinga er å samle kunnskapsbasert materiale og data om menn og mansroller. Materialet viser til fulle at det er store sosiale forskjellar mellom grupper av menn, og at det er god grunn til å bruke omgrepet «det ekstreme kjønn». Menn utgjer nemleg både topp og botn i samfunnet sett med «sosiale auge». Dei er overrepresenterte i maktforum, og dei toppar dei «dårlege» statistikkane over vald, kriminalitet og sjølv mord. Åtte av ti skuleelevar med alvorlege åtferdsproblem er gutar.

Som bakgrunn for meldinga sette Barne- og likestillingsdepartementet i 2006 i gang ei brei gransking av haldningar og praksis i samband med likestilling mellom kvinner og menn. *Resultata er presenterte i dei ulike delane av meldinga, og det blir då referert til «Likestillingsgranskinga»*. Eit samandrag av resultata går fram av vedlegg 1. Gjennomgåande har likestillingspolitiske tiltak, mellom anna med sikte på å sikre lik reell tilgang til utdanning uavhengig av kjønn og ein oppvekst utan preg av kjønnsstereotypiar stor tilslutning blant kvinner og menn. Granskinga viser at likestillinga på heimebane blir gjennomført gjennom forhandlingar på dagleg og lengre sikt, og at menn deltek mykje meir i positiv forstand som medansvarlege for familiens ve og vel. Heile 90 % av både menn og kvinner meiner at arbeidet i heimen og forsørgjaransvaret for familien bør delast likt mellom kjønna, òg langt fleire par følgjer og dette prinsippet opp i den daglege handlemåten.

Samtidig viser granskinga at arbeidslivet statistisk ikkje viser noko teikn til å bli meir likestilt, at det har skjedd lite eller inkje av eigeninitiert likestillingsutvikling, og at arbeidslivet fungerer som ein brems for likestillinga mellom kjønna. Når vi i tillegg har ein så kjønnsdelt arbeidsmarknad, ser vi at norsk samfunnsliv har store utfordringar på dette feltet i tida framover.

Barne- og likestillingsministeren etablerte i august 2007 eit mannspanel som fekk i mandat å drøfte og skape debatt rundt temaet menn, mansroller og maskulinitet i eit likestillingsperspektiv. Mannspanelet blei òg bedt om å gi inns-

pel til arbeidet med meldinga. Forslaga som Mannspanelet la fram i eit sluttnotat, er omtalte i dei ulike delane i meldinga. Notatet frå panelet går i tillegg fram av vedlegg 2. Departementet konstaterer at det nesten utan unntak var samsvar mellom dei områda der Mannspanelet ville setje inn tiltak, og dei sidene ved situasjonen til menn som meldinga allereie var retta inn mot. Etableringa av Mannspanelet viste på alle måtar behovet for å drøfte mansrollene og livssituasjonen til menn. Ikkje minst var det interessant å sjå at så mange såg det som ein provokasjon at mennene i panelet ikkje skulle vere «ordentlege mannfolk». Det kan sjå ut til at somme meiner dei har ein rett på å definere dette omgrepet, og at det berre er dei sjølve som fell inn under det. Utspela viser at behovet for å drøfte mansroller og situasjonen til menn absolutt bør ha politisk og samfunnsmessig interesse.

Den delen av befolkninga som ikkje er fødd i Noreg, har auka vesentleg dei siste 15 åra. Særleg frå ikkje-vestlege land har tilflyttinga auka. I det same tidsrommet er det blitt langt større openheit om seksuell legning, og mangfald som ein viktig verdi har brei støtte i befolkninga. Dei nemnde faktorane viser både at mansrollene har endra seg i løpet av åra som har gått sidan Mannsrolleutvalet, og at spekteret av mansroller er utvida. Meldinga drøfter ulike sider ved mansrollene og eigenskapar knytte til maskulinitet.

Regjeringa erkjenner at likebehandling av kjønn ikkje åleine kan oppnåast ved å gi menn og kvinner like formelle rettar og plikter. Når gutar blei oppseda til å halde igjen tårene, mens jenter fekk gråte openlyst, var ikkje det ulovleg forskjellsbehandling av kjønn, men like fullt ei kulturrelt basert forskjellsbehandling som førte til at menn og kvinner tedde seg ulikt seinare i livet. I denne meldinga er søkjelyset først og fremst retta mot sosiale og kulturelle tradisjonar som reproduserer åtferd hos nye generasjonar, og kjønnsbasert forskjellsbehandling som rammar gutar og menn. Formålet er å finne ut korleis slik forskjellsbehandling og reproduksjon av uønskt åtferd kan fjernast.

Rettar og plikter som berre gjeld for det eine kjønn, må reknast som brot på likebehandlingsprinsippet og krev særskild grunngeving. Lover og reglar er no i all hovudsak kjønnsnøytrale, og etter regelverket er det derfor stor grad av sjanseliskap for menn og kvinner i Noreg. På enkelte område har norske styresmakter sett i verk positiv særbehandling av det eine kjønn for å skape resultatlikskap. Grunngevinga for tiltaka har vore

at slik særbehandling på lang sikt vil tene likestillinga mellom kjønna.

Regjeringa vil arbeide for at økonomiske ordningar, lover og reglar skal vere kjønnsnøytrale og ikkje diskriminere det eine kjønn. I denne meldinga går regjeringa derfor gjennom og vurderer endringar i ordningar og reglar som kan verke diskriminerande overfor gutar og menn. Ei vel så stor utfordring for den enkelte gut og mann er nok likevel kulturelle og kollektive haldningar med historisk bakgrunn som inneber at menn og kvinner blir forstått og behandla ulikt. Slike haldningar set framleis klare grenser for kva jenter og gutar kan velje, og i meldinga foreslår regjeringa tiltak på ulike samfunnsområde for å endre dei.

Medan kvinnerolla vart vesentleg endra på sytti- og åttitalet, har ein dei to siste tiåra òg sett store endringar i mansrolla. Å rette fokus mot menn og likestilling inneber ikkje at arbeidet med kvinner og likestilling blir nedprioritert. Tvert om heng dette tett saman. Det er framleis eit mål å sikre ei høg yrkesdeltaking hos kvinner, å få fleire kvinner inn i leiarstillingar og i styre. Men det er òg eit mål at fedrane får meir tid saman med egne barn. Samstundes som det er eit mål å redusere forskjellen i timeløn mellom kvinne-dominerte og mansdominerte yrke, er det òg eit mål å få fleire menn til å velje sjukepleiaryrket eller andre yrke der kvinner er overrepresenterte. Likestilling mellom kvinner og menn handlar djupast sett om å oppnå ei rettvis fordeling av makt, ansvar og omsorg.

Det vil tene både kvinner og menn, familien og samfunnet.

1.1 Samandrag av meldinga og forslag til strategiar og tiltak

Kap. 2 Oppvekst, utdannings- og yrkesval

Kunnskapsdepartementet har våren 2008 lagt fram ein eigen handlingsplan for likestilling i barnehagen og i grunnopplæringa. Handlingsplanen foreslår ei rekkje tiltak for å betre kjønnsbalansen, både i utdanningsval for barn og unge og blant tilsette i sektoren. Formålet er å endre på tradisjonelle oppfatningar om utdannings- og yrkesval, og tiltak skal rettast mot begge kjønn anten ein er elev, student eller arbeidssøklar. Meldinga drøfter behov for særskild innsats retta mot gutar innanfor skule og utdanning.

Eit særtrekk ved skulen er at gutar på alle nivå gjennomgåande har svakare resultat frå grunns-

kule og vidaregåande skule enn jenter. Tal frå Ut-danningsdirektoratet viser at gutar i snitt ligg ein halv karakter bak jentene i avgangsresultat frå grunnskulen. Kjønnforskjellane var betydelege òg for tjue år sida. Regjeringa ser på tidleg intervensjon som det viktigaste verkemidlet for å bøte på lærevanskar. Statistikken viser at fleire gutar enn jenter treng slik intervensjon, men det er langt færre (6,3 %) av elevane som får spesialundervisning enn som har lærevanskar. Samspelet mellom skule og foreldre er òg vesentleg, og fedrar, særleg fedrar, med etnisk minoritets bakgrunn må stimulerast til å engasjere seg langt sterkare i skulekvardagen.

Forskning viser at gutar og jenter møter ulike forventningar når det gjeld skuletilpassing, både frå heim og skule. Slike kjønnsbaserte forskjellar i forventningar kan slå negativt ut for gutar seinare i livet. Forskning viser òg ein klar samanheng mellom forventningar og læring. Det er behov for meir forskning om årsaker til forskjellar i læringsutbytte. Ein fersk rapport frå NOVA fann ikkje grunnlag i forskinga for at skulen forsterkar kjønnsforskjellar i læringsutbytte, men heller ikkje for at skulen medverka til å redusere forskjellane. Svake avgangskaraktarar frå grunnskulen er ein stor risikofaktor i høve til fråfall i vidaregåande skule. Når gutar har langt høgare fråfall i utdanninga enn jenter, vil det i eit likestillingspolitisk lys svekke gutars moglegheit ved val av vidare utdanning og yrke, samanlikna med jenter. Kunnskapsdepartementet vil derfor forsterke innsatsen for å bringe fram kunnskap om årsaker til kjønnsforskjellane i læringsutbytte.

Endringar i utdanningsval er sentrale for å lykkast med å bryte den kjønnsdelte arbeidsmarknaden. Utdannings- og yrkesrådgjevinga i skulen vil ha auka fokus på kjønnsutradisjonelle utdanningsval, slik Kunnskapsdepartementet si handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring (2008-2010) og St. meld. nr. 16 (2006-2007) om innføring av delt rådgjevingsteneste i grunnskulen og vidaregåande opplæring legg opp til.

Kap. 3 Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden

Departementet vil setje i gang arbeidet med å utvide heimelen i likestillingslova om særbehandling av menn slik at det òg omfattar andre sektorar som arbeider med voksne, der menn er underrepresenterte, bl.a. i pleie- og omsorgssektoren. Den norske arbeidsmarknaden er ein av dei mest kjønnssegregerte i Europa. Likestillingsgranskninga viser at arbeidslivet «bidrar til å brem-

se» likestillinga mellom kvinner og menn, og at lite har skjedd dei siste 20 åra når det gjeld å oppnå ei jamnare fordeling mellom kjønn i dei ulike yrka og næringane. Ei rekkje offentlege kampanjar har vore sette i gang for å endre dette biletet. «Likestilling i landbruket», «Kvinner i leing», «Kvinner i realfag» er kampanjar som har vore lanserte og gjennomførte. Tilsvarande kampanjar retta mot menn har vore av mindre omfang, men dette er nå endra gjennom handlingsplan for fleire menn i barnehage og skule (Kunnskapsdepartementet).

Av kampanjar som ledd i arbeidet for å få fleire menn inn i arbeid med barn kan nemnast «Menn i barnehagen» (www.mibnett.no), «Menn i skulen» (www.menniskolen.no) og nokre spreidde prosjekt under Helse- og omsorgsdepartementet, til dømes «Kompetanseløftet». Regjeringa foreslår å styrkje verkemidla for å rekruttere menn til bransjar som i dag er kvinnedominerte. Alle offentlege sektorar skal vidare ha strategiar for å behalde tilsette av det underrepresenterte kjønn. Auka høve til positiv særbehandling av menn, i kombinasjon med ein bevisst rekrutterings- og personalpolitikk, kan vere med og jamne ut dei kjønnsforskjellane som eksisterer i dagens arbeidsmarknad.

Barnehagesektoren har god erfaring med rekrutteringsstrategiar der moderat kvotering vert kombinert med andre rekrutterings- og behaldetiltak. Talet på menn i barnehagane har auka med 50 prosent frå 2003 til 2007. Barnehagane som har lukkast (har minst 20 prosent menn blant dei tilsette), har kombinert positiv særbehandling med enkle virkemiddel som mellom anna marknadsføring der menn er målgruppa.

Kap. 4 Fedrar mellom arbeid og familieliv

Regjeringa vil støtte opp og leggje forholda til rette for at far skal ta meir ansvar for barn og familie. Regjeringa vil føre ein samlivspolitik som styrker likestillinga i samfunnet og gir kvinner og menn høve til å delta, på lik line i familielivet og i arbeids- og organisasjonslivet.

I samsvar med måla i Soria-Moriaerklæringa om meir sjølvstendige rettar for far vil regjeringa arbeide for at alle fedrar som har opptent rett, skal ha rett til fedrekvote. Dette vil gi alle fedrar som har opptent rett til foreldrepenge, den same moglegheit til å ta ut ei fedrekvote. Dagens foreldrepengeordning er kompleks og har gjennomgripande svakheit når det gjeld forskjellsbehandling av mødrer og fedrar. Departementet vil utgreie ei forenkla og likestilt ordning.

Å kombinere fulltidsjobb og familieliv er ei utfordring både for mødrer og fedrar, men fedrane har andre tilpassingar å gjere enn mødrene. Det kan skuldast kollektive haldningar, kultur og tradisjonar i samfunnet og på arbeidsplassane. I dag tek færre enn 20 % av fedrane med rett til fedrekvot ut meir enn dei øyremerkte vekene, og meir enn 80 % av barna bur saman med den biologiske mora etter eit samlivsbrot. Eit ansvarleg, forpliktande foreldreskap gjeld begge kjønn. Både mor og far er viktige omsorgspersonar for barnet.

Å utvide fedrekvoten er det mest effektive tiltaket for å auke fedranes bruk av foreldrepermisjon. I statsbudsjettet for 2009 er fedrekvoten foreslått auka til 10 veker, og samla permisjonsperiode med to veker. Regjeringa vil på sikt utvide fedrekvoten med ytterlegare fire veker til 14 veker, der to av vekene vil kome som forlenging av stønadperioden. Dette legg grunnlag for ei vesentleg styrking av fedranes omsorgsrolle og sikrer samstundes familiane fleksibilitet.

Departementet vil òg greie ut korleis ordninga med den to veker lange omsorgspermisjonen ved fødsel eller omsorgsovertaking kan gjerast betre.

Kap. 5 Menn i samliv, og samarbeid mellom foreldra etter samlivsbrot

Regjeringa ønskjer å styrkje fedrane som omsorgspersonar. Endringar i samlivsformer medfører at stadig fleire fedrar har dagleg samvær med stebarn og periodisk samvær med biologiske barn. Nye samlivsformer krev at kjønnsrollene må endrast.

Eit eige utval, Barnelovutvalet (NOU 2008:9 Med barnet i fokus), har utgreidd. endringar i barnelova. Utgreiinga vil bli følgd opp med ein lovproposisjon. Men når perspektivet for endringane i barnelova er å støtte opp under ei utvikling mot ei meir likeverdig deltaking frå begge foreldra overfor barnet etter eit samlivsbrot, handlar dette òg om menn og omsorg.

Det er barnet sitt beste som skal vere førande for endringar i barnelova. At barn kan oppretthalde og utvikle best mogeleg kontakt med begge foreldra òg når dei ikkje lenger bur saman, vil i dei fleste høve vere til barnet sitt beste, og ei stode det bør oppmuntrast til gjennom lovverket.

Hovudsakleg som følgje av avtalar mellom foreldra bur fleirtalet av barna hos biologisk mor etter samlivsbrot. Når domstolen avgjer kven barnet skal bu hos fast, får far medhald i same grad som mor. Barna har i dei fleste høve rett til samvær med

far, eventuelt mor. Regjeringa vil foreslå å utvide definisjonen av «vanleg samvær».

Regjeringa vil òg foreslå å auke ramma for fastsetjing av samvær med offentlig oppnemnd tilsynsperson. Endringane vil for barna kunne medføre auka samvær med fedrane etter samlivsbrot. Når ein av foreldra vel å flytte over store avstandar etter samlivsbrot, gjer det samvær med begge foreldra vanskeleg for barna. Regjeringa ønskjer derfor å innføre ei varslingsplikt før flytting innanlands som vil gi foreldra høve til å drøfte spørsmålet nærmare, og eventuelt reise sak for retten om kor barnet skal bu fast, om dei ikkje maktar å bli einige. Varslingsplikta bør omfatte både bustad- og samværsforeldre.

Unnataksvis skjer det at den av foreldra som barnet bur hos, lagar vanskar for eller gjer samvær umogleg for den av foreldra som barna har rett til samvær med. Det kan òg vere andre grunnar til at ikkje samværsavgjerda vert oppfylt. Regjeringa er opptatt av at samværsretten vert respektert, og ønskjer å utgreie korleis lova kan styrkjast på dette punktet.

Menn og kvinner som bur saman har eit samarbeidsprosjekt knytt til familie og samliv. Ei likare fordeling av ansvar og oppgåver kan styrkje forholdet og førebyggje samlivsbrot. For par med barn kan det styrkje foreldreskapet til beste for barna. Målet er at begge kjønn blir likestilte partnarar og omsorgspersonar. Samtidig må arbeidsliv og tenesteproduksjon ta omsyn til at òg far har barn.

Departementet vil leggje til rette for å gjere «pappagrupper» til eit landsdekkjande tiltak. Erfaringar viser at menn/fedrar i mindre grad enn kvinner dannar denne typen nettverk.

Framleis er fedrane i klart mindretal blant foreldra som følgjer barna til kontroll på helsestasjonane under første leveår. For å bryte slike tradisjonar gjer regjeringa framlegg om at fedrane, der begge foreldra bur saman, skal få oppmoding om å følgje barnet til kontroll når det er 8 månader.

Kap. 6 Kjønnsforskjellar i helse

Ulikskapar i helsetilstand mellom menn og kvinner heng i stor grad saman med forskjellar i livsstil og levestil. I 1999 la eit eige utval fram den første kvinnehelseutgreiinga og peikte på det nødvendige i eit «kvinne- og kjønnsperspektiv» i helsetenestene. Meldinga viser målretta tiltak for å betre kjønnsperspektivet. Tilgjengeleg statistikk viser betydelege kjønnsforskjellar i eigenopplevd og legevurdert helsetilstand. Det er framleis nær-

mare fem års forskjell i forventade levealder mellom kvinner og menn.

Hovudutfordringane når det gjeld likestilling innafor helse- og omsorgssektoren er å auke kunnskapen om kjønnsforskjellar i helse, sjukdom og helsetenester, og ta omsyn til kjønnsforskjellane ved utforminga av tiltak i førebyggjning og behandling. Innsatsen vert konsentrert om to aksar. Den eine er å inkludere kjønnsperspektiv i all verksemd og forskning der dette er relevant. Den andre er å fokusere spesielt på lidningar som utelukkande kvinner eller menn har, eller sjukdommar der det eine kjønnet er i fleirtal eller har særskilde vanskar.

Helse- og omsorgsdepartementet ber dei regionale helseføretaka og Helsedirektoratet om å ta inn som mål at helsetenestene utviklast i eit kjønnsperspektiv. Kjønnsperspektivet skal ivareta-kast innafor det ordinære arbeidet med å førebyggje og behandle helsevanskar.

Kap. 7 Gutar og menn som er sosialt utsette

Eit overordna mål for regjeringa er å hindre utstøying frå utdannings- og arbeidsliv, og gi det einskilde individ moglegheit til ei tilvere med meining. Statistikken viser at gutar og menn er i fleirtal i fleire slike grupper. Regjeringa legg ikkje opp til særlege tiltak ovafor gutar og menn i slike grupper, men til at alle relevante tenester må ha eit kjønnsperspektiv og om nødvendig, sette i verk tiltak som når gutar og menn spesielt.

Regjeringa erkjenner at det alltid vil vere ein balansegang mellom den individuelle retten til å trefte eigne val og behovet for intervensjon. Intervensjon, først og fremst frå dei nærmaste omgivnadene, men òg frå styresmaktene, kan vere aktuelt. Slik intervensjon kan gjelde personar eller grupper som hamnar på sida av det som vanlegvis blir oppfatta som eit meningsfylt liv. Sjølv om gutar og menn utgjer fleirtalet i grupper av marginaliserte eller risikogrupper for marginalisering, er det ikkje utan vidare gitt at styresmaktene bør intervenere og rette særskilde tiltak mot gutar og menn. I ein likestillingskontekst er det viktig å fastslå om slike grupper av menn kan seiast å vere utsette for direkte eller indirekte kjønnsbasert diskriminering. Fråfall i vidaregåande utdanning er ein særleg alvorleg risikofaktor for marginalisering. Det er ei kjensgjerning at langt fleire gutar fell frå i utdanninga enn jenter. For nokre grupper med etnisk minoritets bakgrunn er fråfallet av gutar særleg stort.

«Satsing mot fråfall i vidaregåande opplæring 2003–2005» har vore eit initiativ i regi av Kunn-

skapsdepartementet som er vidareført dei seinare åra. Tala tydar på at det er nødvendig at satsinga i endå sterkare grad har eit guteperspektiv, og særskilt fokuserer på risikogrupper blant gutar. Den overrepresentasjonen av unge menn blant mottakarar av uføretrygd og blant einslege mottakarar av sosialhjelp kan vere ein konsekvens av manglande intervensjon ved fråfall frå vidaregåande skule.

Kap. 8 Menn som utøvar vald

Blant menn finst det ei større gruppe med valdelege haldningar og handlingar enn blant kvinner. Gruppene utgjer likevel eit lite mindretal. Dette mindretalet blant menn representerer ein trussel mot kvinner og mot likestilling, og samtidig ein trussel og ei utfordring overfor andre menn. I meldinga vurderer regjeringa òg tilbodet til menn som er utsette for vald, mellom anna familievald. Eit overordna mål er å førebyggje partnarvald. I den samanhengen er tilbod om meistring av sinne og aggresjon av særleg interesse. Statistikken viser at menn utgjer fleirtalet i målgruppa for slike tilbod.

Gjennom effektive hjelpe- og behandlingstilbod skal innsatsen mot valdelege tendensar vidareutviklast, og gjentakning av vald hindrast. Ei rekkje menn vendar seg årleg til Ressurssenteret for menn REFORM og til dei lokale familievernkontora med ønske om hjelp til å takle sinne. Departementet vil styrkje REFORM og deira gruppetilbod til menn om meistring av eige sinne. Behovet for lågterskeltilbod er større enn det hjelpeteneasta er i stand til å tilby i dag. Departementa vil derfor forsere oppbyggjninga av opne hjelpe- og behandlingstilbod, særleg i Vest-, Midt- og Nord-Norge, der tilbodet i dag er lite eller fråverande. Oppbyggjninga vil skje frå Justisdepartementet gjennom ATV (Alternativ Til Vold) og frå Barne- og familiedepartementet gjennom familievernet. Familievernet og ATV vil vidare utvikle eit nærare samarbeid i alle regionar.

Krisesentertilbodet er sentralt for ofre for partnarvald og annan vald i nære relasjonar. Tilbodet skal betre tilpassast menn som ofre for slik vald.

Gjennom effektiv førebyggjning kan ein forhindre valden før den oppstår. I regjeringa si handlingsplan «Vendepunkt», er det tatt inn fleire primærførebyggjande tiltak. Også «Manifest mot mobbing» er ei ramme for fleire haldningsskapande tiltak i skulen. Den internasjonale kampanjen «White Ribbon» er eit døme på grasrotrørsler blant menn for å fremme null toleranse for vald, som òg skal stimulerast i Noreg.

Å førebyggje tidleg er viktig. Sjølv om det er gjort mykje forskning på samanhengen mellom bruk av vald og inntaket av medievald, er det inga semje blant medieforskarar om effekten av slikt forbruk. Departementet vil ta initiativ til ei utgreiing av samanhengen mellom medievalden som marknadmessig særleg rettar seg mot gutar og menn, og mobbing og vald slik skule- og kriminalstatistikken viser.

Kap. 9 Nyare kjønns- og mannsforskning – om menn og maskulinitet

«Kjønn er noko ein gjer, ikkje noko ein er» er eit velkjent postulat frå nyare kjønnsforskning. Kjønnsforskinga, og frå 1980-talet mannsforskinga som ein del av kjønnsforskinga, har kasta eit nødvendig lys over endringar i måten menn opptrer på som sosialt kjønn. Regjeringa oppsummerar forskinga rundt menn og maskulinitet som fenomen. Det er ei kjensgjerning at sosialt kjønn endrar innhald over tid. Døme på slike endringar i åtfærd og oppfatningar om maskulinitet er at det i dag er ei sjølvfølge å sjå menn trille barnevogn. Når departementet frå 2008 finansierar eit eige mannsforskningsprofessorat ved Universitetet i Oslo, er det for å støtte opp under forskinga som er viktig drivkraft for endringar i mansrolla framover.

1.2 Rammeverket for likestilling

Sjølv om det norske samfunnet har komme langt i likestillinga, er ikkje alle former for kjønnsbasert diskriminering av kvinner og menn fjerna. I denne meldinga er formålet å setje søkjelyset på den indirekte og direkte diskrimineringa som rammar menn som gruppe, eller grupper blant menn (til dømes homofile menn).

Det er samsvar mellom dei langsiktige politiske måla til regjeringa og det internasjonale regelverket Noreg er bunde av på området. Den norske staten er forplikta til å arbeide systematisk for full likestilling gjennom tre ILO-konvensjonar, FNs kvinne- og menneskerettskonvensjonar, EØS-avtalen og ei rekkje europarådskonvensjonar. Fleire av dei nemnde dokumenta er òg gjeldande norsk rett. For på sikt å nå målet om reell likestilling mellom kvinner og menn har styresmaktene i tillegg til dei *juridiske* verkemidla brukt eit breitt sett *økonomiske, pedagogiske og organisatoriske* verkemiddel.

1.2.1 Likestillingslovgivinga

Ut frå eit likebehandlingsprinsipp er reglar og ordningar som har reservert stillingar, verv og ordningar for det eine kjønn (tradisjonelt i stor grad menn), gradvis blitt fjerna. I dag er det svært få stillingskategoriar som formelt er reserverte for det eine kjønn. Likestillingslova gir heimel til å reservere stillingar for det eine kjønn, men krava til sakleg grunngeving for å gjere det er svært strenge. Trussamfunn har òg høve til å reservere visse stillingar knytte til utøvinga av trua for det eine kjønn (i hovudsak menn).

Likestillingslova, som blei vedteken i 1978, er eit sentralt verkemiddel for å sikre likestilling mellom kjønna, men er sjølv ikkje kjønnsnøytral. Ut frå den historiske situasjonen fram til 1978 blei diskriminering rekna for å ramme kvinner mest. Lova fekk derfor ei formålsføresegn som ikkje er kjønnsnøytral, sjå § 1. Likestillingslova gir heimel for positiv særbehandling av det eine kjønn når det tener likestillinga mellom kjønna på lang sikt. Av dei alminnelege motiva (Ot.prp. nr. 77 (2000–2001)) går det fram at føresegna ikkje skal vere kjønnsnøytral:

«Adgangen til å forskjellsbehandle når dette kan fremme likestilling skal i første rekke nyttas til å fremme kvinners stilling. Dette følger av formuleringen 'i samsvar med lovens formål'.»

Heimelen har vore brukt i samband med reglane om kjønnsrepresentasjon i offentlege styre, råd og utval. At verkemidlet særleg var mynta på kvinner, går òg fram av § 3 i forskrift i medhald av likestillingslova § 21:

«For at lovens formål skal kunne oppfylles pålegger likestillingsloven § 1 a) annet ledd offentlege myndigheter å arbeide aktivt, målrettet og planmessig for likestilling mellom kjønne på alle samfunnsområder. Arbeidsgivere skal arbeide aktivt, målrettet og planmessig for likestilling mellom kjønne innanfor sin virksomhet. Arbeidslivets organisasjonar har tilsvarende aktivitetsplikt innanfor sitt virkefelt.»

Diskrimineringslovutvalet, som utgreier diskrimineringslovgivinga vil òg vurdere føremålsbestemminga i lova og om den særskilde understrekinga av kvinners rettar skal vidareførast.

Frå 2002 blei offentlege styresmakter og andre verksemdar som etter lova skal utarbeide årleg rapport,¹ pålagde å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling og eventuelle

planlagde eller verksette tiltak i verksemda. Dette pålegget er kjent som *utgreiingsplikta*. Plikta oppmodar til, men inneber ikkje noko rettsleg krav om *tiltak* for å betre likestillinga i verksemda. Verksetting av tiltak kan vere aktuelt både når kvinner er underrepresenterte, og når menn er det. Reglane er på dette feltet kjønnsnøytrale. Erfaring tyder på at verksemdene må gjerast betre kjent med plikta, og bør vurderast òg når menn er det underrepresenterte kjønn.

Kommunelova, allmennaksjeselskapslova, statsaksjeselskapslova og statsføretakslova har i dag reglar om kjønnsrepresentasjon som er motiverte ut frå eit tilsvarende politisk ønske om å få fleire kvinner inn i kommunale styre og utval og i private styre. Formålet er å sikre representasjon av begge kjønn i viktige og vedtakande organ og såleis styrkje demokratiet. Men når det underliggjande motivet for reglane er å auke kvinnerepresentasjonen, er det òg nødvendig å vurdere nærare korleis reglane slår ut for menn, og om verkemidlet i større grad bør nyttast på område der menn er underrepresenterte.

1.2.2 Andre verkemiddel og kva dei betyr for menn

Styresmaktene har brukt *økonomiske verkemiddel* for å stimulere kjønnsforskning, og særleg kvinneforskning. Organisasjonar som arbeider med og for kvinner, har fått offentleg støtte. I 1999 blei det etablert ei fast offentleg finansieringsordning for dei frivillig organiserte krisesentra for kvinner og barn. Endringar i velferdsordningar har i stor grad vore innretta på å sikre kvinner dei same økonomiske rettane som menn. I 1992 blei folketrygdlova endra slik at ulønna omsorgsarbeid for familie gav rett til pensjonspoeng eller tilleggspensjonsrettar som for lønnsarbeid. Før endringa heitte det at «like rettigheter eller formell likestilling fører dermed til en forfordeling av kvinner».

På visse fagområde har det vore sett fokus på kjønn, og då i tydinga «kvinner». Eit offentleg ut-

val la i 1999 fram si innstilling om «Kvinnerens helse i Norge». Som oppfølging av innstillinga er det oppretta professorat i kvinnehelse, og eit eige kvinnehelseprogram blei etablert under Helse- og omsorgsdepartementet (seinare administrert av Statens helsetilsyn). Eit nasjonalt kompetansesenter (etter definisjon i lov om spesialisthelsetenester) for kvinnehelse blei etablert i 2006.

Tilsvarende parallellar finst på andre fagområde. I 2008 er det første professoratet i mannsforskning etablert ved Senter for tverrfagleg kjønnsforskning ved Universitet i Oslo. Dei første tre åra er professoratet finansiert av Barne- og likestillingsdepartementet.

Mange ulike *pedagogiske verkemiddel* er tekne i bruk i arbeidet for likestilling mellom kjønna.

1975 var det første «Kvinneåret». Eitt av resultatene var opprettinga av dei såkalla kvinneuniversitetene, som frå 1984 har vore finansierte med offentlege tilskot. Sentra utgjør i dag kunnskapsmiljø for likestillingsspørsmål regionalt. I 2004 fekk Ressurssentret for menn (REFORM) som det første særskilde kunnskapsmiljøet for menn og maskulinitet ei fast offentleg grunnfinansiering.

Styresmaktene har sett i verk ei rekkje kampanjar og prosjekt for å påverke utdannings- og yrkesvala til jenter/kvinner og gutar/menn. Eit kvinneperspektiv har lege implisitt i mange av desse satsingane.

Gjennom bruk av instruksjonsmynde har styresmaktene innført *organisatoriske verkemiddel* i arbeidet for likestilling mellom kjønna. Eit døme på det er rammeplanen for verksemda i barnehagane, der det heiter: «Likestilling mellom kjønnene skal gjenspeiles i barnehagens pedagogikk. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape et likestilt samfunn.» Individuell oppfølging i opplæringa og i helse-, sosial- og i velferdstenesta er i dag eit knesett prinsipp. Tenestene blir oppfordra til å ha eit kjønnsperspektiv som inneber at dei møter gutar og menn, jenter og kvinner, med kunnskap om kva kjønn betyr for brukaren av tenestene som skal ytast.

¹ Lov av 14. juni 2002.

2 Gutar – oppvekst, barnehage og skulegang

Likestilling i oppveksten inneber at jenter og gutar møter kjønnsbevisste vaksne som speglar mangfaldet i samfunnet, og at gutar som jenter får oppfølging ut frå egne behov og evner, ikkje ut frå tradisjonelle oppfatningar om kjønnsroller.

2.1 Innleiing

Likestillingsgranskninga viser at menn og kvinner har ulike oppfatningar av oppveksten. Forskjellane i oppfatning er mindre blant unge enn blant eldre. Eit stort fleirtal både blant menn og kvinner er samde i at barna bør få lik oppseding og oppvekst uavhengig av kjønn. «Barndommen viser mannen, slik morgenen viser dagen.» Orda til den engelske forfattaren John Milton¹ illustrerer at oppveksten pregar den unge guten som mann, og den kommande mannen kan sporast i den unge guten. Både genetiske forhold og sosial læring pregar individet, anten ein er mann eller kvinne, gut eller jente. For regjeringa er det sentralt at den enkelte, gut som jente, gjennom oppveksten får velje og må innrette seg på grunnlag av egne evner og ressursar, uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisk opphav og andre bakgrunnsfaktorar.

Tretti år med fokus på og arbeid for likestilling mellom kjønna har endra samfunnsoppfatningane om kva som er «naturleg» å vere – og gjere – for både jenter og gutar, kvinner og menn. Og i tråd med endra oppfatningar skjer det òg endringar i måten gutar og jenter leiker og oppfører seg på i dagleglivet. Men sjølv om rommet for handling er utvida for både gutar og jenter, er det framleis klare kjønnsforskjellar blant unge i val av utdanning og fritidsaktivitetar og i haldningar.

Gutar (og jenter) flest opplever oppveksten i Noreg som god og harmonisk. Faktisk er det i 2006 fleire unge som seier at dei trivst i skulen, har eit godt forhold til foreldra og opplever å bli verdsette, enn ti år tidlegare.²

Dei klare forskjellane mellom jenter og gutar, både i resultata dei oppnår på skulen, og levekåra dei sjølve melder om, gir likevel grunn til bekymring. Resultata som Barne- og likestillingsdepartementet byggjer denne bekymringa på, seier noko om kva gutar får å velje i seinare i livet. Ut frå dei nemnde undersøkingane har ein gut på tampen av oppveksten i dag svakare føresetnader for å lykkast i utdanning, arbeidsliv og sosialt enn ei jente. Forskjellane er av ein slik karakter at samfunnet ikkje kan kalle dei akseptable.

Dei utagerande gutane tek mykje av merksemda hos læraren, politikarane og media. Dei tek òg stor plass når vi gjer oss opp meiningar om kven dagens gutar er. Men kven er «den vanlege guten» i dag? Kva kjenneteiknar han og måten han dannar seg ein kjønnsidentitet på? Kva skal til for å bli inkludert i gutars hierarki i dag, eller ekskludert frå det? Ikkje berre jenter strir med kroppsbiote og seksualitet. Kva bilete finst av mannleg seksualitet? Mange unge gutar kjenner seg ikkje att i bileta dei møter av ein aggressiv og valdeleg maskulinitet.³ Det manglar oppdatert forskning om dagens gutar. Det er lett å gløyme at det finst mange typar gutar, òg dei stille, dei som læraren kanskje gløymmer namnet på og som ikkje får oppmerksemd frå læraren.⁴ I forskinga har det blitt retta mykje merksemd mot ei lita gruppe gutar med åtferdsvanskar og behov for både spesialundervisning og utgreiing hos den pedagogisk-psykologiske tenesta. Men gruppa av gutar med lærrevanskar er vesentleg større enn gruppa med åtferdsvanskar. Både kjønnsforskninga og klasseromforskninga må ta tak i den store gruppa gutar som slit med kognitiv læring og sosialisering. Det er naudsynt å prioritere gutar som målgruppe for sosialisering- og læringsforskning.

Dette kapitlet inneheld ikkje noka generell drøfting av institusjonane barnehage og skule, men set søkjelyset på dei utfordringane samfunnet framleis møter når det gjeld ønsket om å gi gutar og jenter same sosialisering til kjønn i desse institusjonane.

¹ Engelsk forfattar, 1608 - 1674

² Ung i Oslo 2006.

³ Jf. Nielsen 2006.

⁴ Lyng 2004.

2.1.1 Utviklingstrekk

For begge kjønn har oppveksten endra seg vesentleg sidan dei eldste i dag var barn. Historisk sett har oppveksten på mange måtar vore svært ulik for gutar og jenter, og han har sjølv sagt vore prega av dei kulturelle og sosioøkonomiske normene og forholda som til kvar tid har vore rådande. Mykje tyder på at oppvekstforskjellane mellom kjønna er reduserte, og at jenter og gutar i dag opplever større grad av likebehandling. Samtidig er mykje framleis ulikt, til dels som følgje av stereotype kjønnsrolleoppfatningar. Det ein i historisk perspektiv oppfattar som tradisjonelle familieformer, var eit produksjonsfelleskap, ofte sett saman av fleire generasjonar i eit omfattande nett av slekt og naboar. Blant dei eldste mennene er det mange som hugsar ein oppvekst prega av vaksenkontakt med både kvinner og menn og med store søskenflokkar. Mange var med faren på daglege gjeremål i innmark, utmark, på fiske eller anna arbeid. På skulen var fleirtalet av lærarane menn. I heimen var mora i dei fleste tilfelle til stades som nær voksenperson. Gutar som avslutta skulegangen tidleg, kom i lære med tett oppfølging av eldre gutar og menn. Kulturen var tydeleg, og samfunnet stilte enkle krav i den forstand at kjønna hadde kvar sin plass. Var du gut, var det venta at du skulle bli som far og gjerne gå i hans yrkesfotspor. Kjønnslæringa blei tydeleg gjennom klare forventningar til det biologiske kjønnet ein tilhørde, og til den klassen du var ein del av.

Gutar som voks opp på 1950-, 1960- og tidleg 1970-tal, kan som eit forenkla hovudbilete sjå tilbake på nærverande mødrer og fråverande fedrar. Dei fleste budde trøngt, og det var klare forventningar om at heimen skulle vere ryddig og pen. Då var det verken plass til eller forståing for at barn kunne vere inne og leike, dei fekk vere ute. Husmorperioden hadde sin topp på 1950- og 1960-talet, og det var vesentleg forskjell i sysselsetjing og arbeidstid per veke mellom kvinner og menn. Gjennomsnittsfaren gjorde lite eller ingenting som hadde med husarbeid og barneoppseding å gjere.

På skulen var fordelinga mellom kvinnelege og mannelege lærarar i ferd med å jamne seg ut, men på ungdomsskuletrinnet frå midt på 60-talet var fleirtalet av lærarane menn.

Gjennom heile oppveksten, no som før, er det i heim og nær familie barn og unge får sine første sosialiseringssimpulsar, som dessutan er varige. Samtidig møter dei impulsar frå verda rundt seg i ulike kulturelle og sosiale samanhengar, mellom anna i litteratur, media og biletkunst. Barn i dag

får i mykje større grad enn generasjonane før dei tidleg impulsar frå storsamfunnet gjennom media. I dag startar fleirtalet av 2-åringane i barnehagen. Seinare følgjer skule og fritidsliv, der dei møter eit meir eller mindre organisert, vaksenstyrt tilbod. Barne- og likestillingsdepartementet ser på eit likestilt foreldreskap, der arbeidsdelinga mellom familie og arbeidsliv er jamt fordelt mellom mødrer og fedrar, som eit godt grunnlag for barna. Eit bevisst kjønnsperspektiv i skule og barnehage med vekt på individuell tilpassing og likebehandling vil etter departementets oppfatning støtte godt opp under kjønns sosialiseringa av barna.

Ein annan vesentleg arena i sosialiseringa er jamaldringsgruppa som barna møter utanfor dei etablerte institusjonane og familien, det vi kan kalle det frie barnelivet, som ikkje er styrt eller tilrettelagt av vaksne. Tradisjonelt har jentene hatt dei største arbeidsoppgåvene i heim og familie, mens gutane i stor grad har sloppe unna slike oppgaver og dermed har hatt meir tid til samvær utanom familien. Det inneber at jenteoppveksten historisk sett har vore meir prega av vaksenstyring, oppveksten for gutar meir av det frie barnelivet. I Noreg i dag går mykje av fritida med til mediebruk av ulike slag, både enkeltvis og i grupper, og mest for gutar.

Først frå midten på 1990-talet blei barnehagen eit tilbod til eit fleirtal av norske barn, og i dag (2007) går over 84 % av barna i alderen 1–5 år i barnehage, og av barna som startar i skulen har 96 % eitt eller fleire år bak seg i barnehagen. Det betyr at barnehagen no er ein heilt vesentleg del av småbarnsoppveksten. Med nedsett skulealder frå 1997 blei seksåringane innlemma i det allmenne skuletilbodet, og gjennom dei neste barneåra opp til ungdomstrinnet er skulen obligatorisk. I prinsippet er alle barn omfatta av ordninga. Svært mange av dei yngste skulebarna er dessutan med i skulefritidsordninga (SFO) ein del av dagen. Nesten alle barn er altså i organisert aktivitet ein stor del av dagen frå dei er to–tre år (mange alle-reie frå dei er eitt år), til dei går ut av den obligatoriske skulen i 16–17-årsalderen. I tillegg er dei aller fleste barn i ein periode i oppveksten med på eitt eller fleire organiserte fritidstilbod. Oppveksten er blitt institusjonalisert, noko som kjem tydeleg fram i tabell 2.1, som viser situasjonen i 2008 samanlikna med tida fram til rundt 1970.

Svært mykje meir av oppveksten i 2008 er organisert, tilrettelagd og styrt av vaksne. Tabellen viser dessutan at tida barna har til fri leik (den frie fritida), er blitt vesentleg kortare dei siste 20–30 åra. Som følgje av kjønnsrollene i 1960- og 1970-

Tabell 2.1 Nøkkeltal for oppvekst 1970 og 2008

Fram til ca. 1970:	I 2008:
86 % heimeverande (mødrer)	16 % heimeverande (mødrer)
4 % barn i barnehage	90 % i barnehage (anslag)
80 barn i fritidsheim	136 000 barn i SFO
7 års grunnskule	10 års grunnskule
Få barn i organisert fritid (gutemusikk, speidar, søndagsskule og nokre få i idrett)	90 % av alle barn i tiårsalderen deltek i organisert idrett og andre organiserte aktivitetar, kulturskule o.a.

Kjelde: Barne- og likestillingsdepartementet

åra, då gutane i større grad enn jentene brukte tid på det frie barnelivet, kan endringane ha hatt størst sosialiseringsekvensar for gutane. Institusjonaliseringa og den auka vaksenstyringa av oppveksten inneber at forskjellane i leikevanar og samværsmåtar frå 1960- og 1970-talet er i ferd med å bli viska ut, eller i alle fall endre seg.

Organiseringa av oppveksten inneber at det offentlege har fått stort rom for å påverke oppveksten gjennom å tilby felles normer, oppfatningar og sosialiseringsmål. Foreldra er på ein heilt annan måte enn før avhengige av at barnehage og skule spelar med i oppveksten, sidan den samla opphaldstida i barnehage og skule har auka kraftig dei seinare åra. Dette understrekar betydninga av tett samarbeid mellom skule/barnehage og foreldre. Som likestillingsgranskninga viser, har tradisjonelle oppfatningar om kjønnsroller sterkt fottfeste i befolkninga, om enn mindre enn før. Særleg kan gutar og jenter i grupper med etnisk minoritetsbakgrunn oppleve avstand mellom det skulen og barnehagen seier, og det dei lærer heime. Barna kjem dermed i ei kulturell klemme mellom det norske likestillingsidealet og det tradisjonelle kjønnsrolleidealet.

Ein vesentleg del av kjønns sosialiseringa i dag skjer gjennom media og den generelle underhaldningskulturen. Gjennomgangen i dette kapitlet viser at mykje av framstillinga i reklame, film og musikk enno er kjønnsstereotyp og medverkar til å gjere gutar og jenter meir usikre. Framstillinga av kjønnsstereotypiar som går att i alt frå leiketøy-butikkar til nettsider, film, musikk, elektroniske spel og typiske kjønna magasin, forsterkar kjønnskildnaden, og står i strid med dei vardiane ein ønskjer formidla.

2.1.2 Gutar, kjønn og identitet

Om ein er mann eller kvinne, gut eller jente, utgjer ein vesentleg del av identiteten. Korleis rolla som

gut eller jente artar seg, er ikkje berre eit resultat av biologiske forskjellar, men har i tillegg kulturelle og samfunnsskapt årsaker. Kjønnsroller har vore definerte som forventningar til åtferd og haldningar i eit gitt samfunn. Kjønn blir prega av ein samfunnsstruktur med visse forventningar som guten eller jenta innrettar seg etter. Det moderne samfunnet er kjenneteikna av ein større grad av fleksibilitet og utvida val for individa, noko som i sin tur verkar inn på oppfatninga og konstruksjonen av kjønn. Maskulinitet og feminitet blir noko som individ skaper gjennom daglege aktivitetar. Handlingar, og forbruksvarer som er knytte til handlingar, kan dermed setjast i samanheng med korleis ein skaper kjønn gjennom praksis.

Tradisjonelt har ein forklart menns identitet ved å ta utgangspunkt i at menn finn seg ein identitet gjennom arbeid og produksjon meir enn gjennom forbruk, som blir rekna for å vere eit feminint felt. Kvinner har tradisjonelt fått sin identitet ut frå kva dei er, ikkje kva dei gjer. Mens gutar deltek i ulike aktivitetar og får identitet i kraft av det, har jentene tradisjonelt vurdert seg sjølve, og blitt vurderte av andre, etter utsjånaden. Identitet og kjønn er noko ein er aktivt med på å forme, og nye former gjer seg gjeldande. Ein del unge menn har begynt å vise andre sider ved seg. Dei er meir opptekne av estetikk og eigen utsjånad, på ein annan måte enn før.

Aukande kroppsfixering kan bidra til dårleg sjølvbilete både hos gutar og jenter. Enkelte gutar blir besette av tanken på å få ein større kropp. Mens ein del jenter svarer på dei kommersielle bileta med ekstrem slanking, noko nokre gutar òg gjer, kan andre gutar svare med å bruke mykje tid på trening og kroppsbygging. For enkelte gutar utartar det til det ekstreme; den maskuline motsetningen til anoreksi er megareksi, der gutar ser på seg sjølve som små og puslete og derfor blir opptekne av kroppsbygging. For nokre få går det så langt at dei tek i bruk anabole steroid og andre

medikament for å bygge opp idealkroppen fortare. Ei rekkje undersøkingar viser at det finst gutar som bruker anabole steroid tidleg i tenåra.

I reklamen blir den maskuline kroppen framstilt på fleire måtar. På den eine sida ser vi den muskuløse machomannen, på den andre den metrosekuelle mannen som bruker hår- og hudpleieprodukt. Det maskuline forbruket er i større grad enn det feminine basert på action, fart og spenning. Dei kommersielle uttrykka blir deretter. Mannsrollene i reklamen viser eit stort spenn som igjen speglar seg i dei kommersielle uttrykka.

Kjønn er ein viktig faktor for å forstå kva unge interesserer seg for. Ein studie har utforska korleis kjønn og konstruksjon av identitet påverkar naturfaginteressa hos skuleelevar.⁵

Studien viser ein tendens til at 15-åringar er kjønnsstereotype når dei ser seg ut naturfagemne å interessere seg for. Gutar er meir interesserte i «harde» tema som teknologi og romfart. Jentene føretrekkjer derimot emne med rom for mystikk, undring og filosofering (draumar og draumetyding, tankelesing og telepati). I studien blei dei norske svara samanlikna med resultat frå andre land, og det viste seg at moderniseringsgraden i dei ulike landa har mykje å seie for kva som interesserer ungdommen. Resultata viser at kjønnsforskjellane er *større* i moderne enn i tradisjonelle samfunn. Dei norske elevane er meir markante i val av typiske «jenteemne» og «guteemne» enn elevane i til dømes Malaysia. På spørsmålet om kvifor vi drøymmer, og kva draumane kan bety, er det små forskjellar i interesse mellom jenter og gutar i mindre moderniserte land som Uganda, Bangladesh og Filippinane. I moderne land som Danmark, Island og Noreg er kjønnsforskjellane markante – gutane er ikkje interesserte i emnet, men jentene er det. Forskaren forklarar dette overraskande funnet med at individet i moderne vestlege samfunn er meir frigjort frå tradisjonen, slik at unge i større grad må definere og utvikle sin eigen identitet.

2.1.3 Gutar og rom for handling

I studien «Ungdoms holdning til seksuelle krenkelser og overgrep»⁶ blei 18 år gamle jenter og gutar spurde kva eigenskapar dei tilskreiv seg sjølve ut frå det ein gjerne tenkjer på som maskuline og feminine eigenskapar. Svara ungdommane gav, viser at det nesten ikkje er nokon forskjellar

mellom jenter og gutar når det gjeld det som tradisjonelt er forbunde med maskuline eigenskapar. Omtrent like mange jenter som gutar beskriv seg sjølve med eigenskapar som uavhengig, sterk personlegdom, sterk, dominerande og aggressiv. I den grad det var nokon kjønnsforskjell, var det fleire jenter enn gutar som beskreiv seg sjølve som «uavhengige» og «aggressive». Når det gjeld eigenskapar som tradisjonelt er rekna som feminine, er forskjellen i svara hos gutar og jenter derimot slåande. For kjenneteikn som «varm», «øm» og «trøystar andre» var det klare kjønnsforskjellar. Gutane tilskriv seg sjølve slike feminine eigenskapar i langt mindre grad enn jentene. Svara indikerer at kvinner i ein moderne og likestilt kultur som den norske har tileigna seg mannelege eigenskapar i ein slik grad at mannelege eigenskapar ikkje lenger betyr noko som omgrep.⁷ På den andre sida indikerer svara at gutar og menn *ikkje* har tileigna seg eigenskapar som blir rekna som kvinnelege.

Ein konklusjon som kan trekkjast av undersøkinga ovanfor, er at gutar og menn framleis har lite rom for å vere annleis. For gutar hallar det å gjere eller vere noko som tradisjonelt har vore forbunde med feminitet, framleis mot det umandige. Her kjem homoskuldinga raskt dersom ein går over ein kulturelt definert strek. Jenter kan i langt større grad gjere og vere det som tradisjonelt har vore forbunde med maskulinitet, utan å bli sett på eller sjølve definere seg som ukvinnelege. Her er det derimot horeskuldingane som kan melde seg dersom ei jente kryssar streken og står fram som for liberal, til dømes i seksuell åtferd.

Det kommersielle biletet av gutar synest på somme område meir avgrensa enn biletet av jenter. Jenter kan leike med guteting, men gutar kan ikkje leike med jenteting. Slik teiknar det seg eit mykje snevrare bilete av gutar, og gutar som har interesser som er litt «rosa», oppfattar seg sjølve – og blir lett oppfatta av andre – som taparar. Jenter har lov til å vere tøffe; å vere gutejente er positivt. Å vere jentegut, derimot, er det *ikkje*.

2.1.4 Gutar som forbrukarar

Barn i 2008 blir forbrukarar tidlegare enn før, og dei har eit høgt forbruk samanlikna med barn ein generasjon tilbake. Fleire studiar viser at gutar har høgast forbruk målt i kroner og øre, men at gutar og jenter bruker pengane noko ulikt. Gutane har høgast forbruk på alle områder med unn-

⁵ Schreiner 2006.

⁶ Mossige 2001.

⁷ Lorentzen 2004a.

tak av klede og sminke, der jentene ligg fremst. Nokre område peiker seg ut som særleg sentrale for gutar, til dømes forbruk knytt til data og elektronikk. Vidare dominerer gutane i forbruk knytt til sport og aktivitetar. Ein gjennomgang av breva med ønskelister som norske barn sende til jule-nissen, viste store forskjellar i julegåveønske mellom kjønna. Guteverda og jenteverda ser ut til å innehalde svært ulike gjenstandar. Listene til gutane var prega av fart, action og konstruksjonar. Her var det sportsutstyr, køyretøy og actionfigurar, men òg byggesett og data. På listene frå jentene dominerer ønske knytte til utsjånaden og det estetiske (pyntesaker til rommet), Barbiedokker, mammadokker og omsorgstrengjande kosedyr, både kunstige og levande.

Sidan gutar og jenter har eit litt forskjellig forbruksmønster, blir marknadsføringa og overtalingsmomenta ikkje dei same for gutar og jenter. Det finst ein overgripande, tradisjonell og hegemonisk maskulinitet og feminitet, med tøffe gutar og søte jenter. Denne ser vi i dei fleste framstillingar av gutar og jenter, anten det er i reklamen, i videoar eller i ulike tidsskrift og magasin. Gutane blir framstilte som meir orientert mot action; her er det kamp, fart og spenning. Jentene inngår i nære relasjonar, gjerne innandørs, og her er det ro og orden, harmoni og estetikk som er dominerande tema. Gutane held seg i framande univers der dei utkjempar kampar mellom dei snille og dei slemme, i verste fall valdshandlingar utan moralske føringar, som i spel og til dels film.

Barn har kjønna leikeunivers, og den kommersielle framstillinga av dei er òg kjønna. Det er rimeleg å tru at dette er noko som stadfester identiteten deira, eller som knyter seg nært til førestellinga om dei sjølve og korleis ein gut eller ei jente skal vere. Ulike typar forbruk legg opp til ulike *praksisar*. Bestemte leiketøy legg føringar for korleis leiken blir, og ulike klede for korleis ein er eller blir oppfatta av andre. Mens gutane kanalisere ønska sine til sport, krig eller ingeniørkunst, knyter jentene mykje av forbruket sitt til omsorg for barn og utsmykking av hus. Desse ønska kan tolkast som ein sosial praksis i utviklinga mot det å bli vaksen mann eller kvinne. Det betyr ikkje at gutar byggjer bruer eller utkjempar krigar, eller at jenter blir heime og steller barn, men at dei respektive framtidige kjønnsrollene deira truleg vil ha meir av desse trekka i seg fordi dei knyter seg ein sosial praksis til gjenstandane. Mykje av det som blir marknadsført mot gutar, og dermed også reklamen som er retta mot dei, handlar om action. Til dels dreier det seg om sport og konkurranse,

og gutane får vite at det handlar om å vere best og å ha det beste utstyret. Anna av det som blir marknadsført mot gutar, handlar om action med tidvis sterke valdsscener. Her er det snakk om ulike actionfigurar og ikkje minst elektroniske spel som særleg gutar bruker.

Foreldre støttar i større grad gutane sitt forbruk, som ser ut til å innehalde fleire ting som foreldre meiner er nyttige og viktige, mellom anna i samband med aktivitetar, sport og data. Jentene har eit forbruk som i større grad er knytt til klede, sminke og estetikk. Auka fokusering på kropp og utsjånad både blant unge og eldre menn har gjort til at det blir lansert hudpleieseriar for gutar og menn, og motespekteret for menn er vesentleg utvida. Andre studiar viser dessutan at gutar og jenter bruker forbruksgjenstandane sine ulikt. Det gjeld særleg ny teknologi, der Internett og mobiltelefon har vist ulikt bruksmønster blant gutar og jenter.⁸

2.2 Gutar i det private og offentlege rommet

Mor er den viktigaste omsorgspersonen både for gutar og jenter. Departementet byggjer denne utsegna både på likestillingsgranskinga og på tidsnyttingsundersøkingar hos vaksne på 2000-talet. Både granskinga og tidsnyttingsundersøkingane viser at mor framleis har eller tek det meste av ansvaret for barna i familien. Nettopp her møter barnet sine første ideal og opplevingar knytte til kjønn, og her er nok tradisjonelle kjønnsrollemønster framleis vanlege i mange tilfelle, sjølv om likestillingsgranskinga viser ei klar endring i retning av at far tek meir ansvar òg for barna. Men enno er norske familiar prega av at mor tek eller får ansvaret for familien. Far er i større grad medhjelpar når mor ber om det.

Når det gjeld sosialisering, utdanningsval og yrkesval, er foreldrebakgrunn og foreldrepåverknad dei viktigaste forklaringsfaktorane. Allereie i det første møtet med vaksne etter fødselen startar preginga til kjønn. Og i løpet av dei fem–seks første leveåra har både gutar og jenter klart for seg kva som er bra og dårleg ved å vere eller gjere som jenter og gutar.

Endringar i familiestrukturar får ein klar innverknad på sosialiseringa av gutar og jenter, men ikkje nødvendigvis ein negativ. Sju av ti barn i Noreg bur saman med begge foreldra. Blant dei som

⁸ Brusdahl 2008.

ikkje bur saman med begge foreldra, er det vanlegast å bu saman med berre mor eller mor med ny sambuar/ektefelle. Ein liten, men aukande del bur saman med berre far etter samlivsbrot, eller dei bur like mykje hos far og mor. Det er ein tendens til at færre jenter og gutar bur saman med begge foreldra i dei større byane. Gutar og jenter blant etniske minoritetar bur i større grad saman med begge foreldra enn etnisk norske barn, mens det motsette er tilfelle for barn frå blanda forhold mellom par (mor eller far etnisk norsk). Det største utslaget finn vi i Oslo aust, der berre eitt av tre barn bur saman med begge foreldra.

Dei langt fleste gutar og jenter har eit godt og nært forhold til foreldra. Eit klart fleirtal av både gutar og jenter opplever at dei kan ta opp problem med foreldra sine, og at foreldra respekterer dei som den dei er. Undersøkingar⁹ av forholdet mellom ungdom og foreldre indikerer likevel at jenter framleis opplever noko sterkare oppfølging og sosial kontroll frå foreldra enn gutar. På dette punktet er det i tillegg forskjell på kva etnisk norske og ungdom med minoritetsetnisk bakgrunn melder. Forskjellane er ikkje berre utslag av kjønn, men òg av sosiale ulikskapar.

2.3 Gutar i barnehagen

Barnehagen er ein viktig arena i barns liv. Dei siste tiåra har stadig fleire barn begynt i barnehage. I dag har 96 % av 5-åringane gått i barnehagen før dei tek til på skulen. Gutar og jenter under skulealder er derfor viktige og sentrale aktørar for kvarandre i utvikling og oppvekst.

Rammeplanen for innhald og oppgåver i barnehagen utdjuvar pliktene til barnehagen når det gjeld likestilling, slik:

«Likestilling mellom kjønnene skal gjenspeiles i barnehagens pedagogikk. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape et likestilt samfunn. Barnehagen skal bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling mellom de to kjønn. Gutter og jenter skal ha like muligheter til å bli sett og hørt og oppmuntres til å delta i felleskap i alle aktiviteter i barnehagen. Personalet må reflektere over sine egne holdninger til og samfunnets forventninger til jenter og gutter.»

(Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, Kunnskapsdepartementet 2006, s. 10).

⁹ Ung i Oslo 2006.

Etter rammeplanen skal alle barnehagar ha eit bevisst forhold til likestilling i den daglege omsorga for barna, i den pedagogiske verksemda og i planlegging, dokumentasjon og vurdering av verksemda. I 2003 var likevel likestilling den delen av oppgåvene etter rammeplanen som dei tilsette i barnehagane arbeidet minst med.¹⁰ I barnehagane er det tradisjon for å snakke om barn, ikkje om gutar og jenter.

Kjønnsforskjellane mellom barn har gjennomgått store endringar dei siste 30–40 åra. Kvalheim¹¹ hevdar at gutane er blitt meir jentete og jentene meir gutete. Dei har fått fleire felles interesser og leiker mykje meir på tvers av gamle kjønnsroller. Erting på grunn av kjønn skjer nesten ikkje lenger. Fortsett syner likevel leiken at gutar og jenter tidleg kjenner dei kulturelle kodane for sitt kjønn.

Den nye barnehagelova¹² gjer det klart at barnehagen må ta omsyn til forskjellar mellom barnegrupper basert på kjønn, sosial, etnisk og kulturell bakgrunn, og funksjonsnivå. Den gode barnehagen er ein barnehage som er med og jamnar ut desse forskjellane, slik at barn får ein god skulestart og at seinare lærings- og åtferdsproblem i skulen kan førebyggjast. Dei seinare åra har ein fått ytterlegare kunnskap om korleis førskulealderen verkar inn på seinare læring og identitetsdanning.¹³ Forskarar omtaler barnehagen som grunnmuren i kunnskapssamfunnet og påpeiker at dess fleire barn som får plass i barnehage, dess vanskelegare er det for dei barna som ikkje får plass, å halde tritt med den utviklinga barnehagebarna gjennomgår.

Kjønnsforskjellar og likestilling har hatt liten plass i norsk barnehageforskning. Det kan ha gjort førskulelærerutdanninga mindre eigna til å gi god undervisning på feltet. Kunnskapsdepartementet ser behov for forskning som kan auke kompetansen i barnehagane når det gjeld korleis gutar og jenter utviklar ein kjønnsidentitet, og kva utslag det får i barnehagekvardagen. Endå mindre forskingsbasert kunnskap ligg føre om korleis det kan skapast likestilling i barnehagen. Prosjekta som ligg føre, er gjerne små og av eldre dato. Det går fram av ei ny kunnskapsoversikt som NOVA, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, har utarbeidd på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Rapporten presenterer re-

¹⁰ Rossholt 2003.

¹¹ Kvalheim I.L. «Sats på barnehagen!»

¹² Lov om barnehager 2005.

¹³ Sjå til dømes Aukrust 2006a; Løge 2005; Dickinson og Tabors 2002.

sultat frå ein del prosjekt om kjønn og likestilling i barnehagen.¹⁴

2.3.1 Gutar og kjønnsidentitet i barnehage

Samspelet mellom barn og vaksne i barnehagen er med og formar oppfatninga av kva det inneber å vere jente, og kva det inneber å vere gut. Barn utforskar heile tida nye roller og prøver ut ny åtferd. Ut frå reaksjonane frå vaksne og barn rundt seg dannar dei seg førestellingar om kva som passar seg for jenter, og kva som passar seg for gutar.

Gjennom leiken prøver barn ut sine roller og identitetar. Leiken er derfor viktig for å lære kjønnsidentitet. I tråd med samfunnsutviklinga dei siste åra er det i første rekkje jentene som har utvida rollerepertoaret sitt, og dei er raskare til å bryte grensene inn til den leikekulturen gutane står for. Det har større omkostningar for gutar å leike «jenteleikar», for maskulinitet er framleis forbunde med makt og posisjon i gruppa av gutar. Enno er det vanleg at gutar og jenter leiker kvar for seg, og når dei leiker saman, tek dei på seg høvesvis maskuline og feminine roller.

Ein rapport frå Høgskolen i Vestfold viser at likestillingsidealet står høgt i barnehagane, og personalet meiner at dei behandlar gutar og jenter likt. Men i praksis viser det seg at personalet overfører sine egne kjønnsrollemønster til barna¹⁵.

Barnehagar der personalet har arbeidd med egne haldningar, kan vise til mindre kjønnsforskjellar blant barna. Personalet er mindre til stades der gutar er enn der jenter er, og dei stiller ofte ulike krav til gutar og jenter. Det heng saman med at gutane krev handling og bruker større areal, mens jentene er meir innandørs og held seg meir i ro. Gutane får oftare enn jentene negativ merksemd. Resultata er overraskande for personalet, for dei trur dei behandlar kjønna likt. Forsking har dessutan vist at personalet til ein viss grad stiller ulike krav til sjølvkontroll hos gutar og jenter, og er mindre klar over kjønnsforskjellane enn dei sjølv tur.

Kjønnsrollemønstera blant barn har altså endra seg og blitt meir varierte. Derfor er det viktig at forskinga på området er oppdatert. Det bør gjerast undersøkingar av kva konsekvensar dette bør få for barnehagepedagogikken med omsyn til utvikling og læring for gutar og jenter.

Ei viktig oppgåve for dei tilsette i barnehagen er å medverke til at barn får ein god oppvekst og

ei god utvikling. Resultatet som er oppnådd hittil, må tilskrivast ein politikk som i stor grad har vore vilja, og der både det pedagogiske opplegget i barnehagen og dei verdiane barna opplever i heimen, har verka inn. Men hittil har det blitt fokusert mest på jentene. Vi treng å utvikle det same fokuset på begge kjønn. Det er systematiske forskjellar mellom gutar og jenter i skulen, både i læringsutbytte, åtferdsproblem og skuleinnsats. Barnehagen kan vere med og førebyggje slike problem ved å leggje vekt på kjønnsforskjellane i tiltak for barn med auka risiko for å oppleve meistringsproblem i skulen, til dømes barn frå familiar med lite støtte heime og barn som snakkar eit anna språk enn majoritetsspråket heime. Og han kan vere med og utvikle eit kjønnsperspektiv som gjer at gutar og jenter til dømes kan behandlast ulikt og få ulike impulsar og ulike måtar å utfalde seg på i barnehagen, nettopp for å sikre at dei to kjønna får like oppvekstvilkår.

Dei systematiske forskjellane mellom gutar og jenter i læringsutbytte, skuleinnsats og problemåtferd (sjå del 2.4) tilseier eit aktivt likestillingsarbeid i barnehagen med særleg vekt på utvikling hos gutane.

2.3.2 Menn i barnehage og skule

Både barnehagen (90 %) og barnetrinnet i grunnskulen (88 %) er sterkt kvinnedominerte arbeidsplassar.^{16, 17}

Det viktige i å få fleire menn til å arbeide i barnehagen og skulen har lenge stått på dagsordenen, mellom anna i den statlege handlingsplanen for 2004–2007, «Den gode barnehagen er ein likestilt barnehage». Ein kan ikkje ut frå psykologisk forskning om barns utvikling slå fast at gutar treng menn som rollemodellar, eller at jenter treng kvinner. Sjølv sagt er relasjonen til alle vaksne omsorgspersonar viktig, men forskning slår fast at barn ikkje nødvendigvis treng å oppleve ein nær relasjon til menn eller kvinner for å utvikle seg til friske og normale barn. Det kan heller ikkje utan vidare slåast fast at fleire menn i barnehagen fremjar likestilling.¹⁸

Som likestillingsgranskninga viser, ønskjer dei fleste menn og kvinner å jobbe på ein arbeidsplass med ei jamnare kjønnsfordeling blant dei tilsette, og fleire undersøkingar viser at dette igjen gir eit betre arbeidsmiljø. Ei jamn kjønnsfordeling er dermed noko som både vaksne og barn vil vinne på.

¹⁴ Handlingsplan for likestilling i barnehage og skole

¹⁵ Vintervold 2007

¹⁶ Hegna 2007.

¹⁷ Øia 2007.

¹⁸ Borg m.fl. 2008.

Denne utfordringa – fleire menn i pedagogiske institusjonar – handlar ikkje om at nokon gjer ein dårleg jobb, eller at kvinner ikkje kan vere gode pedagogar for gutar. Spørsmålet om fleire menn heng nøye saman med spørsmålet om forståing av kva likestilling inneber.

Med så mange tilsette av eitt kjønn vil barn gjennom heile den offentlege delen av oppveksten lære at det er kvinner som jobbar med barn og tek hand om dei. Dermed får ikkje gutar sjå pedagogiske yrke som noko «naturleg». Fleire menn kan bety ei endring.

I alle tilfelle må både mennene og kvinnene som arbeider i barnehagen, utgjere like samansette grupper som dei vi finn i samfunnet elles. Barnehagane treng menn med ulik erfaringsbakgrunn og alder og ulik kulturell og etnisk bakgrunn for å kunne gi eit godt tilbod.

Om tiltak for å få fleire menn i barnehagane, og halde dei der – sjå kap. 3

2.4 Skulevardag og skuleprestasjonar hos gutar

«Opplæringa jenter og gutter får i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa, skal etter Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), fremme menneskelig likeverd og likestilling, åndsfrihet og toleranse, økologisk forståelse og internasjonalt medansvar.»

(Opplæringslova, § 1–2)

Ser vi bort frå nokre større undersøkingar i matematikk og naturfag, finst det få breitt opplagde storskalaundersøkingar av likestilling mellom kjønna i skulen. Eitt av unntaka er ei undersøking frå 1995. Då gav Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet Pedagogisk institutt ved NTNU i Trondheim i oppdrag å gjennomføre ei kvantitativ evalueringsundersøking av likestillingsarbeidet i grunnskulen. Seinare er det ikkje utført tilsvarende storskalaundersøkingar. Det er vesentleg for forståinga av gutar i skulen at det blir forska på situasjonen deira, noko det er gjort lite av.

Denne undersøkinga frå 1995 stadfesta mange kjønnsforskjellar som hadde vore kjende sidan 1970-åra. Det oppsiktsvekkjande var at dei framleis eksisterte etter meir enn 20 år med likestillingsansvar i skulen. Svært få skular hadde nemnt likestilling spesifikt i årsplanane sine. Undersøkinga dokumenterer dermed at arbeid med like-

Tabell 2.2 Grunnskulepoeng etter kjønn. Persentilar

Persentilar	Alle	Gutar	Jenter
90 %	54,83	53,00	56,00
75 %	51,00	48,50	52,50
50 %	44,50	42,00	47,17
25 %	37,40	35,20	40,33
10 %	31,17	29,50	34,00

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

stilling, i den grad det skjer, hovudsakleg er privatisert til enkeltlæraren og lokale «eldsjeler» og i liten grad er ei felles sak for heile skulen. Enkeltlæraren er derfor viktig. Samtidig er det klart at det trengst eit løft for at arbeid med kjønn og likestilling skal bli ein del av det kollektive programmet i skulen.

2.4.1 Læringsutbyte og resultat hos gutar

Karakterar og testresultat frå ungdomsskulen speglar i hovudsak dei *kognitive* ferdigheitene til elevane. Skulen i Noreg har òg til formål å tilføre elevane andre typar ferdigheiter, mellom anna evne til samarbeid og sosial åtferd i samsvar med gjeldande normer. Denne kompetansen (eller mangelen på slik kompetanse) kan ha stor betydning for elevane seinare i livet og er høgst relevant i ei samla vurdering av læringsutbyttet elevane har ved kvar skule.

Jentene oppnår betre karakterar enn gutane. Målt i grunnskulepoeng er gjennomsnittsforskjellen på 4,4, som tilsvarer 0,4 poeng per fag. Ved skriftleg avgangseksamen i norsk i 2005 var gjennomsnittskarakteren 3,59 for gutar, for jenter 3,94. Jentene gjer det best på tvers av karakterfordelinga, men forskjellane er noko mindre blant dei flinkaste av kvart kjønn.

Forskjellane går fram av tabell 2.2, der elevane (gutar og jenter) er inndelte i persentilar. Første linja viser gjennomsnittleg grunnskulepoeng blant dei ti prosentane med dei beste resultatane av høvesvis alle, gutar og jenter. Nedste linja viser tilsvarende grunnskulepoeng blant dei ti prosentane med dei svakaste resultatane.

Jentene les betre enn gutane, og det er ikkje noko særskilt norsk fenomen. Jenter les betre enn gutar i alle dei 35 landa som deltok i PIRLS-undersøkinga.¹⁹ I Noreg er dessutan seks av ti blant dei svakaste lesarane gutar, mens det blant dei beste

¹⁹ PIRLS 2006.

lesarane er ei jamn fordeling mellom jenter og gutar. Også blant 15-åringar er kjønnsforskjellane relativt store i favør av jentene, og det er særleg blant dei dårlegaste lesarane at gutane er overrepresenterte, noko mellom anna den internasjonale undersøkinga PISA 2003 viste. Nye tal viser at gutar les meir, og at dei mellom anna underrapporterer si eiga lesing ved å gå ut frå at spørsmålet om kor mykje ein les, dreier seg om skjønnlitteratur.

Dei norske resultatane på fjerde trinn er dårlegast blant OECD-landa i undersøkinga (ikkje alle OECD-land er med) i 2006. Det er inga endring i gjennomsnittsskåren for Noreg samanlikna med resultatane i 2001, men spreinga er blitt noko mindre. Det kjem av at det er blitt færre svake, men òg færre flinke elevar. Norske jenter skårar altså betre enn gutane.

Også i PIRLS-undersøkinga er det liten variasjon mellom skulane. Det er dessutan liten forskjell mellom skuleklassane (i PIRLS er utvalet basert på klassar/grupper).

Forskarane finn at leseopplæringa ser ut til å bli mindre vektleggd etter fjerde trinn; elevane på femte trinn rapporterer i liten grad at dei har leseopplæring. Det stadfester inntrykket av at leseopplæring framleis blir oppfatta som innøving av grunnleggjande leseferdigheit (avkodning av tekst), og at det blir lagt lite vekt på lesestrategiar og tekstforståing.

PISA- og PIRLS-undersøkingane gir til saman eit bilete av norsk skule som ikkje dekkjer heile breidda i måla for norsk skule, men som må takast alvorleg. I begge undersøkingane finn vi svake resultat og ein negativ trend i perioden 2000–2006. PISA omfattar dei tre faga lesing, naturfag og matematikk. Elevane i PISA 2006 ligg eit halvt skuleår bak elevane i PISA 2000 i lesing. Gutar skårar lågare enn jenter. Det betyr igjen at dei svakeste gutane ligg endå meir enn eit halvt skuleår etter. Noreg er vidare eitt av landa med størst kjønnsforskjellar.

Strategiplanen «Gi rom for lesing»,²⁰ som blei implementert i mange av skulane i 2004, har ført til auka leseaktivitet blant gutar, men dette har førebels ikkje slått ut i betre leseferdigheiter.

I PIRLS 2006 blei elevar både på fjerde og femte trinn testa. Desse elevane begynte på skulen i 2001 og 2002 og har følgd L97.

At jentene oppnår betre karakterar enn gutane i norsk skule, er søkt forklart med to ulike modellar. Den første handlar om skulen som institusjon og korleis gutar og jenter ter seg i undervisnings-

situasjonen. Hovudpoenget er at jentene har ein veremåte og oppførsel som i større grad fremjar læring. Den andre modellen, som synest å stå sterkast blant forskarar, handlar om å vere i takt eller utakt med dei verdiane skulen byggjer på. Med andre ord at gutar og jenter har ulik sosial læring i førskulealder, og at skulen med si oppbygging forsterkar forskjellane i læringsutbyte mellom jenter og gutar. Ei mogleg forklaring på kjønnsforskjellane i læringsutbyte kan såleis vere at skulen er meir tilpassa veremåten til jentene, og at gutane i større grad tek avstand frå verdiane og organiseringa i skulen – at det har skjedd ei feminisering av skulekulturen.

«Ung i Noreg»-undersøkinga viser derimot at det gjennomgåande er små forskjellar mellom 16-årige gutar og jenter i haldningar til skulen.²¹ Både jenter og gutar trivst svært godt, og dei er samde i at det er viktig å få gode karakterar, at skulen vil komme godt med seinare i livet, og at dei lærer mykje spennande på skulen. Men jenter er noko meir positive til verdiane i skulen. Fleire jenter meiner at lærarane burde vere strengare mot elevar som bråkar. Fleire gutar enn jenter er meir opptekne av å møte venner enn å gjere det godt på skulen, og dei synest òg at det er ganske kjedeleg på skulen.

Øia²² påpeiker at forskjellane mellom jenter og gutar er mindre enn ein kunne vente, og at førestellinga om at jenter er meir positive, lydige og tilpassa skulesituasjonen, ser ut til å vere ein overlevert myte. Det stemmer overeins med det som tidlegare er sagt i omtalen av behovet for menn i barnehagane. Gutar hamnar likevel oftare i konflikt med lærarane enn jentene gjer.

Forskjellane i målt læringsutbyte er ikkje åleine knytte til kjønn; også utdanningsnivået til foreldra og andre sosiale forhold har vesentleg innverknad. Det er òg karakterforskjellar mellom minoritets- og majoritetsspråklege elevar. Tilsvarende forskjellar som dei vi finn mellom gutar og jenter i den etnisk norske befolkninga, går att blant grupper med etnisk minoritetsbakgrunn. Men samanliknar vi innvandrarene med heile populasjonen og korrigerer for utdanningsbakgrunn hos foreldra, er det ingen karakterforskjellar. Det tyder på at ein stor del av den observerte forskjellen mellom majoritetselevar og minoritetsspråklege elevar ikkje kan tilskrivas innvandringsbakgrunnen i seg sjølv, men at minoritetsspråklege elevar har lågare utdanna foreldre.

²⁰ Buland m.fl. 2006.

²¹ Øia 2007.

²² Sst.

Klasseromforskning tyder òg på at norske elev- ar i for stor grad må ta på seg ansvaret for eiga læ- ring, og at eigenmotivasjon og det å vere sjølvdriv- en er ein føresetnad for å lykkast. Her kan kjønnsforskjellar spele inn til fordel for jentene. I tillegg har internasjonale undersøkingar avdekt at norske lærarar i mindre grad enn lærarar i andre land følgjer opp læringa og gir tilbakemeldingar på arbeidet elevane gjer.²³ Internasjonal forskning viser at lærarar ofte har fasttømra oppfatningar av kva jenter og gutar er gode til, og at dette påver- kar både læringsresultat og val av fagområde i vi- dare utdanning. Dersom lærarar og andre, bevisst eller ubevisst, feilaktig kommuniserer at gutar er dårlegare skikka til å lære språk, og jenter dårleg eigna til matematikk og naturfag, kan det få føl- gjer for sjølvtiliten til elevane, interessa for dei re- spektive faga og resultatata dei oppnår. Sidan klas- seromstudiar for alvor kom i gang på 1960-talet, har fleire forskingsundersøkingar vist at læraren kommuniserer ulikt med jenter og gutar i klasse- rommet, noko som kan få betyding for i kva grad og på kva måte gutar og jenter deltek i undervis- ninga, og kva tilknytning dei har til skulen. Skal skulen sosialisere til likestilling, er samspelet i klasserommet truleg viktigare enn det som står i lærebøkene.²⁴ Ein går ut frå at det enno er for- skjellar på korleis mannlege og kvinnelige lærarar kommuniserer med jentene og gutane, men dette er eitt av dei områda i klasseromforskninga der det er få og lite oppdaterte kunnskapar. Norsk klasse- romforskning er 20–30 år gammal, og studiar av gutar i skulen er så å seie fråverande fordi mellom anna klasseromforskninga hadde sterkt fokus på jentene. Derfor er det viktig at Senter for tværfagleg kjønnsforskning ved UiO frå 1.1.2008 er i gang med paraplyprosjektet «Nye kjønn, andre krav? Barn av likestillinga i skule og familie».

Kunnskapsdepartementet gav i 2007 NOVA i oppdrag å gå gjennom forskingslitteraturen om kjønn og prestasjonsforskjellar i skulen og årsake- ne bak. NOVA konstaterer²⁵ at det er forska rela- tivt lite på slike tema, særleg svakare læringsutby- te for gutar. Kjønnsforskninga i skulen har tradisjo- nelt hatt problem hos jentene som underliggjande tema. Skuleforskninga har for ein stor del ikkje vore oppteken av å forklare prestasjonsforskjellane, eller ein har forklart dei med forhold som ligg utanfor skulen. Dei studiane som ligg føre, er like- vel eigna til å avklare nokre forhold.

Studiane viser at gutar historisk har fått, og framleis får, meir merksemd frå læraren enn jen- ter gjer. Det er lite som tyder på at kjønnsforskjel- len i tildelt merksemd kan forklarast med at lærar- ar systematisk og bevisst diskriminerer jenter. Mykje av forskjellen i merksemd frå læraren ligg i negativ respons utløyst av det læraren oppfattar som læringshemmande og forstyrrende åtferd.

Kva som eventuelt gjer vurderingsformene i skulen betre tilpassa jenter enn gutar, finst det heller ikkje mykje forskning på. Ein norsk studie tyder på at vurderingsformene, særleg dei som er baserte på ein tekstkultur, premierer jenter.²⁶ Når det gjeld dei uskrivne normene og reglane som det er forventa at elevane skal tilpasse seg, kan det sjå ut til at jentene har ein fordel.²⁷ Lærarane synest òg å ha større forventningar til jenter. I til- legg til ein generell forskjell mellom jenter og gu- tar når det gjeld leseferdigheiter, er det ulikskapar både når det gjeld læringsutbyte generelt, og når det gjeld karakterar. Kan årsaka vere at skulen er meir tilpassa jentene sin veremåte, og at gutar i større grad tek avstand frå verdiane og organiseringa i skulen? NOVA konkluderer i sin rapport med at det i forskingslitteraturen ikkje finst støtte for at skulen i seg sjølv skaper kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar. Mønstera i kjønnsforskjellar synest å vere konsistente over tid, på tvers av na- sjonalitetar og mellom skular i same land. Dette skjer altså trass i at samanhengane desse forskjel- lane utspeler seg i, varierer betydeleg både når det gjeld skulepolitikk, organisering av undervis- ninga og tonegivande pedagogiske metodar. Sam- la peiker dette i retning av at skulen er med på å reproducere kjønnsforskjellar som alt eksisterer i klasserommet. Både Kunnskapsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet meiner at forskinga må rette eit sterkare søkjelys mot årsaka- ne til kjønnsforskjellane i skuleprestasjonar. Det må vere eit mål å redusere dei forskjellane som er observerte over tid. Her er det dessutan viktig å sjå på korleis kjønns sosialiseringa i fami- lie og barnehage verkar inn.

2.4.2 Læringsmiljøet for gutar

Dei fleste jenter og gutar trivst på skulen, anten det dreier seg om barnetrinnet, ungdomstrinnet eller vidaregåande skule. Dette kjem fram både i evalueringa av Reform 97 og av Elevinspektøra- ne.²⁸ Likevel er det ei gruppe elevar som ikkje

²³ Martin m.fl. 2004.

²⁴ Ericsson 1999.

²⁵ Bakken m.fl. 2008.

²⁶ Evensen og Wagle 2003.

²⁷ Connolly 1998.

²⁸ Haug 2004; Oxford Research 2005.

trivst og er mistilpassa i den norske skulen. PISA-undersøkinga²⁹ viser dessutan at uro og problemåtfærd er ei utfordring i norske skular. I eit likestillingsperspektiv er det urovekkjande og ei særleg utfordring at langt fleire gutar enn jenter mistrivst og føler seg mistilpassa i den norske skulen. At åtte av ti elevar i skulen med alvorlege åtferdsproblem er gutar, er eit uttrykk for dei klare forskjellane som finst mellom kjønna når det gjeld læringsmiljøet. Slike forskjellar kan få konsekvensar i seinare livsfasar for gutar og jenter.

Det aller meste av forskinga på feltet konkluderer med at lærarar gjennomgåande ikkje gir gutar og jenter like stor merksemd, og at det er gutar som får mesteparten av merksemda frå lærarane i klasserommet, også den negative. Det kan verke inn på i kva grad og på kva måte jenter og gutar deltek i undervisninga, og kva tilknytning dei får til skulen.

Gutar opplever skulekvardagen annleis enn jenter. Elevundersøkinga (Utdanningsdirektoratet 2007), som er etablert som ein del av eit samla nasjonalt kvalitetsvurderingssystem, gir elevane i den norske skulen høve til å seie si meining om skulen dei går på, og korleis dei trivst der. Elevundersøkinga finn ein liten kjønnsforskjell når det gjeld prioritering av skulearbeid. Forskjellen går i retning av at jentene noko oftare enn gutane oppgjer at dei prioriterer å bruke tid på skulearbeid. Analysar viser vidare ein svak tendens til at gutar oftare enn jenter opplever at lærarane fortel dei kva dei bør gjere for at dei skal bli betre i faga. Det er òg ein viss tendens til at jentene melder å gjere leksene sine i fleire fag enn gutane. Resultata viser vidare ein liten forskjell mellom kjønna når det gjeld opplevinga av å setje eigne læringsmål. Nærmare bestemt viser det seg at gutane i noko større grad enn jentene opplever at dei er med på å setje eigne læringsmål i faga. Vidare finn vi at noko fleire gutar enn jenter melder at dei blir mobba av andre elevar på skulen.

Vidare analysar viser at noko fleire gutar enn jenter rapporterer at dei har vore med på å mobbe éin eller fleire elevar på skulen dei siste månadene, og gutar melder noko oftare enn jentene at dei har vore utsette for urettferdig behandling eller diskriminering på skulen på grunn av nasjonalitet. Det viser seg òg å vere ein svak tendens til at fleire av jentene enn gutane melder at dei er hyggelege mot lærarane sine. Vidare ser vi at noko færre jenter enn gutar melder at dei forstyrrar dei andre elevane når dei arbeider.

Ei svensk undersøking³⁰ som tek for seg verbal trakassering, altså erting, latterleggjering, truslar og negative karakteristikkar retta mot medelevar, viser at trakassering spelar ei rolle i utforming av kjønnsidentitet blant jenter og gutar. Forskinga viser at gutar kan bruke trakassering som ei form for identitetsbygging som viser ein «riktig maskulinitet». I konklusjonen påpeiker forskaren at skular og lærarar må vere klar over dei ulike funksjonane munnleg trakassering og andre former for mobbing kan ha, når dei skal setje i verk tiltak for å hindre slik åtferd. Ifølgje rapporten er det lite sannsynleg at reglar og forbod mot enkelte ord og uttrykk vil ha ein langsiktig effekt i seg sjølv. Både lærarar og elevar må bevisstgjera om korleis munnleg trakassering er med på å etablere maktforhold, kjønnsroller og seksuell identitet.

I ein norsk kunnskapsstatus om kjønnsrelatert mobbing blant barn og unge frå 2007 er konklusjonen at skulane treng meir kunnskap om fenomenet, og at lærarar har liten kunnskap om korleis ein skal handtere konflikhtar som er baserte på kjønn og seksualitet.³¹ Med tanke på dei negative konsekvensane kjønnsrelatert mobbing kan få for dei det gjeld, er dette ei utfordring som skulane må gripe fatt i. Kjønnsrelatert mobbing skaper ofte alvorlege helseproblem både for ofra og dei som blir vitne til trakasseringa.³² Trakassering på grunn av seksuell orientering blir peikt på som ein forklaringsmodell til dei høge sjølv-mordstala blant unge homofile. Gutar som blir stempla som «homo», har dessutan auka risiko for å bli utsette for hatkriminalitet, det vil seie kriminalitet med bakgrunn i andres truvedkjenning, hudfarge, nasjonale eller etniske opphav, seksuelle legning, leveform eller orientering.³³

Å bli stempla som «hore» har vist seg å gi jenter auka risiko for fysiske eller seksuelle overgrep.³⁴ I ei omfattande undersøking av 18-åringar i fem baltiske land og Noreg frå 2007³⁵ kjem det fram at 84 % av dei norske ungdommane som har opplevd uønskte seksuelle hendingar, er jenter. Utøvaren er nesten alltid ein gut. Litt under halvparten av dei uønskte seksuelle hendingane skjer mellom ei jente i tenåra og ein gut som er om lag fem år eldre, men framleis i tenåra. Så mange som 10 % av dei norske jentene hadde opplevd minst

³⁰ Eliasson 2007.

³¹ Helseth 2007.

³² Menckel og Witkowska 2002.

³³ Tiby og Sörberg 2006.

³⁴ Duncan 1999.

³⁵ The Baltic Sea Regional Study on Adolescents' Sexuality 2007.

²⁹ PISA-undersøkinga 2003.

eitt tilfelle av samleie mot sin vilje. For aldersgruppa 19 år er talet heile 17,5 %. Rundt 8 % av gutane har opplevd samleie mot sin vilje (10 % for 19-åringane). Dette er skremmande tal som indikerer at skulen må arbeide alvorleg med haldningar til seksualitet, kropp og grensesetjing blant elevane.

Dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet har kompetansemål for elevane for kvart klassetrinn. Det inneber at kvar skule i stor grad står fritt til å bestemme korleis dei ulike temaa skal behandlast. Når det gjeld ungdom og seksualitet, heiter det i målet for samfunnsfag på 10. klassetrinn at elevane skal kunne drøfte forholdet mellom kjærleik og seksualitet i lys av kulturelle normer. Læreplanane i Kunnskapsløftet gir skulane rom for å trekkje inn temaet seksualitet og samliv fleire stader i undervisninga.

Internasjonal forskning har avdekt at kjønnsstereotypiar kan ha ein negativ effekt på skuleprestasjonar.³⁶ Forskarane forklarar dette med at eksponering for ein negativ kjønnsstereotypi fører til at ein elev som tilhøyrrer den gruppa stereotypien rammar, kan bli redd for å oppfylle og bli dømd etter negative oppfatningar. Det kan igjen føre til frykt i prøvesituasjonen. Negative stereotypiar som elevar stadig blir utsette for, kan òg bli til sjølvoppfyllande profetiar ved at elevane trekkjer seg ut av faget eller distanserer seg frå det.

Ei undersøking av korleis tiandeklassingar ser på egne evner, stadfester at tilliten til egne evner følgjer kjønnsstradisjonelle mønster, også når ein samanliknar jenter og gutar som presterer på same nivå. Gutane er gjennomgåande meir positive i sine vurderingar av egne anlegg for matematikk enn jenter med like prestasjonar. Jenter må prestere om lag ein halv karakter betre enn gutane før dei har tiltru til at dei har gode anlegg for matematikkfaget.³⁷

Når ein spør elevane om anlegg for språk og samanliknar med standpunktarakterar i engelsk, er mønsteret motsett. Jentene har større tiltru til egne anlegg enn gutar med same karaktergrunnlag. Det ser med andre ord ut til at gutar og jenter vurderer egne evner meir kjønnsstradisjonelt enn resultat deira skulle tilseie. Eit meir realistisk og positivt bilete av egne ferdigheiter kan kanskje medverke til mindre kjønnsforskjellar i læringsutbyte og val av fag seinare i løpet for utdanning.

Eigen innsats er òg avgjerande for om elevane skal oppnå gode resultat. «Ung i Noreg»-undersø-

kinga 2002 (NOVA) viser at både jenter og gutar i gjennomsnitt les mindre lekser i 2002 enn dei gjorde i 1992. Jentene er likevel meir arbeidssame og bruker meir tid på skularbeid enn gutane, både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Det kan med andre ord sjå ut til at det er ei utfordring for skulen å motivere gutar til større innsats i skularbeidet.

2.4.3 Betydinga av tidleg innsats

Utdanningssystemet er ein av dei viktigaste arenaene for å fremje sosial utjamning. Det er store forskjellar i den kompetansen elevar og studentar har når dei går inn i skulen, og dessverre òg når dei går ut, og forskjellane heng saman med familiebakgrunn. Sett i samanheng med variablane kjønn og etnisk bakgrunn viser undersøkingar³⁸ at det er sosial bakgrunn – altså familiebakgrunn – som slår sterkast ut. Derfor blir det òg store forskjellar når det gjeld å lykkast i arbeidsliv og samliv seinare.

I St.meld. nr. 16 «... og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring» frå 2006 fokuserar ein sterkt på at tidleg innsats er ein viktig faktor i arbeidet for sosial utjamning. Med tidleg innsats er det både meint innsats tidleg i livet og tidleg inngrep når problem oppstår eller blir avdekte i førskulealder, under grunnopplæringa eller i vaksen alder.

Spesialundervisning

Tidleg innsats omfattar òg spesialundervisning. I dag er det stor overvekt av tiltak som blir sette inn mot gutar. Grunnskulens informasjonssystem (GSI) har ikkje eksakte tal som illustrerer desse forholda. Det er gjennomført noko forskning og statistikkinnhenting på feltet (m.a. ved Kjell-Arne Solli, Høgskolen i Østfold 1989/1990), men utan at kjønn har vore ein variabel. Det er såleis behov for meir forskning på forholdet mellom kjønnsforskjell i spesialundervisninga og læringsutbytet av denne undervisninga.

Kjønnspektivet i den tidlege innsatsen er omtalt både i St.meld. nr. 16 (2006–2007) (sjå over) og i St.meld. nr. 23 (2007–2008) «Språk bygger broer». På grunnlag av registrerte tilfelle av spesialundervisning blir det påpeikt som viktig å ha fokus på gutar. Ein viktig føresetnad for å kunne setje innsatsen i verk tidleg er at lærarane og skuleleiinga har informasjon om nivået og ferdig-

³⁶ Sjå til dømes Spencer m.fl. 1999.

³⁷ Lødding 2004.

³⁸ Hægeland og Kirkebøen 2006.

heitene til elevane. Derfor skal det setjast i verk tiltak for å avdekkje problem tidleg. Mellom anna skal det leggjast fram ei rettleiing om samarbeidet mellom skule og barnehage for å kartleggje ferdigheitsnivået til elevane.

Når det gjeld spesialundervisning etter enkeltvedtak i samsvar med opplæringslova § 5–1, viser statistikk frå SSB for skuleåret 2007–2008 at det er meir enn dobbelt så mange gutar som jenter som får spesialundervisning, rundt 28 000 gutar og 13 000 jenter.

Dette gjeld på alle trinn i grunnskulen. I alt er det rundt 620 000 elevar i grunnskulen. Av desse får rundt 41 000 spesialundervisning, og hovudtyngda av dei får mellom 76 og 270 timar spesialundervisning i året. Statistikken seier ingenting om problema som har utløyst enkeltvedtak.

Kvifor det er så stor overvekt av gutar som får spesialundervisning, veit vi ikkje. Her må det forsøkast meir for å finne forklaringane. I hovudsak blir det gitt slik undervisning på grunn av vanskar med synet og høyrsvanskar, motoriske vanskar, kommunikasjonsvanskar, psykososiale vanskar, spesifikke vanskar, ADHD og generelle lærevanskar.

Regjeringa er oppteken av at gode, rimelege og tilgjengelege barnehageplassar bidreg til at alle barn stiller likt. Barnehagen er den viktigaste førebyggjande arenaen utanfor heimen for barn i førskulealder. Dei aller fleste barn i småbarnsalder har no plass i barnehage. For å kunne avdekkje problem i tidleg alder og leggje til rette for tidleg innsats, trengst det konkret kunnskap om forholda i barnehagane. Det finst i dag relativt lite systematisert kunnskap om kvaliteten i norske barnehagar, og vi veit lite om kor vidt jenter og gutar deltek like mykje i til dømes aktivitetar som stimulerer språkutviklinga. Det er med andre ord all grunn til å sjå på om gutar får den språkstimuleringa dei treng i førskulealderen.

Ei undersøking om sosial kompetanse og kjønn i barnehagen indikerer at det stemmer når ein har trudd at gutar blir tilbydde meir handling, jenter meir snakking. Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger påpeiker at observasjonar i eitt av prosjekta deira, BOKTRAS, kan tyde på at gutar i mindre grad enn jenter frivillig vel språklege aktivitetar. I St. meld. 23 (2007–2008) (sjå over) er det lagt vekt på behovet for støtte i språkutviklinga allereie i førskulealder, med oppfølging gjennom konkrete stimuleringstiltak dersom det er behov for det. Målet er at kommunane skal ha ei samanhengande tiltakskjede, slik at alle barn som er forseinka i språkutviklinga eller har behov for

opplæring i norsk, kan få eit oppfølgingstilbod snarast råd.

I samband med «Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av lese lyst og leseferdigheit 2003–2007» arbeidde halvparten av skulane som deltok i strategien, med eigne tiltak for gutar. Størstedelen av desse tiltaka var utforma for å betre rammene eller motivasjonen for lesing hos gutar. Mange skular kjøpte òg inn bøker spesielt berekna på gutar. Evalueringa av strategien viser at det har vore vellykka å setje gutar og lesing i fokus; det har gjort leiarar og lærarar meir observante på utfordringane som knyter seg til leseferdigheiter hos gutar.³⁹

2.4.4 Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken⁴⁰ er ei nasjonal satsing som skal bidra til at elevar i skulen får oppleve, bli kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Satsinga er eit samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren. Den kulturelle skulesekken er hovudsakleg finansiert med spelemidlar.

Fylkeskommunane har fått eit særleg ansvar for å forvalte spelemidlar til ordninga. Fylkeskommunane har sjølve kunst- og kulturtilbod til skulane og fordeler midlar direkte til kommunane for at dei skal utvikle lokale tilbod.

Undersøkingar⁴¹ viser at kulturbruksmønsteret er ulikt hos kvinner/jenter og menn/gutar. Mellom anna veit ein at jenter les meir enn gutar. Grunnlaget for ei interesse for kunst og kultur blir gjerne lagt i ung alder og får konsekvensar både for fritidsbruk og yrkesval. Ein finn altså at jenter ikkje berre er meir aktive kulturkonsumentar på fritida, men at dei òg oftare enn gutane vel ei utdanning på kulturfeltet.

Ein styrke ved Den kulturelle skulesekken er at ordninga når alle elevar uavhengig av kjønn, sosial bakgrunn og andre tradisjonelle skiljelinjer som verkar inn på tilgang til og interesse for ulike kunst- og kulturuttrykk. Slik kan ordninga vere med og viske ut den kjønnsbaserte forskjellen vi ser på dette feltet.

I St.meld. nr. 8 (2007–2008) «Kulturell skulesekk for framtida» står det at alle som arbeider med den kulturelle skulesekken, anten det er som kunstnarar, administratorar eller pedagogar, skal ha eit kritisk blick på korleis kjønn blir representert gjennom dei produksjonane og kunstuttrykka skuleelevane møter.

³⁹ Buland m.fl. 2006.

⁴⁰ Kulturell skulesekk for framtida 2007–2008

⁴¹ Vaage 2002.

2.5 Kjønnsdelt organisert fritid for gutar og jenter

Frivillige organisasjonar og ulike former for frivillig arbeid har lange tradisjonar i Noreg. Enkelte organisasjonar har ei historie som går heilt tilbake til midten av 1800-talet.

I dag har Noreg ein flora av foreiningar, lag og aktivitetar. Over halvparten, 58 %, av den vaksne befolkninga deltek i frivillig arbeid i løpet av eit år, og det blir utført meir enn 113 000 årsverk i frivillige organisasjonar⁴². Å delta i frivillige organisasjonar fremjar sosialt fellesskap, gir læring og kunnskap og medverkar til å utvikle demokratisk kompetanse. Frivillig arbeid gir menneske høve til å bruke og utvikle seg sjølve, føle seg til nytte og få meining i tilværet.

Organisasjonssamfunnet har gjennomgått store endringar dei siste 40–50 åra. I perioden frå 1950-talet til i dag har organisasjonar innanfor idrett, kultur, natur, miljø og hobby hatt ein betydeleg vekst. Dei sosiale og humanitære organisasjonane, som tidlegare var dominerande, står svakare i dag. Auka internasjonalisering og endringar i moderne kommunikasjonsformer har gitt samfunnet, enkeltindividet og dei frivillige organisasjonane nytt spelerom og endra rammevilkår.

Resultata i ei undersøking av frivillig innsats⁴³ viser at det separate organisasjonssamfunnet for kvinner, dei religiøse, sosiale og humanitære foreiningane, har hatt ein vesentleg tilbakegang i undersøkingsperioden 1957–1998. Samtidig har mennene gjort sitt inntog i denne delen av organisasjonslivet og utgjer i dag rundt 40 % av medlemmene og dei frivillige.

Det kjønnsdelte organisasjonssamfunnet, der kvinner og menn har kvar sine organisasjonar, er i dag på vikande front.

Ein type organisasjon som bryt med denne tendensen, er hobbyforeiningane, der menn dominerer meir enn nokon gong. I løpet av 1980-åra blei det stifta fleire mannsforeiningar enn reine kvinneforeiningar. Mange av dei er kameratklubbar, frimurarorganisasjonar og liknande. Mens ny-stiftinga av kvinnedominerte organisasjonar har stoppa opp, er det eit nytt og veksande mannsdominert segment i organisasjonssamfunnet.

I dei fleste organisasjonstypar deltek menn meir enn kvinner. Menn midt i livet med god jobb og økonomi er overrepresenterte når vi ser på korleis medlemsmassen er samansett i heile det

frivillige feltet, særleg i dei aktivitetsorienterte organisasjonstypene.

Den frivillige aktiviteten går føre seg i og er retta mot alle befolkningsgrupper, men utgjer ikkje minst eit tilbod til barn og unge.

Mangfaldet i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er minst like stort som i vaksenorganisasjonane. Aktivitetane spenner frå speiding og friluftsliv til rollespel og skating, kor og korps, leikarring, miljøvern og politiske organisasjonar. Organisasjonane er svært viktige når det gjeld å utvikle og halde ved like ein positiv barne- og ungdomskultur. Gjennom gode fritidstilbod får barn og unge høve til å dyrke egne interesser, utvikle seg i kontakt med både jamaldringar og vaksne og skape seg ei verdifull plattform for resten av livet.

Det er behov for auka kunnskap om sivilsamfunnet og frivillig sektor i Noreg. Ny forskning kan setje både organisasjonane og styresmaktene betre i stand til å tilpasse seg nye tider. I denne samanhengen vil regjeringa etablere eit eige forskingsprogram med oppstart i 2008. Programmet skal i første omgang gå over tre år.

2.5.1 Idrett

I barnehagen leiker barna mykje på tvers av kjønn, men idet dei går over til skulekvardagen, blir livet fort meir kjønnssegregert i samvær og leik. Fotballen står sterkt både hos jenter og gutar i alderen 6–12 år, mest dominerande hos gutane. Oversikter over medlemstal i forbunda i Noregs idrettsforbund (NIF) viser at 49 % av gutane i alderen 6–12 år er aktive medlemmer i Noregs Fotballforbund.⁴⁴ Som nummer to på lista kjem Noregs Skiforbund med 14 % av dei aktive gutane i denne aldersklassen.

NIF er den største barne- og ungdomsorganisasjonen i landet. Ved utgangen av 2006 var det registrert over to millionar medlemmer i NIF. Det inneber ei dobling av medlemstalet sidan 1975. Totalt sett er fleire menn enn kvinner medlemmer i idrettslag. Gutar og menn står for litt under 1 245 000 medlemskapar, mens om lag 827 000 medlemmer er jenter og kvinner.

Rundt 37 % av medlemsmassen i 2006 var barn og unge i alderen 6–19 år. Det er registrert rundt 460 000 medlemmer blant gutar i alderen 6–19 år (og rundt 362 000 jenter).

⁴² Enjolras 2008.

⁴³ Wollebæk m.fl. 2000.

⁴⁴ NIF 2007.

I ei undersøking frå 2007⁴⁵ går det fram at rundt 85 % av gutane og 80 % av jentene i alderen 8–19 år driv fysisk aktivitet i form av trening og mosjon. Generelt trenar fleire gutar enn jenter i idrettslag. I underkant av 52 % av gutane og 45 % av jentene i same aldersgruppa melder at dei trenar eller konkurrerer i idrettslag. Det er særleg dei yngste som trenar i idrettslag; i alderen 8–12 år trenar 67 % av gutane og 55 % av jentene i idrettslag.

Blant gutar i alderen 8–19 år er fotball den klart største aktiviteten i idrettslag. Nærmare 40 % driv med fotball. Sjølv om fotball òg er den mest populære aktiviteten blant jenter i same aldersgruppa (rundt 20 %), er det inga enkelt idrettsgrein som dominerer like sterkt blant jentene som blant gutane. Mange jenter spelar i tillegg handball (17 %) og driv med dans (12 %). Etter fotball er ski (8 %) den mest populære aktiviteten blant gutar

Det er ei kjend sak at ein del ungdommar sluttar med organisert idrett i 15–19-årsalderen. I den nemnde undersøkinga melder nærmare halvparten av dei som har slutta i idrettslag, at dei slutta fordi det ikkje var morosamt lenger. Det er ikkje store forskjellar mellom gutar og jenter når det gjeld årsakene til at dei sluttar. Men langt fleire gutar enn jenter sluttar fordi dei er skadde, mens ein vesentleg større del av jentene enn gutane synest det blei for mykje fokus på konkurranse. Det kan bety at trenarane og dei vaksne framleis formidlar konkurranse- og vinnarideala sterkt.

Det er gjort svært lite systematisert forskning på kjønnsforskjellar mellom gutar og jenter når det gjeld barn og unges engasjement i frivillige organisasjonar. Den sterke dominansen blant gutar når det gjeld å ha leiarverv i frivillige organisasjonar, er heilt klart borte. Blant barne- og ungdomsorganisasjonane har det skjedd eit markant rolleskifte dei siste 20 åra, og jentene har gått frå mindretal til fleirtal blant leiarane. I 2000 var 55 % av leiarane jenter, mot 41 % i 1980⁴⁶

Mens gutar dominerer i sport og idrettslag, er deltakinga mindre blant gutar enn blant jenter i kultur- og fritidsorganisasjonar og barne- og ungdomsorganisasjonar på områda politikk, miljø og humanitært arbeid⁴⁷

Dei frivillige organisasjonane er eit viktig supplement til det offentlege likestillingsarbeidet.

Det er behov for oppdatert forskning på likestilling i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Kva er dei klare tendensane for gutar og jenter når det gjeld deltaking i organisasjonslivet – kor mange deltek, korleis deltek dei, kva aktivitetar og organisasjonar engasjerer dei seg i, og kor ofte er dei med?

I St. meld. nr 39 (2006-2007) «Frivillighet for alle» er det foreslått at tiltak vedrørende forskingsprogrammet knytta til frivillig sektor skal bidra til auka kunnskap om kjønnsforskjellar.

Eit inkluderande samfunn er ei viktig satsing for denne regjeringa. Idrett er ein viktig arena for inkludering, og det er viktig at idretten er open overfor alle samfunnsgrupper. Norsk idrett jobbar aktivt for å vere open og inkluderande. I det idrettspolitiske dokumentet som blei vedteke på idrettstinget våren 2007, går det klart fram at det i idretten er nulltoleranse for diskriminering og trakassering på grunnlag av kjønn, etnisk bakgrunn, seksuell orientering og funksjonshemming. Som eit ledd i dette arbeidet har NIF i 2007 inngått eit samarbeid med Landsforeininga for lesbisk og homofil frigjering og Norsk Folkehjelp. NIF har løyvd 400 000 kroner til eit prosjekt som skal førebyggje og motverke diskriminering på bakgrunn av seksuell orientering lokalt, regionalt og nasjonalt gjennom å førebyggje og motverke hets mot homofile og homofobi i organisert idrett.

2.5.2 Korleis unge ser på idrett og kjønn

Ungdommane som deltok i ei undersøking i regi av NTNU i 2007⁴⁸, legg stor vekt på utsjånad og vekt når dei skal vurdere sin eigen verdi. Undersøkinga tok utgangspunkt i kva kroppslege eigenskapar ungdommane oppfattar som maskuline og feminine, og korleis dei vurderer eigen kropp og eigne prestasjonar. Det viser seg at stereotypiane rår meir enn venta. Ungdommane gir uttrykk for eit temmeleg tradisjonelt syn på kva som er feminint og maskulint når det gjeld kroppen. Og det er viktig for dei å leve opp til dei stereotype ideala.

Å vere flink i idrett blir rekna som ein viktig maskulin eigenskap, og gutane legg stor vekt på uthald, styrke og synlege musklar. For jentene er det mykje viktigare å sjå bra ut enn å prestere sportsleg. Når det gjeld oppfatningar av eigen kropp, er det klare forskjellar mellom kjønna. Undersøkinga viser at gutane gjennomgåande har ei meir positiv fysisk sjølvopfatning enn jentene. Gutane gav seg sjølve høgare skår enn jentene på

⁴⁵ Synovate MMI 2007.

⁴⁶ Wollebæk m.fl. 2000.

⁴⁷ Sivesind og Ødegård 2003.

⁴⁸ Klomsten 2007.

ti av elleve område, mellom anna styrke, uthald, utsjånad og generell oppfatning av eigen kropp. Det einaste området der kjønna vurderer seg sjølve omtrent likt, er fleksibilitet.

Reint biologisk er det ingenting i vegen for at jenter og gutar før puberteten kan vere like flinke i mange sportslege aktivitetar. Kjønnsforskjellane må tilskrivas sosiale forhold, til dømes ulike forventningar og ulik respons til jenter og gutar frå foreldre, trenarar og venner, og ikkje minst frå media. Funna kan tyde på at stereotypiane har endra seg lite sidan 1970-talet. Ungdommane rekna ballett, aerobic og turn som jenteidrettar, mens fotball, boksing, motorsport og ishockey er mest for gutar. Det same blei stadfest når studentane ble bedde om ⁴⁹å sortere ulike idrettar i kategoriane «maskulin», «feminin» og «nøytral». Svara var så godt som 100 % samanfalle. Det tyder på at dei felles kulturelle førestellingane er meir seigliga og mindre fleksible enn dei mest optimistiske kjønnsforskarane trur. Kjønnsstereotypiane og makta dei har når det gjeld fysisk sjølvoppfatning, kan ha store negative konsekvensar både på individnivå og samfunnsnivå. Alt tyder på at dette særleg rammar dei gutane som ikkje er så maskulint prega. Å danse ballett er enno nokså stigmatiserande for ein gut.

Dette skal sjølvsagt sjåast i samband med at det òg oppstår nye trendar, som til dømes guters auka oppslutning innan ulike danseformer.

Barne- og ungdomsidretten i Noreg har svært stor oppslutning, både blant gutar og jenter. Den organiserte idretten tilbyr eit stort omfang av ulike idrettsaktivitetar for barn og ungdom. Innan enkelte idrettar er det ein klar overrepresentasjon av det eine eller andre kjønn. Gjennom aktivitetsmidlar til barn og ungdom gjennom særforbunda har Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) fokus på tiltak for å rekruttere blant underrepresenterte grupper i idrettslag, mellom anna å utjamne ulikhetar i rekruttering m.o.t. kjønn.

Samtidig føregår det ei rekkje tiltak i særforbund med skeiv kjønnsfordeling for å auke rekrutteringa blant det underrepresenterte kjønn, blant anna innan ishockey, turn og snøbrett.

NTNUs undersøking viser likevel at kjønnsstereotypiane framleis lever òg i idretten, og ho bør kunne gi NIF mange innspel til kva meir som kan gjerast for å snu på dette.

2.6 Forskjellar mellom gutar og jenter i den uorganiserte fritida

Å konstruere sin eigen identitet betyr å finne seg sjølv som noko eineståande og forskjellig frå andre (personleg identitet), men òg å finne seg sjølv i det ein har felles med mange andre (sosial identitet). I arbeidet med å etablere sin eigen identitet vil ein ofte eksperimentere, prøve og feile. Dette er særleg viktig i tenåra, då kven ein er, og korleis ein vil bli oppfatta av andre, er sentrale spørsmål. I media finn ein byggjemateriale til begge desse sidene ved seg sjølv.

2.6.1 Gutar og bruk av elektroniske medium

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi, og særleg Internett, har ført til store sosiale endringar i samfunnet. I denne samanhengen er det ei vanleg oppfatning at menn og gutar bruker data-teknologi i større omfang enn kvinner og jenter. Undersøkinga «Ung i Oslo» viser at mange av gutane i alderen 14–17 år bruker mesteparten av fritida si ved datamaskina. 25 % av gutane bruker meir enn tre timer framfor dataskjermen dagleg. Brukarmønsteret er i endring på ei rekkje område. Gutar synest framleis å vere meir opptekne av teknologien og spel enn jenter, mens jenter verkar å vere opptekne av kommunikasjon, grafikk, musikk og skuleorienterte aktivitetar.

Ungdommen har vore kalla «kulturens seismografar».⁵⁰ Ser vi på alder som ein parameter, er det enkelte interessante tendensar. Menn bruker heime-PC vesentleg meir enn kvinner. Denne forskjellen finn vi i alle aldersgrupper med unntak av dei yngste. I aldersgruppa 9–15 år er det fleire jenter enn gutar (60 % mot 52 %) som bruker heime-PC dagleg. Dette kan kanskje forklarast med at gutar har eit meir aktivt uteliv i den uorganiserte tida si, mens jentene bruker meir Internett som kunnskapskjelde i leksearbeidet.

Om vi ser på kva ungdommane bruker PC til, er det å leite etter informasjon på Internett den mest utbreidde aktiviteten, med små kjønnsforskjellar. Dataspel er ein av dei mest populære aktivitetane blant gutane. Det er her vi finn dei største kjønnsforskjellane. Ein tredel av gutane på ungdomsskulen spelar PC-spel kvar dag, mot berre 4 % av jentene. Av gutane som spelte PC-spel på ungdomsskulen, spelte 10 % meir enn fire timar om dagen.⁵¹

⁴⁹ Ung i Oslo 2006.

⁵⁰ Drotner 1999.

⁵¹ Torgersen 2004.

Også når det gjeld kva typar spel dei unge føretrekkjer, er det systematiske forskjellar. Gutane spelar mest sportsspel, actionspel og strategispel. Jentene spelar mest småspel på Internett, bilspel, plattformspel og The Sims. Storspelarane blant gutane (meir enn fire timar kvar dag) spelar mest førstepersons skytespel og strategispel. Ein studie frå SSB⁵² viser det same biletet. Gutar bruker PC til spel og underhaldning og i jobbsamheng, mens jenter i noko større grad enn gutar bruker datamaskina heime til skule og utdanning. Det er i særleg grad barn og unge PC-brukarar som bruker heime-PC til underhaldning og spel. 59 % av gutane i alderen 9–15 år spelar TV- eller PC-spel dagleg; 33 % av jentene gjer det same. For neste alderstrinn, 16–24 år, er det 32 % gutar og 7 % jenter. I tillegg bruker gutane lengre tid på å spele enn jentene. Ifølgje «Ungdoms digitale kvardag» er det ikkje slik at aktiv bruk av PC automatisk får negative konsekvensar. Resultata viser at om det er nokon samanheng, er det heller slik at ungdommane er meir sosiale dess oftare dei bruker data. Spørsmålet er sjølvsagt korleis dei er sosiale, og om denne måten å vere sosial på er bra for handlings- og språkkompetansen hos gutar.

Det er viktig å merkje seg at visse typar mediekonsum synest å vere mest utbreidd i bestemte livsfasar. Til dømes har ungdom i lang tid vore storforbrukarar av innspelt musikk, samtidig som bruken ser ut til å minke ein god del etter kvart som ein blir eldre.

2.6.2 Gutar og bruk av bibliotek

Den samla bruken av biblioteka går fram av ein rapport frå SSB⁵³. I motsetning til hva ein finn i vaksnebefolkninga, er det her gutane opp til 16 år som i størst grad har besøkt biblioteket, heile 71 prosent har vært på folkebiblioteket i løpet av det siste året. Det er 67 prosent av jentene som har besøkt folkebiblioteket i same tidsrom. Prosentdelen barn som har besøkt folkebiblioteket siste året, aukar med alderen. Men så går det nedover igjen seinare med aukande alder, dette gjeld for begge kjønn. Trass i desse tala viser undersøkingar likevel at gutar les mindre bøker enn jenter, jamfør PIRLS/PISA- undersøkingane som er nemnde tidlegare. Det finst prosjekt som prøver å stimulere gutar til å lese litteratur. «Ønskebok.no» er ei tilrettelagd søkjeside retta mot ungdom, som opna i september 2007. Ideen er at unge lesarar

skal finne fram til bøker dei har lyst til å lese, til dømes ved å «konstruere» innhaldet sjølve. Foreininga »!les» har arbeidd målretta for å gjere gutar meir interesserte i å lese. Foreininga har mellom anna gåande eit større prosjekt, «Idrett og lesing». Når det gjeld avislesing, skårar gutar like høgt som jenter.

2.7 Ein likestilt oppvekst for gutar og jenter – tiltak

Forskjellane på kor mykje kontakt gutar i dag har med vaksne menn og kvinner, treng ikkje få eintydige negative eller positive konsekvensar for dei seinare i livet. Både kvantitet, kvalitet og korleis kontakt og oppfølging skjer, spelar inn. Regjeringa vil likevel at oppveksten skal pregast av mangfald i vaksenkontakten. Det mangfaldet som finst elles i samfunnet, bør òg prege barnehage, skule og fritidsarenaer. Det gjeld både for gutar og jenter. Når det gjeld likestilling, er den svært skeive kjønnsfordelinga blant dei tilsette likevel ei utfordring som krev aktiv innsats. Fråvær av mangfald, særleg mangel på mannlege tilsette, kan ha meir negative konsekvensar for gutar enn for jenter. Dei lærer ikkje i praksis at òg menn kan jobbe med barn og unge.

Når gutar går ut av grunnskule og vidaregåande skule med vesentleg svakare resultat enn jenter, må tiltak setjast inn. St.meld. nr. 16 (2006–2007)⁵⁴ legg vekt på tidleg innsats for å forebygge manglande læringsutbytte, fråvær og fråfall i utdanninga.

Eit anna viktig område å arbeide innanfor er lærarutdanningane. Likestillingsarbeidet i barnehage og skule må òg handle om dei vaksne, ikkje berre om barna. Det er dei vaksnes praksis, og sementeringa av tradisjonelle kjønnsroller som barna dreg med seg fordi dei ikkje ser menn i desse verksemdene, som er utfordringa. Før barnehagar og skular får meir preg av mangfald i personalet og dei vaksne blir meir observante på seg sjølve som formidlarar av kjønnsroller, lærer ikkje barna godt nok å sjå og forstå seg sjølve uavhengig av kjønn.

Kunnskapsdepartementets handlingsplan for likestilling i barnehagar og i grunnopplæringa (2008–2010) tek sikte på å gjere noko med dette. Auka vekt på forskning synest å vere nødvendig.

Kjønnsstereotypiane pregar oppveksten gjennom media, idrett og kultur. BLD vil invitere til

⁵² SSB 2006c.

⁵³ SSB 2006d.

⁵⁴ «..og ingen sto igjen» 2006-2007.

brei drøfting om moglege tiltak for å bryte skadelege stereotypiar. Kroppsideal som aukar risikoen for usunne og uønskte levevanar hos gutar (og jenter), må møtast med tiltak som bevisstgjer ungdommen.

2.7.1 Oppvekst i familien

Nedbygging av kjønnsstereotypiar og tradisjonelle oppfatningar om kjønnsroller må skje i samarbeid og samråd mellom foreldre, barnehage og skule. Barn som opplever stort avvik mellom likestillingspraksis i heimen og uttalte verdiar i skule og barnehage, er ei særlig utfordring. Barne- og likestillingsdepartementet vil vidareføre og byggje ut foreldrerettleiingsprogram som understrekar moderne likestillingsideal. Departementet foreslår i kap. 4 tiltak for å auke foreldra sin bruk av foreldrepermisjonen. Ei jamnare fordeling av omsorgsoppgåvene mellom kvinner og menn er eit vesentleg bidrag til auka likestilling mellom kjønna.

Gjennom pågåande prosjekt som «Bærekraftige familier – likestilt foreldreskap» vil regjeringa arbeide for at samhandlinga mellom dei offentlege tenestene for barn (barnehage, skule, helsestasjon) og dei føresette skal byggje på likebehandling av foreldra (sjå pkt. 5.7.2).

Jo meir likestilte foreldre, jo betre lærer barna om likestilling i praksis.

2.7.2 Gutar i barnehagen

Regjeringa vil gjennomgå verksemda i barnehagane for å sjå til at gutar får same vaksenkontakt, oppfølging og rettleiing som jenter når dei utfaldar seg i aktivitetar i barnehagane. Dette er varteke, og andre tiltak er foreslått, i den nye handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnsopplæring.

Forskinga om kva barnehagen betyr for kjønns sosialiseringa, skal styrkjast.

Barnehagen kan på fleire måtar skape sosial utjamning og leggje til rette for like vilkår for alle barn.

2.7.3 Læringsmiljø og læringsutbyte for gutar

Kunnskapsdepartementet la hausten 2006 fram st.meld. nr. 16 «... og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring». Denne meldinga har eit livslangt læringsperspektiv og tek for seg heile løpet for utdanning frå barn i førskulealder til vaksne. I st.meld. nr. 16 er det derfor lagt vekt på behovet for støtte i språkutviklinga allereie i førsku-

lealder, med oppfølging gjennom konkrete stimulerings tiltak når det er behov for det. Regjeringa vil styrkje forskning som kastar lys over årsakene til dei store forskjellane i læringsutbyte mellom jenter og gutar som avgangsresultata frå grunnskulen har vist dei siste 20 åra. Tiltak for at skulen skal kunne medverke til å jamne ut forskjellar i læringsutbyte, skal setjast i verk på bakgrunn av ny kunnskap om årsakssamanhengar.

Halvparten av skulane som deltok i «Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av leselest og leseferdigheit 2003–2007», arbeidde med eigne tiltak for gutar. Størstedelen av desse tiltaka var utforma med tanke på å betre rammene eller motivasjonen for lesing hos gutar. Mange skular kjøpte inn bøker spesielt berekna på gutar. Evalueringa av strategien viser at det har vore vellykka å setje søkjelys på gutar og lesing, og at det har vore med og gjort leiarar og lærarar meir observante på dei utfordringane leseferdigheiter hos gutar byr på.

På bakgrunn av nærmare analysar av undersøkingar om mobbing blant norske skuleelevar vil regjeringa gjennomføre særlege tiltak retta mot gutar både som mobbeoffer og som mobbarar.

Gjennom «Strategi for læringsmiljøet i grunnsopplæringa 2005–2008» og tiltaksversikta for skuleåret 2007–2008 har det vert arbeidd for å betre det fysiske og psykososiale elevmiljøet. Utdanningsdirektoratet skal i samarbeid med Helsedirektoratet evaluere ressursboka *Samliv og seksualitet*, og det skal gjerast ein gjennomgang av samlivs- og seksualundervisninga i grunnsopplæringa. På bakgrunn av dette arbeidet skal materialet analyserast i forhold til Kunnskapsløftet med tilvising til dei aktuelle læreplanane. I utarbeidinga av dette ressursmateriellet skal òg temaet arbeid mot mobbing og trakassering på grunn av kjønn og seksuell orientering styrkjast.

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet støttar Russens organisasjonskomité (ROK) i samband med ein ungdomskampanje om seksualitet, kjønnsrelatert mobbing og grensesetjing. Kampanjen retter seg mot alle elevar i vidaregåande opplæring, men med eit særleg fokus på russekulla. Kampanjen gir informasjon om seksualitet, søker å førebyggje seksuelle overgrep og oppfordre til klar grensesetjing når det gjeld eigen seksualitet. Prosjektet starta hausten 2007 og skal halde fram til sommaren 2009.

Nettstaden *Skolenettet.no* har eigne sider om seksualitet og samliv. Sidene har informasjon retta mot elevar og lærarar. Det er òg lagt ut informasjons- og undervisningsmaterieill.

2.7.4 Organisert fritid

Regjeringa vil ta initiativ til eit samarbeid med Landsrådet for norske ungdomsorganisasjonar for å vurdere tiltak med sikte på å jamne ut kjønnsforskjellar i medlemsmassen i organisasjonane.

Regjeringa vil gjennom Den kulturelle skulesekken ha eit spesielt fokus på forskjellar på korleis gutar og jenter bruker kulturelle uttrykk.

3 Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden

3.1 Innleiing

Arbeidslivet bidrar til å bremse arbeidet for likestilling mellom kvinner og menn. Dette er eit hovudfunn i likestillingsgranskinga. Ifølgje granskinga har det vore større framgang mot meir likestilling på heimebane enn i yrkeslivet samanlikna med tilsvarande undersøking i 1988¹. Trass i mange års arbeid for likestilling er norsk arbeidsliv framleis i stor grad kjønnsdelt. Kjønnsdelinga strekkjer seg heilt inn på sjølve arbeidsplassen. Fleirtalet av dei yrkesaktive har stor overvekt av kollegaer av eige kjønn. Vidare viser likestillingsgranskinga at kjønnssegregeringa i arbeidslivet ikkje er blitt mindre dei siste 20 åra.

Saman med resten av Skandinavia har Noreg ein av dei mest kjønnsdelte arbeidsmarknadene blant dei industrialiserte landa i verda. Samtidig er Noreg og Skandinavia rekna som pionerar når det gjeld likestilling mellom kvinner og menn, og er av dei landa som har prosentvis flest kvinner i lønna arbeid. Dette blir ofte framstilt som eit *likestillingsparadoks*. Men er det eit paradoks? Problemstillinga kan like gjerne sjåast omvendt.² Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden er langt på veg eit *resultat* av høg kvinnekasting i yrkeslivet i dei nordiske landa og har fram til i dag vore ein viktig *føresetnad* for den høge sysselsetjinga blant kvinner. Høg sysselsetjing blant kvinner heng saman med at ulønna arbeid som tradisjonelt har vore utført av kvinner i privatsfæren, no blir utført som lønnsarbeid på arbeidsmarknaden. Det er altså viktige historiske grunnar til samanhangen mellom høg yrkesdeltaking blant kvinner og eit kjønnsdelt arbeidsliv. I den grad vi kan snakke om eit likestillingsparadoks, ligg det i at dette historiske samsvaret mellom kvinneleg yrkesdeltaking og kjønnssegregerte strukturar i arbeidslivet varer ved. Likeverd mellom kvinner og menn på arbeidsmarknaden er ei viktig kulturell norm, og kvinner er snart på linje med menn i yrkesdeltaking.

For regjeringa er det viktig å lyfte fram det kjønnsdelte arbeidslivet som ei samfunnsmessig utfordring. Ein kjønnsdelt arbeidsmarknad er eit problemområde både for menn og kvinner. Segregeringa er eit vesentleg strukturelt hinder for at kvinner og menn skal oppnå like økonomiske rettar og reelle val når det gjeld yrkesdeltaking.³

Det kjønnsdelte arbeidslivet er eit problem for likestillinga på fleire måtar. Kvinnedominerte arbeidsplassar kjem ofte dårlegast ut både når det gjeld lønn, ufrivillig deltid, høve til å utvikle seg i jobben og rett til å bestemme «korleis arbeidet skal gjerast».

Eit kjønnsdelt arbeidsliv reproducerer tradisjonelle kjønnsroller. Om ein med likestilling meiner at menn og kvinner skal gå ut i livet med likt høve til å velje utdanning og yrkesveg utan å vere negativt påverka av kulturelle fordommar og stereotypiar, er det kjønnsdelte arbeidslivet med på å halde oppe og styrkje nettopp slike stereotypiar. I mange tilfelle kan kjønnsstereotypiane i *praksis* verke like hemmande for kva utdanning og yrke gutar og jenter vel, som meir formelle hinder og stengsel. Det gjeld i utgangspunktet like mykje for menn som for kvinner.

Kjønnsdelinga i arbeidsmarknaden heng saman med at både menn og kvinner gjer kjønna val med omsyn til utdanning, yrke og arbeidstidsmønster. Skal dette endre seg, må også strukturar som gir menn avgrensa handlingsrom, synleggjerast og brytast ned. Alt ved val av utdanning følger dei fleste gutar og jenter eit tradisjonelt kjønnsrollemønster. Det er òg klare teikn på at arbeidstidsmønsteret er kjønnssegregert. Menn jobbar meir enn kvinner, og fleire menn enn kvinner arbeider lange dagar. Det er primært kvinner som jobbar deltid.

Denne regjeringa vil arbeide for eit kjønnsblanda arbeidsliv. Eit slikt syn har stor støtte i befolkninga. Av likestillingsgranskinga går det fram at eit fleirtal av arbeidstakarane helst vil ha ein arbeidsplass der begge kjønna er godt representerte. Svært mange uttrykkjer eit ønske om betre kjønnsbalanse der dei jobbar, og flest er tilfredse

¹ Undersøkelse om menns holdninger og livssituasjon 1988.

² Solheim og Teigen 2006.

³ S.st.

med jobben når kjønnsbalansen er god. Menn må gå inn i kvinnedominerte sektorar som barnehage, skule og helsevesen. Like viktig er det at menn blir meir familiestyrt og i større grad enn i dag gjer tilpassingar i arbeidslivet når dei får barn. Sjølv om heimen er blitt meir prega av likestilling, viser likestillingsgranskninga at det framleis er ein grunnleggjande ubalanse ved at mor både *gjer* meir og *bestemmer* meir når det gjeld husarbeid og barneomsorg. Som det går fram av kapittel 4, krev auka likestilling at far gjer ein endå større innsats heime, og at mor gjer meir ute.

Likelønnskommisjonen påviser i si innstilling NOU 2008:6 «*Kjønn og lønn*» at lønnsgapet mellom kvinner og menn langt på veg følgjer den kjønnsdelte arbeidsmarknaden. Lønnsnivået er gjennomgåande lågare i yrker med høy kvinnedel. Kommisjonen skriver at mykje tydar på at det lave lønnsnivået i kvinneyrka i seg sjølv bidrar til å videreføre kjønnsdelinga. Det er truleg lite attraktivt for menn å gjere eit utradisjonelt yrkesval viss dei ikkje òg ser økonomiske insentiv for slike val. Bättre lønns- og arbeidsvilkår i kvinnedominerte yrker vil i følgje kommisjonen føre til at disse yrkene òg tiltrekk seg fleire menn. Kommisjonens fleirtal legg fram seks konkrete forslag til tiltak for å minske lønnsgapet mellom kvinner og menn. Ingen av desse tiltaka retter seg direkte mot den kjønnsdelte arbeidsmarknaden, men mot område som handhevingsapparatet (LDO), lønnsdanninga og familiepolitikken. Innstillinga frå Likelønnskommisjonen har vært på brei høyring. Ei lang rekkje instansar har uttalt seg. Regjeringa vil arbeide vidare med oppfølginga av denne saka.

Mannspanelet foreslo ulike tiltak for å få fleire menn til å velje kvinnedominerte yrke, med særleg vekt på lærarar, førskulelærarar og helsearbeidarar. Panelet peikte på faktorar som mannlege rollemodellar, marknadsføringa av yrka overfor gutar og det viktige i å satse systematisk på å behalde menn som utdannar seg innanfor omsorgsyrka. I tillegg fokuserte mannspanelet mellom anna på at yrkesretteleinga i skulen må bli betre og meir profesjonell. Målet er å heve kvaliteten og gi kvar og ein eit betre grunnlag for å gjere gode, informerte og trygge val. Det kan motivere fleire til å velje utradisjonelt, og ein måte å gå fram på kan vere å tilby fleire fulle og faste stillingar og betre karriereutsikter. Partane i arbeidslivet bør utfordrast til å vidareutvikle lærlingordninga, mellom anna gjennom aktiv rekruttering av jenter til tradisjonelle mannsfag og gutar til tradisjonelle kvinnefag.

3.2 Fakta om den kjønnsdelte arbeidsmarknaden

Den norske arbeidsmarknaden er kjønnsdelt langs fleire dimensjonar. Menn og kvinner utfører ulike typar arbeid i kvar sine bransjar eller kvar sine yrke. Også når menn og kvinner arbeider i same bedrift eller same yrke, utfører dei ofte arbeidsoperasjonane sine i ulike avdelingar og stillingar. Svært mange har altså arbeidsplassar der kollegaene stort sett er av same kjønn som dei sjølv. Ifølgje Likestillings- og diskrimineringsombodets SALDO 2007 er det berre om lag 30 prosent av dei sysselsette som arbeider i næringar med ei relativt jamn kjønnsfordeling, altså minst 40 prosent av kvart kjønn.

Heilt sidan kvinnene gjorde sitt inntog på arbeidsmarknaden i 1970-åra, har både manns- og kvinnedominansen vore relativt stabil på arbeidsplassar der det eine kjønn er i overvekt. Kvinner er i fleirtal i helse- og omsorgssektoren og i undervisningssektoren. Mennene er i fleirtal i dei andre sektorane utanom varehandelen, der representasjonen er omtrent lik.

Ser vi på korleis kvinner og menn fordeler seg i dei ulike *næringane* (tabell 3.1), går det fram at nær 60 prosent av mennene er sysselsette i industri og bergverk, varehandel, hotell- og restaurantverksemd, forretningsmessig tenesteyting og bygge- og anleggsverksemd. Sysselsetjinga blant kvinner er særleg konsentrert om helse- og sosialtenester, varehandel, hotell- og restaurantverksemd og undervisning. Konsentrasjonen av kvinner i helse- og sosialtenester er særleg markant.

Det skil seg òg mykje kva *yrke* kvinner og menn vel. Figur 3.1 viser at mange menn arbeidar som handverkarar (20 prosent). Like mange har høgskuleyrke. Mange menn har sals- og serviceyrke og akademiske yrke eller arbeidar som operatørar og sjåførar. Kvinner arbeidar først og fremst i sals- og serviceyrke og i høgskuleyrke. Mange menn jobbar her òg, men kvinner og menn har i stor grad ulike yrke innanfor desse to yrkesgrupperingane.

I høgskulesektoren finn vi kvinnedominerte yrke som sjukepleiar, grunnskulelærar og førskulelærar, men òg mannsdominerte yrke som ingeniør. Dei siste 20 åra har det vore ein liten auke for mannlege førskulelærarar og sjukepleiarar og for kvinnelege ingeniørar. Typiske mannsdominerte yrke er vaktmeister, industriarbeidar, bygnings- og anleggsarbeidar og ingeniør.

Tabell 3.1 Sysselsette kvinner og menn etter næring i 2007. Prosent

	Menn	Kvinner
Industri og bergverksdrift	17	6
Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	16	19
Forretningsmessig tenesteyting, egedomsdrift	13	9
Byggje- og anleggsverksemd	13	1
Transport/telekommunikasjon	9	3
Helse- og sosialtenester	7	34
Offentleg administrasjon / offentleg forvaltning	6	6
Undervisning	6	12
Jordbruk, skogbruk og fiske	4	1
Andre sosiale og personlege tenester	4	5
Utvinning av råolje og gass	2	1
Bank/finans	2	2
Kraft- og vassforsyning	1	0
Alle næringar (medrekna uoppgitt)	100	100

Kjelde: SSB og AID


Ein studie⁴ viser at omtrent halvparten av alle menn i privat sektor arbeider i yrke der 10 % eller færre er kvinner. Mindre enn 1 % av mennene arbeider i yrke der 90 % eller fleire er kvinner. Studien viser altså at menn i privat sektor arbeider i yrke der det hovudsakleg er menn. Kvinnene for-

delar seg jammare enn mennene. Rundt 15 % av kvinnene arbeider i yrke der over 90 % er kvinner.

3.2.1 Kjønsdelte utdanningsval


Allereie i val av utdanningsprogram i vidaregåande opplæring er kjønnsforskjellane relativt store. Gutane vel studieførebuande utdanningsprogram

⁴ Barth m.fl. 2005.



Figur 3.1 Sysselsetjing for menn og kvinner etter yrke, 2007

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Figur 3.2 Studentar etter kjønn og fagfelt

i mindre grad enn jentene. Dette kan henge saman med at gutar i gjennomsnitt har lågare karakterar frå grunnskulen enn jenter, jamfør tabell 2.2., noko som påverkar valet av studieprogram. Når ein samanliknar gutar og jenter med like karakterar frå grunnskulen, er gutar derimot meir tilbøyelege enn jenter til å søkje seg mot studieførebuande retningar/program.⁵

Fordelinga av gutar og jenter på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring følgjer eit kjønnsstradisjonelt mønster. Bygg- og anleggsteknikk, elektrofag, teknikk og industriell produksjon er typiske gutefag med over 90 % gutar. På utdanningsprogram for helse- og sosialfag og for design og handverk er rundt 10 % gutar. Søkinga til og elevsamansetjinga i vidaregåande opplæring speglar det kjønnsdelte ar-

beidslivet i Noreg. Gutar og jenter vel òg kjønnsstradisjonelt når dei skal søkje seg til høgare utdanning. Menn dominerer innanfor naturvitenskaplege og tekniske fag, kvinner i pedagogiske fag og helse- og sosialfag.

I høgare utdanning er det menn som vel mest tradisjonelt, mens kvinner i aukande grad søkjer seg mot tradisjonelt mannsdominerte utdanningsprogram som medisin, økonomi og administrasjon, men òg naturvitenskap og teknikk. På medisinstudiet har det til dømes vore ei jamn kjønnsfordeling sidan midten av 1990-talet. Innanfor økonomiske og administrative fag har kvinneinnslaget auka frå ein fjerdedel til om lag halvparten dei siste 20 åra. Tilsvarende har det vore ei dobling i kvinnedelen på naturvitenskaplege og tekniske fag i same perioden. Jusstudiet er blitt kvinnedominert.

Det finst ingen parallell tendens til auka tilstrøyming av mannlege studentar til dei tradisjo-

⁵ Byrhagen m.fl. 2006.

Tabell 3.2 Gjennomsnittslønn for menn i kroner og prosent av gjennomsnittslønn for kvinner etter næring i 2007. Heiltidstilsette

	Månadslønn x 12 per 1.9./1.10. 2007	Mannslønningar i prosent av kvinnelønningar 2007
Finanstenester i alt	617 500	146
Helseføretak	487 900	129
Eigedomsdrift og forretningsmessig tenesteyting	484 000	124
Varehandel i alt	409 200	120
Private helse- og sosialtenester	384 200	120
Sosiale og personlege tenester	437 600	116
Gjennomsnitt/sum heiltidstilsette	420 300	116
Privat undervisning	415 200	115
Industri	392 500	112
Hotell- og restaurantverksemd	316 100	112
Samferdsel	403 100	112
Olje- og gassutvinning og bergverksdrift	611 000	110
Kraftforsyning	466 700	110
Tilsette i staten	410 000	110
Kommune og fylkeskommune ¹	363 300	108
Undervisningspersonale i skuleverket	405 700	103
Byggje- og anleggsverksemd	371 800	102
Gjennomsnitt heiltidstilsette	420 300	116

¹ Tilsette i kraftforsyning og undervisningspersonell i skuleverket er ikkje med i statistikkgrunnlaget.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, berekningsutvalet

nelt kvinnedominerte utdanningane. Snarare blir det prosentvis fleire kvinner her òg. Samtidig som fleire kvinner har gått inn i høgare utdanning, har utdanningsvala blant menn endra seg lite. Dermed er det blitt prosentvis fleire kvinner både i mannsdominerte, kjønnsintegrerte og kvinnedominerte utdanningar.⁶

3.2.2 Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden – lønseffektar for menn og kvinner

Ser vi på månadslønn for heiltidsansatte, tente menn om lag 116 % av lønna for kvinner i 2007. Årslønna i 2007 (månadslønn x 12) var 420 300 kroner for menn og 363 600 kroner for kvinner. Lønnsforskjellane mellom kjønna er større i privat enn offentleg sektor. Dei seinare åra har kvinner og menn nærma seg kvarandre i lønnsnivå. Frå 2006 til 2007 har det derimot vore ein liten auke i dei gjennomsnittlege lønnsforskjellane mellom kvinner og menn.

Tabell 3.2. viser at menn tener meir enn kvinner i alle bransjar bortsett frå byggje- og anleggsverksemd og blant undervisningspersonale i skuleverket, der menn og kvinner tener omtrent like mykje. Forskjellen er størst innanfor finanstenester og helseføretak. Fordelt etter næringshovudområde viser tabellen vidare at heiltidstilsette menn i finanstenester hadde høgast lønn, med menn i olje- og gassutvinning og bergverksdrift på andre plass.

Lønna aukar med utdanningslengda i alle næringar.

Lønnspreiinga er større blant menn enn blant kvinner. Over 80 % av personane i gruppa med høgast lønn er menn. Korrigerer vi for at det er fleire sysselsette menn enn kvinner, går denne prosentdelen noko ned. I 2007 hadde dei ti prosentane med høgast lønn (tiande desil) 20 % av samla opptent lønn for menn, mens dei ti prosentane av menn med lågast lønn (første desil) berre hadde 5 % av samla lønn for menn. Kvinner fordele seg jamnare på lønsskalaen, men er overrepresenterte i gruppa med lågast lønn.

⁶ Teigen 2006.

Likelønnskommisjonen leverte si innstilling i februar 2008. Her er hovudkonklusjonen at den kjønnsdelte arbeidsmarknaden forklarar lønns-gapet, og at lønns-gapet følgjer delinga. Det medfører mellom anna at problemet likelønn blir eit spørsmål om lønnsnivået i kvinneyrka, både for kvinner og menn. Likelønnsproblemet er ikkje berre eit spørsmål om individuelle lønnsforskjellar basert på individuelt kjønn, men er snarare knytt til ein sterkt kjønnsdelt arbeidsmarknad og prisen på arbeidskrafta i kvinnedominerte yrke og bransjar.⁷

At mannen tener meir, er samtidig med på å bevare statusen hans som hovudforsørgjar og den av foreldra som har dei lengste arbeidsdagane. Sjå meir om dette i kapittel 4.

3.2.3 Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden – effektar på arbeidskvalitet og -trivsel

Det kjønnsdelte arbeidslivet har òg konsekvensar for arbeidsmiljøet og trivselen på jobben. Ein analyse av svar på ei rekkje utsegner i likestillingsgranskinga viser at det er systematiske forskjellar mellom manns- og kvinnedominerte arbeidsplassar.


Svara viser at ein større del av både mennene og kvinnene rapporterer om konflikt og baksnaking på arbeidsplassen når det eine kjønn dominerer, og mest av det finn vi på kvinnedominerte arbeidsplassar. På kvinnedominerte arbeidsplassar er dessutan den eigenrapporterte trivselen lågare hos begge kjønn. Med aukande kvinnedominans er det færre menn som seier at dei har gode sjansar til å utvikle seg i jobben, og færre kvinner som melder at dei «bestemmer korleis arbeidet skal gjerast».

Arbeidsplassar der kvinnene er i fleirtal, er altså prega av dårlegare vilkår både for kvinnelege og mannlege arbeidstakarar. Det gjeld både økonomisk utteljing, ufrivillig deltid og høve til å utvikle seg i jobben og bestemme «korleis arbeidet skal gjerast».

Kjønnsbalanse verkar positivt – fleirtalet vil ha betre kjønnsbalanse på arbeidsplassen

Likestillingsgranskinga viser at forholda er best på arbeidsplassar med god kjønnsbalanse. Til dømes viser diagrammet nedanfor kor stor del av kvinnene og mennene som rapporterer om kon-

⁷ *Kjønn og lønn 2008.*



Figur 3.3 Konflikt og baksnaking

Kjelde: Likestillingslikestillingsgranskinga

flikt og baksnaking alt etter kjønnsbalanse på arbeidsplassen:

Som figur 3.3 viser, er konfliktnivået lågast der det er god balanse mellom kjønna. Også på arbeidsplassar med god kjønnsbalanse er det rett nok ein del som rapporterer konflikt og baksnaking, men nivået er lågare. Tilsvarande gjeld for opplevinga av å bli negativt forskjellsbehandla på grunn av kjønn. Begge kjønn rapporterer minst negativ forskjellsbehandling når kjønnsbalansen er god. Og flest seier seg tilfredse med jobben når kjønnsbalansen er god.


Svært mange av dei spurde uttrykkjer eit ønske om betre kjønnsbalanse der dei jobbar.

Dess meir ein-sidig arbeidsplassen er når det gjeld kjønn, dess sterkare ønskjer medlemmene av det dominerande kjønn fleire av motsett kjønn. Dette ønsket er sterkast på dei kvinnedominerte arbeidsplassane.

3.3 Korleis få ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad?

3.3.1 Menn inn i kvinnedominerte yrke – kvifor og korleis?

Arbeidet med å skape likestilling mellom kjønna har bore frukter når det gjeld likestilling i heimen og yrkesdeltaking hos kvinner. No er det viktig å setje eit tydeleg fokus på det kjønnsdelte arbeidslivet som eit samfunnsmessig problemområde. I *Soria Moria-erklæringa* er det slått fast at det er eit



Figur 3.4 Haldning til jamnare kjønnsfordeling

Kjelde: Likestillingslikestillingsgranskinga

mål å medverke til ei jamnare kjønnsamansetjing i dei ulike sektorane i arbeidslivet.

I dag blir kjønnssegregeringa i arbeidslivet like mykje halden ved lag av utdannings- og yrkesvala til *menn* som av dei vala kvinner gjer. Menn vel i endå mindre grad enn kvinner yrke der det andre kjønn dominerer. Det manglar nyare, systematiske studiar av endringane i dei kjønnssegregerte mønstra i arbeidsmarknaden sett under eitt. Det som finst av forskning, tyder på at kjønnsintegreringa som skjer, i all hovudsak er eit resultat av at *kvinner* i aukande grad søker seg mot mandsdominerte område når det gjeld arbeid og utdanning.⁸ Skal arbeidslivet bli meir kjønnsblanda, må det fokuserast på å få gutar og menn til å utvide horisonten for kva utdanningar og yrke det er aktuelt å velje.

Ein kjønnsdelt arbeidsmarknad vidarefører tradisjonelle kjønnsroller som samfunnet arbeider med å bryte på andre område. Solheim og Teigen⁹ understrekar at dei kjønnssegregerte strukturane i arbeidslivet ikkje berre uttrykkjer, men

medverkar til å reprodusere og halde ved like seigliga kulturelle førestellingar om kva som er «kvinneleg» og «mannleg». Ved sida av familien er arbeidslivet den viktigaste sosiale arenaen der kjønn blir produsert som sosial kategori, og der forventningar til kva kvinner og menn skal vere, og kva slags oppgåver dei skal utføre dagleg, utspeler seg i små og store kontekstar. Det kjønnsdelte arbeidslivet er med andre ord eit av dei viktigaste *symbolfelta* i samfunnslivet, og det har ei hovudrolle i konstruksjonen av kvinner og menns kulturelle identitet, sosiale verdsetjing og subjektstatus.

Den kjønnsmessige ubalansen i arbeidslivet, med alt han inneber, er dessutan med og held oppe dei tradisjonelle kjønnsrollemønstra der far er meir ute i arbeidslivet og yter meir til hushaldsøkonomien, mens mor har hovudansvaret heime. Ei side ved dette er ulikskapen i økonomisk uttelling for kvinner og menn i arbeidslivet, jamfør forskjellane i timelønn. Eit anna forhold som likestillingsgranskinga avdekkjer, er at kvaliteten på arbeidsforholda for kvinner kan gjere det mindre attraktivt for dei å jobbe meir enn dei gjer. Kvinner som ikkje trivst på jobb, er mindre innstilte på å

⁸ Solheim og Teigen 2006.⁹ S.st.

prioritere jobb når dei får barn. Tendensen er den same for menn, men sterkare for kvinner.

Dersom fleire menn vel utradisjonelt, vil det vere med på å flytte dei kulturelle grensene for kva som er «mannleg» og «kvinneleg», og kva det er «naturleg» at menn kan og bør gjere. Dermed er menn i slike yrke òg med på å flytte grensene og utvide det maskuline handlingsrommet, slik dei første mennene som trilla barnevogn offentleg var med på å flytte grensene for farsrolla.

Som det heiter i Kunnskapsdepartementets handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010: «Målet er ikkje å få like mange menn og kvinner i alle yrka, men å bryte med dei synlege og usynlege barrierane som hindrar jenter og gutar i å ta utradisjonelle val.»

Likestilling, òg likestilling mellom kjønn, byggjer på at kvart individ har same rett til å velje utdanning og yrke ut frå eigne evner. I utdanning og arbeidsliv inneber likestilling at heile befolkninga utgjør eit potensial, uavhengig av bransje, nivå og liknande. Når hovudsakleg kvinner blir rekrutterte til kvinnedominerte yrke, inneber det at slike bransjar ikkje får ta i bruk potensialet som ligg i heile befolkninga.

Ei jamnare kjønnsfordeling kan ha ein positiv effekt på kvaliteten i det utførte arbeidet ved at breidda og variasjonen blir større. Dette kan sjåast i samheng med forventningar som blir stilte til andre verksemder i samfunnet om at minst 40 % av dei tilsette skal vere av det underrepresenterte kjønn. Det er ei hovudutfordring for dagens og morgondagens samfunn å kunne ta i bruk alle ressursane samfunnet rår over.

Å få menn til å velje kvinnedominerte yrke har i tillegg eit rekrutteringsformål. Det gjeld særleg på bakgrunn av det store behovet for arbeidskraft i sektorar som pleie og omsorg, undervisning og barnehagar.

Trass i at likestillingsidealet står sterkt i samfunnet, og trass i at det er gjort store innsatsar, har det vist seg vanskeleg å få menn til å velje andre yrke.

Nordberg¹⁰ påpeiker at debatten om mannlige arbeidstakarar i kvinnedominerte yrke framstiller desse mennene som føregangsmenn, som samtidig er marginaliserte av dei «kvinnelege normene» slike yrke skal vere gjennomsyra av. Diskusjonane er prega av eit kultursyn som legg til grunn at mannlige arbeidstakarar innfører ein «mannleg kultur» på arbeidsplassar der dei møter kvinnelege arbeidstakarar som står for ein mot-

sett «kvinneleg kultur». Ein slik polarisert «særartsmodell» legg til grunn at kjønnskategoriane er stabile, einskaplege og tydeleg avgrensa mot kvarandre gjennom diametralt forskjellige verdiar, normer og praksisar.

Desse førestellingane pregar òg den rolla menn får på kvinnedominerte arbeidsplassar. Førestellingar om at menn er teknisk, praktisk og rasjonelt orienterte, pregar både kvinnelege kollegaer og mennene sjølv, noko som gjer at mennene ofte blir dei som får i oppgåve å utføre «tradisjonelt maskuline» aktivitetar. Sjølv menn som har søkt seg til eit kvinnedominert yrke nettopp fordi dei opplever seg sjølv som mindre tekniske og praktiske enn andre menn, endar ofte med å utføre dei tradisjonelle mannsoppgåvene. På kvinnedominerte arbeidsplassar blir mennene vaktmeistrar, dei som skal fikse tekniske saker. Ei slik arbeidsdeling reproducerer førestellingar om menn som tekniske problemløysarar og kvinner som tilskodarar i slike samanhengar. Når mennene tek på seg desse oppgåvene, treng heller ikkje det kvinnelege personalet i same grad ta seg av dei maskulint koda oppgåvene. Dermed øver dei heller ikkje opp evna i å utføre dei. Slik blir den kjønnsstereotype arbeidsdelinga som likestillingsprosjektet har som ambisjon å løyse opp, sementert.

Ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad krev ei bevisst satsing på å påverke gutar til å velje yrke der jenter tradisjonelt har vore i fleirtal. Vidare må kvinnedominerte bransjar vere bevisste på å rekruttere menn og bruke retten til å særbehandle menn positivt ved rekruttering til arbeidsoppgåver der lovverket heimlar det. Endeleg må det leggjast til rette for å halde på menn som vel sterkt kvinnedominerte arbeidsplassar. Det har vore gjennomført ulike tiltak for å behalde kvinner på arbeidsplassar der dei er i mindretal, mellom anna i forsvaret og politiet. Tilsvarande må no gjerast for menn på kvinnedominerte arbeidsplassar.

3.3.2 Positiv særbehandling av menn med heimel i likestillingslova

Likestillingslova har som utgangspunkt at det ikkje er lov å forskjellsbehandle på grunn av kjønn. Likestillingslova § 3a opnar likevel for at det eine kjønn kan særbehandlast når ein trur at slik særbehandling fremjar likestilling på lang sikt. Føresegna opnar for ulike typar verkemiddel, mellom anna moderat kvotering. Moderat kvotering går ut på at det kan leggjast avgjerande vekt på kjønn ved tildeling av posisjonar innanfor ut-

¹⁰ Nordberg 2005.

danning og arbeidsliv når kandidatar av begge kjønn er likt eller tilnærma likt kvalifiserte, så lenge det fremjar likestilling mellom kjønna.

I praksis har det vore knytt uvisse til kor langt ein kan gå i positiv særbehandling av menn. Det heng saman med at formålsføreseigna i likestillingslova særleg tek sikte på å betre kvinnenes stilling. Dessutan set EU-lovgivinga snevrare grenser for retten til å særbehandle menn enn tilsvarende for kvinner.

I 1995 blei det på denne bakgrunnen vedteke ein lovheimel for å gi nærmare forskrifter om høve til positiv særbehandling av menn, jamfør dåverande § 3 fjerde ledd i likestillingslova. Lovendinga var eit resultat av eit ønske om å kunne særbehandle menn positivt for å gi dei ei sterkare stilling i samband med omsorg for barn.¹¹ Bakgrunnen var at det i St.meld. nr. 70 (1991–1992) blei foreslått at likestillingslova skulle endrast slik at ho opna for positiv særbehandling av menn. Dette skulle vere eit insitament for menn til å bryte det kjønnsdelte mønsteret på arbeidsmarknaden. Stortingsfleirtalet gjekk mot forslaget om ein allmenn rett til positiv særbehandling av menn. I staden blei det vedteke at det skulle innførast høve til positiv særbehandling i form av særtiltak for å få fleire menn inn i barnehagane, grunnskulen og barnevernsinstitusjonane. Målsetjinga var på sikt å auke likestillinga mellom kjønna.

Forskrift om særbehandling av menn i samband med undervisning av og omsorg for barn blei gitt ved kgl. res. av 17. juli 1998. I medhald av forskrifta kan menn føretrekkjast ved tilsetjing i stillingar der hovudoppgåva er å undervise eller yte omsorg for barn. Føresetnaden er at den mannlege søkjaren kan vurderast som like godt eller tilnærma like godt kvalifisert som den kvinnelege søkjaren. Vidare er det ein føresetnad at menn er underrepresenterte i den aktuelle stillingsgruppa i verksemda. Tilsvarende er det høve til å bruke moderat kvotering av menn ved opptak til utdanning for slike yrke.

Positiv særbehandling av menn blei vurdert på nytt i samband med endringar i likestillingslova i 2001, jamfør Ot.prp. nr. 77 (2000–2001). Det blei ikkje foreslått endringar i den eksisterande heimelen, verken i form av å tillate bruk av sterkare verkemiddel (til dømes radikal kvotering) enn det som er tillate i dag, eller å utvide verkeområdet til andre yrke enn dei som er knytte til arbeid med barn. Regelen blei vidareført i den nye § 3a i likestillingslova.

Retten til positiv særbehandling av menn har særleg vore brukt for å få fleire menn inn i barnehagesektoren.

Regjeringa vil greie ut forslag om å utvide bruksområdet for heimelen slik at den òg skal gjelde andre sektorar der menn er underrepresenterte, til dømes i pleie- og omsorgssektoren.

Ei breiare vurdering av retten til positiv særbehandling av menn etter likestillingslova, sett opp mot formålsføreseigna i lova, må sjåast i samheng med arbeidet til diskrimineringslovutvalet. Diskrimineringslovutvalet blei nedsett 1. juni 2007 og skal foreslå ei ny samla lov mot diskriminering som skal erstatte noverande likestillingslov, diskrimineringslov og diskriminerings- og tilgjengelov. Formålet er å sørge for eit meir heilskapleg og dermed styrkt diskrimineringsvern i norsk lovgiving. Utvalet skal levere innstilling 1. juli 2009. Ei eventuell ny lov mot diskriminering kan såleis ikkje bli framlagd før i 2010.

3.3.3 Erfaringar med arbeid for å få kvinner inn i mannsdominerte yrke og utdanningar

Erfaringane frå dette arbeidet må òg kunne nyttast for å få menn inn i kvinnedominerte utdanningar. Det same gjeld erfaringer frå arbeidet med å få fleire menn i barnehagar.

Mykje har vore gjort for å få kvinner til å velje utradisjonelt. Eitt døme er det store nordiske BRYT-prosjektet, som var ei omfattande satsing for å få fram kunnskap og utvikle tiltak for å bryte kjønnssegregeringa.¹² BRYT-prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom Noreg, Finland, Island, Sverige og Danmark basert på forsøksverksemd i lokale arbeidsmarknader. Prosjektet hadde eit kvinnefokus, det vil seie at det var retta mot å få kvinner til å velje mannsdominerte utdanningar og yrke.

Også i svært mannsdominerte offentlege etatar som politiet har det vore arbeidd målbevisst for å rekruttere kvinner. Det er etablert kvinnenettverk og mangfaldsutval i dei fleste politidistrikta og eit eige nettverk for kvinnelege leiarar. Aktivitetane varierer mellom politidistrikta. Politidirektoratet gjennomfører dialogmøte med leiargruppene i politidistrikta med mangfald og likestilling som sentrale tema. Politihøgskolen bruker kvinner i rekrutteringskampanjar. Det er utarbeidd ein plan for mangfaldsarbeidet i politi- og lensmannsetaten (2008–2013) der likestilling inngår.

¹¹ Ot.prp. nr. 77 (2000–2001), jf. Ot.prp. nr. 29 (1994–1995).

¹² Teigen 2006.

I dag er det totalt (av både heiltids- og deltidstilsette) ca. 39 % kvinner i etaten, og 20 % av dei er polititeneestemenn. 6 kvinner og 21 menn er politimeistrar og leiarar av politidistrikt.

Eit anna døme er Forsvaret. Blant befal og verva (militært personell) i Forsvaret er det i dag ca. 93 % menn og 7 % kvinner, og det er ikkje blitt nemneverdig fleire kvinner dei siste 15 åra. Ei formell yrkesmessig likestilling mellom kvinner og menn i Forsvaret, stridande stillingar medrekna, blei vedteken av Stortinget i 1984 og sett i verk i 1985.¹³ Til samanlikning fekk kvinner høve til å bli prestar i 1956, og i politiet har det vore formell likestilling sidan 1958.


Det overordna og langsiktige målet er at begge kjønn skal vere likt representerte på alle nivå i Forsvaret. I desember 2006 sette forsvarsministeren ned eit utval for auka kvinnedeltaking i Forsvaret. Rapporten frå utvalet låg føre i mars 2007 og inneheldt ei rekkje forslag til tiltak for å auke rekrutteringa av kvinner til Forsvaret, behalde fleire kvinner og få fleire kvinner i leiande stillingar i Forsvaret. Det er eit mål å auke kvinneinnsla-

get blant militært personell til 15 % i langtidsperioden 2005–2008, jamfør innst. S. nr. 234 (2003–2004). For å nå målet om auka rekruttering av kvinner til Forsvaret blei det ved behandlinga av innst. S. nr. 234 (2003–2004), jamfør St.prp. nr. 42 (2003–2004), innført frivillig sesjon for kvinner. St.meld. nr. 36 (2006–2007) foreslår fleire tiltak for å få fleire kvinner inn i Forsvaret. I den nye langtidsplanen for Forsvaret (St.prp. nr. 48 (2007–2008)) legg regjeringa opp til at det skal innførast pliktig sesjon for kvinner. Det skal sikre at alle kvinner i årskullet får tilgang til informasjon om Forsvaret, medverke til å styrkje rekrutteringa av kvinner og gjere tilgangen til utdanning og karriere i Forsvaret meir lik for kvinner og menn.

3.3.4 Tiltak for betra kjønnsbalanse i val av utdanning

Som vist tidlegare tenkjer gutar og jenter tradisjonelt når dei skal velje utdanningsprogram i vidaregåande opplæring og deretter høgare utdanning. Endringar i utdanningsvalet er sentralt for å lykkast med å bryte den kjønnsdelte arbeidsmarkna-

¹³ Økt rekruttering av kvinner til Forsvaret 2006–2007.



Figur 3.5 Mål med jobb- og utdanningsval

Kjelde: Likestillingslikestillingsgranskinga

den. Kjønnsegregeringa tek til allereie ved val av utdanning.

Bakgrunnen for dette kan mellom anna sjåast i samanheng med at menn og kvinner grunngrir studievala sine ulikt. Kvinner oppgir ofte eit ønske om å arbeide med menneske og hjelpe andre som årsak til studieval. Slike grunnar er sjeldnare blant menn, som oftare peiker på inntekt som ein viktig faktor i val av studium. Det er relativt store forskjellar mellom kvinner og menn i haldningar til kva slags yrke som er meiningsfulle, og korleis familie- og arbeidsliv skal kombinerast.¹⁴

Likestillingsgranskinga underbyggjer dette. Respondentane blei spurde kva dei ville oppnå med utdanninga og/eller jobben dei hadde valt, altså *kva verdier* valet deira skulle tene til å verkeleggjere.

Likestillingsgranskinga viser at menn oftare enn kvinner svarer at dei ville ha god inntekt, at dei ville løyse praktiske oppgåver, og at dei søkte risiko og spenning. Kvinner legg oftare enn menn vekt på at dei ville ha ein jobb der dei kan hjelpe andre, eller ein jobb som kan kombinerast med barn og familie. Samtidig er det viktig å leggje merke til at òg mange menn svarer at det å kunne kombinere arbeid med barn og familie er viktig. Tilsvarende er det mange kvinner som har høg inntekt som verdi bak utdannings- og jobbvala sine, sjå fig. 3.5.

Det er òg forskjell på den minoritetsspråklege befolkninga og majoritetsbefolkninga i val av type høgare utdanning. Minoritetsspråklege vel i større grad naturvitskaplege/tekniske utdanningar og humaniora, i mindre grad undervisningsretta utdanningar. Tendensen har vore stabil gjennom heile 1990-talet. I 2003 valde 22 % av dei førstegongsregistrerte studentane med minoritetsspråkleg bakgrunn – både førstegenerasjonsinnvandrarar og etterkommarar – naturvitskaplege/tekniske utdanningar, mot 14 % i majoritetsbefolkninga.

3.3.4.1 Større vekt på likestilling i utdannings- og studierådgivinga

Likestillingsmålet er først nådd når ungdom reelt har likt høve til å velje karriere uavhengig av kjønn. Det er ei utfordring at utdanningsvalet skjer i ung alder mens den unge ikkje har så stor kunnskap om arbeidsmarknaden. Som det blir slått fast i handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnopplæring for 2008–2010, har skulen ei stor utfordring ved at både opplæringa og utdannings- og yrkesrådgivinga skal motivere ele-

vane til å gjere mindre tradisjonelle utdannings- og yrkesval.

Vi veit lite om korleis lærarane, rådgivarane og innhaldet i skulen generelt påverkar utdanningsvala til elevane, kor vidt kjønnstypiske utdanningsval reflekterer haldningar hos rådgivarane, og i kva grad rådgivingstenesta jobbar aktivt med å fremje utradisjonelle val. Men sjansen er stor for at utdannings- og yrkesrådgivarar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring kommuniserer ulikt med jenter og gutar og ikkje er bevisste på kjønnstradisjonelle utdanningsval. Undersøkingar frå land som Danmark viser at både rettleiinga og vala dei unge gjer, blir meir tradisjonelle når rådgivarane ikkje har eit bevisst kjønnsperspektiv. Tilsvarende forskning ligg ikkje føre i Noreg, men det er ingen grunn til å tru at samanhengen er annleis her.

Prosjektet «Bevisste utdanningsval (1997–2000)» var ein del av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sin strategi for å styrkje yrkes- og utdanningsrettleiinga og setje ungdom betre i stand til å gjere bevisste utdanningsval i samsvar med eigne ønske og føresetnader, mest mogleg uavhengig av tradisjonelle kjønnroller. Ei rekkje modellar blei utvikla og utprøvde i prosjektet. Viktige lærdommar var at gode rollemodellar, og det å få prøve seg på yrke og fag i praksis, er det som er best eigna til å hjelpe ungdom å finne fram til utdanningar og yrke dei ikkje hadde tenkt på frå før. At det bør vere forskjell på tiltak for gutar og jenter, var ein annan viktig lærdom. Her er nokre av dei viktigaste konklusjonane frå prosjektet:

- Arbeidet med å gjere dei unge klar over at kjønn verkar inn på yrkesvalet, og at det er mogleg å velje meir utradisjonelt, er tidkrevjande og langsiktig.
- Kjønnsperspektivet bør innarbeidast som ein eksplisitt del av utdannings- og yrkesrettleiinga i skulen.
- Elevane kan best bevisstgjerast gjennom kontakt med andre unge som sjølve har valt utradisjonelt, og gjennom eiga direkte erfaring frå arbeidsplassar og utdanningsstader.
- Oppbygging av nettverk og skolering av elevar som vel utradisjonelt, er viktig. Tiltak for å auke trivselen hos desse elevane må innarbeidast i verksemdsplanar.

Arbeidet med å motivere for utradisjonelle utdannings- og yrkesval må vere heilskapleg. Det må leggjast opp som kjeder av tiltak; kampanjar på eitt nivå er ikkje nok.

¹⁴ Støren og Arnesen 2007.

Oppfølging av St.meld. nr. 16 (2006–2007) – innføring av delt rådgjevingsteneste

I St.meld. nr. 16 (2006–2007) «... og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring» blei det fokusert på behovet for å jamne ut sosiale forskjellar i deltaking og læringsutbytte i utdanningssystemet.

Gode utdanningsval krev kvalifisert rådgjeving. Ei god rådgjevingsteneste kan redusere risikoen for omval og fråfall. Utdannings- og yrkesrådgjeving er spesielt viktig for elevar med foreldre som av ulike grunnar har lite kjennskap til utdanningssystemet og framtidsutsiktene som ligg i ulike utdanningar. Sosialpedagogisk rådgjeving er spesielt viktig for dei elevane som på grunn av problem heime eller i nærmiljøet har vanskar med å få fullt utbytte av undervisninga.

Rådgjevingstenesta i grunnskule og vidaregåande opplæring skal delast inn i ein sosialpedagogisk og ein yrkes- og studierettleiande del. Den yrkes- og studierettleiande delen skal leggje vekt på å gi råd som i større grad kan tilpassast elevens behov, ønske og anlegg, slik at feilval kan unngåast. Delt rådgjevingsteneste vil medverke til auka fokusering på utradisjonelle utdanningsval med sikte på å rekruttere fleire menn til kvinnedomerte yrke.

Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010

Kunnskapsdepartementets handlingsplan har som eit av sine overordna mål å oppnå betre kjønnsbalanse i val av utdanning og yrke. Tiltak for å auke den aktive bruken av kjønnspektivet i utdannings- og yrkesrådgivinga inngår i planen. Utdannings- og yrkesrådgivinga i skulen skal medverke til at elevar vel utdanning og framtidig yrke uavhengig av tradisjonelle kjønnsroller. Utdanningsdirektoratet vil kartleggje haldningane hos utdannings- og yrkesrådgivarar når det gjeld

kjønnsroller og utradisjonelle utdannings- og yrkesval. Vidare skal det utarbeidast rettleingsmaterieil om kjønnsbevisste utdanningsval retta mot grunnopplæringa. Det skal i tillegg utarbeidast informasjon retta mot elevar og føresette. Planen legg spesielt vekt på tiltak for å få fleire jenter til å velje realfag.

3.3.5 Tiltak for rekruttering av menn til barnehage og skule

Midt på 1990-talet var Noreg blant dei første landa som sette behovet for fleire menn i barnehagane på den politiske dagsordenen. Dei siste åra har Noreg hatt størst framgang av landa i Norden når det gjeld å rekruttere menn. I resten av Norden har det vore stillstand eller tilbakegang. Målet om minst 20 % menn i barnehagane, som blei fastsett i 1996, er likevel ikkje nådd.

Handlingsplan for likestilling i barnehagen 2004–2007

Dei overordna måla for likestillingsstrategien 2004–2007 var likestillingsengasjerte og likestillingsbevisste styresmakter lokalt og regionalt, eit konsolidert og aktivt MIB-nettverk (Menn i barnehager) i dei fem regionane, likestillingsengasjerte og likestillingsbevisste gutar/jenter og menn/kvinner i sektoren og likestilling forankra i rammeverket for barnehagen og lærarutdanninga. Sluttrapporten «På vei mot en likestilt barnehage» viser at det i perioden er sett i gang ei rekkje tiltak på barnehagenivå, kommunenivå, fylkes- og regionsnivå og nasjonalt nivå. Kunnskapsdepartementet har mellom anna fått utarbeidd eit temahefte om likestilling i barnehagen og eit om menn og rekruttering av menn til barnehagen. Det er etablert MIB-nettverk og gjennomført konferansar, og fleire forskingsprosjekt er sette i gang. Målet om 20 % menn i barnehagen er vida-

Tabell 3.3 Menn i barnehagen

	2003	2004	2005	2006	2007
Menn i % av tilsette	7,9	8,0	8,8	8,9	9,6
i offentlege barnehagar	7,2	6,5	7,5	7,3	7,7
i private barnehagar	9,0	9,6	10,5	10,9	11,1
Menn i alt	4606	4845	5715	6202	7013
Styrarar og pedagogiske leiarar	1053	1112	1263	1350	1545
Assistentar, tospråklege assistentar	1688	1896	2387	2780	3230
Andre stillingsgrupper	1865	1837	2065	2072	2238

Tabell 3.4 Lærarar etter heiltid, deltid, kjønn og skuleslag. 1.10.2003.¹ (Alle tal er retta 13.10.2004.)

År og skulelag	Alle lærarar			Heiltid			Deltid		
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
2003	107 860	43 744	64 116	74 293	35 238	39 055	33 567	8506	25 061
Grunnskular	65 376	19 334	46 042	43 428	16 084	27 344	21 948	3250	18 698
Vidaregåande skular	26 618	14 491	12 127	19 234	11 816	7418	7384	2675	4709

¹ Omfattar berre lærarar ved skular som rapporterer til SST og STS

Kjelde: SSB (2004)

reført. Det er eit ambisiøst mål, ikkje minst for ein sektor i sterk vekst.

I perioden har det vore ein kraftig auke i talet på menn i barnehagane. Frå utgangen av 2003 til utgangen av 2007 blei det rekruttert 2400 nye menn. Det er ein auke på 52 %. Ved utgangen av 2007 var det 7000 menn i norske barnehagar. Det utgjør 9,6 % av dei tilsette.

Tal frå Statistisk sentralbyrå tyder på at nær 13 % (829 av 6436) av barnehagane har minst 20 % menn i basisverksemda. I basisverksemda inngår styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar.

Målet om 20 % menn i barnehagane er likevel ikkje nådd på landsbasis. I 2007 var 9,6 % menn, og talet har auka med 1,7 % i perioden. Den svake auken har samanheng med den sterke veksten i barnehageutbygginga i perioden. Dei private barnehagane har hatt ein noko sterkare auke enn dei offentlege.

I 2007 var nær 22 % av mennene i barnehagane styrarar og pedagogiske leiarar, 46 % var assistentar og tospråklege assistentar, og 32 % tilhørte andre stillingsgrupper.

Dei private barnehagane har høgare prosentdel menn og betre vekst enn dei offentlege. Ved utgangen av 2003 hadde private barnehagar 9,0 % menn, offentlege barnehagar 7,2 %. Dei private barnehagane har noko over 11 % menn ved utgangen av 2007, mens offentlege barnehagar har 7,7 %. Dei offentlege barnehagane har hatt halvparten av veksten dei private har hatt i perioden.

Tal frå SSB viser at 30 % av lærarane i grunnopplæringa er menn. I vidaregåande opplæring er talet over 54 %.

Ifølgje handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010 har menn utgjort ein relativt stabil del av alle som er uteksaminerte frå allmennlærerutdanninga dei siste åra (26 % i 2006). Det indikerer at òg lærarutdanningane for arbeid i grunnopplæringa har utfordrin-

gar når det gjeld å rekruttere og halde på menn i utdanninga.

Kvinneprosenten er klart høgast blant dei yngste lærarane, noko som indikerer at kvinne dominansen på personalrommet kjem til å halde fram. Vi har lite kunnskap om kvifor menn ikkje søker seg til utdanning og arbeid som lærar, spesielt i grunnskulen.

Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010

Hovudmåla i handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010 er at likestillingsmiljøet i barnehage og grunnopplæring skal fremje likestilling mellom gutar og jenter, at kjønnsbalansen i val av utdanning og yrke skal bestrast, spesielt med fokus på fag- og yrkesopplæringa og rekruttering av jenter til realfag, og at kjønnsfordelinga blant tilsette i barnehage og grunnopplæring skal bli jamnare. Fleire av tiltaka frå handlingsplanen for 2004–2007 blir vidareførte i 2008–2010, mellom anna nasjonale og regionale konferansar, forskning om likestilling i barnehagen og mellom kjønn i lærarutdanningane og rettleiing til barnehagar og skular om rekruttering av menn. I tillegg skal det etablerast demonstrasjonsbarnehagar der målet om 20 % menn er nådd, og det skal etablerast rekrutteringsteam på fylkesnivå. Det skal òg løyvast midlar til lokalt arbeid med likestilling i barnehagen.

I grunnopplæringa, som i førskulesektoren, skal det utarbeidast tiltak for å sikre at skulen set opp jamnare kjønnsbalanse som eit kvalitetsmål i sine planar, styringsdokument og strategiar, og gjere bruk av positiv særbehandling av menn ved tilsetjingar. I tillegg skal det gjennomførast tiltak for å rekruttere og behalde fleire menn i utdanninga.

Tabell 3.5 Prosentdel årsverk utførte av menn i pleie- og omsorgstenesta

	2005	2006	2007
Personar utan helse- og sos.fagleg utdanning	16,2	16,5	17,3
Hjelpepleiarar	4,8	4,9	5,1
Sjukepleiarar	7,0	7,1	7,1
Vernepleiarar	18,4	17,9	18,2
Sum	8,9	8,7	9,0

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk per juni 2008, SSB.

3.3.6 Tiltak for rekruttering av menn og personar med minoritetsbakgrunn til utdanning for arbeid i barnevernet

Barne- og likestillingsdepartementet har i februar 2008 sett ned ei ekspertgruppe som skal gå gjennom utdanningane som er retta mot mellom anna arbeid i barnevernet. I praksis betyr det sosionom- og barnevernspedagogutdanningane. Ekspertgruppa skal sjå på utdanningane i lys av det noverande og framtidige kunnskapsbehovet hos barnevernet. Ulike spørsmål i tilknytning til kompetansebehov og verkemiddel for å rekruttere både fleire menn og personar med minoritetsbakgrunn til studia er sentrale område i vurderinga.

Tilrådingane frå ekspertgruppa blir rådgivande for høgskular, universitet og sentrale styresmakter. Rapport skal leggjast fram ved utgangen av 2008.

3.3.7 Tiltak for fleire menn i omsorgssektoren

Dei siste ti åra har det vore rundt 10 % menn i brukarretta pleie- og omsorgstenester. Som tabell 3.5 viser, er det store forskjellar mellom utdanningane. Blant sjukepleiarar har talet halde seg rundt 7 % og blant omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar rundt 5 %. Derimot er om lag 18 % av vernepleiarane og 16,5 % av alt personell utan helse- og sosialfagleg utdanning menn. Erfaringa viser rett nok at desse mennene i stor grad er å finne innanfor miljøarbeid og oppfølging av personar med psykiske lidningar, funksjonshemma og rusmisbrukarar, og ikkje innanfor sjukeheimar og ordinære heimetenester.

Som tabell 3.5 viser, har ikkje rekrutteringsstrategiane dei siste åra kunna dokumentere synleg effekt. Ei årsak til det kan vere mangel på kunnskap om kva vilkår som må vere oppfylte for at menn skal finne omsorgsarbeid attraktivt, meningsfylt og viktig. Ei anna årsak kan vere at ein har hatt kunnskapen om nokre av desse vilkåra,

til dømes lønns- og arbeidsvilkår, men at ein ikkje har prioritert å gjere noko med dei, mellom anna fordi kostnadene blir for store.

Når ein set data frå utdanning opp mot yrkesutøving i pleie- og omsorgstenestene, ser ein at ein vesentleg del av mennene som gjennomfører utdanning, vel bort pleie- og omsorgstenestene som arbeidsplass etter avslutta utdanning. I leiarfunksjonar og som tillitsvalde er menn derimot godt representerte. Forsking viser at dei fleste av dei 5 % menn som vel å gå inn i desse omsorgsyrka, finn vegen til «maskuline øyar» i faget, til dømes intensivavdelingar, akuttmottak og psykiatri.¹⁵

Rekrutteringa til pleie- og omsorgsyrka på vidaregåande nivå, det vil seie hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar, har ein endå meir tradisjonell profil enn rekrutteringa til yrka som krev høgskuleutdanning.¹⁶ Det er godt vaksne kvinner som dominerer, slik dei gjorde på 1960- og 1970-talet. Aldersgjennomsnittet har auka frå 28 til 33 år, og prosentvis er det meir enn dobbelt så mange som arbeider deltid som for 25 år sidan. Distrikta er overrepresenterte blant dei nyutdanna, mens storbyane har tilsvarende låg rekruttering på området.

Desse faktorane til saman seier noko om utfordringane vi står overfor når (unge) menn skal rekrutterast inn i pleie- og omsorgssektoren, og det er så langt ikkje noko som tyder på at det nyoppretta helsearbeidarfaget endrar på det etablerte rekrutteringsmønsteret.

Den største utfordringa for omsorgssektoren dei nærmaste tiåra blir å skaffe nok fagutdanna arbeidskraft.¹⁷ Ei framskriving av etterspørselen etter personell i pleie- og omsorgssektoren tilseier eit behov på 250 000 årsverk i 2050, og det er meir enn ei dobling samanlikna med kapasiteten i dag.

¹⁵ Høst 2006.

¹⁶ Høst 2004.

¹⁷ «Mestring, muligheter og mening» (2005-2006).

Statistisk sentralbyrå reknar det som sannsynleg at det fram mot 2025 blir mangel på hjelpepleiarar, omsorgsarbeidarar og helsefagarbeidarar, truleg òg på sjukepleiarar, legar og fysioterapeutar. Noreg skal i all hovudsak vere sjølvforsynt med helsepersonell og ikkje drive ein aktiv rekrutteringspolitikk overfor andre land. Samtidig kan ikkje behovet dekkjast ved å realisere potensialet som ligg i den uutnyttaste arbeidskrafta. Å auke talet på heiltidsstillingar, redusere avgangen frå sektoren, kvalifisere personar utan formell kompetanse og organisere helsetenesta betre er altså ikkje nok.

Det er lite haldbart å vente at eit krakk i andre delar av arbeidslivet skal drive dette personellet over i pleie- og omsorgssektoren. For ein del år sidan blei menn i industrien og byggjebansjen som stod utan arbeid etter omstillingar og flytting av verksemdar til utlandet, omskolerte til helsearbeidarar. Tiltaket hadde ikkje nemneverdig effekt.

Alle dei nordiske landa har problem med å rekruttere ungdom, og ingen har klart å få prosentvis fleire menn til å ta desse utdanningane.¹⁸ I alle land er det rekrutteringa av vaksne som er viktigast, og gjennomsnittsalderen på dei utdanna har auka – paradoksalt nok i ein periode då utdanningspolitikken har gått ut på å rekruttere ungdom. Samtidig har dette samanheng med at hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar som yrkesgrupper slit med låg status i alle dei nordiske landa.

I ein stram arbeidsmarknad ser det derimot ut til at kvinner i større grad blir rekrutterte til typiske mannsyrke, enn omvendt.¹⁹ Samtidig konkurrerer pleie- og omsorgsutdanningane med oppvekstutdanningar retta mot barnehagar, barneskule og skulefritidsordningar. Dei er langt meir populære blant ungdom og ser dessutan ut til lykkast noko betre med å rekruttere menn.²⁰

St.meld. nr. 25 (2005–2006) gir uttrykk for ein ambisjon om å bryte den ein-sidede kjønnsfordelinga i dagens rekrutteringsmønster, og fleire av tiltaka i kompetanse- og rekrutteringsplanen Kompetanseløftet 2015 kan medverke til å auke rekrutteringa av menn til omsorgsyrka.

Eitt av desse er prosjektet «Menn i Omsorgsyrker» ved Høgskolen i Telemark,²¹ som har til mål å utvikle rekrutteringsstrategiar som både kan bevare og styrkje rekrutteringa av menn i og til omsorgsyrka. Prosjektet tek utgangspunkt i at

andre mannsdominerte yrke er like tunge og rutineprega og har like lågt lønnsnivå. For å forstå den manglande interessa for pleie- og omsorgsyrka hos menn er det såleis nødvendig å sjå på andre faktorar i tillegg, mellom anna at pleie- og omsorgsyrka står fram som berarar av kvinneleg kultur og kvinnelege verdier.

3.4 Oppsummering av tiltak

Å auke mannsinnslaget i kvinnelederte yrke krev komplementære verkemiddel som verkar i same retning. Regjeringa har gjennomført ulike rekrutteringskampanjar som særleg har teke sikte på å rekruttere menn til omsorgs- og undervisningsarbeid for barn. Regjeringa vil vidareføre satsinga og leggje til rette for større grad av positiv særbehandling av menn ved rekruttering til yrke der menn er underrepresenterte.

Handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010 inneheld tiltak med sikte på å få eit breiare utdanningsval for gutar og fleire menn blant dei tilsette i barnehage og utdanning.

Utviklinga av strategiar for å rekruttere menn til arbeid på kvinnelederte arbeidsplassar må forankrast hos partane i arbeidslivet. Regjeringa er interessert i ein brei dialog med desse partane og KS.

3.4.1 Utvida høve til positiv særbehandling av menn

Regjeringa vil greie ut forslag om å utvide bruksområdet for heimelen i likestillingslova § 3 a med forskrift til andre sektorar og utdanningar der menn er underrepresenterte. Likestillingslova § 3a med forskrift gjeld i dag for stillingar med ansvar for omsorg for og undervisning av barn, og gir heimel til å særbehandle menn, og mellom anna tilsetje menn så lenge dei er like godt eller nesten like godt kvalifiserte som beste kvinnelege søkjar (moderat kvotering). Det er ein føresetnad at menn er underrepresenterte i den aktuelle stillingsgruppa i verksemda. Forskrifta gjeld òg ved opptak til utdanning. Ei breiare vurdering av retten til positiv særbehandling av menn etter likestillingslova, sett opp mot formålsføresegna i lova, må sjåast i samanheng med arbeidet til diskrimineringslovutvalet. Utvalet skal levere innstilling 1. juli 2009.

¹⁸ Høst 2006.

¹⁹ Helsedirektoratet 2008.

²⁰ En solidarisk politikk for rekruttering av helsepersonell 2007.

²¹ Høgskolen i Telemark 2007.

3.4.2 Satsing på rekrutteringsstrategiar – drøfting med partane i arbeidslivet

Det er viktig at eit høve til positiv særbehandling blir brukt aktivt og er forankra hos arbeidslivsaktørane. Ei endring i likestillingslova med forskrift bør derfor følgjast opp av ein endra praksis der arbeidsgivarar i større grad tek i bruk dette verketmidlet. Samtidig må moderat kvotering kombinert med informasjonskampanjar og andre strategiske grep for å auke rekrutteringa. Barnehage-sektoren har allereie god erfaring med rekrutteringsstrategiar som kombinerer moderat kvotering med andre tiltak, mellom anna å oppfordre menn til å søkje og å utforme stillingsannonser med sikte på å tiltrekkje menn. Kunnskapsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet vil vurdere korleis erfaringane frå arbeidet med å auke prosentdelen menn i barnehagane kan spreia. Utviklinga av strategiar for å rekruttere menn til arbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar må samtidig forankrast hos partane i arbeidslivet. Regjeringa vil drøfte oppfølginga med partane.

3.4.3 Satsing på tiltak for å rekruttere og halde på menn i kvinnedominerte arbeidsplassar

Handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010

I arbeidet med å rekruttere til arbeid i barnehage og grunnopplæring, vil Kunnskapsdepartementet i samarbeid med aktuelle partar, leggje vekt på tiltak som kan redusere fråfall av mannlege studenter frå dei pedagogiske utdanningane og tiltak for å halde på mannlege arbeidstakarar i barnehage og grunnopplæring. Handlingsplanen inneheld slike tiltak. Planen omfattar tiltak for å auke mannsinnslaget i barnehagane til 20 % i 2010 og å få prosentvis fleire menn blant lærarane på grunnskuletrinnet og blant studentane i lærarutdanningane. Planen inneheld òg tiltak for å halde på dei som blir rekrutterte. Forsking viser at kjønnsminoriteten har stort fråfall i utdanningar og yrke:

- Kjønnsbalanse skal inngå som kvalitetsmål i planer, styringsdokument og arbeidsgjevarstrategi.
- Rettleiing til barnehagar og skular om rekruttering av menn som t.d. etablering av liknande nettstadar som mibnett.no.
- Tildele statlege midlar til demonstrasjonsbarnehagar som skal informere og rettleie andre barnehagar om korleis rekruttere menn m. v.

- Etablere rekrutteringsteam for menn i barnehagen. Siktemålet er team i kvart fylke. Teama skal føre vidare arbeidet til MIB-nettverka.
- Rekruttering av menn til lærarutdanningane. Etablere ein tilskotspott for institusjonane for førskulelærarutdanning som har den største auka i talet på uteksaminerte mannlege kandidatar.
- Likestillingspris til ein barnehage og ein kommune for arbeidet med å auke andelen menn i barnehagen.

Rekruttering til utdanning for arbeid i barnevernet

Barne- og likestillingsdepartementet har i februar 2008 sett ned ei ekspertgruppe som skal gå gjennom utdanningane som er retta mot mellom anna arbeid i barnevernet. I praksis betyr det sosio- og barnevernspedagogutdanningane. Verketmidler for å rekruttere både fleire menn og personar med minoritetsbakgrunn til studia inngår i vurderinga. Tiltakingane frå ekspertgruppa blir rådgivande for høgskular, universitet og sentrale styresmakter. Rapport skal leggjast fram ved utgangen av 2008.

Rekruttering av menn i og til omsorgsyrka

Å utvikle gode rekrutteringsstrategiar krev betre og meir systematisk kunnskap enn vi har i dag. Prosjektet «Menn i Omsorgsyrker» ved Høgskolen i Telemark²² siktar mot å utvikle rekrutteringsstrategiar som både kan bevare og styrkje rekrutteringa av menn i og til omsorgsyrka. Helse- og omsorgsdepartementet vil gi Helsedirektoratet i oppdrag å greie ut korleis Kompetanseløftet 2015 kan medverke til å få fleire menn inn i omsorgsyrka.

3.4.4 Bidrag til breiare utdanningsval blant gutar – satsing på rådgivingsteneste

Kunnskapsdepartementet vil arbeide for å styrkje rådgivingstenesta i ungdomsskulen og bidra til at den motiverer ungdom til å gjere utradisjonelle utdannings- og yrkesval.

Oppfølging av St. meld.nr. 16 (2006-2007)- innføring av delt rådgivingsteneste

Rådgivingstenesta i grunnskule og vidaregåande opplæring skal som hovudregel delast inn i ein so-

²² Høgskolen i Telemark 2007.

sialpedagogisk og ein yrkes- og utdanningsrettleiande del. Den yrkes- og utdanningsrettleiande delen skal leggje vekt på å gi råd som i større grad kan tilpassast elevens behov, ønske og anlegg, slik at feilval kan unngåast. Delt rådgivingsteneste vil medverke til auka fokusering på utradisjonelle utdanningsval med sikte på å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke.

Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008-2010

Tiltak for å auke den aktive bruken av kjønnspektivet i utdannings- og yrkesrådgivinga inngår i planen. Utdannings- og yrkesrådgivinga i skulen skal medverke til at elevar vel utdanning og framtidig yrke uavhengig av tradisjonelle kjønnsroller.

- Utdanningsdirektoratet vil kartlegge haldningane hos utdannings- og yrkesrådgivarar når det gjeld kjønnsroller og utradisjonelle utdannings- og yrkesval.
- Det skal utarbeidast rettleiingsmateriell om kjønnsbevisste utdanningsval retta mot grunnopplæringa.

Det skal utarbeidast informasjon retta mot elevar og føresette om bevisste utdanningsval. Kunnskapsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet vil utarbeide ein rettleiar til bruk for utdannings- og yrkesrådgivarar om korleis motivere gutar til å ta utdanningar som i dag er kvinnedominerte (vidaregåande opplæring og høgare utdanning). Det skal gis opplæring i kvart fylke på basis av rettleiaren.

3.4.5 Forsking

Det trengst ny forskning og kunnskapsutvikling på makronivå om dei kjønnsdelte strukturane i arbeidsmarknaden. Det er behov for meir systematisk og detaljert kartlegging av endringar i dei kjønnsdelte mønstra i arbeidsmarknaden sett under eitt. Det som finst av forskning, tyder på at kjønnsintegrering i all hovudsak skjer på grunn av at kvinner i aukande grad søker seg mot mandsdominerte område, både når det gjeld arbeid og utdanning.²³ Partane i arbeidslivet må delta i utforminga av kunnskapsprosjektet.

²³ S.st.

4 Fedrar mellom arbeid og familieliv

4.1 Innleiing – målet om eit likestilt foreldreskap

Eit hovudmål for norsk likestillingspolitikk har vore at kvinner skal kunne ta del i arbeidsliv og leiving på linje med menn, og at menn skal kunne ta ansvar for omsorgsoppgåver og andre gjeremål i heimen på linje med kvinner. Heilt sidan 1970-talet har politikken gjennom ulike lovendingar hatt eit tydeleg mål om at fedrar skal ta sin del av ansvaret for barneomsorga. Praksis blant menn og kvinner har òg gjennomgått vesentlege endringar dei siste tiåra. I ein typisk barnefamilie i dag forsørgjer både mor og far familien gjennom yrkesarbeid, og dei deler på omsorgsarbeidet i større grad enn før.

Omsorga for eigne barn strekkjer seg over mange år, men det har vist seg viktig å fokusere på ansvarsfordelinga mellom foreldra alt frå barnets første leveår. Måten foreldra organiserer barneomsorg og yrkesdeltaking på i barnets første leveår, legg grunnlaget for den seinare arbeidsdelinga mellom dei. Foreldrepengeordninga med fedrekvoten (1993) har medverka til eit langt meir aktivt farskap og skapt ein revolusjon i permisjonspraksisen blant menn. Innføringa av fedrekvoten førte til at permisjon for fedrar på få år gjekk frå å vere ein liten mindretalspraksis til å bli ein fleirtalspraksis. I dag fungerer fedrekvoten som ei norm, og permisjonsbruken hos fedrane følgjer langt på veg fedrekvoten. Eit viktig trekk hos fedrar i dag er at ein stor del av dei gjerne vil jobbe mindre og vere meir saman med barna.¹ Likevel nyttar fedrane berre om lag 11 prosent av det samla talet på foreldrepenge dagar per år.

Like viktig er det at foreldre må fordele ansvaret for omsorg og forsørging når foreldrepermisjonen er over. Det er i denne fasen dei største utfordringane med å balansere tid til jobb og privatliv oppstår. «Tidsklemma» er høgst reell for mange småbarnsfamiliar, spesielt familiar med to fulltidsarbeidande foreldre. Den strategien flest foreldre vel, er kortare samla arbeidstid. Det er heller sjeldan at begge foreldra til små barn har heiltidsjobb. Berre eitt av fire foreldrepar med

barn under skulealder har to fulle jobbar.² For det meste er det mødrene som reduserer arbeidstida. Kvinnene skjer ned på yrkesarbeidet og er meir heime med barna i småbarnsfasen. Då tek dei òg ein større del av hushaldsarbeidet, og dermed blir kjønnsrollene meir markerte i denne fasen enn for andre kvinner og menn. Tilsvarende blir forsørgjarrolla til fedrane forsterka.

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) foreslår regjeringa å utvide fedrekvoten frå seks til ti veker frå 1. juli 2009. I dette kapitlet blir det lagt fram strategiar for vidare utvikling av foreldrepengeordninga med eit langsiktig mål om rett til fedrekvoten til alle fedrar som har opptent rett og om ein fedrekvoten på 14 veker. Regjeringa vil òg greie ut korleis ordninga med omsorgspermisjon i to veker i samband med fødsel kan gjerast betre.

Arbeidslivet har ei nøkkelrolle når det gjeld å oppnå eit meir likestilt foreldreskap og ein likare foreldrepraksis. Arbeidslivet må akseptere at òg menn gjer omsorgsrelaterte tilpassingar når dei får barn. I dette kapitlet blir det òg fokusert på at arbeidsgivarane har eit ansvar for og ei eigeninteresse i å leggje til rette for at òg menn skal ha ein god balanse mellom arbeids- og familieliv.

Sist, men ikkje minst er det viktig at foreldra anerkjenner kvarandre som omsorgspersonar. Også på dette området er mykje ugjort. Likestillingsgranskinga viser at mange ikkje ser på fedrar som fullgode omsorgspersonar. Vurderingane i denne delen må derfor sjåast i nær samanheng med tiltak for å styrkje omsorgsrolla til fedrane, som er nærmare drøfta i kapittel 5.

4.2 Småbarnsfedrar og rettane deira – nokre hovudliner

4.2.1 Kort om reglane i dag

Allereie på 1970-talet fekk fedrar ein eigen rett til omsorgspengar når barn var sjuke (1978). Kvar av foreldra fekk rett til omsorgspengar i ti dagar per år. Ordninga blei grunnlagt slik:³ «Begge foreldre

¹ Likestillingsgranskinga 2007.

² Kitterød 2005a.

³ Ot.prp. nr. 71 (1976–77).

Tabell 4.1 Rettar for fedrar ved fødsel og omsorg for små barn – hovudliner (2008)

	Arbeidsmiljølova	Folketrygdlova	Avtalefesta rett
Ved fødsel	Far har rett til to vekers omsorgspermisjon		Lønn under omsorgspermisjonen
Etter fødsel	Foreldre har til saman rett til foreldrepermisjon i eitt år	Seks vekers fedrekvote Ev. ytterlegare 29/39 veker	Rett til lønn over 6 G under uttak av foreldrepengar
Barn 1–3 år ¹	Kvar av foreldra har rett til eitt års permisjonl		
Rettar ved sjukdom hos barn o.a.	Rett til fri for å følgje barn til lege		Lønn under legebesøk
	Rett til fri når barn er sjuke	Omsorgspengar i ti dagar per år	Rett til lønn over 6 G
	Rett til fri når barn treng pleie	Pleiepengar	Rett til lønn over 6 G
Skulestart			Velferdspermisjon når barn tek til i barnehage, skule o.a.
Arbeidstidsreduksjonar som følgje av omsorgsansvar	Rett til redusert arbeidstid og fritak frå overtidsarbeid		
Fleksibilitet	Rett til fleksibel arbeidstid	Fleksibelt uttak av foreldrepengar	Heimekontor o.a.

¹ I tillegg gis kontantstøtte når barn 1-3 år ikkje nyttar plass i barnehage med offentleg driftstilskot.

bør ha de samme rettigheter. Dette vil kunne bidra til mer lik deling i familien når det gjelder ansvaret for barna og økt forståelse i arbeidslivet for at fedrene også har plikter i hjemmet.»

Heilt sidan 1977 har fedrar dessutan hatt rett til å ta ut perioden med betalt foreldrepermisjon dersom mor tok opp att arbeidet eller var sjuk. Få (1–2 prosent) gjorde bruk av denne retten, og fedrekvoten på fire veker blei innført i 1993 for å sikre at foreldra delte på permisjonstida. Fedrekvoten har vore ein suksess, og ni av ti fedrar med fedrekvoterett gjer i dag bruk av retten.

I 1995 blei reglane i arbeidsmiljølova endra slik at kvar av foreldra fekk rett til eitt års foreldrepermisjon ut over permisjonen dei tolv første månadene. Dette er altså ein ulønna permisjon for å ha omsorg for barn mellom eitt og tre år. Ordninga har ikkje ført til særleg nedgang i arbeidstida blant fedrar. Dersom ein av foreldra er heime med kontantstøtte, er det i dei aller fleste tilfelle mora.

Ulike reformer er sette i verk på 2000-talet som styrkjer foreldrepengerettane til fedrane:

- Sjølvstendig oppteningsrett for fedrar⁴ (2000)
- Rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten etter eigen stillingsdel (2005)


- Utviding av fedrekvoten til fem veker (2005) og seks veker (2006). Budsjettforslag om å utvide fedrekvoten til 10 veker (2009)
- Forenkling av tidskontoordninga – fleksibelt uttak av foreldrepengar (2007)
- 100 prosent dekning (opptil 6 G) for sjølvstendig næringsdrivande (2008)

I tillegg er arbeidsavklaringspengar foreslått å gi rett til opptening⁵ av foreldrepengar når ytinga blir innført i 2009. Dette vil inkludere fleire fedrar i ordninga.

I dag har vi eit omfattande regelverk som skal sikre at foreldra kan kombinere arbeid og familielev. Tabell 4.1 gir ei oversikt over dei viktigaste rettane som gjeld for fedrar. Systemet er tredelt: Arbeidsmiljølova regulerer retten til å kunne ta seg fri frå arbeidet, arbeidstid o.a. Folketrygdlova gir

⁴ Frå 1. juli 2000 fekk far rett til foreldrepengar i tilfelle der mor ikkje hadde tent opp rett. Det blei sett vilkår til mors aktivitet under fars uttak. Sjå Ot.prp. nr. 52(1999-2000)

⁵ Ot.prp. nr. 4 (2008–2009) om lov om endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover (arbeidsavklaringspenger, arbeidsevnevurderinger og aktivitetsplaner).



Figur 4.1 Tid brukt til inntektsnivande arbeid, hushaldsarbeid og utdanning blant gifte/sambuande småbarnsmødrer og småbarnsfedrar med barn 0–6 år. 1971, 1980, 1990, 2000. Gjennomsnitt per dag i timar.

Kjelde: Tidsbruksundersøkingane, SSB

rett til lønn under permisjon. Arbeidsavtale/tariffavtale inneheld ofte supplerande rettar.

Ordningar der det offentlege tilbyr subsidiert barnepass, til dømes barnehage og SFO, er i tillegg heilt avgjerande for at fedrar skal kunne vere yrkesaktive.

4.2.2 Tid som fedrar bruker til arbeid og omsorg

Kjønnsforskjellane i tidsbruk er vesentleg reduserte dei siste tiåra. Fedrane har teke på seg ein større del av hushaldsarbeidet og redusert tida til yrkesarbeid⁶. Mødrene har hatt ei motsett utvikling; gjennomsnittleg arbeidstid per veke har auka, samtidig som tida til hushaldsarbeid⁷ er kraftig redusert. Kjønnsforskjellane er likevel langt frå utlikna og er framleis markert tradisjonelle, særleg blant småbarnsforeldre.

4.2.2.1 Foreldrefordeling av tid til inntektsnivande arbeid og hushaldsarbeid

Barnefamiliane bruker alt i alt meir tid på lønnsarbeid enn før, hovudsakleg ved at mødrene gjer ein

større lønna arbeidsinnsats. Dagens småbarnsfamiliar (yngste barn 0–6 år) arbeider om lag 60 timar i veka.⁸ Om denne tida hadde vore likt fordelt mellom alle familiar og mellom alle mødrer og fedrar, hadde det tilsvar ein familie der både mor og far arbeidde seks timar om dagen.⁹ Men i praksis er ikkje arbeidstida likt fordelt, verken mellom familiane eller kjønna.

Forskjellen i arbeidstid mellom mødrer og fedrar varierer sterkt med alderen på yngste barn. Størst forskjell er det når barna er heilt små. Minst forskjell finn vi blant foreldre med store barn. Som det går fram av figur 4.1, bruker småbarnsfedrar i gjennomsnitt dobbelt så mykje tid på jobb som småbarnsmødrer. Fedrar gjer samtidig mindre hushaldsarbeid enn mødrer. Figuren viser at småbarnsfedrar i snitt bruker 3,5 timar om dagen til hushaldsarbeid, eller omtrent 2,5 timar mindre enn småbarnsmødrene. Deler vi småbarnsfamiliane opp i undergrupper etter kor gamle barna er, viser det seg at far gjer 58 prosent av det hushaldsarbeidet mor utfører, når barna er 0–2 år gamle, og 69 prosent når dei er 3–6 år.

Ser vi på yrkes- og hushaldsarbeid under eitt, bruker fedrar og mødrer omtrent like mykje tid på arbeid. Samla har fedrane litt høgare arbeidstid.

⁶ Kitterød 2002.

⁷ Med hushaldsarbeid er meint husarbeid, direkte omsorgsarbeid, vedlikehaldsoppgåver, kjøp av varer og tenester, anna hushaldsarbeid og reiser i samband med slike oppgåver.

⁸ Kitterød 2004.

⁹ Ellingsæther 2005a.

4.2.2.2 Nærmare om arbeidstid hos fedrar

Avtalt arbeidstid¹⁰

Fedrar med barn 0–15 år har i 2005 i gjennomsnitt ei avtalt arbeidstid på 39,2 timar i veka, mens tilsvarende timetal i 1990 var 40,4 timar. Avtalt arbeidstid blant fedrar har altså gått noko ned. Likevel har fedrane i 2005 avtale om rundt 8 timar meir arbeid i veka enn mødrene¹¹. I 1990 var forskjellen i arbeidstid mellom fedrar og mødrer ca. 12,5 timar per veke. Forskjellen i arbeidstid mellom mødrer og fedrar har altså òg blitt mindre, men forskjellen er framleis stor.

Det er framleis heiltidsarbeid og lange arbeids dagar som er norma for menn og fedrar. Menn reduserer ikkje si avtalte arbeidstid når dei får barn.¹² I motsetning til mødrer bruker fedrar i liten grad deltidsarbeid for å tilpasse arbeidet til familielivet.

Den typiske deltidsarbeidande mannen har ein mindre deltidsjobb i ein avgrensa periode, gjerne ved sida av skulegang eller mot slutten av yrkeskarrieren¹³. Menn som arbeider deltid, arbeider ofte kort deltid (1-19 timer i uka). Den typiske deltidsarbeidande kvinna har fleire enn eitt barn under 16 år og arbeider lang deltid (29-36 timer i uka).

Faktisk arbeidstid¹⁴

Både fedrar og mødrer har lågare faktisk enn avtalt arbeidstid. Gjennomsnittleg faktisk arbeidstid for fedrar med barn 0–15 år var 34,8 timar i 2005¹⁵. Dette er samtidig 11 timar meir enn faktisk arbeidstid for mødrer.

Det ser ut til at fedrar i ei viss utstrekning tilpassar den faktiske arbeidstida når dei har små barn, og særleg dersom dei berre har eitt. Ifølgje Kitterød¹⁶ er mennene som bruker minst tid på arbeid, fedrar med barn 0–2 år (33 timar per veke) og fedrar med eitt barn 2–5 år. Forskjellen til mors arbeidstid er samtidig størst for foreldre med

Tabell 4.2 Sysselsette etter heiltid/deltid. Årsgjennomsnitt i 2006

	Sysselsette i alt	Heiltids- sysselsette	Deltids- sysselsette
Menn	1 251 000	87 %	13 %
Kvinner	1 111 000	56 %	44 %

Kjelde: SALDO 2007, Likestillings- og diskrimineringsombudet

barn 0–2 år, med 17 timar per veke. Det heng saman med foreldras fordeling av permisjonsuttak i samband med fødsel. Fedrar har relativt lite permisjonsfråvær samanlikna med mødrene. Mennene som bruker mest tid på jobb, er fedrar med skulebarn (36 timar per veke).

Fedrar har lågare faktisk arbeidstid enn før. Gjennomsnittsfaren var tre timar mindre på jobb i 2005 enn i 1991. Overtidsarbeidet blant fedrar har vist same fallande tendens. Likevel er det framleis store forskjellar mellom dei tilpassingane kvinner og menn gjer. Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden og overrepresentasjonen av menn i privat sektor tyder på at fedrar oftare arbeider i verksemdar og bransjar prega av ein kultur som diskrediterer redusert arbeidstid¹⁷. Dobbelt så mange menn som kvinner arbeider overtid per dag.¹⁸ I 2004 jobba 28 prosent av alle sysselsette fedrar meir enn 41 timar i veka, mot 8 prosent av mødrene.¹⁹

4.3 Bakgrunn for foreldrepraksis

Sjølv om heimen i dag er prega av likestilling, viser praksis at det framleis er ein grunnleggjande ubalanse mellom kjønna ved at mor både gjer meir og bestemmer meir når det gjeld husarbeid og barneomsorg. Far på si side er meir ute i arbeidslivet og bidreg meir til økonomien i hushaldet. Den kjønnsmessige ubalansen i arbeidsmarknaden som det er gjort greie for i kapittel 3, er med på å halde desse tradisjonelle kjønnsrollemonstra ved lag, mellom anna gjennom skeiv inntektsfordeling. Det er òg slik at kjønnsfordelinga på arbeidsplassen verkar inn på permisjonspraksisen til foreldra. Nedanfor går vi gjennom nokre enkeltfaktorar som er viktige for praksis hos foreldre.

¹⁰ Med avtalt arbeidstid er meint det timetalet per veke den tilsette skal vere på arbeid ifølgje arbeidskontrakten. Fråvær som følgje av sjukdom, permisjon eller liknande skal ikkje trekkjast frå.

¹¹ Avtalt arbeidstid for mødrene i 2005 er 31,3 timar. NOU 2008:6 "Kjønn og lønn".

¹² Kitterød m.fl. 2007.

¹³ Löhne og Næsheim 2003.

¹⁴ Faktisk arbeidstid er arbeidstimar som faktisk er utførte. Det betyr at overtid og ekstraarbeid er rekna med og fråvær ved sjukdom, ferie, permisjon og liknande er trekt frå.


¹⁵ «Kjønn og lønn», NOU 2008:6

¹⁶ Kitterød m.fl. 2007.

¹⁷ Abrahamsen 2002.

¹⁸ Vaage 2002.

¹⁹ Yrkesdeltakelse og arbeidstid blant fedre og mødre. BLD-rapport 2005.



Figur 4.2 Haldningar til redusert arbeidstid blant fedrar

Kjelde: likestillingsgranskinga

4.3.1 Haldningar til menn som forsørgjarar og omsorgspersonar

Mannleg identitet og status er tett knytt til posisjon i arbeidslivet. Å vere hovudforsørgjar for familien har blitt ståande som eit av dei sentrale kjenneteikna på det mannlege.²⁰


I dag er biletet langt meir samansett ved at arbeidet er komme meir i konflikt med det å vere far. Fedrane har flytta fokuset frå forsørging til omsorg.²¹ Det å vere ein *nærverande* far er blitt eit dominerande ideal. Samtidig er det i praksis mannen²² som er hovudforsørgjar i familien; berre i ein av seks barnefamiliar tener mor meir enn far. Betalt arbeid og forsørging utgjer framleis ein viktig del av farsidentiteten.²³ Det økonomiske ansvaret for familien handlar ikkje berre om å skaffe pengar, men òg om å forvalte familieinntekta på ein forsvarleg måte. Ansvaret er framleis knytt til menns maskulinitet og identitet, sjølv om kvinnene bidreg vesentleg til familieinntekta. I familiar der mor er heimeverande eller har ulønna permisjon, står mannen naturleg nok sterkare som for-

sørgjar. Det set sitt preg på kva desse mennene legg vekt på som ideal for ein god far. For dei blir det å sørge for økonomisk tryggleik i familien eit vesentleg element i det å vere ein god far.

Kapittel 9.2.4 gir ei omtale av forskning om menn med minoritetsbakgrunn og deira syn på likestilling. Forskinga indikerar at det er eit stort mangfald av haldningar. Samtidig gir mange innvandrarmenn uttrykk for kjønnsstradisjonelle haldningar til deltaking blant kvinner på arbeidsmarknaden og fordeling av husarbeidet i heimen. Ein prosjektrapport om farskap blant menn med etnisk minoritetsbakgrunn i Noreg²⁴ peiker på ein tendens til å sjå på foreldreskap som komplementært. Det vil seie at mor og far utfyller kvarandre og bidrar med kvalitativt ulike ting. Barne- og likestillingsdepartementet har sett i gang eit prosjekt å få meir kunnskap om graden av likestilling mellom kjønna og innvandrarmenn sitt syn på maskulinitet og kjønnsroller. Prosjektet skal ferdigstilt i 2009.

Ifølgje likestillinggranskinga vil fedrar som ser på seg sjølv som hovudforsørgjarar, også halde fast ved ei kjønnsstradisjonell arbeidsfordeling. Nærmare 50 prosent av mennene reknar seg som

²⁰ Kimmel 1996.²¹ Brandth og Kvannd 2003a.²² Lilleaas 2006a.²³ Kitterød m.fl. 2007.²⁴ Humanistisk prosjektsemester 2008



Figur 4.3 Spørsmål om menn slepp til som bidragsytar i husarbeid og barneomsorg

Kjelde: likestillingsgranskinga

den som har hovudansvaret for å forsørge familien. Også når kvinna tener mest, ser 22 prosent av mennene på seg sjølve som hovudforsørgjarar. Sjølv med lågare inntekt enn kvinna kan altså mannen oppfatte seg sjølv som hovudforsørgjar og prioritere arbeid framfor omsorgstilpassingar.

Granskinga illustrerer dilemmaet som mange fedrar opplever. I figur 4.2 ovanfor går det fram at 80 prosent av mennene som jobbar meir enn førti timar i veka og har barn under tre år, ønskjer å jobbe mindre. Tallet minkar etter kvart som barna blir eldre.

Blant foreldre med normalarbeidstid (35–40 timar) stig prosentdelen som ønskjer å jobbe mindre av omsyn til barna, *både* blant menn og kvinner, frå 23 prosent hos dei med dei eldste barna til om lag 65 prosent hos dei med dei yngste.

Likestillingsgranskinga viser elles at fleirtalet både blant menn og kvinner er samde i at menn ikkje slepp til som likeverdige bidragsytarar i husarbeid og omsorg for barn.

Prosentvis er det endå fleire kvinner enn menn som er samde i dette, og tendensen er at dei yngre er meir samde enn dei eldre. Sjølv om det er forventa at menn skal vere nærverande fedrar, er det altså ifølgje granskinga enno eit stykke igjen til dei har same status som omsorgspersonar som mødrene.

Arbeidslivets haldningar har særleg stor vekt for fedrane sin praksis. Fedrar i mannsdominerte verksemdar tek permisjon i mindre grad enn fe-

drar som jobbar i kvinnedominerte eller kjønnsbalanserte organisasjonar.²⁵ Fedrar i mannsdominerte verksemdar rapporterer òg mest om at press frå arbeidsgjevar verkar inn på permisjonspraksisen. Innvandarmenn er overrepresenterte blant dei som legg vekt på slikt press²⁶. Sektoren foreldra jobbar i, er òg viktig for kor vidt far tek permisjon²⁷. Dersom far jobbar innanfor næringa helse og sosiale tenester, har det ein positiv effekt på fars bruk av permisjon, mens det har ein negativ effekt dersom mor jobbar i den same næringa. Det har òg negativ effekt på uttaket dersom fedrar arbeidar i små verksemdar eller er sjølvstendig næringsdrivande²⁸.

4.3.2 Korleis kvinners arbeidsforhold og haldningar til jobben verkar inn

Som det går fram av kapittel 3, er arbeidsplassar med kvinnefleirtal prega av mellom anna lågare lønn, mindre fleksibilitet og dårlegare utsikter til å utvikle seg i jobben.


Dess lågare jobbtrivselen er, dess fleire er det som seier dei *jobbar meir enn dei helst vil*, slik diagrammet nedanfor viser. Tendensen er den same for menn og kvinner, men sterkare for kvinner.

²⁵ Egeland m.fl. 2008.

²⁶ Grambo m.fl. 2008

²⁷ Lappegård 2003.

²⁸ Grambo m.fl. 2008



Figur 4.4 Spørsmål om ønskt arbeidsmengd

Kjelde: likestillingsgranskinga

Sett i eit likestillingsperspektiv er det siste uheldig fordi det nettopp er kvinner som bør arbeide meir for å skape auka balanse. Kvinner som ikkje trivst på jobben, er mindre innstilte på å prioritere jobb når dei får barn. Brandth og Kvande²⁹ viser at foreldra oftare deler foreldrepermisjonen når mor har ein jobb som er viktig for henne.

Eit viktig funn i likestillingsgranskinga er at ei likeverdig fordeling av ressursane mellom foreldra aukar sjansen for meir likestilt praksis. Det er særleg inntektsfordelinga som har denne verkna den. Det er likevel ikkje primært konkrete økonomiske vurderingar som ligg til grunn. Sosiale, kulturelle og sosialpsykologiske forhold verkar like sterkt inn.

Konkrete økonomiske vurderingar som følgje av inntektsforskjell mellom far og mor blir lett overvurderte når det gjeld fordeling av lønna permisjon. Som utgangspunkt betyr det ikkje noko for familieøkonomien kven av foreldra som tek ut den lønna permisjonen. Den av foreldra som tek ut foreldrepen gar, får utbetalinga rekna ut etter si eiga inntekt. Lønnsforskjellar mellom foreldra har likevel direkte verknad på nivået på foreldrepengeutbetalinga i to tilfelle. For det første har foreldrepen gar ei øvre inntektsgrense på 6 G (ca.

420 000 kroner i 2008). Det er fleire fedrar enn mødrer som har inntekt som overstig denne grensa. Dersom far tener mest og inntekta hans overstig denne grensa, får familien eit økonomisk tap når han tek permisjon dersom han ikkje får dekt det overskytande (full lønn) frå arbeidsgivaren under fråværet. For det andre vel foreldra i dei fleste tilfelle 80 prosent inntektskompensasjon under foreldrepengeuttak. Sjølv med avtale om full lønn er det 80 prosent av denne som blir utbetalt. Denne reduksjonen «kostar mest» for den av foreldra som har høgast lønn, som regel far. Men det er òg høve til å velje 100 prosent kompensasjonsgrad. Det forkortar den lønna permisjonen og føreset ein lengre periode med ulønna permisjon dersom ein ikkje får anna barnepass når barnet er rundt ti månader.

Fedrar er meir tilbøyelege til å ta meir permisjon når foreldra vel foreldrepen gar med 100 prosent inntektskompensasjon,³⁰ mor har høgare utdanning, mors inntekt aukar, det er likestilling i inntekt mellom mor og far og mor jobbar fulltid – når ho altså ikkje jobbar innanfor næringa helse og sosiale tenester.³¹ Blant par som deler foreldrepermisjo-

²⁹ Brandth og Kvande 2003a.³⁰ Foreldrepengeperioden er i 2008 54 veker med 80 prosent inntektskompensasjon eller 44 veker med 100 prosent kompensasjon.³¹ Brandth og Kvande 2003a og 2005.

nen, har mor i større grad enn blant andre par ein høg yrkesposisjon, med høgare utdanning og god lønn i ein fulltidsjobb. Også fedrane har ein relativt høg posisjon i yrkeslivet, med høg utdanning og middels lønn. Når mor har ein jobb som er viktig for henne, samtidig som far ønskjer å vere saman med barnet, blir foreldrepermisjonen oftare delt. Samtidig viser ei ny undersøking³² at permisjonspraksis òg i grupper med høg utdanning er bestemt av kjønnsstradisjonelle val, det vil seie at mor tek lang permisjon og far tek kort.

4.3.3 Ønskjer foreldre ei anna arbeidsfordeling?

Sjølv om det er teikn til endring, praktiserer særleg småbarnsforeldre ei svært kjønnsstradisjonell ansvarsfordeling. Det er eit stykke att før kvinner og menn blir rekna som likeverdige omsorgspersonar og forsørgjarar. Fordi mødrene jobbar deltid, blir det forventat at fedrane skal ha hovudansvaret for å forsørgje familien. Fordi fedrane har lange arbeidsveker, mister mødrene fleksibilitet og blir hindra i å jobbe meir.

Ofte er familiane nøgde med ei slik fordeling, som er i samsvar med tradisjonelle kjønnsrollmønster. Langt frå alle foreldre ser på likedeling av arbeid som ein føresetnad for eit likestilt foreldreskap. Vel så viktig er det at ein opplever familien som eit felles prosjekt. Dersom begge partar yter det dei kan av arbeid og inntekt, kan ein gjerne sjå på seg sjølv som likestilt trass i kjønnsmessig skeiv arbeidsdeling heime og ute. Fellesskap og samarbeid, og ikkje likedeling av oppgåver, er kanskje den mest grunnleggjande føresetnaden for opplevd likestilling. Dei fleste er truleg meir opptekne av at den samla arbeidsinnsatsen skal vere likt fordelt mellom dei, enn at yrkesarbeid og heimearbeid skal telje likt.³³ Denne måten å tenkje på kjem òg fram i undersøkinga³⁴ om haldningar blant foreldre i høgstatusyrke. At det er sett som «naturleg» at kvinna tek lengst permisjon og prioriterer omsorgsoppgåver tyngst, blir understreka av foreldrepara sjølve og kjem òg til uttrykk gjennom haldningar i arbeidslivet.

Samtidig rapporterer fedrar at dei gjerne vil jobbe mindre. Som det går fram av figur 4.2, gjeld dette 80 prosent av fedrane med barn under tre år og arbeidstid på meir enn 40 timar i veka. Ser vi nærare på preferansane blant foreldra med dei aller minste barna, viser granskinga at 70 prosent av fe-

drane gjerne skulle hatt lengre permisjon. Undersøkinga gir likevel ikkje svar på kor mykje lengre permisjon fedrane kunne tenkje seg. Eit fleirtal vil heller ikkje at mor skal ha færre alternativ enn i dag. Tilsvarande funn kom fram i den barnetilsynsundersøkinga Statistisk sentralbyrå utførte i 2002, som viste at nesten halvparten ønskte ein lengre fedrekvote, mens den andre halvparten i hovudsak ville behalde den dåverande ordninga.³⁵

4.4 Korleis auke bruk av foreldrepermisjon blant fedrar?

Auka bruk av foreldrepermisjon blant fedrar vil både styrkje farsrolla og auke det samla omfanget av arbeidslivstilpassingar som menn gjer når dei får barn. Likestilling i heimen og familien bidreg til meir robuste samliv. Dette er ikkje minst til fordel for barna. At fedrar tek tidleg ansvar for barneomsorg, er viktig for å etablere god kontakt mellom far og barn og gjere tilknytninga til arbeidslivet for fedrar og mødrer meir lik. Ei jamnare fordeling av permisjon mellom fedrar og mødrer kan bidra til å redusere lønnstapet til kvinner som følgje av å få barn, og bidra til at permisjonsfråvær blir sett på som normalt.

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) foreslår regjeringa å utvide fedrekvoten frå seks til ti veker med verknad for fødsjar og omsorgsovertakingar frå og med 1. juli 2009. Fedrekvoten blir utvida med to veker ved å forlengje den samla perioden med lønna permisjon for familiane. I tillegg blir fedrekvoten utvida med to veker innanfor gjeldande stønadsperiode. I dette kapitlet legg regjeringa fram ein langsiktig strategi for å vidareutvikle foreldrepengeordninga.

4.4.1 Fedrar som fell utanfor foreldrepengeordninga

Kvart år er det 35–40 prosent av fedrane som ikkje tek lønna foreldrepermisjon. Dei fleste av desse fedrane manglar foreldrepengerettar. Far manglar foreldrepengerettar når han ikkje har tent opp rett gjennom eigen yrkesaktivitet i minst seks av dei ti siste månadene. Dette gjeld om lag 10 prosent³⁶ av alle fedrar kvart år. Far har heller ikkje rett til å ta ut foreldrepengar dersom han ikkje bur saman med mor til barnet dersom mor ikkje samtykkjer til

³² Egeland m.fl. 2008.

³³ Kitterød 2000a.

³⁴ Egeland m.fl. 2008.

³⁵ Pettersen 2003.

³⁶ NAV 2008.

Boks 4.1 Om foreldrepengeordninga

Yrkesaktive som har hatt pensjonsgivande inntekt i minst seks av dei ti siste månadene før stønadsperioden, har rett til foreldrepen-
gar.

Foreldrepengeperioden ved fødsel er i dag 44 veker¹ med 100 prosent inntektskompensasjon eller 54 veker med 80 prosent kompensasjon. Det blir ikkje gitt foreldrepen-
gar for inntekt over 6 G² per år.

Far kan ta ut maksimalt 35/45 veker.³ Dette er dei seks stønadsveke-
ne som er øyremerkte for fedrar (fedrekvoten), pluss 29/39 veker av den resterande stønadsperioden. Far har rett til fedrekvote når både far og mor har tent opp rett til foreldrepen-
gar og mor har hatt ein yrkesaktivitet i oppteningstida som svarer til minst ei halv stilling.

Far kan elles ta ut inntil 29/39 veker dersom mor samtidig går ut i arbeid, tek offentlig godkjend utdanning eller liknande. Frå 2000 har fedrar fått rett til å ta ut foreldrepen-
gar etter desse vilkåra anten mor har tent opp rett eller ikkje.

Fedrekvoten kan takast ut fleksibelt i sam-
svar med avtale med arbeidsgivaren om delvis permisjon. Uttaket må vere avslutta før barnet er tre år eller før neste stønadsperiode startar.

I 2007 stod fedrane for 11 prosent av det to-
tale foreldrepengeuttaket per år.

¹ I St.prp. nr. 1 (2008–2009) er det foreslått å utvide stønadsperioden med to veker til 46/56 veker med verknad for fødsel og omsorgsovertakingar frå og med 1. juli 2009.

² I 2007 utgjør 6 G ca. 400 000 kroner.

³ Far kan ta ut alle vekene etter fødselen (41/51 veker) dersom han er åleine om omsorga.

uttaket. I 2006 var det om lag 11 prosent³⁷ av foreldra som ikkje budde saman ved fødselen.

Far er òg utan høve til å ta ut foreldrepen-
gar dersom mor er heimearbeidande både før og etter fødselen. Dette har samheng med at far ikkje har rett til fedrekvote viss mor ikkje er yrkesaktiv eller har jobba i minst 50 prosent stilling. Viss mor heller ikkje går ut i arbeid eller anna etter fødselen, er far heilt utan høve til å ta ut foreldrepen-
gar. Det er ikkje statistikk som viser kor mange fedrar

dette gjeld, men eit skjønnsmessig anslag er 15–
20 prosent av fedrane kvart år.

Det er lite konkret kunnskap om fedrane i des-
se familiane. Om mødrene veit vi at dei mottek eingongsstønad³⁸ og er utan foreldrepen-
gerett. Mødrer med eingongsstønad er gjennomgåande yngre enn kvinner med foreldrepen-
gar. 50 prosent har andre eigne barn under fem år. Familiane har ofte låg samla inntekt. Over ein tredjedel er ikkje-vestlege³⁹ innvandrarakar (36 prosent, SSB 2005). Den høge prosentdelen innvandrarakar har samheng med at yrkesaktiviteten blant kvinner i befolkninga med etnisk minoritetsbakgrunn er lågare enn blant kvinner generelt. 68,4 prosent av kvinnene i Noreg er yrkesaktive. Tilsvarende prosentdel blant førstegenerasjonsinnvandrarakar er 57,3. Blant enkelte nasjonalitetar er under ein tredel av kvinnene yrkesaktive⁴⁰.

Ei prosjektoppgåve⁴¹ peikar på at fedrar frå innvandrargrupper der mødrer har låg yrkesakti-
viteten har større risiko for å falle utanfor foreldre-
pengeordninga enn fedrar i majoritetsbefolkninga der yrkesaktiviteten blant mødrer er høgare. Sam-
tidig er dette familiar som i størst grad skulle vere i målgruppa for tiltak for meir likestilte familiar.

4.4.2 Fedreuttak i familiar med to yrkesaktive foreldre

4.4.2.1 Fedrekvoten

Far har rett til fedrekvote i familiar der begge foreldra er yrkesaktive og mor har jobba minst 50 prosent før fødselen. Ni av ti av desse fedrane nyttar seg av dei øyremerkte vekene.

Når fedrekvoten blir utvida, aukar òg tida far er heime med barnet. Statistikken viser klare effektar av at fedrekvoten blei utvida med ei veke frå 1. juli 2005, og med endå ei veke frå 1. juli 2006. Statistikken for 2007, som viser delvis effekt av at fedrekvoten blei utvida til seks veker i 2006, viser at talet på fedrar med uttak på 30 dagar auka frå 385 i 2006 til 13 663 i 2007. Full effekt av desse endringane kjem først i 2008.⁴²

³⁸ Eller har opptent rett til foreldrepen-
gar i ei deltidstilling mindre enn 50 prosent.

³⁹ Innvandrarakar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania utanom Australia og New Zealand, og Europa utanom EØS.

⁴⁰ SSB statistikk, sysselsetting blant innvandrere, 4. kvartal 2007.

⁴¹ Humanistisk Prosjektsemester 2008

⁴² Fedrars bruk av den femte veke (barn fødte frå og med 1. juli 2005) går til dømes fram av statistikken for 2006. Full effekt kjem først i 2007 sidan mange av fedrane som avslutta foreldrepen-
gar i første halvår 2006, vil ha barn fødte før 1. juli 2005. Denne gruppa har berre rett til fire vekers fedrekvote.

³⁷ Med barnet i fokus, NOU 2008:9

Tabell 4.3 Utvikling i bruk av fedrekvote (1995–2005). Prosent av berekna tal fedrar med fedrekvoterett¹

1995	1997	1999	2001	2003	2005
62	75	80	85	89	91

¹ Dette gjeld fedrar som har rett til fedrekvote. Prosentdelen er utrekna. Det finst ikkje statistikk som viser kor mange av fedrane som er omfatta av retten til fedrekvote.

Kjelde: Barne- og likestillingsdepartementet

At far er tildelt ein eigen *øyremerkt* kvote, er ei sannsynleg forklaring på at så mange fedrar no tek ut vekene sine. Brandth og Kvande⁴³ viser at fedrekvoten fungerer som ein ferdigforhandla rett som fedrane har, og som arbeidsgjevaren må innrette seg etter. Fedrekvoten fungerer som ein arbeidstakarrett og set derfor ei norm for kva som er akseptable fråværsgrunnar i jobben. Særleg viktig hevdar Brandth og Kvande at fedrekvoten er for menn i såkalla «grenselause» eller «grådige» jobbar. Dette blir underbygd i ein ny rapport,⁴⁴ som peiker på at fedrane sin dedikasjon til arbeidet kan bli stilt i tvil om dei vil ta ut meir permisjon enn fedrekvoten. Den standardiserte, ikkje-fleksible løysinga ser ut til å gi den mest effektive grensesetjinga. Det har blitt sagt at det er tvangen i fedrekvoten som gjer fedrane frie.⁴⁵

Fedrekvoten hadde òg til mål å motivere fleire fedrar til å ta meir permisjon enn dei *øyremerkete* vekene. Dette har ikkje skjedd i forventa grad, sjølv om òg uttaket ut over fedrekvoten aukar gradvis, sjå nedanfor. Enkelte hevdar at det *øyremerkete* veketalet kan verke som ei avgrensing for foreldre som kunne tenkje seg å dele meir. Men alt i dag ligg det godt til rette for at foreldra kan dele stønadsperioden seg imellom.

4.4.2.2 Yrkesaktive foreldre som deler meir enn fedrekvoten

Dersom begge foreldra er yrkesaktive, kan dei dele stønadsperioden seg imellom så lenge mor begynner å jobbe eller anna etter fødselen⁴⁶.

Frå 1999 til 2005 auka prosentdelen fedrar med meir enn fedrekvote frå 10,1 til 17,5.

Tal frå NAV viser elles at 17,3 prosent av fedrane tok ut meir enn seks veker i 2007, mot

⁴³ Brandth og Kvande 2003b.

⁴⁴ Egeland m.fl. 2008.

⁴⁵ Lorentzen og Oftung 2007.

⁴⁶ Far kan ta ut meir enn fedrekvoten dersom mor går ut i arbeid, tek offentleg godkjend utdanning på heiltid eller er for sjuk til å ta seg av barnet, sjå folketrygdlova § 14-13.

Tabell 4.4 Fedrar som tek ut meir enn fedrekvote (fire veker). Prosent av fedrar med foreldrepengeuttak (1999–2005)

1999	2001	2003	2005
10,1	12,7	14,4	17,5

Kjelde: NAV

8,2 prosent i 2000. Den tilsvarande auken for dei som tok ut meir enn åtte veker, var frå 6,7 prosent til 14,4 prosent. Det er altså ein moderat aukande tendens til at fleire foreldrepar vel å dele stønadsperioden seg imellom. Denne auken har halde fram parallelt med utvidingane i fedrekvoten.

Som nemnt i 4.3 er måten foreldra fordeler permisjonen på, ofte ikkje eit resultat av reelle forhandlingar. Viktige aspekt er både arbeidsplasskultur, inntektene, preferansane og haldningane hos kvar av foreldra. Dermed er det heller ingen konkurranse om å få mest mogleg permisjon. I staden legg dei vekt på at dette handlar om ein tradisjonell, kulturell praksis som synest naturleg og sjølvsgd. Eit prosjekt⁴⁷ i regi av NAV viser at det er samanheng mellom måten foreldra kjem fram til fordelinga på og kor mange veker far tek ut. Av foreldra som ikkje diskuterte fordelinga, var det berre 2 prosent av fedrane som tok ut meir enn fedrekvoten. Til samanlikning tok 21 prosent ut meir enn fedrekvoten når foreldra i fellesskap kom fram til løysinga. Der mor i stor grad fekk avgjere, tok 25 prosent ut meir enn fedrekvoten.

Størst likedeling finn vi blant par med høg utdanning og når kvinna er i full jobb.⁴⁸ Dess meir kvinnene jobbar, tener og prioriterer arbeidslivet, dess meir husarbeid gjer mennene heime, og dess meir permisjon tek dei. Eldre foreldrepar deler dessutan mest⁴⁹.

4.4.3 Når berre far er yrkesaktiv

Er det berre far som er yrkesaktiv, eller mor har jobba mindre enn halv stilling før fødselen, har far ikkje rett til fedrekvote.⁵⁰ Far kan likevel ta ut foreldrepengear i inntil 29/39 veker dersom mor går ut i arbeid, tek offentleg godkjend utdanning eller anna etter fødselen. Denne retten blei innført i 2000.⁵¹

⁴⁷ Grambo m.fl. 2008.

⁴⁸ Kitterød 2000b.

⁴⁹ NAV 2008

⁵⁰ Det finst ikkje statistikk som viser kor mange fedrar dette gjeld.

Tabell 4.5 Fedrars bruk av sjølvstendig oppteningsrett. Tal og prosent.

	2002	2004	2006
T.o.m. 5 veker	144 (14 %)	136 (12 %)	195 (15 %)
5–12 veker	174 (16 %)	187 (17 %)	273 (20 %)
12 veker eller meir	737 (70 %)	810 (71 %)	868 (65 %)
Personar i alt	1055	1133	1336

Kjelde: NAV

Blir mor i desse tilfella verande heime etter fødselen, kan far ikkje ta ut lønna permisjon. Då fell han utanfor ordninga, slik det går fram i kap. 4.4.1. Går mor derimot ut i arbeid eller liknande etter fødselen, kan far ta ut den resterande delen av stønadsperioden.⁵²

Det er relativt få fedrar som tek ut foreldrepen- gar etter desse vilkåra, men talet har auka frå 1048 i 2001 til 1336 i 2006. I 2007 viser statistikken ein liten nedgang til 1204 fedrar.

Som tabell 4.5 viser, tek desse fedrane ut fleire veker med foreldrepen- gar enn i tilfelle der begge foreldra har rettar.

4.4.4 Erfaringar frå andre nordiske land

Bruken av foreldrepen- gar hos fedrar på Island og i Sverige følgjer langt på veg det same mønsteret som i Noreg, altså at uttaket følgjer fedrekvoten. Ordningane i dei enkelte landa er likevel forskjel- lige.

Både Sverige og Island har ordningar der

- mor og far har heilt sjølvstendige rettar
- også ikkje-yrkesaktive er inkluderte ved at alle foreldre er sikra ei kontinuerleg minsteyting
- dekningsgraden er 80 prosent

Fedrekvoten er dessutan lengre – tre månader på Island og to månader i Sverige. Dette gir utslag i statistikken. Av samla dagtal for utbetalte foreldrepengar i 2007 stod fedrane for rundt 33 prosent på Island, 21 prosent i Sverige og 11 prosent i Noreg.

Island og Sverige har ulike profilar. Den tredelte islandske modellen byggjer på omfattande øyremerking av stønadsperioden. Sverige følgjer

ein annan strategi der det er lagt meir vekt på positive insitament for å få foreldra til å velje forde- ling.

Island innførte ei tredelt foreldrepengord- ning i 2001 i samband med at stønadsperioden blei utvida med tre månader. Ordninga går ut på at kvar av foreldra har rett til tre månader av stønadsperioden, og at dei kan velje kven av dei som skal ta ut den resterande tredelen. Statistikken viser at over 90 prosent av fedrane bruker sine tre månader, og at mødrene i dei aller fleste tilfella tek ut dei resterande seks. Formålet med denne oppdelinga var å gjere fedrane meir delaktige i barneomsorga og styrkje kvinnes posisjon i yrkeslivet. Reforma er blitt godt motteken. I 2005 brukte rundt 17 prosent av fedrane meir enn tre månader. Dei islandske fedrane tek ut mest foreldrepengar i Norden.

På Island er det fremja forslag om å forlengje stønadsperioden til tolv månader med same tredel- inga som no. Dersom ordninga blir gjennomført, blir det altså fire månader til kvar av foreldra og fire månader til fri fordeling.

Sverige har ei likestilt ordning der foreldra har rett til halvparten kvar av stønadsperioden på 13 månader med 80 prosent inntektskompensasjon. Foreldra har samtidig høve til å overføre sin del av stønadsperioden til den andre, med unntak av ein øyremerkt del på to månader. I Sverige blir altså ei meir moderat kvotering kombinert med ein mekanisme som skal sikre aktive val når det gjeld fordeling av stønadsperioden. I SOU 2005:73 blei det foreslått ei tredelt ordning med fem månader til kvar og fem til fordeling. Forslaget er ikkje følgt opp. For å stimulere til auka fedreuttak er det 1. juli 2008 innført ein likestillingsbonus (skat- tefordel) på inntil SEK 3000 i månaden til den av foreldra som tek den største delen av foreldrepengane det aktuelle året, og som jobbar under den andres permisjon. Det gjer det lønnsamt å dele bruken av permisjon. Det er trygdemyndighei- tene (Socialstyrelsen) som reknar ut og adminis- trerer bonusen.

⁵¹ Tidlegare kunne far berre ta ut foreldrepengar når mor òg hadde rettar, og far kunne "overta" mors rett dersom ho blei sjuk eller gjekk ut i jobb. Sjå ot.prp. nr. 52 (1999–2000) og NOU 1995:27 "Pappa kom hjem".

⁵² Dersom mor til dømes går ut i arbeid når barnet er ca. 8 månader (permisjon etter fødsel i 35 veker), kan far ta ut inn- til 16 veker med 80 prosent inntektskompensasjon eller inn- til 6 veker med 100 prosent kompensasjon.

4.4.5 Hovudprinsipp for vidareutvikling av foreldrepengeordninga

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) har regjeringa foreslått å utvide fedrekvoten frå seks til ti veker, med verknad for barn fødte eller adopterte frå og med 1. juli 2009. Soria Moria-erklæringa inneheld fleire mål for endringar i foreldrepengeordninga for å auke fedreuttaket og styrkje fedrane sine rettar. Det er stadig ei utfordring å få far og mor til å dele stønadsperioden jevnare seg imellom og å inkludere fleire fedrar i ordninga. Nedanfor følgjer langsiktige mål for vidareutvikling av foreldrepengeordninga. Regjeringa vil komme tilbake med konkrete forslag til endringar i dei årlege budsjetta.

4.4.5.1 Sjølvstendige fedrerettar – rett til fedrekvote for alle

I Soria Moria-erklæringa heiter det at regjeringa vil gi far rett til å tene opp sjølvstendige permisjonsrettar. Kvar av foreldra skal få foreldrepenge ut frå eiga opptening.

Retten til fedrekvote gjeld i dag når både mor og far har opptent rett og mors stillingsdel i oppteningstida er minst 50 prosent. Dersom mor ikkje har vore yrkesaktiv før fødselen, har ikkje far rett til fedrekvote. Ifølgje NAV er om lag 12 000 fedrar⁵³ kvart år utan rett til fedrekvote på grunn av manglande yrkesaktivitet hos mor. Desse fedrane kan likevel ta ut foreldrepenge dersom mor *etter* fødselen går ut i arbeid, tek offentleg godkjend utdanning på heiltid eller kombinerer dette, eller er for sjuk til å ta seg av barnet. I 2007 gjorde ca. 1200 fedrar – og mødrer – seg nytte av dette.

Reglane i dag gir uheldige likestillingspolitiske signal ut frå målet om å styrkje omsorgsrolla til far og skaper ei uheldig forskjellsbehandling av ulike fedrar med opptente rettar. Dette blir regelmessig teke opp som urimeleg av brukarane. Innvandrarfedrar frå nasjonalitetar der kvinner har lav yrkesaktivitet vert ramma i særleg grad. Mannspanelet har teke opp dette forholdet. Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) har i brev av 17. september 2008 til Barne- og likestillingsdepartementet uttalt at dagens reglar er i strid med forbodet mot forskjellsbehandling av kvinner og menn i likestillingslova.

Regjeringa vil arbeide for å gi far sjølvstendige rettar også når mor har vore heimeverande eller har jobba i mindre enn 50 prosent stilling i oppte-

ningstida. Fedrekvoten bør gjelde i alle tilfelle der far har opptent rett. Det vil gi betre samanheng i regelverket og forenkle dette. Det vil gi alle fedrar som har opptent rett til foreldrepenge, det same høvet til å ta ut fedrekvote.

4.4.5.2 Mål for vidare utviding av fedrekvoten

I Soria Moria-erklæringa heiter det at regjeringa vil utvide foreldrepermisjonen med fem veker, der alle dei nye vekene blir øyremerkte til far. Det betyr at fedrekvoten skal vere på ti veker, og at den samla stønadsperioden ved fødsel skal vere på inntil 48/58 veker. Budsjettforslaget for 2009 innfrir Soria Moria-erklæringa når det gjeld lengda på fedrekvoten, men ikkje når det gjeld kor lang stønadsperioden skal vere. Etter budsjettforslaget vil den samla stønadsperioden ved fødsel bli 46/56 veker.

Å utvide fedrekvoten har vist seg som det mest effektive tiltaket for å auke fedranes bruk av foreldrepermisjon. Som det går fram av 4.4, aukar fedreuttaket jamt. Statistikken viser klar effekt på fedrane sitt uttak av at fedrekvoten blir utvida. Det same fortel forskning på området, som peiker på at øyremerkte kvotar er det som må til for å endre kjønns-tradisjonelle val. Regjeringa ser framleis eit klart behov for å utvide perioden som er øyremerkt til far.

Mannspanelet har teke til orde for ei løysing der stønadsperioden blir utvida til 52 veker frå fødselen med full lønnskompensasjon og med ein fjerdedel av stønadsperioden øyremerkt til far. Innanfor den noverande stønadsperioden på 44 veker foreslår Mannspanelet at 11 veker blir øyremerkte til far. Likelønnskommisjonen har i NOU 2008:6 «Kjønn og lønn» foreslått at ein tredel av stønadsperioden blir øyremerkt til kvar av foreldra som eit tiltak for likelønn. Kommisjonen understrekar at meir lik permisjonspraksis blant fedrar og mødrer er ein faktor som kan bidra til å redusere kvinners lønnstap som følgje av å få barn.

Regjeringa vil leggje til rette for jamnare bruk av permisjon blant mødrer og fedrar. Dette vil òg bidra til å normalisere slikt fråvær blant arbeidstakarar.

Regjeringa vil arbeide for ei moderat deling av stønadsperioden, innanfor målet i Soria Moria-erklæringa om ein stønadsperiode (ved fødsel) på inntil 48/58 veker. Regjeringa vil innanfor denne ramma arbeide for at fedrekvoten skal vere på 14 veker. Det betyr nye fire veker fedrekvote med to av ekstravekene som ei forlenging av stønadsperioden. Fedrar som får lønn under dei to vekene med omsorgspermisjon i samband med fødsel, vil i så fall ha eksklusiv rett til lønna permisjon i minst 16

⁵³ Talet inkluderer fedrar som ikkje bur saman med mor og av den grunn ikkje har rett til fedrekvote.

veker. Familiar som ønskjer det, kan velje ei jamnare fordeling. Slik får fedrar vesentleg lengre lønna permisjon enn i dag, samtidig som familiane er sikra tilstrekkeleg fleksibilitet. Dette legg grunnlag for ei vesentleg styrking av omsorgsrolla til fedrane og for auka likestilling i arbeidslivet. Tiltaket vil venteleg føre til jamnare bruk av permisjon blant mødrer og fedrar og er i samsvar med intensjonen i forslaget frå Likelønnskommissjonen.

4.4.5.3 Sjølvstendige fedrerettar – utgreiing av ei likestilt foreldrepengoordning

Foreldrepengoordninga er kompleks og har gjennomgripande svakheiter når det gjeld forskjellsbehandling av mødrer og fedrar. LDO si fråsegn om strid med likestillingslovas forbod mot forskjellsbehandling går vidare enn til vilkåra for rett til fedrekvote. LDO tek òg opp at alt fedreuttak av foreldrepengar som ikkje er fedrekvote, er avhengig av at mor går ut i arbeid eller liknande etter fødselen. Dagens reglar gir mor ein sterk forhandlingsposisjon. Dersom ho ikkje vil eller kan gå tilbake til jobb eller utdanning, kan ikkje far ta ut meir lønna permisjon. Kravet til mors aktivitet før fødsel og under fars uttak skaper dessutan eit svært komplisert regelverk. I samsvar med målet i Soria Moria-erklæringa om meir sjølvstendige fedrerettar vil regjeringa greie ut ei forenkla og likestilt ordning, og alternative mekanismar for å dele stønadperioden mellom foreldra. Utgreiinga må òg ta opp i seg spørsmål om kor vidt eingongsstønden bør bli erstatta av ei månadleg minsteyting.

4.4.5.4 Informasjonstiltak

Det er viktig at fedrane gjer bruk av dei moglegeheitene som reglane gir i dag. Regjeringa vil derfor i samarbeid med NAV styrkje informasjonen for å sikre at ulike grupper brukarar kjenner reglane godt nok. Informasjonen vil særleg fokusere på at far kan ta ut meir enn fedrekvoten, og at fedrar utan rett til fedrekvote kan ta ut foreldrepengar dersom mor samtidig går ut i arbeid eller liknande. I tillegg er det viktig at foreldre som ikkje bur saman, er kjende med at far kan ta ut fedrekvote dersom dei er samde om det.

4.5 Korleis få eit meir familievennleg arbeidsliv?

Arbeidslivet har ei nøkkelrolle når det gjeld å gi fedrar høve til å tilpasse arbeidet til familielivet.

Forhold på arbeidsplassen verkar inn på praksis blant fedrar både når det gjeld uttak av omsorgspermisjon og foreldrepermisjon, fordeling av korttidsfråvær (heime med sjukt barn, hente/følgje i barnehagen o.l.) og arbeidstid når permisjonen er over. Det er avgjerande at arbeidsplassane har ein kultur og ei leiing som ikkje berre aksepterer, men støttar opp om uttak av farspermisjon og andre tilpassingar, mellom anna retten til fritak frå overtid. Også arbeidslivet vil ha fordel av dette, ikkje minst ved at dei tilsette blir meir tilfredse på arbeidsplassen. Ein personalpolitikk som gjer det enkelt å kombinere jobb og privatliv, kan vere viktig for å rekruttere ønskt arbeidskraft. Å ta samfunnsansvar kan òg verke positivt på omdømmet til bedrifta.

For å sikre god balanse mellom arbeid og familieliv er det altså ikkje nok å fokusere på barnets første leveår. Som Anne Lise Ellingsæther⁵⁴ skriv:

«Det er når foreldrepermisjonen er *over*, at balansekunsten mellom jobb og barn tar til. Bestrebelsene med å få fedrene til å ta mer permisjon er viktig. Men dette er en del av en lang større utfordring: å få til en jevnere kjønnsfordeling også *etter* spedbarnsfasen. Derfor må det utvikles en bred *livsløpstilnærming* til forholdet mellom tid til arbeid og familie. Og nedslagsfeltet for hva som oppfattes som relevant familiepolitikk, må utvides til å omfatte arbeidslivets vilkår.»

4.5.1 Om rett for å tilpasse arbeid og familieliv

Med sine reglar om rett til fri frå arbeidet og føresegner om arbeidstid og overtid er arbeidsmiljølova svært viktig for at foreldre skal kunne tilpasse arbeid og familieliv.

Eit hovudformål med arbeidstidsreglane er å sikre at arbeidstakarane har ei arbeidstid som ikkje påfører dei og den nærmaste familien unødige helsemessige og sosiale belastningar. Overtidsreglane skal sikre at omsynet til arbeidstakarens helse og velferd, tryggleiken på arbeidsplassen og arbeidstakarens nærstående, og andre omsyn i eit vidare samfunnsperspektiv, er varetekne.

Retten til fleksibel eller redusert arbeidstid gjeld under føresetnad av at det ikkje er til vesentleg ulempe for verksemda. Arbeidstakaren har rett til å bli fritaken frå å utføre arbeid utover avtalt arbeidstid når vedkommande av helsemessige

⁵⁴ Ellingsæther 2005b. Kursiv i originalen.

Tabell 4.6 Viktige rettar etter arbeidsmiljølova for å tilpasse arbeid og familieliv

Permisjon i barnets første leveår	To vekers omsorgspermisjon ved fødselen, eitt års foreldrepermisjon til saman, deretter eitt år til kvar
Regulering av arbeidstid	Rett til redusert arbeidstid Rett til skjerming mot overtid Generelle arbeidstidsføresegner
Kort mellombels frávær og fleksibel arbeidstid	Rett til fleksibel arbeidstid Rett til fri frå arbeid når barn er sjuke

eller vektige sosiale grunnar ber om det. Som sosiale fritaksgrunnar gjeld pass av barn, deltaking i større familiehendingar og liknande. Fleksibilitet kan reknast som det viktigaste verkemiddelet fedrar har når det gjeld å takle utfordringane ved å kombinere arbeid og familie. Fleksibilitet i arbeidet blir vidare halde fram som eit gode mange menn har i arbeidet⁵⁵, og som gjer omsorgsrelaterte tilpassingar moglege. Formålet med å bruke denne retten kan vere å følge og hente barn som går i barnehage eller på skule/SFO, eller å følge dei på fritidsaktivitetar. Ifølgje likestillingsgranskinga opplyser 52 prosent av mennene at dei hentar barna omtrent like mykje som partnaren.

Korleis foreldra deler permisjonar i samband med sjukdom hos barn, er ikkje kartlagt samla. Ved gjennomgangen av årsrapportar for 2006 frå kommunane fann Likestillings- og diskrimineringsombodet at kvinnelege tilsette hadde vesentleg høgare frávær av denne grunnen enn mannlige tilsette. Tal frå SSB viser at både menn og kvinner har frávær frå jobb på grunn av sjuke barn. Både blant mødrer og fedrar er det om lag 60 prosent som har teke fri nokre timar eller dagar siste året.⁵⁶ Ifølgje likestillingsgranskinga er menn heime med sjuke barn i mindre grad enn kvinner, men halvparten av foreldrepara deler omtrent likt på dette fráværet.

Som vist i kap. 4.2.2 jobbar småbarnsfedrar lengre dagar og har relativt lite permisjonsfrávær samanlikna med mødrene. Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden og overrepresentasjonen av menn i privat sektor tyder på at fedrar oftare arbeider i verksemdar og bransjar prega av ein kultur som diskrediterer redusert arbeidstid.⁵⁷ Av likestillingsgranskinga går det fram at fedrar med lange dagar gjerne vil jobbe mindre. Arbeidstidsføresegnene skal sikre denne balansen. 16 pro-

sent av fedrane hadde avtalt arbeidstid som oversteg 40 timar i veka i 2005.⁵⁸

Twistar om rett til fritak frå overtid blir behandla av ei eiga tvistenemnd. Det same gjeld twistar om redusert arbeidstid, fleksibel arbeidstid og permisjon i samband med omsorg for barn. Tvisteløysingsnemnda behandla 15 saker i 2006, og seks av dei gjaldt menn. Fem av desse handla om retten til redusert arbeidstid. I 2007 blei det fatta vedtak i 14 saker, av desse to der arbeidstakaren var mann.

Likestillingslova set forbod mot diskriminering av gravide og permisjonstakarar. Diskrimineringsforbodet omfattar fedrar som tek ut omsorgspermisjon i to veker i samband med fødsel og fedrekvoten, altså permisjon reservert for det eine kjønnet. Det er Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) som forvaltar dette regelverket. Få klagar blir fremja av menn.

4.5.1.1 Kontroll av aktivitets- og utgreiingsplikta etter likestillingslova

Det følgjer av likestillingslova § 1a tredje ledd at alle arbeidsgivarar som etter lov er pålagde å utarbeide årsmelding, skal gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i verksemda. Arbeidsgivar skal òg gjere greie for tiltak som er sette i verk, og planlagde tiltak for å fremje likestilling.

I Likestillings- og diskrimineringsombodet si handheving av likestillingslova inngår kontroll av aktivitets- og utgreiingsplikta som er pålagd alle arbeidsgivarar. LDO har laga ei rettleiing for å betre likestillingsutgreiinga til kommunane. Der anbefaler ombodet mellom anna at statistikk over permisjonsuttak spesifiserer kor stor del av menns og kvinners frávær som skriv seg frå uttak av foreldrepermisjon. Det vil avdekkje om det er behov for å setje i gang tiltak for å motivere til ei

⁵⁵ Lohne 2006.

⁵⁶ S. st.

⁵⁷ Abrahamsen 2002.

⁵⁸ SSB, arbeidskraftundersøkinga.

jamnare deling av foreldrepermisjonen. Det vil òg vere nyttig å sjå på kjønnsfordelinga når det gjeld andre typar fråvær som kan seie noko om korleis kvinner og menn deler omsorgsoppgåver mellom seg. Ut over det som følgjer av statistikken over bruk av foreldrepengar blant fedrar, jf. kap. 4.4, finst det ikkje statistikk over fedrars bruk av annan permisjon o.a. etter arbeidsmiljølova. Det eksakte omfanget av fråværet, eller kva type permisjon det dreier seg om, gir ikkje tala svar på.

Likestillings- og diskrimineringsombodet vil vidareføre og vidareutvikle kompetanse- og pådrivarverksemda retta mot arbeidslivet, og vil i 2009 kontrollere og rettleie verksemdar der menn er i klart fleirtal av dei tilsette.

4.5.1.2 *Betre informasjon om rett for arbeidstakarar til å tilpasse arbeidet til familielivet*

Folketrygdlova, arbeidsmiljølova og likestillingslova inneheld føresegnar som på ulike måtar sikrar arbeidstakarar rett til å tilpasse arbeid og familieliv. Det er viktig at rettane faktisk er kjende og blir brukte i ulike bransjar. Det låge talet på saker om arbeidstid og permisjonar i tvisteløysingsnemnda kan vidare tyde på at nemnda blir for lite brukt på desse områda. Regjeringa vil utarbeide informasjonstiltak i samarbeid med partane i arbeidslivet.

4.5.2 **Rett til full lønn under omsorgspermisjon**

Dei lovfesta rettane er supplerte med avtalefesta rettar. Dei viktigaste er retten til lønn under den to veker lange omsorgspermisjonen fedrar har rett til i samband med fødsel eller omsorgsovertaking, og retten til full lønn (over 6 G) under uttak av foreldrepermisjon. Omsorgspermisjonen skal gjere det mogleg for far – eller ein annen nær omsorgsperson – å ta omsorg for familien i tida rundt fødselen. Dette gir tryggleik for mor og gir far høve til å ta seg av omsorgsbehov i familien. Ikkje minst er dette viktig fordi mor og barn normalt har få liggjedøgn på sjukehus etter fødselen.

Folketrygdlova gir ikkje økonomisk kompensasjon for tap av lønn under omsorgspermisjon. Det er arbeidsgivaren som betaler lønna. Rett til full lønn under omsorgspermisjon ved fødsel og foreldrepermisjon er forhandla fram i offentleg sektor. Slike avtalar finst òg i privat sektor, men det ligg ikkje føre fullstendige oversikter over om-

fanget. Ei gruppe fedrar står utan avtalefesta rett til lønn under omsorgspermisjonen.

Manglande inntektskompensasjon gjer det vanskeleg for far å nytte permisjonsretten og vere saman med familien desse vekene. At far har fri i vekene rundt fødselen, er sentralt for å etablere rolla som omsorgsperson og for å hjelpe mor i denne perioden. Mannspanelet har foreslått at rett til lønn under omsorgspermisjonen må bli lovfesta. Det er uheldig dersom manglande rett til lønn under permisjonen er uttrykk for liten aksept for at fedrar skal ta fri frå arbeidet når dei får barn. Forsking viser at slikt fråvær ikkje alltid er akseptert på arbeidsplassen. I staden kan det bli reist tvil om fedrane sin dedikasjon til arbeidet. Sjølv om fedrekvoten ikkje er noka universell ordning, er det klart at denne typen ferdigforhandla rett blir akseptert både heime og på arbeidsplassen.

Det er viktig å vurdere tiltak for å sikre fedrar rett til lønn under permisjonen. Regjeringa vil derfor greie ut korleis ordninga med omsorgspermisjon kan gjerast betre. Ein viktig del av utgreiinga vil vere å få brei oversikt over bransjane og sektorane som i dag ikkje har avtale om rett til lønn for far, og kor mange fedrar som kvart år står utan rett til lønn under permisjonen.

4.5.3 **Korleis arbeidslivet kan gjere tilpassingar enklare for fedrar – erfaringar og døme**

Haldningane på arbeidsplassen har mykje å seie for i kor stor grad fedrar gjer bruk av retten til omsorgsfråvær. For fedrar er det viktig å kunne bruke slike rettar utan prestisjetap. Her er det snakk om i kor stor grad det er aksept for å ta permisjon ut over fedrekvoten, redusere arbeidstida, nekte overtid eller tilpasse arbeidstida for å kunne følgje og hente barn som går i barnehage eller på SFO og anna. Arbeidsforskningsinstituttet har i 2008 fullført eit forskingsprosjekt om diskriminering av gravide og permisjonstakarar i arbeidslivet⁵⁹. Prosjektet viser korleis slik diskriminering kjem til uttrykk, og årsakene til diskrimineringa. Viktige funn er mellom anna at negative konsekvensar for mødrer og fedrar som tek permisjon meir handlar om gradvise, negative prosessar og fråvær av tilrettelegging enn om diskriminering i juridisk forstand. Det blir understreka at det er viktig at arbeidsgivar har ein personalpolitikk med bevisste strategiar for permisjonstakarar og arbeidstakarar med barn.

⁵⁹ Egeland m.fl. 2008

4.5.3.1 Erfaringar frå Danmark – kva arbeidsplasskulturen betyr

Ei dansk undersøking⁶⁰ peiker på at vilje til familievennlege løysingar må bli ein del av moderne leiing, til dømes ved at medarbeidarane får bestemme over eige arbeid. Småbarnsforeldre er avhengige av fleksibilitet i kvardagen for å kunne følge, hente og passe barna sine. Også andre organiseringsforhold blir nemnde, til dømes teamarbeid og andre løysingar som gjer kvar medarbeidar mindre uerstatteleg. Verdien av førebilete blir òg understreka. Det mest effektive er når leiande personar i verksemda sjølve tek ut permisjon eller liknande. På arbeidsplassar med mange unge medarbeidarar som sjølve har teke permisjon og liknande, er det enklare å gjere omsorgsrelatererte tilpassingar.

4.5.3.2 Prosjektet «Fostering Caring Masculinities»

Barne- og likestillingsdepartementet delfinansier-te i 2005–2006 eit europeisk prosjekt under leiing av Likestillings- og diskrimineringsombodet om korleis bedrifter kan hjelpe mannlege tilsette med å finne ein god balanse mellom jobb og familieliv. Prosjektet «Fostering Caring Masculinities» (FOCUS) hadde deltakarar frå fem land (Tyskland, Island, Noreg, Slovenia og Spania), og i kvart av landa blei det gjennomført studiar i to bedrifter for å sjå kva tiltak dei hadde sett i verk for å skape balanse mellom arbeidsliv og privatliv og få menn til å delta meir i omsorgsoppgåver i heimen.⁶¹ Studiane viste at forskjellane landa imellom med omsyn til arbeidslivsregulering og permisjonsrettar hadde stor innverknad på korleis menn tilpassa seg for å ta del i omsorgsoppgåver heime. For småbarnsforeldre gjeld dette både rettार i samband med foreldrepermisjon og tilgangen på barnehagar med opningstider tilpassa normalarbeidstida. I tillegg til dei ulike måtane samfunnet legg til rette for å balansere arbeidsliv og familjeliv på, er det store forskjellar på kva tiltak bedriftene sjølve set i verk for å lette denne balansegangen. Forskjellar i organisasjonskultur og haldningar i bedriftsleiinga er viktige faktorar som kan vere med og forklare dette.

Gjennom prosjektet og intervjuar med arbeidsgivarar og arbeidstakarar kom det òg fram at arbeidsgivarar kan ha ei eigeninteresse av å målret-

te tiltak mot menn med sikte på å oppnå ein betre balanse mellom arbeidsliv og privatliv.

I ein arbeidsmarknad med konkurranse om den mest kompetente arbeidskrafta søker arbeidsgivarar å tilby lønn og arbeidsvilkår som gjer at dei vinn fram i konkurransen. Ein personalpolitikk som varetek menns ønske om og behov for å kombinere jobb og privatliv på ein god måte, kan vere viktig for å rekruttere ønskt arbeidskraft. Å rekruttere den beste arbeidskrafta kan auke lønnsmda. Tiltak for å tilby attraktive arbeidsvilkår er eit viktig verkemiddel for å klare dette. I tillegg kan ei arbeidsorganisering som gir god balanse mellom arbeidsliv og privatliv, gjere dei tilsette meir tilfredse i jobben. Det er viktig for at bedrifta skal kunne halde på arbeidskrafta, og tilfredse arbeidstakarar er dessutan meir produktive.

Det treng ikkje berre vere underliggjande økonomiske motiv som fremjar ei bevisst innstilling til balansen mellom arbeidsliv og privatliv. Det kan òg vere noko bedriftene ser på som ein del av samfunnsansvaret sitt. Gjennom tiltak for å betre balansen mellom arbeidsliv og privatliv tek bedrifta eit ansvar som strekkjer seg ut over dei tilmålte arbeidstimane. I dei fleste tilfella som blei undersøkte i FOCUS-prosjektet, var ikkje dei personalpolitiske tiltaka på desse felte retta spesielt mot menn, men samfunnsansvaret har òg ein kjønnsdimensjon.

4.5.3.3 Erfaringar frå ulike verksemder

Ei norsk bedrift⁶² som deltok i undersøkinga, oppfordra dei mannlege tilsette til å dele foreldrepermisjonen likt med mora. Blant grunnane til det var at bedrifta meinte at permisjonstida var så lang at kompetansen hos dei tilsette ville bli vesentleg svekt dersom ein var borte frå jobben i heile permisjonstida. Gjennom ei likare deling av permisjonsuttaket mellom menn og kvinner ville den gjennomsnittlege permisjonstida for den enkelte bli kortare, og den tilsette ville lettare kunne komme tilbake til bedrifta etter permisjonen. Det ville vere få tilfelle der begge foreldra jobba i bedrifta, og såleis ville haldninga til menns uttak av permisjonstid i denne bedrifta ha innverknad også utanfor bedrifta. Oppfordringa til dei mannlege tilsette om å ta ut ein større del av foreldrepermisjonen ville dessutan vere eit signal til dei kvinnelege tilsette om at dei burde oppmuntre mennene sine, som oftast var tilsette utanfor bedrifta, til å gjere li-

⁶⁰ Olsen 2005.

⁶¹ Rapportane frå prosjektet er tilgjengelege på heimesida <http://www.caringmasculinities.org/>.

⁶² Microsoft Norge

keins. Eit anna eksempel⁶³ er ein bedrift som betaler full lønn under permisjonen uansett om fedrane har rett til fedrekvote eller ikkje. Dei oppfordrar òg fedrar til å ta ut meir permisjon enn fedrekvoten.

4.5.3.4 Tiltak for å stimulere arbeidsgivarar til å ha ein likestillingsbevisst personalpolitikk

Auka medvit blant arbeidsgivarar om verdien av å gjere verksemdene familievennlege er avgjerande for at foreldre skal kunne gjere bruk av eksisterande rettar. Det er viktig at arbeidsgivar har ein personalpolitikk med bevisste strategiar for permisjonstakarar og arbeidstakarar med barn. Arbeidsgivarar må sjå verdien av å leggje til rette for familierelaterte tilpassingar. Mannspanelet har påpeikt at bedrifter bør ha eit arbeidsmiljø der det er akseptert og blir lagt til rette for at foreldre kan ta seg av sjuke barn. Formidling av døme og erfaringar frå verksemder som står for «best practice», kan vere nyttig i denne samanhengen. Også registrering av korleis tilsette bruker ulike typar permisjonsrettar, fleksibilitet og anna, kan skape større medvit om denne delen av personalpolitikken. Frankrike innførte i 2004 ei merking for likestillingsarbeid i verksemder. Ei slik ordning kan òg vere positiv for omdømmet til den aktuelle verksemda. Norske Kvinners Sanitetsforening har etablert ein pris; Gullriset, som kvart år blir delt ut til bedrifter med familievennleg personalpolitikk. Re-

gjeringa vil sjå nærmare på utforminga av slike tiltak i samråd med partane i arbeidslivet.

4.6 Oppsummering av tiltak

For å oppnå meir likestilling mellom mødrer og fedrar i arbeid og familieliv vil regjeringa

- gi alle fedrar med opptent rett, rett til fedrekvote
- utvide fedrekvoten til 14 veker av ein samla stønadperiode på 48/58 veker ved fødsel eller 45/55 veker ved adopsjon
- greie ut ei forenkla og likestilt foreldrepengordning
- i samarbeid med NAV styrkje informasjonen om fedrane sine foreldrepengerettar
- auke fokuset på aktivitets- og utgreiingsplikta etter likestillingslova, med vekt på mannspektivet og på verksemder der menn er i klart fleirtal
- i samarbeid med partane i arbeidslivet styrkje informasjonen om arbeidstakarane sine rettar til å tilpasse arbeid til familieliv
- greie ut korleis ordninga med den to veker lange omsorgspermisjonen ved fødsel eller omsorgsovertaking kan gjerast betre
- i samarbeid med partane i arbeidslivet utforme tiltak for å stimulere arbeidsgivarar til å ha ein personalpolitikk med bevisste strategiar for permisjonstakarar og arbeidstakarar med barn

Endringar i foreldrepengordninga vurderast i samband med dei årlege budsjettframlegga.

⁶³ Glavakonsernet. Bedrifters redegjørelse for likestilling - Undersøkelse av 50 bedrifter sin årsberetning for 2006, KUN - senter for kunnskap og likestilling, mars 2007

5 Menn i samliv og familie

Overordna mål

- *Likestilling mellom kjønna i parforhold og samliv*
- *Likestilling i omsorg og ansvar for barn i samlivet*
- *Likestilt foreldreskap etter samlivsbrot*

5.1 Innleiing

Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom er eitt av dei familiepolitiske hovudmåla til regjeringa. Regjeringa byggjer politikken sin på at foreldra er dei viktigaste omsorgspersonane barna har, og at stabile og varige samliv er til beste både for vaksne og barn.¹

Familien utgjer ei grunnleggjande sosial eining i samfunnet, den viktigaste arenaen for tilhøyr, nærleik og fellesskap og den beste oppvekstramma for barna. Slik har det vore i generasjonar, uavhengig av kultur og religion.

Familieomgrepet må knytast til meir enn kjernefamilien. Den tradisjonelle kjernefamilien har framleis ei dominerande stilling, og 75 prosent av alle barn under 18 år veks opp saman med begge dei biologiske foreldra. Men vår tids utvida familieomgrep omfattar ektepar med og utan barn, sambuarar med og utan barn, åleineforeldre som bur saman med barn, samværsforeldre, familiar med fosterbarn og einslege som bur åleine.

Etter skilsmisser og samlivsbrot oppstår nye familiekonstellasjonar med særkullsbarn og fellesbarn. Det kan vere utfordrande for ein familie å organisere eit kvardagsliv med «mine, dine og våre barn», der steforeldre er daglege omsorgspersonar, samtidig som kontakt og samvær med biologiske foreldre skal oppretthaldast og vidareutviklast. Når vi ser så mange menneske leggje ned store ressursar og mykje tid på å løyse desse utfordringane på ein god måte, illustrerer det kor mykje familien betyr for oss som enkeltmenneske.

Endringar i samlivsformene medfører at stadig fleire fedrar har dagleg samvær med stebarn og periodisk samvær med eigne barn, eller at far og mor vel samliv utan å leve saman fysisk. Nye samlivsformer krev tilpassing av både menn og mansroller.

Menn og kvinner har eit samarbeidsprosjekt knytt til familie og samliv. Ei likare fordeling av ansvar og oppgåver vil vere med og styrkje parforholdet. For par med barn vil det dessutan styrkje foreldreskapet til beste for barna på kort og lang sikt. Målet er å gjere begge kjønn til likestilte partnarar og omsorgspersonar. Ved å setje fokus på dei rollene og funksjonane menn har i parforhold og familie, er det ei målsetjing å bevisstgjere mannen i rollene som partnar og far. Eit anna mål er å gjere mannen klar over det viktige og nødvendige i at han gjer sitt for å bevare gode samlivsrelasjonar.

Vidare viser likestillingsgranskinga og anna forskning² at ein likestilt praksis i heimen og familien synest å gi meir robuste samliv og redusere risikoen for samlivsbrot. Derfor er eit likestilt foreldreskap og ei styrking av mennenes rolle og funksjon i samliv og omsorg for barn viktige element i ein heilskapleg familiepolitikk.

Dette er eit svært viktig, men samtidig vanskeleg likestillingspolitisk tema. Likestilling i familien handlar mykje om likestilling i kvardagen og vedgår svært mange. Barnekonvensjonen som er inkorporert i norsk lov slår fast at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerder som gjeld barn. Temaet er òg vanskeleg fordi det er opplagde grenser for kor langt det offentlege kan gå i å regulere interne forhold i familien så lenge det ikkje ligg føre brot på lover og reglar.

Samtidig som familie og samliv er eit prosjekt som menn og kvinner har felles, kan det synast som om menn og kvinner inngår samliv og stiftar familie med litt ulike haldningar og forventningar. Ulikskapar mellom kvinner og menn på dette området blir nærmare drøfta i del 5.2.

Eit tydeleg funn i likestillingsgranskinga er at ein meir likestilt praksis i heimen gjer samlivspar-

¹ Ein grundigare gjennomgang av dette ligg føre i Om familien – forpliktende samliv og foreldreskap. St.meld. nr. 29 (2002–2003).

² Oláh 2001; Oláh 2003.

tane meir tilfredse og medverkar til at både menn og kvinner i mindre grad vurderer å bryte ut av samlivet. Dette blir òg omtalt i del 5.2.

Å få barn er ei gjennomgripande livshending som medfører store endringar i grunnleggjande forhold som ansvar, omsorg og forplikting. Del 5.3 går nærmare inn på kva det betyr for mannen å gå over i ei farsrolle.

Likestilt foreldreskap inneber at mor og far er like viktige for at barna skal få ein trygg oppvekst. Yngre menn som er fedrar i dag, viser merkbar større interesse for farsrolla enn tidlegare generasjonar, noko som borgar for eit meir likestilt foreldreskap. Undersøkingar viser ein klar auke i motivasjonen hos menn til å ta eit sjølvstendig ansvar for å delta i eigne barns liv heilt frå fødselen av.

Forskarar finn at det som oftast er til beste for barnet å ha god kontakt med begge foreldra.³ Både i kjernefamilien og etter eit eventuelt samlivsbrot er det viktig å leggje til rette for det.

Utfordringar og faktorar som er viktige for å styrkje mennene i omsorgsrolla overfor barna, er tema i del 5.4.

Det er ei viktig familiepolitisk utfordring å leggje til rette for at fleire skal kunne bevare eit stabilt familieliv. Arbeidet for gode samlivsforhold er ei samfunnssak både fordi det vedgår oppvekstvilkåra, og fordi samlivsbrot kan ha negative konsekvensar for samfunnet i tillegg til betydelege psykiske, fysiske, økonomiske og sosiale konsekvensar for dei direkte involverte. Dei fleste par og familiar opplever frå tid til anna vanskar eller konflikthar. Familievernet er ei spesialteneste som tilbyr rådgeving og behandling i samband med samlivskonflikthar. Familievernkontora utgjær grunnstammen i hjelpetilbodet til familiar i samband med samlivsproblem og konflikthar i parforhold, og tenesta er den einaste delen av hjelpeapparatet som har familien som hovudarbeidsområde og parbehandling som spesialfelt. I arbeidet for å styrkje samliv og redusere talet på samlivsbrot kjem familievernet til å spele ei vesentleg rolle òg i framtida. Sjå nærmare omtale av dette i del 5.5.

Kvart år opplever mange barn og vaksne at familien blir splitta. For dei det gjeld, inneber brotet psykiske påkjenningar i større eller mindre grad. Eit samlivsbrot kan få konsekvensar for helse, livsførsel, økonomi, livskvalitet og anna. Statistisk får menn større auke i sjukefråvær og førekomst av personlege og sosiale problem enn kvinner ved samlivsbrot og skilsmisse. I del 5.6 ser ein på kor-

leis menn opplever og handterer samlivskonflikthar og samlivsbrot.

Parallelt med at menn viser aukande ønske om og vilje til å delta aktivt i omsorga og ansvaret for barna, har det dei seinare år blitt sett søkjelys på spørsmålet om dagleg omsorg og bustad for barn etter separasjon og samlivsbrot. Fedrar uttrykkjer i aukande grad frustrasjon over at barna i dei fleste tilfelle blir buande hos mora, og at kontakten med faren blir vesentleg svekt. Spørsmål om meir likestilt foreldreskap etter samlivsbrot blir òg drøfta i del 5.6.

Strandbakken-utvalet («Barnelovutvalet») la fram ein rapport etter ein gjennomgang av barnelova i april 2008. Utgreiinga og innspel frå høyringsrunden skal danne grunnlaget for eventuelle endringar i barnelova. Sjå nærmare omtale i avsnitt 5.6.5. og 5.7.4.

Del 5.7 oppsummerar på ein meir heilskapleg måte forslag til tiltak for auka likestilling i samliv og familie.

5.2 Likestilling mellom kjønna i parforhold

Likestilling i samlivet inneber at partane har eit felles ansvar for å utvikle parforholdet i tråd med begge partar sine ønske og behov, og for å førebyggje og løyse konflikthar slik at begge partar og eventuelle barn får sine behov varetekne på ein god måte.

5.2.1 Menn i parforhold og samliv

Kjønnsforskinga har konsentrert seg langt meir om korleis kvinner opplever parforhold og samliv, enn om korleis menn ser på det. Vi har såleis lite kunnskap om kva menn tenkjer om samliv. Det som er av kunnskap, kan likevel tyde på at kvinner og menn ikkje har dei same haldningane til samliv. Auka forskingsinnsats på dette området er ønskeleg.

Likestillingsgranskinga viser at menn (og kvinner) som oppgjev å leve i likestilte parforhold, i den forstand at dei i hovudsak deler likt på husarbeid og/eller omsorg for barn, opplever å ha høgare livskvalitet enn andre grupper i likestillingsgranskinga. For menn gjeld dette særleg med omsyn til barna. Når det gjeld kvaliteten i parforholdet, kan dei meir likestilte i tillegg gle seg over eit betre forhold, lågare konfliktnivå og meir stabilitet. Det gjeld både menn og kvinner.

Likestillingsgranskinga finn vidare at kvinner og menn oppgjev noko ulike kriterium som vikti-

³ Se blant anna Størksen m.fl. 2005.

ge for val av partnar: Fleire menn enn kvinner meiner at seksuell tiltrekking og god utsjånad er viktige kriterium for val av partnar, mens fleire kvinner enn menn meiner at partnaren bør vere uavhengig og trygg og ha godt lag med barn. Felles for begge kjønn er at det å ha ein forståingsfull partnar skårar svært høgt, mens karrieresans og god økonomi kjem langt ned på lista over viktige faktorar.

I likestillingsgranskinga oppgjev ca. 90 prosent av både menn og kvinner at dei reknar med å leve saman med partnaren sin livet ut. Isolert sett viser dette at dei aller fleste har eit langtidsperspektiv på fellesprosjektet sitt og har eit håp om eit varig samliv. Tillit til at samlivet skal vare, verkar òg sterkt inn på den opplevde livskvaliteten. Desse funna støttar opp om den politiske målsetjinga om å tilby gode førebyggjande tiltak for å styrkje parforhold og redusere samlivskonfliktar og samlivsbrot.

Likevel seier 35 prosent av kvinnene og 27 prosent av mennene at dei seriøst har vurdert å bryte ut av samlivet. Samanlikna med tilsvarande tal frå 1988⁴ (11 prosent) har prosentdelen menn som har vurdert å bryte ut, auka vesentleg på desse tjue åra. Blant dei som tek kontakt med familievernkontora er det òg langt fleire menn i dag (i underkant av 30 prosent for 15–20 år sidan, i underkant av 40 prosent dei seinare åra). Vidare går det fram at meir likestilt praksis i heimen fører til at færre vurderer brot, både blant menn og kvinner. Av dei som seier at likestillinga heime er dårleg eller ganske dårleg (begge kjønn), er det 61 prosent som har vurdert å bryte. Blant dei som seier at likestillinga er ganske god, har 27 prosent vurdert brot, blant dei som seier svært god, berre 16 prosent. Dette er ein svært klar og sterk samanheng, og det er interessant at mønsteret er det same blant menn som blant kvinner. Funnet kan tolkast som eit teikn på at folk opplever ein samanheng mellom likestilling om dei praktiske oppgåvene i heimen, og eit godt samliv for paret.

Kriteria for partnarval og haldningane til ekteskap og samliv har endra seg vesentleg på få tiår. Så seint som for eit par generasjonar sidan blei mange ekteskap inngått av økonomiske, sosiale og praktiske grunnar. I dag blir parforhold i langt større grad etablerte (og brotne) på grunnlag av utsiktene for å realisere seg sjølv og egne livsmål.⁵ Når tradisjonar, forplikting og fellesskap ikkje lenger betyr så mykje som rettesnor for fa-

milielivet, står kjærleiken att som det grunnleggjande kriteriet for partnarval og val om vidare samliv. Både kvinner og menn ønskjer seg ein relasjon prega av tillit, likeverd og likestilling. Dei vil bli sett, respekterte og utfordra, og dei forventar at ekteskap og familie skal vere eit «fellesprosjekt».

Kravet om likestilling og likeverd i parforholdet blir ikkje alltid innfridd, særleg ikkje når det gjeld husarbeid. Sjølv om ein del kvinner er skuffa over at likestillinga i heimen fungerer dårlegare enn dei hadde venta, vel dei å bli verande i forholdet. Som nemnd i kapittel 4 er ikkje alltid likedeling av arbeid ein føresetnad for eit likestilt foreldreskap. Mangel på likestilling blir tolerert så lenge kvinna opplever at ho og partnaren trass alt «dreg i same retning» og parforholdet og familien er eit «felles prosjekt». Viktigast her er kanskje at mennene engasjerer seg i barna, ifølgje Hassel⁶. Som nemnt i kapittel 4 synest fellesskap og samarbeid, og ikkje likedeling av oppgåver, å vere den mest grunnleggjande føresetnaden for opplevd likestilling.

Mannen opplever i mange tilfelle at det er kvinna som har definisjonsmakta i forholdet.⁷ Det er hevda at idealbiletet av eit parforhold i stor grad er prega av tradisjonelt kvinnelege verdier knytte til intimitet og kommunikasjon gjennom «den gode samtalen».⁸ Dette speglar seg mellom anna i sjølvhjelps litteraturen, som framhevar korleis vi kan lære å kommunisere med kvarandre for å ta vare på kjærleiken. Men det kan synast som om det er kjønnsespesifikke forskjellar i måten menn og kvinner uttrykkjer kjærleik på.⁹ Skal ein nå målet om likestilte parforhold, er det viktig å verdsetje også andre måtar å vareta og gi uttrykk for kjærleik på enn gjennom samtalar. For menn synest nærleik og fellesskap gjennom samhandling tradisjonelt å ha vore enklare enn dei djupe samtalan. Skal kjærleiken utvikle seg og vare, må begge partar ha respekt og forståing for at kjærleik og omsorg kan uttrykkjast på fleire måtar.

Funnet i likestillingsgranskinga støttar det synet at kvinner gjennomgåande er mindre tilfredse med parforholdet enn menn. Anna forskning på området finn ikkje tilsvarande grunnleggjande forskjellar mellom menn og kvinner når det gjeld kor tilfredse eller utilfredse dei er med parforholdet.¹⁰

⁶ sst.


⁷ Holter og Aarseth 1993; Kjær 2003.

⁸ Thagaard 2005.

⁹ Chapman 2001; Kjær 2003; Godt samliv 2005.

⁴ Undersøkelse om menns holdninger og livssituasjon. MMI 1988.

⁵ Hassel 2007b.



Figur 5.1 Prosentdel kvinner og menn som søker hjelp for samlivsproblem

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Om det er slik at menn generelt opplever samlivet som betre enn kvinnene gjer, kan det vere ein av grunnane til at dei i mindre grad enn kvinner oppsøker hjelp for å førebyggje større konflikter og eventuelt samlivsbrot. Statistikk viser at menn i mindre grad (ca. $\frac{1}{3}$) enn kvinner (ca. $\frac{2}{3}$) er den parten som tek kontakt med familievernkontor for å få hjelp med samlivsproblem, sjå figur 5.1.¹¹

Det å innrømme problem i eit parforhold kan sitje langt inne hos mange menn, og dei kan oppleve det som flautt å be om hjelp med slike problem.¹² Menn har dessutan lite kunnskap om familievernnet og andre tilbod om hjelp ved samlivsvanskar.¹³ Ei anna årsak til at menn i mindre grad enn kvinner søker hjelp ved eit familievernkontor, kan vere at det nettopp er gjennom samtalen at problema kjem på bordet og blir forsøkt løyste. Sjå nærmare om dette i avsnittet nedanfor om korleis menn handterer samlivsproblem. Undersøkingar¹⁴ viser likevel ikkje nemneverdige forskjellar på kor nøgde menn og kvinner er med den hjelpa dei har fått i familievernnet.

Kvinner uttrykkjer òg større interesse for samlivskurs enn menn. I ei norsk undersøking¹⁵ oppgjev $\frac{1}{3}$ av kvinnene å ha behov for samlivskurs, mens $\frac{1}{6}$ av mennene svarer det same.

5.2.2 Likestilling og valfridom i parforhold

Det praktiske ansvaret for heim og familie er jamnare fordelt mellom kjønna i dag enn for ein generasjon sidan, jamfør del 4. Det kjem dels av at kvinner bruker mindre tid på hushaldsarbeid som følgje av at dei deltek meir i arbeidslivet, men òg at menn tek ein større del av ansvaret. Det er særleg når det gjeld aktiv omsorg for barna, at menn tek større ansvar i dag. Jamnare fordeling inneber likevel ikkje likedeling. Framleis ber kvinner hovudansvaret for hushaldsarbeidet, og dei bestemmer meir på dei områda som dei tradisjonelt har vore ansvarlege for. Sjå nærmare omtale under punkt 5.4.1.

Likestillingsgranskinga viser eit betydeleg sprik mellom kva menn meiner om likestilling generelt, og kva dei meiner i meir konkrete likestillingsspørsmål. Ein god del av dei som meiner at likestillinga har komme langt nok, er samtidig likestillingsorienterte i meir konkrete spørsmål. Spesifikke tema som at arbeidet i heimen bør delast likt mellom kjønna, at begge partar har like mykje ansvar for å forsørge familien, og at fødselspermisjonen for fedrar bør utvidast, har ei oppslutning på mellom 60 prosent og 90 prosent i denne gruppa. Dette er eit viktig funn både for forståinga av likestilling og med tanke på likestillingspolitikk i praksis.

Vidare viser likestillingsgranskinga at eit stort fleirtal blant begge kjønn (91 prosent av mennene og 83 prosent av kvinnene) meiner at likeverd er viktigare enn likestilling. Her er det ingen klare aldersforskjellar hos kvinner og menn. Klasseforskjellar gir likevel utslag blant kvinnene; heile 89 prosent av kvinnene med lågare sosioøkonomisk situasjon meiner dette, mens klasseforskjellar ikkje resulterer i signifikante forskjellar hos mennene.

Likestilling i familien er eit komplisert politisk tema fordi det er klare grenser for i kor stor grad det offentlege kan regulere interne forhold i familien. Ei viktig utfordring ligg i å finne skjeringspunktet mellom målet om full likestilling mellom kjønna og den valfridommen som gjer at dei ordningane ein familie føretrekkjer, kan realiserast. Likestillingsarbeidet bør derfor ikkje bli for normativt med omsyn til dei løysingane ein familie meiner er dei rette.

«Spørsmålet er ikke om kvinner og menn er like eller forskjellige, men om hva hver enkelt kvinne og mann vil være – og hvordan de skal kunne bli det.»¹⁶

¹⁰ Mortensen og Thuen 2005.

¹¹ Moxnes og Haugen 1998; SSB 2005; Holter 2006; Oftung 2007.

¹² Kjær 2003.

¹³ Berntsen 2006.

¹⁴ Schau 1993.

¹⁵ Mortensen og Thuen 2005.

¹⁶ Nielsen 2006.

5.2.2.1 Mangfald i familiar i det multietniske Noreg

I ei tid då Noreg er blitt eit fleirkulturelt samfunn, må det i aukande grad takast omsyn til at befolkninga har ulike familie- og samlivstradisjonar. Ulike grupper med etnisk minoritetsbakgrunn ber med seg ulike familietradisjonar og kulturelle rammer for forholdet mellom kjønna. Mange familiar med innvandrarbakgrunn har ein familietradisjon som mellom anna inneber at barneoppsetting eller handtering av samlivskonfliktar ikkje berre vedgår foreldra, men storfamilien, naboar og venner. Det kan derfor verke framandt og unaturleg å oppsøkje eit offentleg kontor for å få hjelp med problem i parforhold og familie. Ei stor utfordring som mange innvandrarak møter i eksil eller i vestlege land, er tap av sosialt nettverk som følgje av migrasjon eller flukt.

Det finst lite systematisert kunnskap om mansroller og likestillingspraksis i dei ulike etniske gruppene, og det er behov for meir forskning på området.

På oppdrag frå Barne- og likestillingsdepartementet har FAFO Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning sett i gang eit forskingsprosjekt om familieforhold og likestilling blant innvandrarak. Formålet med undersøkinga er å få auka kunnskap om familieåtferd og likestilling, mellom anna for å kunne utforme offentlege tilbod til å møte behov hos innvandrarfamiliane og få kunnskap om korleis innvandrarmenn ser på maskulinitet og kjønnsroller, for å målrette likestillingspolitikken. Prosjektet skal avsluttast våren 2009.

Departementet finansierer òg eit prosjekt i regi av REFORM – ressurscenter for menn om tilbodet ved helsestasjonane til fedrar med etnisk minoritetsbakgrunn. Eit forprosjekt er sett i gang med sikte på ei førebels kartlegging av korleis helsestasjonane handterer minoritetsfedrar, og korleis begge partar opplever møta. Det skal mellom anna samlast informasjon om kva som har vore prøvd for å integrere fedrar med etnisk minoritetsbakgrunn på helsestasjonen, og kva tiltak som har vore sette i verk for å vareta tilbodet ved helsestasjonane med tanke på minoritetsforeldre, og fedrar spesielt. For fedrane sin del skal det mellom anna fokuserast på kva erfaringar fedrar med minoritetsbakgrunn har gjort seg i kontakten med helsestasjonen, og korleis dei ser på si eiga rolle som fedrar. Forprosjektet skal danne grunnlaget for utforminga av eit hovudprosjekt seinare.

5.2.2.2 Menn som fedrar i homofile forhold

Parallelt med auka politisk fokus på rettane og moglegheitene til homofile og lesbiske aukar det offentlege engasjementet hos desse gruppene i spørsmålet om retten til å få barn. I debatten om moderne foreldreskap viser forskinga til at homofile fedrar ofte er dei som bidreg mest til nyskaping i farsrolla.¹⁷ Hos homofile menn er motivasjonen for å få barn bygd på at barn representerer ein sjølvstendig verdi. Ein mann blir ikkje far primært eller berre fordi kona blir mor, men meir på grunn av eit individuelt ønske om å bli far.¹⁸ Ein sentral premiss for foreldreskapet deira er ifølgje Andersen å skape ei ramme rundt oppveksten som er mest mogleg lik anten barna er hos mor eller far. Dette blir sikra ved at normer og reglar for oppsetting, matstell, leggjetider og liknande er mest mogleg like i dei to heimane barna har. Ofte flytter fedrane dit mødrene og barna er dersom dei ikkje bur i nærleiken frå før. Og sjølv om far og mor tilhøyrer kvar sitt hushald, legg dei vekt på at barnet skal oppleve dei som éin heim.

Forskning¹⁹ synest å vise at sosialt klassetilhøyr er utslagsgivande for kor vidt homofile kan bli fedrar. Andersen finn at homofile fedrar er ressurssterke. «De er trygge i seg selv og sin legning. De har gode jobber, høye inntekter og har en trygg bosituasjon.

5.2.3 Korleis menn handterer samlivskonfliktar

I dei aller fleste par og familiar oppstår det konfliktar og problem frå tid til anna. Eit gjennomgåande trekk er at menn ikkje oppfattar samlivsvanskar like tidleg og i same omfang som kvinner. Forventningane til samliv og parforhold er ulike, og det er reist spørsmål ved om måten menn opplever samlivsvanskar på har kjønnsespesifikke årsaker.²⁰ I all hovudsak er det kvinner som tek initiativet og set ord på konfliktane i eit parforhold. Ikkje alle menn set alltid like stor pris på dette initiativet.²¹ Eit vanleg synspunkt blant kvinner er at menn kvir seg for å snakke om kjensler og samliv. Det er kvinna som har hatt ansvaret for å arbeide med samlivsspørsmål.

Den gjengse måten å løyse samlivskonfliktar på har vore gjennom samtale, anten partane imel-

¹⁷ Reform – Ressurscenter for menn 2008.

¹⁸ Andersen 2007b.

¹⁹ Andersen 2007a.

²⁰ Moxnes 1985; Kjær 2003.

²¹ Hassel 2007a.

lom eller i samtalerapi. Som nemnt er kommunikasjon gjennom «den gode samtalen» noko som tradisjonelt synest å ha falle lettare for kvinner enn menn. Det kan vere ein del av forklaringa på at menn i mindre grad enn kvinner oppsøker hjelpeapparatet med slike problem.

Ulike måtar å handtere samlivskonfliktar på er òg skildra av Lilleaas:²²

«Når samtalen låser seg og paret ikke klarer å snakke sammen, tar mange av fedrene på seg joggedressen og løper en tur. Trening og jogging er den beste måten å løse problemer på, sier flere av mennene. På den måten får de utløp for de kroppslige spenningene og mer energi. Kvinnene er lite begeistret for denne måten å løse konflikter på, «det skjer jo ingenting med forholdet,» sier de.»

Funn i likestillingsgranskinga samsvarer godt med allmenne oppfatningar om at kvinner oftare enn menn tyr til kjefting og skuldingar som «våpen» i parkonfliktar, mens menn oftare teier, trekkjer seg tilbake og held avstand. Desse reaksjonsmønsterane kan vere med og forsterke konfliktane ved at mannen opplever det stadige klanderet frå kvinna som truande. Som forsvar reagerer han ofte med å trekkje seg tilbake og halde munn, noko ho i sin tur opplever som avvising. Slik kan tradisjonelle reaksjonsmønster i samlivskonfliktar gjere partane meir utrygge og forsterke konflikten ytterlegare.

5.3 Menn, parforhold og overgang til foreldreskap

Dei seinare åra har vi fått auka kunnskap om kva det betyr for menn når partnaren blir gravid. Det kjem av at menn i dag ønskjer seg ei klart meir aktiv rolle som far, men òg av at forskarane i aukande grad har fatta interesse for fedrar og deira situasjon. Dei fleste menn føler seg både stolte og maskuline når dei blir fedrar. Farskapet gir rom for vekst og modning som mann, ikkje berre som far. Mens kvinna gjennom svangerskap og fødsel får eit «forsprang» i si rolleutviding, må far få tid til å etablere sitt eige, sjølvstendige forhold til barnet. Dess før han kjem på bana, dess tidlegare kan far få eit nært forhold til barnet. Det kan òg leggje

grunnlaget for eit likestilt foreldreskap frå starten av.

Fedrar blir i for liten grad involverte i fødselsførebuingar og barseltid. Helsestasjonane har ikkje nådd ut med tilbod som dekkjer menns behov når det gjeld førebuingar og utvikling av foreldreroller.²³ Undersøkingar viser at mens ni av ti kvinner er nøgde med måten svangerskapskontrollane er lagde opp på, er det berre halvparten av dei kommande fedrane som seier seg nøgde.²⁴

Å bli far kan opplevast som ei av dei mest gjennomgripande forandringane i livet, om enn på ein annan måte enn for kvinna.²⁵ For dei fleste er dei gledelege og positive sidene ved å få barn dei viktigaste opplevingane i denne overgangstida. Det er likevel ganske vanleg at ei så sentral livshending som det å få barn utløyser vanskelege kjensler i ein kortare eller lengre periode. Nyare forskning viser at menn har eigne former for reaksjonar på svangerskap og fødsel. Omgrepet «paternity blues» er brukt for å beskrive desse.²⁶ Uro, forstyrre søvn, auka tilknytingsbehov, ei kjensle av noko uverkeleg, sjalusi overfor barnet og ulike kroppslige reaksjonar er rapporterte.

Menn kan òg utvikle fødselsdepresjon. Ei undersøking²⁷ viser at 7 prosent av fedrane hadde symptom på fødselsdepresjon. Til samanlikning utviklar 10–14 prosent av alle nybakte mødrer slike depresjonar etter fødselen. Det kan vere forskjell på dei symptoma menn og kvinner utviklar. Hos menn handlar fødselsdepresjon oftast om lågare stressterskel, aggressivitet og nedsett sjølvkontroll; ein kjenner seg irritabel, rastlaus, tom og utbrend.

Mange par opplever auka konfliktnivå og blir mindre tilfredse med parforholdet når dei blir foreldre.²⁸ Det kan mellom anna oppstå konfliktar rundt arbeidsdeling, ansvar, seksualitet og haldningar til framtida. I tida etter fødselen bruker foreldra nødvendigvis det meste av tida og overskotet sitt på omsorg for barnet, og overskotet til å handtere konfliktar i parforholdet kan mangle. Det kan vere mykje å vinne på å tilby rask og lett tilgjengeleg hjelp dersom det oppstår problem i denne sårbare tida. Den statlege satsinga «Godt samliv – gratis parkurs for førstegongsforeldre» kan vere med på å gjere vegen lettare.

²³ Aftenposten 15. april 2008.

²⁴ TNS Gallup 2003.


²⁵ Knatten 1982; Godt Samliv 2005.

²⁶ Brudal 1984.

²⁷ Juhl mfl. 2006.

²⁸ Belsky og Kelly 1994; Brudal 1996; Brudal 2000.

²² Lilleaas 2006a.



Figur 5.2 Kven bruker mest tid på å organisere hushaldsoppgåver?

Kjelde: Likestillingsgranskinga

5.4 Menn og omsorg for barn i samliv

Likestilt omsorg for barn i samlivet inneber at begge foreldra skal stå likt når det gjeld plikt og høve til å vareta dei daglege, grunnleggjande behova til barna.

5.4.1 Omsorg og ansvar som kjønna fenomen

Ein konsekvens av den utvida mansrolla er at innhaldet i omsorgsoppgrepet må diskuteras.²⁹ Det har vore vanleg å definere menns omsorgsansvar for barn som eit ansvar for å sikre trygge økonomiske rammer for familien, mens kvinner forvalta omsorg i form av nærleik, støtte og tryggleik. Farsrolla er no i endring, og dei fleste småbarnsfedrar er i dag meir opptekne av å delta i omsorga for barna i vid forstand enn før. Vi ser ei utvikling bort frå ei farsrolle med hovudvekt på å vere økonomisk forsørgjar til ei rolle der far kjenner meir ansvar for dei emosjonelle delane av omsorgsrolla.

På same måten – og i endå sterkare grad – ser det ut til at kvinnene framleis opplever at dei har ansvaret for familieorganiseringa og for standarden på hushaldsarbeidet. I likestillingsgranskinga hevdar 84 prosent av kvinnene at dei bruker meir tid enn partnaren på å organisere dei praktiske oppgåvene i familien og hushaldet, mot 14 prosent av mennene.

Dette er eitt av dei spørsmåla i likestillingsgranskinga der det er størst forskjell på svara frå kvinner og menn. Mens omsorg for barn er blitt

meir kjønnsbalansert, ser familieorganiseringa ut til å følgje eit meir tradisjonelt mønster. Her er det ikkje spørsmål om kor mykje tid ein faktisk bruker på desse aktivitetane, men kor mykje tid (og krefter) ein bruker på å organisere dei. Svara tyder på at sjølv om menn deltek meir i hushaldet enn før, har kvinnene framleis større innverknad ved at dei fastset standardane som skal gjelde for orden og system i heimen og for kosthaldet. Likestillingsgranskinga gir visse haldepunkt for at det òg har vore ei utvikling mot større likedeling av husarbeidsoppgåvene dei siste tjue åra, men då hovudsakleg på enkeltområde som innkjøp av daglegvarer, matlaging og husreingjering. Omfordeling av ansvar og innverknad synest å vere ein tregare prosess enn omfordeling av arbeid.

Døving³⁰ påpeiker at det går føre seg ein økonomisk diskusjon som dominerer verdiforståinga vår, og at denne hindrar oss i å sjå makttilhøva i heimen. «Når kvinnekamp og forskere har hevdet at kvinnen er underlegen mannen, har de glemte kvinners posisjon som koner og mødre,» skriv han. Døving tek for seg dei vanlegaste kvinnelege rollene og statusane, «mor» og «kone», og viser korleis kvinner gjennom desse har kontroll over forskjellige uformelle sfærar i og rundt hushaldet. Denne makta har tradisjonelt vore knytt til kvinneleg identitet og sjølvkjensle og blir forstått som ein stor fordel når det kjem til samlivsbrot og diskusjon om barnefordeling og kven som er best eigna som omsorgsperson.

Funn i likestillingsgranskinga stadfester at det framleis er nødvendig å arbeide målretta og med ulike verkemiddel for å nå fram til eit likestilt foreldreskap. Det går fram at færre menn (47 prosent) enn kvinner (63 prosent) opplever at mødrer og fedrar blir rekna som likeverdige foreldre, sjå fig. 5.3.


5.4.2 Frå fråverande til nærverande fedrar

Yngre menn og fedrar viser merkbart større interesse for farsrolla i dag enn tidlegare. Det heng saman med ei allmenn bevisstgjerjing om og ei gradvis endring i haldningane menn har til barn og familieliv. Dei fleste menn i dag ønskjer betre balanse mellom heim og jobb, tid til omsorg, livskvalitet og eit likestilt forhold til kvinner. At fedrar tek meir hand om spedbarna og småbarna sine og er meir kjenslemessig engasjerte i dei, inneber ei utviding av maskuliniteten³¹ og er eit godt ut-

²⁹ Lorentzen 2007.

³⁰ Døving 2001.

³¹ Haavind 2006a; Brandth og Kvande 2003a.



Figur 5.3 Er mødrer og fedrar likeverdige foreldrar i Noreg i dag?

Kjelde: Likestillingsgranskinga

gangspunkt for ei større endring i maskulinitetsoppfatninga hos menn. Innføringa av fedrekvoten i 1993 har vært eit viktig bidrag til dette.

Fedrar er ein viktig ressurs som omsorgspersonar. At menn tek meir aktivt del i omsorga for egne barn, gir fordelar for både menn og kvinner, for parforholdet og for barna. For menn gir det høve til eit utvida maskulint handlingsrom, som òg gir rom for å vere gode og omsorgsfulle fedrar.³² Fordelane for kvinner blir mellom anna betre høve til å delta i arbeidslivet og ei sterkare oppleving av fellesskap i foreldrerolla. Dette kan igjen styrkje samholdet og kvaliteten i parforholdet. For barna betyr det betre tilgang til og kontakt med begge foreldra. Meir jambyrdige omsorgsroller vil òg betre grunnlaget for likestilt foreldreskap etter eit eventuelt brot.

Omsorgsdeling i samlivet ser ut til å ha stor innverknad på om foreldra har eit godt samarbeid og god kontakt med barna etter samlivsbrot. I tilfelle der foreldra vel delt bustad for barna, blir overgangen lettare for barna dersom begge foreldra har vore aktive i barneomsorga frå barna var små.

Omsorg har tradisjonelt vore eit resultat av kulturell overføring frå mor til dotter. Med auka farsdeltaking er det blitt tydelegare at omsorg er ein kompetanse som òg gutar og menn kan og må tileigne seg. I staden for å sjå på omsorg som noko diffust kvinneleg-naturleg er det viktig å sjå på omsorg som praksis.³³ Nye standardar for for-

eldrerollene utviklar seg som følgje av at både kvinneleg og mannleg foreldreskap er i endring. Det synest å ha blitt ein del av morskompetansen å verdsetje at far har rett til omsorg for egne barn.³⁴ Og sterkare deltaking i omsorga for egne barn inngår som ein komponent i den moderne maskuliniteten.

Samtidig vil omsorgsevne som eigenskap variere med mellom anna personlegdomstrekk og individuelle føresetnader.

Studiar av fedrar viser at måten far er heime på, har mykje å seie for kva han lærer, og i kva grad han utviklar omsorgskompetansen sin. Brandth og Kvande viser at det er ved å vere heime åleine i ein lengre samanhengande periode, mens mor går på jobb, at far får høve til å utvikle eit eige omsorgsrepertoar. Det å få barn og vere heime med barnet i permisjonstida gir mennene erfaringar som dei seier «utvidar kjensleregistret». Gjennom nærleik til barnet utviklar fedrane innlevingssevna si.

Mannspanelet foreslår i sitt konklusjonsnotat at helsestasjonane må yte eit betre tilbod til menn som nybakte foreldre, og at fedrar må inkluderast i svangerskaps- og barselomsorga. Dette blir nærare omtalt i punkt 5.7.2.

Ved å ha hovudansvaret og bruke mykje tid saman med barnet blir menn betre i stand til å forstå kva barnet treng, og korleis behova kan tilfredsstillast. «Langsam tid», som ikkje skal brukast til å springe frå det eine til det andre, men der barnet får stå i fokus med sine behov, blir av fedrane vektlagt som vesentleg for å lære å forstå kva barnet treng.

Likestillingsgranskinga støttar tidlegare undersøkingar³⁵ som viser at menn som har vore åleine heime med barn under fødselspermisjonen, følgjer dei betre opp seinare enn dei som ikkje har hatt eineansvar for barnet i denne perioden. Blant mennene som var mest åleine heime med barnet i permisjonstida, var det fleire som sa at det førte til betre kontakt med barnet seinare, enn det var blant dei som var heime samtidig med partnaren (talet stig frå 80 prosent til 93 prosent). Det er ingen forskjell blant kvinnene i dei to gruppene. Når mor framleis er heime i farspermisjonstida, deltek fedrane litt meir i dei daglege rutinane enn då dei var i arbeid. Men dei får ikkje hovudansvaret og får ikkje «prøvd seg» åleine med barnet, og dei utviklar heller ikkje den same relasjonen til barnet som fedrane som var heime åleine. Dei fe-

³² Holter 2006.

³³ Brandth og Kvande 2003a.

³⁴ Haavind 2006a.

³⁵ Brandth og Kvande 2003a.

drane som utvikla omsorgsrolla si best, var dei som tok lengre permisjon enn dei fire vekene som var fedrekvoten då dataa blei samla inn.

Den intimiteten til barnet som blir skapt i permisjonstida, gir grunnlag for ei vedvarande nær tilknytning til barnet.³⁶ Fedrar som har vore heime over lengre tid med barnet sitt, blir opptekne av å bevare den nære relasjonen til barnet, og dei ønskjer å gjenta ein lengre permisjon dersom dei får fleire barn, slik at dei kan etablere den same intimiteten til nye barn. Også etter permisjonstida vil desse fedrane sørgje for å oppretthalde ein aktiv omsorgsposisjon overfor barna sine. Den nærverande faren er blitt eit ideal.

Det kan òg påvisast andre interessante ringverknader av at fedrar tek sin del av foreldrepermisjonen. Foreldre som deler permisjonstida, får fleire barn og har lågare skilsmisserate enn andre familiar:

«Ett økat uttag av pappaledighet skulle kunna ge minskad ohälsa, stabilare familjer och flera nyfödda barn vilket sammantaget skulle ha en positiv inverkan på svensk tillväxt.»³⁷

Ei undersøking viser 30 prosent lågare risiko for samlivsbrot i familiar der foreldra deler permisjonen.³⁸ Ei nærliggjande forklaring kan vere at eit sterkare fellesskap om barnet og foreldrerolla òg verkar styrkjande på parforholdet i ein periode med store forandringar i familien, jamfør punkt 5.3.

Målestokken for fedrar er ikkje å bli som mødrene, men å bli annleis og meir psykologisk til stades enn tidlegare generasjonars fedrar. Den «nye faren» var først eit middelklassefenomen. I dag ser vi ingen tydelege teikn på at arbeidarklassemenn er mindre involverte i praktiske gjeremål i dagleglivet med barna.³⁹ Det indikerer at dei tendensane vi ser til ein meir aktiv og deltakande far, er uttrykk for ein generell utviklingstrend. Vi har likevel avgrensa systematisk kunnskap om eventuelle klasseforskjellar på dette området, og det er behov for meir forskning.

Dei seinare åra er det blitt etablert møteplassar for fedrar. Mange helsestasjonar, familiesenter og frivillige organisasjonar har tilbod om pappagrupper. I pappagrupperne kan fedrar samlast og utveksle erfaringar om omsorg for spedbarn og småbarn. Deltaking i pappagrupper kan opne opp for at menn sjølve kan definere sine roller i omsor-

ga. Fedrar med lang erfaring kan her gi råd og tips til nybakte fedrar for å styrkje dei i farsrolla.

5.4.3 Barrierar

Trass i at yngre fedrar engasjerer seg merkbart meir i omsorga for eigne barn, står mykje att før foreldreskapet i praksis er likestilt i Noreg. Framleis tek kvinner hovudansvar for barna og hushaldet, og småbarnsfedrar er òg den gruppa som arbeider mest, jamfør kapittel 4.

Det er ei rekkje årsaker til at menn ikkje er meir saman med eigne barn enn dei er. Av moglege årsaker kan nemnast:

Arbeidslivet (arbeidsgivaren) legg ikkje tilstrekkeleg til rette for at menn kan vareta omsorgsoppgåver, men forventar bruk av overtid og liknande.

Menn sjølve tek ikkje tilstrekkeleg ansvar for å vareta omsorgsoppgåver overfor eigne barn, men overlèt bevisst eller ubevisst omsorgsansvaret til kvinner.

Dei kommunale velferdstenestene manglar eit kjønnsperspektiv på kontakten med foreldre og forsømmer å trekkje begge foreldra med i samarbeid mellom foreldre og helsestasjon, barnehage og skule.

I ei nordisk undersøking om menn og likestilling er berre 13 prosent av kvinnene interesserte i å overlate meir av ansvaret for «AS Familien» til mannen. Det kan tyde på at mange kvinner på den eine sida ønskjer likestilling og balanse i arbeidslivet, men samtidig held fast ved eit tradisjonelt kjønnsrollemønster heime.⁴⁰

5.4.4 Menn og omsorg i ulike livsfasar

Ovanfor er det fokusert mest på menns omsorgsrolle overfor dei minste barna. Men utvidinga av mansrollene har medverka til å styrkje omsorgsrolla deira generelt, ikkje berre i spedbarns- og småbarnsfasen. Her går vi kort inn på omsorg i ulike livsfasar.

5.4.4.1 Omsorg for større barn

Tradisjonelt synest fedrar å ha teke ein større del av omsorgsansvaret etter kvart som barna har blitt eldre. Dei fleste fedrar har vore aktive i oppfølginga av fritidsaktivitetane til barna og teke på seg frivillige verv og oppgåver i den organiserte fritida.

³⁶ Olsen 2007.

³⁷ Aftonbladet 26.6.2002; Oláh 2003.

³⁸ Oláh 2001.

³⁹ Haavind 2006a.

⁴⁰ Kan menn? Menn og likestilling i arbeidslivet – et idédokument 2000.

5.4.4.2 Omsorg for kronisk sjuke barn

Fedrar med kronisk sjuke barn går aktivt inn i omsorg og ansvar for å følgje opp barnet. Fedrar har lenge vore forsømde i studiar av familiar med kronisk sjuke barn. Nyare norsk og internasjonal forskning viser at éin av fire fedrar slit med post-traumatiske stressplager etter at barnet har fått diagnostisert ein alvorleg kronisk sjukdom.⁴¹

5.4.4.3 Menns eigenomsorg

Det er eit generelt inntrykk at menn ikkje er tilstrekkeleg opptekne av eigenomsorg. Det kan dels ha samanheng med tradisjonelle stereotypiar om maskulinitet som omtalt i del 9. I idealbiletet av den tøffe, uthaldande og sterke mannen synest det å vere lite rom for fokus på eigne omsorgsbehov. Utslag av dette er mellom anna dårleg oppfølging av eiga helse, jamfør del 6. Som Mannspanelet påpeiker i konklusjonsnotatet, er det behov for konkrete tiltak retta mot livskvalitet, helse og sjukdom hos menn.

5.4.4.4 Omsorg etter samlivsbrot

Som følgje av at fedrar i dag har ei meir aktiv omsorgsrolle enn før, ser vi ein klar tendens til at dei ønskjer å oppretthalde nær kontakt med barna etter eit eventuelt samlivsbrot. Sjå nærmare omtale i del 5.6.

5.4.4.5 Omsorg for eigne foreldre

Sju av ti menn og kvinner i alderen 45 til 65 år med foreldre i live yter praktisk hjelp og/eller pleie til foreldra samtidig som dei er yrkesaktive.⁴² Levekårsundersøkinga viste i ei tverrsnittsundersøking i 2000 (SSB)⁴³ at om lag $\frac{1}{3}$ av befolkninga over 16 år gav regelmessig ulønna hjelp til foreldre eller andre. Mest hjelp (fem timar i veka) gav menn over 67 år og kvinner i aldersgruppa 45–66 år. Det er verdt å merkje seg at det i dei eldste aldersgruppene er fleire menn enn kvinner som gir slik ulønna hjelp, og at menn i dei ulike aldersgruppene gir minst like mykje hjelp som kvinner. Det synest som om kvinner i større grad tek hand om omsorga for eigne barn, mens menn i større grad tek seg av foreldra.⁴⁴

5.4.4.6 Menns behov for omsorg som eldre

Ei undersøking viser at barn i meir enn halvparten av tilfella er nærmaste omsorgsperson for eldre.⁴⁵ Meir enn 80 prosent tilhøyrrer den nærmaste familien og er anten ektefelle, barn, svigerbarn, barnebarn eller søsken. Einslege, eldre menn utan nære familierelasjonar har ein tendens til å isolere seg og får i mindre grad enn eldre kvinner tilsyn og omsorg av eigne barn. Ein analyse av skilde menn og kvinner utført av NOVA⁴⁶ viser at skilde menn får mindre hjelp frå eigne barn enn gifte menn, mens det ikkje var nokon forskjell mellom skilde og gifte kvinner. Sjå òg omtale i punkt 5.6.4.

5.5 Førebygging av samlivskonfliktar og samlivsbrot

Det er eit overordna familiepolitisk mål å bevare stabile og varige samliv til beste for både vaksne og barn. I ei tid med mange separasjonar og samlivsbrot⁴⁷ er det ei stor utfordring å leggje til rette for at fleire skal kunne bevare eit stabilt familieliv.

I arbeidet for gode og robuste samliv er førebyggjande tiltak av vesentleg verdi. Satsinga på familierådgiving og førebyggjande samlivsarbeid byggjer på ein ideologi som seier at stabilitet og kvalitet i par- og familieforhold er til gagn for heile samfunnet. Arbeidet for gode samlivsforhold er eit samfunnsspørsmål av fleire grunnar. Det er mindre sjukefråvær blant menneske som har eit godt parforhold, noko som betyr mykje for folkehelsa. Gode og stabile parforhold synest dessutan å vere det beste for både vaksne og barn. Derfor er det viktig at vi har eit godt utvikla og lett tilgjengeleg apparat til å styrkje samlivskvaliteten og førebyggje samlivskonfliktar og samlivsbrot. Familierådgiving og andre samlivsstyrkjande tiltak er viktige verkemiddel for å redusere samlivsvanskar og førebyggje samlivsbrot. Med tanke på dei til dels store og langvarige belastningane samlivskonfliktar og samlivsbrot medfører både for vaksne og barn, kan det i eit samfunnsøkonomisk perspektiv lønne seg å styrkje dei førebyggjande tiltaka.

Familievernet er eit gratis lågterskeltilbod på førstelinjenivå, samtidig som kontora er tverrfagleg bemanna på spesialistnivå. Det gjer tenesta unik når det gjeld å gi rask, lett tilgjengeleg og

⁴¹ Ribi m.fl. 2007.

⁴² Senter for seniorpolitikk 2007.

⁴³ SSB 2002b.

⁴⁴ Reform Ressurssenter for menn 2008.

⁴⁵ Romøren 2001.

⁴⁶ Daatland og Herlofson 2005.

⁴⁷ I 2006 var det i Noreg 12 100 separasjonar og 10 600 skilsmisser. SSB.

god fagleg hjelp til vanlege menneske med vanlege problem i samliv og familie. Å få hjelp med samlivsproblem skal heller ikkje vere eit spørsmål om privatøkonomi.

I 1996 gjennomførte Opinion ei undersøking av kjennskapet til familievernet i befolkninga.⁴⁸ Hovudfunnet i undersøkinga var at store grupper i befolkninga visste lite om familievernet som teneste og om hjelpetilboda som blir gitt. Menn har gjennomgåande dårlegare kjennskap til familievernet enn kvinner, og forskjellen mellom kjønnene er størst blant dei under 30 år. Det var òg dårleg kjennskap til innhaldet i familievern tenestene. Mange trur at familievernkontora er reine «skilsmissekontor» som ein må oppsøkje for å ta ut separasjon. Rundt 90 prosent av dei spurde meiner at det er behov for meir informasjon om familievernet. Seinare undersøkingar har gitt tilsvarende funn.⁴⁹ For å auke kunnskapen om tenesta og senke terskelen for å søkje hjelp har Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet utarbeidd ein informasjonsplan for familievernet.⁵⁰

5.6 Menn og omsorg for barn etter samlivsbrot

5.6.1 Korleis menn handterer samlivsbrot

Dei seinare åra har i overkant av 12 000 ekteskap gått i oppløysing kvart år. Sjølv om 75 prosent av alle barn veks opp med begge foreldra,⁵¹ viser offentleg statistikk at 13 700 barn opplevde at foreldra tok ut separasjon i 2006.⁵² Det finst ikkje påliteleg statistikk over kor mange sambuarforhold som blir brotne, men det er anslått at risikoen for foreldrebrøt er 2 ½–3 gonger større blant sambuarar enn blant gifte.⁵³

Separasjon og skilsmisse har breidd om seg dei siste tiåra. Tidlegare var det gjerne slik at når skilsmisse var aktuelt, var det fordi det var «for mykje av noko»: vald, utruskap eller fyll. I dag synest mange å skilje seg fordi det er «for lite av noko»: kjensler, respekt, rom for sjølvrealisering. Ut frå denne tenkjemåten skal det mindre ubalanse til før eit samliv går i oppløysing i dag enn på 1980-talet.⁵⁴ Likestillingsgranskninga gir ikkje sikkert svar på om denne tankegangen er rett, men resultatet tyder på det.

Forskinga viser at det som regel er kvinna som opplever problema i forkant av eit samlivsbrot. I 75 prosent av tilfella er det kvinna som tek avgjerda om å bryte ut av forholdet.⁵⁵ Mange kvinner opplever motstand frå mannen mot å gå inn i problemorienterte samtalar om parforholdet, noko som ofte forsterkar opplevinga av kjenslemessig avstand og manglande fellesskap.

For ein del menn kan det opplevast som eit stort paradoks å bli separert utan å ha opplevd å ha nemneverdige problem i samlivet.⁵⁶ Kjær påpeiker at å bryte ut av eit parforhold kan seiast å vere eit brot med grunnleggjande faktorar som tradisjonelt har tilhøyrt maskuliniteten: uthald og meistring. Ei bagatellisering av vanskar kan ha samanheng med at det å ta dei meir på alvor kunne skape ei kjensle av ikkje å meistre, ikkje å lykka. Å bryte ut ville vere eit nederlag og eit resultat av ikkje å meistre utfordringane i samlivet. Tilsvarende beskriv Oftung⁵⁷ skilsmissa som eit fall, eit nederlag, noko som gir ei sterk kjensle av å vere mislykka og å ha tapt kontrollen over tilværet. For mange menn står det å miste kontrollen i ein del situasjonar som umandig.

Ein del samlivsbrot er udramatiske og medfører i hovudsak positive forandringar for partane. For par som lever i fastlåste og vedvarande konflikter eller i kjenslelause forhold, kan eit brot opplevast som den beste løysinga og ei lette som opnar for nye utsikter i livet. Det er likevel solid fagleg dekning⁵⁸ for å hevde at samlivsbrot kan ha til dels store negative helsemessige, psykologiske og sosiale konsekvensar både for vaksne og barn. Ei norsk undersøking⁵⁹ konkluderer med at ein av tre skilde har psykiske problem i lang tid etter eit samlivsbrot, og at samlivsbrot kan vere ei alvorleg livskrise for dei involverte. Undersøkingar⁶⁰ viser mellom anna at skilde og separerte har vesentleg høgare symptomnivå enn det som er vanleg i normalbefolkninga, og dei blir oftare innlagde ved psykiatriske sjukehus. I Infacts samlivsundersøking 2007⁶¹ svarer 30 prosent av dei som har opplevd samlivsbrot, at dei angrar på brotet, og 21 prosent av mennene og 32 prosent av kvinnene meiner at samlivsbrotet har vore den største livskrisa deira.

⁴⁸ Vinsand m.fl.1996.

⁴⁹ Salvesen 2004; Berntsen 2006.

⁵⁰ Informasjonsplan for familievernet 2006.

⁵¹ Syltevik 2005.

⁵² SSB 2007b.

⁵³ Jensen 2003.

⁵⁴ Undersøkelse om menns holdninger og livssituasjon 1988.

⁵⁵ Thuen 1997; Moxnes og Haugen 1998; Kjær 2003.

⁵⁶ Kjær 2003.


⁵⁷ Oftung 2007.

⁵⁸ Thuen 1997; Moxnes mfl. 1999; Juell 2004; Lervik 2005; Størksen 2006a; Amato 2008.

⁵⁹ Thuen 1997.

⁶⁰ Mastekaasa 1993; Thuen 1997.

⁶¹ Infact, VG Nett 28.2.2007.



Figur 5.4 Talet på sjølv-mord blant skilde og separerte

Kjelde: Gjertsen 2003

Sjølv-mordsfrekvensen for skilde og separerte er mange gonger høgare enn for gifte. I perioden 1978 til 1992 hadde separerte og skilde menn mellom 30 og 79 år fire til seks gonger høgare sjølv-mordsrate enn gifte.⁶² Det same mønsteret gjeld for kvinner, men frekvensen er markant høgare blant menn enn kvinner.⁶³ Til dømes var sjølv-mordsraten for separerte i 1998 over sju gonger høgare for menn enn for kvinner (112 mot 15,5 per 100 000), sjå figur 5.4.

Korleis ein reagerer på eit samlivsbrot, er avhengig av mange faktorar, ikkje minst kva innstilling ein sjølv har hatt til brotet. Dei som blir forlatne, får langt større problem enn dei som sjølve tek initiativet til samlivsbrotet.⁶⁴ Vanlege reaksjonar er tapskjensle, handlingslamming og passivitet, ofte med etterfølgjande sinne og ambivalens.⁶⁵

Som gruppe synest menn å takle samlivsbrot dårlegare enn kvinner. Statistisk er menn meir sjuke og har større alkoholforbruk, fråvær og fleire personlege/sosiale problem enn kvinner i samband med samlivsbrot og skilsmisser.⁶⁶ Likestillingsgranskinga viser eit tilsvarande hovudbilete. I kva grad menn opplever negative konsekvensar, er mest av alt relatert til graden av konflikt mellom partane – dess høgare konflikt, dess meir negative konsekvensar blir rapporterte. Dei mest belasta gruppene var dei som blei forlatne, dei som hadde lite kontakt med barna sine, dei som ikkje hadde innleidd noko nytt forhold, og dei

som enno hadde eit høgt konfliktnivå med ekspartnaren. Tap av kontakt med barna ser i likestillingsgranskinga ut til å vere den viktigaste faktoren i opplevd redusert livskvalitet, og det er særleg framtrédande blant fedrane. Ein av tre skilde menn har psykiske problem to år etter samlivsbrotet. Ifølgje likestillingsgranskinga synest utdanningsnivå å spele ei rolle i dette biletet ved at separerte og skilde menn med høg utdanning ser ut til å klare seg betre gjennom eit samlivsbrot enn dei med lågare utdanning. Dette samsvarar òg med internasjonale forskingsfunn.⁶⁷ Det er grunn til å tru at det ikkje er utdanningsnivået i seg sjølv som er utslagsgjevande i dette, men at høgare utdanning er ein av fleire indikatorar på «sosial kapital». Ein høgare sosial kapital kan gi betre føresetnader for å handtere ulike livsutfordringar.

Menn som har opplevd samlivsbrot hos eigne foreldre er særleg sårbare for psykiske problem, spesielt depressive reaksjonar.⁶⁸ For kvinner kan det ikkje påvisast tilsvarande samanheng. Vidare er det dobbelt så stor sjanse for at eit framtidig ekteskap ikkje varer i gode og vonde dagar, dersom ein av partane er skilsmissebarn. Er begge barn av skilde foreldre, er det trippelsjans for ekteskapsbrot.⁶⁹

Samtidig som menn rapporterer om større negative reaksjonar etter samlivsbrot, opplever dei mindre behov for profesjonell hjelp enn kvinner. Ei nærliggjande forklaring er at menn synest å ha

⁶² Gjertsen 1995.⁶³ Gjertsen 2003.⁶⁴ Pettit og Bloom 1984; Thuen 1997.⁶⁵ Tjersland 2007.⁶⁶ Thuen 1997.⁶⁷ Amato 2000.⁶⁸ Størksen 2006a.⁶⁹ Størksen m.fl. 2007.

ein høgare terskel enn kvinner for å oppleve behov for hjelp med emosjonelle problem.

5.6.2 Likestilt foreldreskap etter samlivsbrot

Likestilt omsorg for barn etter samlivsbrot inneber at begge foreldra skal ha felles ansvar for og høve til å vareta dei daglege, grunnleggjande behova til barna.


Likestilt foreldreskap etter samlivsbrot inneber mellom anna at barna har høve til god kontakt med begge foreldra etter brotet. Vidare inneber det at foreldra har felles ansvar for å medverke til ein livssituasjon som er til beste for barnet, ved at dei så langt som råd er, tek omsyn til barna og deira behov. Dei juridiske rammene for dei vala og avtalane om barna som foreldra må gjere ved eit samlivsbrot, er regulerte i barnelova. Eit juridisk likeverdig foreldreskap inneber likevel ikkje nødvendigvis at barnet skal bu tilnærma like mykje hos begge foreldra.

Det må visast forståing for at familiar vel ulike bu- og omsorgsløysingar etter samlivsbrot. Familiar er ulike og har ulike behov. Det er ikkje eit offentlig ansvar å regulere dei interne forholda i ein familie. Regjeringa legg vekt på at småbarnsforeldre skal stå fritt til å velje omsorgsform for barna, også etter samlivsbrot. Utgangspunktet er kva som er best for barnet, og det må vere opp til foreldra å vurdere kva ordningar som passar i kvart tilfelle. Foreldra bør i størst mogleg grad ta ansvar for eige liv, eigne barn og eigne val. Den overordna politiske utfordringa i dette er å leggje forholda til rette for ein reell valfridom i spørsmål om ulike måtar å leve på i familie og samliv.

I dag bur 80 prosent av barna hos mor etter eit samlivsbrot, sjå figur 5.5. Mange fedrar er frustrerte over denne skeivfordelinga og kjenner seg vesentleg svekte i foreldrerolla som følgje av at dei får mykje mindre kontakt med og ansvar for barna. I mange tilfelle fører dette til alvorlege og vedvarande konflikhtar mellom foreldra, noko vi veit er til skade for barn.⁷⁰

Den vanlegaste årsaka til denne skeivfordelinga er at foreldra sjølve avtaler fast bustad hos mor og samvær for far. Det kan til dømes komme av at dei held fram med ei omsorgsløysing som var etablert under samlivet, at far gir etter for press frå mor, og/eller at fedrar generelt har ei førestelling om at dei stiller svakt i ei eventuell rettsak. Det er verdt å merkje seg at i barnefordelingssaker som kjem opp for lagmannsretten, er fordelinga tilnærma lik for bustad hos mor og hos far.⁷¹

⁷⁰ Schau 1995.



Figur 5.5 Kven bur barna hos etter samlivsbrot i dag?

Kjelde: Skjørten mfl. 2007

Det er ei viktig politisk oppgåve å leggje til rette for at det òg etter samlivsbrot kan praktiserast eit likestilt foreldreskap som varettek dei grunnleggjande behova hos barnet i pakt med alder og utviklingsnivå. For å nå målsetjinga om eit likestilt foreldreskap må det primære vere å hjelpe foreldre til å bli samde om løysingar og å samarbeide betre om barna. Barn treng gode og trygge relasjonar til begge foreldra, ikkje minst etter eit samlivsbrot. Barnelova sikrar at begge foreldra har del i foreldreansvaret om dei ikkje avtaler noko anna, anten dei er gifte eller sambuande.⁷² Etter barnelova er det foreldra som har ansvaret for å inngå avtalar om samvær og kvar barna skal bu fast.

På visse føresetnader kan delt bustad⁷³ vere ei vellykka løysing for både barn og vaksne etter samlivsbrot.⁷⁴ Prosentdelen barn med delt bustad har auka dei seinare åra, sjå fig. 5.6. Tre variablar synest å skilje seg ut med tanke på korleis det går med barn etter samlivsbrot.⁷⁵ Konfliktnivået mellom foreldra, kommunikasjonen mellom dei og korleis dei tilpassar seg psykisk etter samlivsbrotet. Foreldra må kunne samarbeide, og barna må trivast med å ha to heimar. Dei to heimane må vere geografisk nær kvarandre, og foreldra bør ha nokolunde like rutinar. Stor ulikskap i kvardagslege rutinar og reglar kan føre til auka konfliktnivå, noko som gjer ordninga vanskeleg. Det er òg avgjerande at begge foreldra opplever at alle partar, ikkje minst barna, er nøgde med ordninga. Det er viktig at barna blir høyrde og tekne omsyn til, og foreldra må vere parat til å endre ordninga og vise fleksibilitet dersom barna viser teikn til mistriivsel. Sjølv om slike ordningar kan vere med og sikre større kontakt


⁷¹ Skjørten 2004.

⁷² For barn fødte etter 1. januar 2006.

⁷³ Delt bustad inneber at barnet bur om lag like mykje hos kvar av foreldra.

⁷⁴ Skjørten m.fl. 2007.

⁷⁵ Solnørdal 2007.



Figur 5.6 Prosentdel barn med delt bustad 1996-2008

Kjelde: Skjørten m.fl. 2007

mellom barna og begge foreldra, er det uvisst kor vidt dei òg skaper praktisk og emosjonelt stress for barna.⁷⁶

Det er ei utbreidd oppfatning blant fagfolk som har jobba med skilsmissekonfliktar og ordningar for barn innanfor familievernet, at det er fornuftig å utforme ein samværsavtale som byggjer vidare på det rollemønsteret som har vore mellom foreldra i samlivet.⁷⁷ Dersom fedrane vil ta større ansvar og vere meir aktive i omsorga for barna i samlivet, kan det ligge betre til rette for eit likestilt foreldreskap etter eit eventuelt samlivsbrot.

Dei fleste foreldre har mykje kontakt med barna sjølv om dei ikkje bur fast saman med dei. Stort sett er menn òg rimeleg godt nøgde med samværsordninga.⁷⁸

5.6.3 Foreldresamarbeid etter samlivsbrot

Ei følgje av den nye og meir aktive farsrolla er at fedrar i dag i vesentleg større grad enn før ønskjer seg nær kontakt med barna etter samlivsbrot. Det er eit resultat av ei vilja utvikling som i all hovudsak er positiv. I dei fleste tilfelle er det til beste for barnet å ha tett og god kontakt med begge foreldra. Både før og etter eit eventuelt samlivsbrot er det viktig å leggje til rette for det.

Dei fleste foreldre kjem på eiga hand til semje om ordningar for barna. Men i nokre tilfelle kan det vere så stor forskjell på kva mor og far meiner er den beste løysinga for barna, at det blir ein langvarig konflikt og maktkamp der foreldra set

eigne interesser og behov i forgrunnen i staden for å finne ei løysing på barnas premisser.⁷⁹

«Hensynet til barnets beste skal først og fremst bidra til at barnets perspektiv legges til grunn for drøftelser og løsnings, slik at dette blir overordnet hensynet til ønsker og rettigheter for hver av foreldrene.»⁸⁰

Konsekvensane av langvarige konfliktar mellom foreldra i slike spørsmål kan bli alvorlege for barna. Vedvarande foreldrekonfliktar blir av fagfolk framheva som ei vesentleg årsak til at barn får til dels alvorlege problem etter samlivsbrot.⁸¹ Uløyste konfliktar på dette området får òg negative følger for det vidare foreldresamarbeidet om barna.

Forholda må leggast til rette for at foreldra i størst mogleg grad tar omsyn til barna etter eit samlivsbrot. Likestillingsgranskinga viser at mange skilde foreldre langt på veg klarer å unngå konfliktar om barna. Om lag 60 prosent av dei som har opplevd skilsmisse eller samlivsbrot med barn, har ikkje opplevd konfliktar rundt barna. Resultata tyder på ein ganske stor og truleg aukande «fredstendens» på dette området, med meir balanserte ordningar etter brot, særleg blant dei yngre. Vidare er det ein allmenn tendens at konfliktnivået mellom dei fleste foreldre minkar med tida.

Konfliktar om samvær kan likevel vere fastlåste og langvarige. I nokre tilfelle kan årsaka vere at far ikkje vil ha kontakt med barnet, i andre tilfelle

⁷⁶ Størksen 2006b.

⁷⁷ Tjersland 2008.

⁷⁸ SSB 2004a.

⁷⁹ Haavind 2006b.

⁸⁰ Med barnet i fokus – en gjennomgang av barnelovens regler om foreldreansvar, bosted og samvær. NOU 2008:9.

⁸¹ Maccoby og Mnookin 1992; Schau 1995; Thuen 2004; Skjørten mfl. 2007; Amato 2008.

er det mor som ikkje vil la han sleppe til. I begge tilfella kan uløyste konflikhtar mellom dei vaksne som tidlegare partnarar vere den underliggjande grunnen til samarbeidskonfliktane om barna. Forsking⁸² viser at så mange som 20 prosent oppgjev å ha store konflikhtar med ekspartnaren to år etter samlivsbrotet. Når vi veit at vedvarande konflikhtar mellom foreldra er av dei viktigaste årsakene til at barn får emosjonelle, åtferdsmessige eller psykososiale vanskar etter samlivsbrot,⁸³ må det vere ei høgt prioritert politisk oppgåve å setje i verk tiltak for å få ned talet på foreldre som held konfliktane sine gåande over tid. Mange problem i foreldresamarbeidet kunne vore hindra om partane i større grad hadde greidd å skilje mellom rollene som foreldre og tidlegare partnarar.

5.6.4 Manglande likestilling kan bidra til at fedrar får dårlegare omsorg som eldre

At mange fedrar får sterkt redusert kontakt med barna etter samlivsbrot, kan få konsekvensar òg på lengre sikt. Den reduserte kontakten med barna synest å vare ved, slik at menn som eldre ikkje får same grad av tilsyn og omsorg frå barn som kvinner får, jamfør punkt 5.4.4.6. Dette er ein lite diskutert samfunnsmessig konsekvens av manglande likestilling i tidlegare livsfasar.

5.6.5 Barnelovutvalet

Barnelovutvalet blei oppnemnt i statsråd i januar 2007. Utvalet skulle mellom anna vurdere endringar i barnelova med omsyn til foreldreansvar, fast bustad og samvær. Ifølgje mandatet var hovudmålet med gjennomgangen å vurdere endringar av barnelova i eit perspektiv der begge foreldra blir rekna som like viktige for barnet, og der ein søker å støtte opp om ei samfunnsutvikling der sentrale poeng er at foreldra skal stå likt når det gjeld tid, ansvar, omsorg og råderett over vesentlege sider ved livet til barnet. Utvalet skulle ta utgangspunkt i at FNs barnekonvensjon er innarbeidd i norsk lov, og at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn. Vidare skulle utvalet sjå nærmare på om barnets beste kan varetakast betre ved å leggje forholda til rette for ei meir likeleg fordeling av omsorg og ansvar mellom foreldra. Utvalet skulle særleg sjå på om eit meir likestilt utgangspunkt kan medverke til å dempe konflikhtar mellom forel-

dra. Som eit ledd i gjennomgangen skulle utvalet dessutan drøfte og eventuelt leggje fram lovforslag i spørsmål som felles foreldreansvar anten foreldra har budd saman eller ikkje, delt bustad og normering av samværsomfanget.

Rapporten frå utvalet blei lagd fram i april 2008.⁸⁴ Her gir vi att dei konklusjonane som er mest relevante for denne stortingsmeldinga:

- Flytting: Utvalet er bedt om å sjå nærmare på retten bustadsforelderen har til å flytte med barnet utan godkjenning frå samværsforelderen. Eit fleirtal i utvalet går inn for at begge foreldra med foreldreansvar må samtykkje dersom bustadsforelderen skal kunne flytte med barnet. Eit første mindretal meiner at bustadsforelderen skal kunne ta ei slik avgjerd åleine, men slik at det oppstillast ei varslingsplikt. Eit anna mindretal går inn for at lovverket oppretthaldast som det er i dag på dette punktet.
- Samvær: Eit fleirtal i utvalet meiner at regelen om «vanleg samvær» bør behaldast, men slik at samværet blir utvida til å omfatte totalt fem overnattingar per 14 dagar og tre veker sommarferie. Talet på feriar bør òg utvidast til å omfatte haust- og vinterferiar, meiner fleirtalet i utvalet. Eit mindretal meiner at regelen om vanleg samvær bør takast ut av lova.
- Tvangsfullføring av samvær: Etter gjeldande rett er tvangsbot det einaste verkemiddel ved tvangsfullføring av samværsavgjerder. Utvalets fleirtal meiner at fysisk avhenting bør vere tilgjengeleg som tvangsmiddel. Utvalets mindretal meiner at det ikkje bør åpnast for fysisk avhenting og at regelverket ikkje bør endrast.

Sjå nærmare omtale under punkt 5.7.4.

5.7 Forslag til tiltak som kan styrkje menns rolle og ansvar i samliv og familie

Regjeringa meiner at ein føresetnad for å nå målet om full og reell likestilling mellom kjønna er at det blir lagt til rette for at menn betre kan realisere rollene og funksjonane sine i samliv og omsorg for barn. Likestilt foreldreskap kan òg vere svært viktig for å redusere samlivskonflikhtar og førebygge samlivsbrot.

I avveginga av tiltak for eit likestilt familieliv er det nødvendig å ha klart for seg kva det offentlege

⁸² Thuen 1997.

⁸³ Schau 1988; Moxnes m.fl. 1999; Bausermann 2002.

⁸⁴ Med barnet i fokus – en gjennomgang av barnelovens regler om foreldreansvar, bosted og samvær. NOU 2008:9.

kan og bør gjere, og kva som høyrer heime i det sivile samfunnet. Det er ei offentleg oppgåve å skape rammer som gjer at den enkelte kan gjere rette val i eige liv. Det er ei statleg oppgåve å sikre rett lovgiving som byggjer ned hinder for likestilling og fremjar likebehandling og sjanselikkskap. Men staten kan ikkje åleine garantere like resultat på individnivå.

5.7.1 Menn i parforhold og samliv

- Meir og betre målretta informasjon om parforhold og samliv kan vere med å gjere alminnelig samlivskonfliktar og senke terskelen for å søkje hjelp. Familievernkontora kan spele ei sentral rolle her. Befolkninga må informerast betre om kva familievernet kan tilby. Det er viktig at familievernkontora er kjende og brukte. Familievernkontoret bør profilerast som den naturlege staden å vende seg for å få hjelp med samlivskonfliktar. Familievernet bør setje i verk spesielle og målretta tiltak for å gjere tilbodet sitt betre kjent blant menn og informere om førebyggjande tiltak for å unngå uønskete samlivsbrot.
- Regjeringa understrekar det viktige i auka forskning på menn og mansroller i parforhold og samliv. Det er behov for å systematisere nasjonal og internasjonal erfaring og kunnskap på området. Det nyoppretta professoratet i maskulinitets- og likestillingsforskning ved Senter for kompetanse om kjønn, Universitetet i Oslo, vil ha ei naturleg rolle i dette.

5.7.2 Menn og omsorg for barn i samliv

- Det store fleirtalet av dei som kjem til spedbarnskontroll ved helsestasjonane, er mødrer. Det heng mellom anna saman med at mødrer i stor grad tek ut foreldrepermisjonen i den intense spedbarnskontrollperioden. Mannspanelet rår til at menn som nybakte foreldre må få eit betre tilbod ved helsestasjonane. Regjeringa legg vekt på den viktige rolla òg mannen har under svangerskapet og i fødselsførebuande tiltak. Det er brei semje om at fedrar tidlegast råd bør integrerast og likestillast i foreldreskapet, da er eit godt grunnlag alt lagt. Gjennom ny og deltakande praksis blant fedrar i svangerskaps- og spedbarnsperioden kan fedrar få eit betre grunnlag for å vere ein ressurs for barnet i oppveksten. Her kan helsestasjonane spele ei viktig rolle ved å forvente og stimulere til deltakande farskap, stille krav til fedrar og følgje dei

opp. Helse- og omsorgsdepartementet tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i primær- og spesialisthelsetenesta, medrekna følgjetenesta. Meldinga skal leggjast fram innan utgangen av 2008. Det blir lagt vekt på tiltak som kan sikre høgast mogleg fagleg kvalitet i fødselsomsorga og tilgjengelege og trygge tilbod til gravide og fødande over heile landet. Her skal det mellom anna fokuserast på den rolla fedrane har som omsorgspersonar. Målet er at dei gravide og familiane deira skal møte ei heilskapleg og samanhengande svangerskaps-, fødsels og barselomsorg. At far har lønn under omsorgspermisjon i to veker etter fødselen er viktig i denne samanheng, jf. pkt. 4.5.2.

- Vidare vil regjeringa gjere framlegg om at fedrane, der begge dei biologiske foreldra bur saman, skal få innkalling til kontroll på helsestasjonen når barnet er 8 månader. Sjølv om den nye innkallinga skal stilast til far, kan foreldra avtale kven av dei som skal møte på helsestasjonen til kontrollen. Slik blir det signalisert at det offentlege ser på far som ein sentral omsorgsperson, og det vil mellom anna vere naturleg å fokusere på saker som har med farsrolla å gjere. Helsestasjonen bør ha oversikt over lokale tilbod om pappagrupper og informere om desse på denne kontrollen.
- Regjeringa vil gjennom haldningsskapande tiltak medverke til at menn i større grad enn i dag tek sin del av omsorgsansvaret for eigne barn. Dette kan det mellom anna vere naturleg å ta opp som tema i kurset «Godt samliv», statens landsdekkjande parkurs for førstegongsforeldre.
- Barne- og likestillingsdepartementet vil leggje til rette for at «pappagrupper» kan bli til eit landsdekkjande tiltak. Erfaringar viser at menn/fedrar i mindre grad enn kvinner dannar denne typen nettverk. Pappagrupper vil organiserast som studieringar knytt til eit studieforbund. Studieringane bør ha samarbeidsflatar opp imot lokalt familievernkontor, og helsestasjon og jordmorteneste i kommunen.
- Barne- og likestillingsdepartementet vil finansiere utvikling av eit kursopplegg for studieringane. Utvikling av eit slikt kurs kan skje gjennom til dømes REFORM. Drifta av studieringane vil av ansvarleg studieforbund bli søkt finansiert mellom anna gjennom tilskot frå vaksenopplæringsmidlane som administrerast av VOX.
- Mødrer utgjer framleis fleirtalet på foreldremøte i barnehagar og skular. Barnehageperso-

nalet ringjer gjerne først til mor når barn blir sjuke. For å auke medvitet om farsrolla i omsorga foreslår regjeringa å endre rutinane for kontakt mellom barnehagepersonalet og foreldra. Det bør utviklast betre rutinar for å trekkje far meir inn i foreldremøte og utviklingssamtalar i barnehage og skule. Begge foreldra skal konsekvent inviterast til foreldresamtalar, og personalet skal rutinemessig veksle på kven av foreldra dei ringjer opp ved sjukdom.

- Regjeringa vil leggje til rette for vidare satsing for å styrkje omsorgsrolla til fedrane. Det kan byggjast vidare på viktige erfaringar frå prosjekt som alt er i gang eller gjennomførte. Av dei mest sentrale kan nemnast:
 - «Adam – kvar er du?», eit nyleg avslutta prosjekt forankra ved familievernkontoret i Egersund som har fokusert på mannens rolle i samliv og omsorg for barn i eit likestillingsperspektiv. Prosjektet har gjennom eit breitt og samansett utoverretta tilbod i nærliggjande kommunar nådd ut til arbeidsplassar og bedrifter for mellom anna å bevisstgjere leiarar og tilsette om det viktige i å leggje til rette for at menn kan ta meir ansvar og omsorg for barn. Prosjektet har medverka i samlivsundervisning på vidaregåande skule, og det er sett i gang samtalegrupper for menn og grupper med barn som opplever samlivsbrot. Ved å setje fokus på menn og samliv har prosjektet vore med på å alminneleggjere samlivskonflikhtar, bevisstgjere menn om rolla som ektefelle og far og få fram det viktige og nødvendige i at mannen gjer sitt for å bevare gode samlivsrelasjonar, og likeins å synleggjere familievernkontora og auke kunnskapen om tilbodet deira og dermed senke terskelen for å oppsøkje hjelp.
 - «Bærekraftige familier – likestilte livsløp», eit prosjekt igangsett av Arbeidsforskningsinstituttet i samarbeid med Nordisk Institutt for Kunnskap om Kjønn. Prosjektet har som overordna målsetjing å gjere menn meir delaktige i familieliv og barneomsorg. Asker og Odda kommunar samarbeider om å drive prosjektet, og det skal mellom anna hjelpe bedrifter og næringsliv å skape betre balanse mellom arbeidsliv og familieliv for menn. Det skal utviklast modellar for tilrettelegging av arbeidsplassar som tek omsyn til at menn har ei rolle som omsorgsgivarar, og menn skal få tilbod om hjelp til å etablere nettverk med fokus på farsrolla. Par

vil òg få tilbod om samlivskurs/kommunikasjonskurs med likestillingsfokus.

5.7.3 Førebyggjing av samlivskonflikhtar og samlivsbrot

Samlivskurs er eit førebyggjande lågterskeltilbod til par og har til mål å styrkje kvaliteten i samlivet og førebyggje konflikhtar. Internasjonale studiar viser at ulike typar samlivskurs har god dokumenterbar effekt.⁸⁵ Ein viktig funksjon ved samlivskurs er at dei synest å gjere folk meir klar over verdien av å ta vare på parforholdet. Dette viser seg å vere viktigare enn å lære spesielle teknikkar for god kommunikasjon og liknande.⁸⁶ For å nå menn med tilbodet trengst målretta informasjon og styrking av kjønnsperspektivet i familievernet, noko som òg krev auka ressursar. Tilboda må vere relevante både for menn som lever i kjernefamiliar, menn som lever i storfamiliar, og menn som part i alternative samlivsformer.

- Regjeringa vil setje i verk opplysnings- og motivasjonstiltak for å gjere samlivskurs og andre samlivsstyrkjande tiltak meir kjende og attraktive for menn.
- Departementet har sett i gang eit arbeid med ein meir heilskapleg gjennomgang av familievernet, mellom anna med sikte på å vurdere om tenesta er godt nok tilpassa dagens behov både når det gjeld ressursar og kompetanse. Som ein del av denne gjennomgangen skal det òg gjennomførast eit kartleggjingsprosjekt for å avklare om tilbodet ved familievernkontora i tilstrekkeleg grad er tilpassa menn sine behov.

5.7.4 Gjennomgang av Barnelovutvalets forslag til tiltak for å styrkje fedrerolla etter samlivsbrot

5.7.4.1 Foreldreansvaret når foreldra verken er gifte eller har budd saman ved fødselen

Forslag frå utvalet og høyringsinstansane sine synspunkt

I dag har foreldre som hovudregel foreldreansvaret saman for felles barn, og dei held fram med det etter eit samlivsbrot så lenge dei ikkje avtaler noko anna. Dersom foreldra verken er gifte eller bur saman når barnet blir født, har mor i utgangspunktet foreldreansvaret åleine. Foreldra kan òg

⁸⁵ Carroll og Doherty 2003.

⁸⁶ Thuen 2007.

avtale å ha foreldreansvaret saman, eller at far skal ha det åleine.

Barnelovutvalet har drøfta om det bør vere ein generell hovudregel om felles foreldreansvar uavhengig av foreldra si tilknytning til kvarandre på fødselstidspunktet. Eit fleirtal i utvalet meiner at dagens reglar bør vidareførast. Eit mindretal meiner at regelen bør vere felles foreldreansvar uavhengig av om foreldra har budd saman.

Subsidiært foreslår mindretalet at ugifte, ikkje sambuande foreldre får felles foreldreansvar når far ønskjer det og mor ikkje har gitt motsegn innan tre månader etter at ho fekk kunnskap om at far ønskjer felles foreldreansvar.

38 høyringsinstansar har uttalt seg spesifikt om dette forslaget. Av desse støttar 21 fleirtalet, 16 støttar mindretalet, og 4 gir støtte til det subsidiære forslaget til utvalsmindretalet.

Høyringsinstansane som meiner at dagens reglar bør vidareførast, er *Advokatforeningen, Aleneforeldreforeningen, Alternativ til Vold, Borgarting lagmannsrett, Den norske Dommerforening, Fellesorganisasjonen, Fylkesmannen i Finnmark, Fylkesmannen i Nordland, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Vest-Agder, Fylkesmannen i Vestfold, Juridisk rådgivning for kvinner, Justisdepartementet, Kirkens Bymisjon, Kirkens Familievern, MIRA-senteret, Norsk Krisesenterforbund, Norsk kvinnesaksforening, Oslo tingrett og Stine Sofies Stiftelse*. Dei fleste høyringsinstansane framhevar at dei prinsipielt ikkje er imot felles foreldreansvar for foreldre som ikkje bur saman, men meiner at ein slik hovudregel i visse høve vil vere ei belastning for mor og heller ikkje det beste for barnet. Mange instansar påpeiker det uheldige i at mor vil måtte ha søksmålsbyrda i samband med mishandling eller overgrep. Det blir òg peikt på at det vil vere vanskeleg å lage unntaksreglar som dekkjer alle aktuelle situasjonar der det ikkje vil vere bra med felles foreldreansvar. Det blir dessutan peikt på at det er enkelt for far å få del i foreldreansvaret.

Desse instansane meiner at hovudregelen bør vere felles foreldreansvar for alle uavhengig av om foreldra har budd saman: *Aksjonsgruppen barns rett til samvær med foreldre og besteforeldre, Barnerettsadvokater, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Drammen tingrett, Familiestiftelsen, Foreningen 2 Foreldre (F2F), Forum for Menn og Omsorg, Juss-Buss, Jusshjelpe i Nord-Norge, KUN (Kvinneuniversitet Nord), Landsgruppen av helsesøstre NSF, Likestillings- og diskrimineringsombudet (LDO), Redd Barna, Reform, Trondheim tingrett og Senter for tverrfaglig kjønnsfors-*

kning. Dette blir grunnlagt med at begge foreldra er like viktige for barnet og derfor bør ha likt utgangspunkt. Det blir vidare peikt på at det er urimeleg å gjere forskjell på barn ut frå foreldra sitt val av samlivsform. Sidan det vanlege er at begge foreldra er skikka til å ha foreldreansvaret, bør ikkje foreldre som bur kvar for seg vurderast annleis enn dei som bur saman. Fleire høyringsinstansar peiker på at unntaksreglar kan regulere dei tilfella der det ikkje er til beste for barnet at begge foreldra har foreldreansvaret.

Berre nokre få høyringsinstansar uttaler seg om det subsidiære forslaget frå mindretalet, men desse instansane gir uttrykk for at dei støttar det: *Barneombudet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Drammen tingrett og Landsgruppen av helsesøstre NSF*. *Barneombudet* seier blant anna:

«Barneombudet er i utgangspunktet positiv til at alle fedre skal få del i foreldreansvaret, også de som ikke er gift eller samboende med barnets mor ved fødsel. Dette gir et signal om at barnet har rett til en likeverdig deltakelse fra begge foreldre, uavhengig av foreldrenes sivile status. Felles foreldreansvar i disse tilfellene bør imidlertid knyttes opp til aktiv handling fra far. Barneombudet støtter dermed mindretallets subsidiære forslag. Dette innebærer at far får del i foreldreansvaret når han aktivt melder at han ønsker å ta del i det ansvar og rettigheter som følger foreldreansvaret, med mindre barnets mor kommer med reelle innsigelser som tilsier at det kan være til barnets beste at far ikke har del i foreldreansvaret, innen en gitt frist. Ombudet har vært i tvil om hvem som bør ha søksmålsbyrden hvis mor motsetter seg felles foreldreansvar. Å gå til søksmål er en belastning for begge parter. Reelle hensyn tilsier imidlertid at man må ta hensyn til den påkjenning en fødsel og omsorg for barn innebærer. Søksmålsbyrden bør derfor ligge hos far.»

Regjeringa si vurdering og konklusjon

Regjeringa viser til at gruppa foreldre som ikkje bur saman når barnet blir født er samansett. Det er vanskeleg å utforme ein lovregel om foreldreansvar som skal gjelde for alle og som tar omsyn til barnets beste, og det vil vere vanskeleg å lage unntaksreglar som dekkjer alle aktuelle situasjonar der det ikkje vil vere bra med felles foreldreansvar. Regjeringa ser òg at ei utilsikta effekt av ein regel om automatisk felles foreldreansvar for dei som ikkje bur saman kan vere at fleire mødrer ikkje vil seie kven som er barnefaren.

Av foreldre som aldri har budd saman har berre 19% felles foreldreansvar. Dette gjeld både i 2002 og i 2004⁸⁷.

Det er svært få saker for domstolen som berre gjeld foreldreansvaret. Ein gjennomgang av saker ved Oslo Tingrett i perioden 1. januar 1998 til 1. mars 1999 viser at av 74 gjennomgatte saker var det berre to saker om foreldreansvar aleine, mens 32 saker var om foreldreansvar, samvær og kor barnet skulle bu. I halvdel av sakene ønskte saksøklar å ha foreldreansvaret aleine. Dei fleste fedrar som reiser sak for retten for å få del i foreldreansvaret får medhald.

Regjeringa er samd med fleirtalet i utvalet og fleirtalet av høyringsinstansane, og går derfor ikkje inn for automatisk felles foreldreansvar uavhengig av foreldra si tilknytning til kvarandre på fødselstidspunktet. Regjeringa vil vurdere om foreldre som ikkje budde saman då barnet ble født skal møtast til mekling for å få hjelp til å lage avtaler om felles foreldreansvar og samvær. Slik mekling bør gjerast innan ein gitt frist etter at barnet er født.

5.7.4.2 Flytting innanlands

Forslag frå utvalet og høyringsinstansane sine synspunkt

Etter gjeldande rett kan den av foreldra som barnet bur fast hos, flytte innanlands utan samtykke frå den andre forelderen.

Fleirtalet i utvalet foreslår at avgjerda om å flytte med barnet blir lagd inn under foreldreansvaret, slik at begge foreldra må samtykkje til flytting innanlands. I forslaget er det ein føresetnad for samtykkjeplikt at flyttinga i vesentleg grad gjer samværet mellom barnet og forelderen som ikkje flytter, vanskeleg. Kortare flyttingar krev derfor ikkje samtykke. I forslaget har ein gjort unntak for flyttingar som er til beste for barnet. Det blir samtidig foreslått at flyttespørsmålet skal kunne prøvast rettsleg dersom foreldra ikkje greier å bli samde.

Mindretalet foreslår at flyttekompetansen blir verande hos bustadforelderen, men slik at det ligg føre ei varslingsplikt. Dermed kan den andre forelderen få høve til å ta spørsmålet om flytting opp i mekling, eventuelt òg bringe det inn til rettsleg avgjerd, før flyttinga er gjennomført.

Ein medlem ønskjer inga endring av noverande regelverk i samanheng med spørsmål om flytting med barnet.

Det er 24 høyringsinstansar som går imot forslaget frå fleirtalet, mellom anna *Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, domstolane, Den norske Advokatforening, Barneombodet, Redd Barna, Likestillings- og diskrimineringsombodet, Alternativ til Vold, Aleneforeldreforeningen og Fellesorganisasjonen*. Av desse gir dei fleste (18) uttrykk for at dei støttar forslaget frå det første mindretalet om at flyttekompetansen blir liggjande hos bustadsforelderen, men slik at det ligg føre ei varslingsplikt.

Høyringsinstansane som går imot forslaget frå fleirtalet, peiker mellom anna på at forslaget kan føre til auka konfliktnivå og fleire rettssaker. Det blir òg framheva at det kan vere mange gode grunnar til å flytte, mellom anna knytte til utdanning, arbeid og arbeidstider, økonomi, familie og sosialt nettverk, og at flytting òg kan vere i barnets interesse. Det blir hevda at det er urimeleg at høvet bustadsforelderen har til å flytte blir avgrensa utan at tilsvarande avgrensingar blir lagde på samværsforelderen, og at forslaget ikkje vil fremje auka samvær så lenge samværsforelderen står fritt til å flytte. Fleire peiker òg på at samværsforelderen får urimeleg stor makt over ekspartnaren sin, noko som kan misbrukast, og at erfaring viser at foreldre i mange tilfelle aukar konfliktnivået ved å utnytte dei rettane og moglegheitene regelverket gir dei, i staden for å fokusere på det beste for barnet. Det blir òg hevda at ein slik regel vil ramme kvinner meir enn menn. Dei som bur i distrikta, vil bli ramma urimeleg hardt ved at det blir vanskeleg for dei å få seg jobb, utdanning eller omskolering. Det er, blir det sagt, ei ulempe ved forslaget at ein kan unnlate å samtykkje til flytting samtidig som det ikkje er noko krav om at samværsforelderen i så fall må ta over omsorga for barnet. Vidare blir det sagt at flytting kan vere eit vernetiltak der barn og nærmaste omsorgsperson er utsette for vald og overgrep frå den andre forelderen, og at denne forma for vern kan bli hindra i og med forslaget frå fleirtalet.

Høyringsinstansane som støttar forslaget frå det første mindretalet, peiker elles på at det er svært viktig at den andre forelderen får høve til å ta flyttespørsmålet opp i mekling og eventuelt til rettsleg avgjerd før flyttinga er gjennomført. Fleire meiner at varslingsplikta òg bør gjelde for samværsforelderen.

Det er 14 høyringsinstansar som går inn for forslaget frå fleirtalet, mellom anna *Kirkens familievern, Senter for tverrfaglig kjønnsforskning, Universitetet i Oslo, Norsk krisesenterforbund, Foreningen 2 Foreldre (F2F), Reform – ressursenter for menn, Forum for menn og omsorg (FMO), Landsgruppen av helsesøstre NSF og Kirkens Bymisjon*.

⁸⁷ Kitterød 2005b.

Det blir mellom anna peikt på at flytting representerer ei stor endring for barnet, og at det derfor er viktig at begge foreldra har mynde til å vurdere ulike sider ved saka og dei konsekvensane flytting kan føre med seg. Det blir framheva at ein uavgrensa rett til å flytte kan føre til at behova til barnet blir sette til side, og at barnet sin interesse i å bevare kontakten med begge foreldra bør ha større vekt enn bustadsforelderen sin interesse i å flytte. Påstanden er at dette kan verke konfliktdepande i forhold til dei langvarige konfliktane som følgjer i kjølvatnet av det å flytte med barn, og at det kan føre til at det blir lettare å oppnå avtale gjennom dialog eller mekling. Det blir hevda at flytting riv bort grunnlaget for samværsretten, og at mange opplever at den andre forelderen saboterer samværsretten deira gjennom å byte bustad.

Regjeringa si vurdering og konklusjon

Det kan i mange tilfelle vere ei belastning for barnet å flytte, både fordi det mister nærleik til den andre forelderen, og fordi det blir skilt frå venner, skule og nærmiljø. Ei avgjerd om flytting kan i mange høve òg auke konfliktnivået mellom foreldra. Dette kan vere ekstra vanskeleg i samband med skilsmisse/samlivsbrot, der barnet er særleg sårbart. Samtidig kan det i visse høve vere gode grunnar til å flytte, mellom anna grunnar knytte til utdanning, arbeid og arbeidstider, økonomi, familie og sosialt nettverk.

Sjølv om det kan vere ei belastning for barnet å flytte, kan det likevel i nokre tilfelle vere til beste for barnet, fordi situasjonen for familien samla sett blir betre, noko som igjen kan verke positivt inn på den totale livssituasjonen til barnet. Det kan òg vere at det er betre for barnet å bli i nærmiljøet og få fast bustad hos den andre forelderen, enn å flytte. Regjeringa meiner at ei lovregulering av dette spørsmålet bør handle om kvar det er best for barnet å ha fast bustad, alt i alt, og ikkje om éin forelder må ha samtykke frå den andre for å kunne flytte.

Regjeringa meiner at det å flytte kan innebere store endringar, og kan vere ei stor belastning for barnet. Det er derfor viktig at foreldra får tid og eventuell hjelp til å drøfte på nytt kor barnet skal bu fast, og korleis samværsordninga skal vere dersom den eine av foreldra ønskjer å flytte. Regjeringa vil derfor sjå nærmare på om det bør innførast ein varslingsregel som inneber at foreldra får nok tid til å tenkje grundig igjennom situasjonen og eventuelt kan gå til mekling og rettssak om kvar barnet skal bu. Ein eventuell varslingsregel bør òg gjelde for samværsforelderen.

5.7.4.3 Samvær

I 2004 var det 43% av samværsforeldra som hadde meir enn «vanleg samvær», som er 8 dagar per månad. (26% hadde 8–12 dagar, og 17 % hadde 13 dagar eller meir per månad).

Forslag frå utvalet og høyringsinstansane sine synspunkt

Foreldra kan sjølv avtale omfanget av samvær ut ifrå kva dei meiner er best for barnet. I barnelova er det ein definisjon som blir lagd til grunn dersom det er avtalt eller fastsett såkalla vanleg samværsrett. Blir det avtalt eller fastsett «vanleg samværsrett», gir det rett til å vere saman med barnet éin ettermiddag i veka, annakvar helg, 14 dagar i sommarferien, og jul eller påske.

Fleirtalet i utvalet vil behalde regelen om vanleg samværsrett, men endre han slik at samværet i veka blir utvida til å omfatte overnatting. Samværet i sommarferien blir utvida til tre veker. Haust- og vinterferiar skal òg inkluderast. Mindretalet i utvalet meiner at regelen om vanleg samværsrett bør takast ut av lova. Samvær med offentlig oppnemnd tilsynsperson kan i særlege tilfelle tilkjennast for inntil 16 timer i året. Eit samla utval går inn for å auke ramma til 32 timer.

22 høyringsinstansar er samde med fleirtalet i utvalet. Mellom anna gjeld det *Aleneforeldreforeninga, Foreninga 2 Foreldre, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Justisdepartementet, Den norske Advokatforening, Den norske Dommerforening, Borgarting lagmannsrett, Trondheim tingrett, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Vest-Agder, Juridisk rådgivning for kvinner, Juss-Buss, Juss-hjelpe i Nord-Norge, Fellesorganisasjonen, Norsk kritesenterforbund, Norsk Kvinnesaksforening og Senter for tverrfaglig kjønnsforskning.*

Seks høyringsinstansar er samde med mindretalet i utvalet. I denne gruppa finn vi *Barneombudet, Oslo tingrett, Fylkesmannen i Nordland og Fylkesmannen i Vestfold.*

Mange av instansane som vil behalde ein definisjon av «vanleg samværsrett» i barnelova, meiner at ein slik definisjon vil auke samværet mellom barnet og den barnet ikkje bur fast saman med. Dei legg vekt på at definisjonen av «vanleg samvær» av mange foreldre blir oppfatta som ein minstestandard for samvær og slik er med på å få foreldra til å avtale samvær av eit visst omfang. Fleire peiker på at ein definisjon i lova i mange tilfelle kan sikre barnet meir kontakt med samværsforelderen.

Mange av instansane meiner òg at det er eit argument for å behalde definisjonen av «vanleg samværsrett» i lova at definisjonen verkar konfliktdempande. Foreldre kan ha vanskar med å bli samde om kor stort omfang samværet skal ha, og når det skal skje. Når dei har ein definisjon å ta utgangspunkt i, kan det vere enklare å inngå ein avtale.

Dei instansane som ønskjer å fjerne definisjonen av «vanleg samværsrett» i barnelova, har grunnleggjande synet sitt på ulike måtar. Nokre meiner at foreldra utan ein definisjon i større grad kan fokusere på å avtale ei ordning som er tilpassa det enkelte barnet, og at ein definisjon i lova kan verke uheldig i ein elles fornuftig dialog mellom foreldra om ei god ordning for barnet deira.

Ein instans meiner at ei «norm» for samvær kan vere uheldig dersom ho blir følgt som ein minimumsregel utan at det blir vurdert kva som er til beste for barnet. Ein annan instans har det stikk motsette utgangspunktet: Ein definisjon kan verke hemmande, og å fjerne han vil stimulere til ei fri og uavhengig vurdering av kva slags samværsordning som vil vere best for barnet.

Utvalet får brei støtte hos høyringsinstansane til forslaget om å utvide definisjonen av «vanleg samværsrett» i lova. I høyringsrunden kom det òg brei støtte til forslaget om å utvide ramma for fastsetjing av samvær med offentleg oppnemnd tilsynsperson.

Regjeringa si vurdering og konklusjon

Slik regjeringa ser det, er det vektige argument både for og imot å behalde ein definisjon av «vanleg samværsrett» i barnelova. Normalt er det bra for barn å bevare god kontakt med begge foreldra, sjølv om dei ikkje bur saman. Både utvalet og mange av høyringsinstansane meiner at definisjonen av «vanleg samvær» bidreg til å sikre eit minimumssamvær for foreldre som har liten kontakt med barna sine. Men utvalet peiker òg på at definisjonen kan verke bindande når foreldra skal komme fram til ein avtale, og såleis kan hindre eit meir omfattande samvær mellom foreldre og barn.

Kanskje er det slik at legaldefinisjonen fører til meir samvær for nokre grupper, men mindre samvær for andre. Det kan ikkje utelukkast at nokre familiar ville ha komme fram til ei meir omfattande samværsordning utan ein slik definisjon å ta utgangspunkt i. Regjeringa meiner likevel at det er viktigare at dei som har lite samvær blir sikra eit minimum av samvær. Er foreldra først innstilte på at det skal vere mykje samvær, vil dei i mange til-

felle uansett bli samde om samvær som går utover det som ligg i definisjonen.

Regjeringa har komme til at det meste talar for å behalde ein definisjon av «vanleg samværsrett» i barnelova. Regjeringa legg særleg vekt på at ein slik definisjon kan verke konfliktdempande.

Regjeringa er samd med utvalet i at definisjonen bør utvidast, og ser utvidinga som ei naturleg følge av ei utvikling der fedrar i stadig større grad ønskjer nær kontakt med barna sine, også etter eit samlivsbrot.

Regjeringa ønskjer òg å utvide ramma for kor mange timar det offentlege kan påleggjast å oppnemne tilsynsperson under samvær. Denne ordninga kan bidra til at det kan vere samvær i saker der det elles ikkje ville vore forsvarleg.

5.7.4.4 Tvangsfullføring av samvær

Forslag frå utvalet og høyringsinstansane sine synspunkt:

Ved manglande etterleving av samvær fastsett ved dom eller rettsforlik kan domstolen etter gjeldande rett påleggje bustadsforelderen ei tvangsbot. Dette i motsetnad til tvangsfullføring av avgjerd om foreldreansvar og bustad, der lova òg opnar for fysisk avhenting av barnet som verkemiddel. Dersom den som har foreldreansvaret, eller som barnet bur fast hos, hindrar at ein samværsrett blir gjennomført, kan den som har samværsretten reise sak og krevje ny realitetsavgjerd i omsorgsspørsmålet. Resultatet av ei slik prøving kan bli at retten finn at omsynet til at barnet bør ha kontakt med begge foreldra tilseier at barnet skal bu fast hos den andre av foreldra.

Fleirtalet i utvalet foreslår at fysisk avhenting av barnet skal bli eit tvangsmiddel òg ved gjennomføring av samværsavgjerd. Det blir framheva at tvangsfullføring gjennom fysisk avhenting kan ha ein viktig preventiv effekt.

Mindretalet meiner at det ikkje bør opnast for fysisk avhenting i desse tilfella, ettersom det vil vere eit dramatisk myndighetsinngrep som kan vere traumatisk både for barnet og foreldra. Vidare blir det framheva at det ikkje er tilstrekkeleg behov for å endre regelverket.

Om lag halvparten av høyringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget frå fleirtalet, mellom anna enkelte av fylkesmennene, *Den norske Advokatforening, Politidirektoratet, Kirkens Familievern, Juridisk rådgivning for kvinner (JURK), Universitetet i Oslo / Senter for kvinne- og kjønnsforskning, Foreningen 2 Foreldre (F2F) og Aleneforeldreforeningen.*

Dei fleste høyringsinstansane understrekar at fysisk avhenting av barnet vil ha ein viktig preventiv effekt, men at eit slikt verkemiddel av omsyn til barnet berre bør nyttast i heilt spesielle tilfelle og/eller som siste utveg. Mange av høyringsinstansane uttaler at det må vere klare vilkår i lova for å gjere bruk av dette verkemiddelet, og at eventuell henting av barnet må skje på ein skånsam måte. Somme nemner òg at ein bør bruke profesjonelle / barnefagleg kompetente ved hentinga.

Barneombodet og Norsk Krisesenterforbund er usikre på om dei støttar ei endring. Barneombodet framhevar, til liks med fleire andre høyringsinstansar, at det er behov for betre dokumentasjon om dagens tilstand på området.

Om lag halvparten av høyringsinstansane som har uttalt seg, går imot forslaget frå fleirtalet, deriblant *enkelte fylkesmenn, Justisdepartementet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Den norske Dommerforening, Landsgruppen av helsesøstre NSF, Redd Barna, Alternativ til Vold (ATV) og barnerettsgruppa ved det juridiske fakultetet i Tromsø*. Som grunngeving for dette blir det vist til at fysisk avhenting vil bli opplevd som dramatisk for barnet, og at det kan føre til psykiske skadeverknader, og/eller at ein slik regel vil auke konfliktnivået mellom foreldra. Mange uttaler at ein regel om tvangshenting har eit foreldreperspektiv snarare enn eit barneperspektiv, og at det er eit paradoks at det ikkje blir utøvd press/tvang for å få den som har samværsrett (som regel far), til å stille opp. Fleire av høyringsinstansane framhevar at tvangsbot og høvet til å få prøvd omsorgsspørsmålet på nytt ved manglande oppfyljing av samværsavgjerda må kunne seiast å ha god nok preventiv effekt, og fleire uttaler at høvet til å få mekling og bistand frå hjelpeapparatet bør styrkjast i desse tilfella.

Regjeringa si vurdering og konklusjon

Det kan stillast spørsmål ved om dagens reglar verkar preventivt nok og/eller avhjelper manglande oppfyljing av samværsrett. Som fleire høyringsinstansar påpeiker, manglar kunnskap om tilstanden i dag, deriblant om effekten av verkemidla som er i bruk, årsaker til at fastsette samværsavgjerder ikkje blir oppfylte, og omfanget av problemet.

Saker der det er problem med å gjennomføre fastsett samvær, kan vere svært ulike og samansette. Manglande oppfyljing av samværet kan skrive seg frå forhold hos barnet sjølv, bustadsforel-

deren eller samværsforelderen, eventuelt ein kombinasjon av desse. Dette kan komme av at konfliktnivået mellom foreldra er høgt, med ulike former for kommunikasjons- og samarbeidsproblem på éi eller begge sider. Årsaka til at samværet ikkje blir gjennomført, kan òg vere at barnet sjølv motset seg samvær.

I eit pågåande forskingsprosjekt om barn som har lite kontakt med den eine forelderen, gjennomført av SSB/Agderforskning på oppdrag frå BLD, vil det mellom anna bli analysert kva faktorar som gir auka risiko for lite kontakt mellom samværsforeldre og barn, og forskarane vil søkje å fange opp kva konfliktnivået mellom foreldra har å seie. Første delen av undersøkinga skal avsluttast innan desember 2008, mens den kvalitative delen vil bli ferdigstilt sommaren 2009.

Funn frå denne undersøkinga og gjennomføring av andre undersøkingar vil bidra til at det blir kasta betre lys over problemstillingar som har med manglande oppfyljing av samværsrett å gjere, og gi grunnlag for å vurdere målretta tiltak. Det visast òg til at ei eining ved Psykologisk Institutt ved Universitetet i Oslo skal sjå nærare på prosessen ved henting av barn som plasserast utanfor heimen i regi av barneverntenesta.

Regjeringa vil likevel skissere nokre moglege alternativ i det vidare.

Det ser ut til å vere behov for eit breiare spekter av verkemiddel i desse sakene, mellom anna verkemiddel som i større grad kan bidra til å redusere konfliktnivået mellom foreldra og hjelpe dei til å samarbeide til beste for barnet. Langvarige og fastlåste konflikhtar mellom foreldra er skadelege for barn og kan dessutan redusere omsorgskompetansen til foreldra. Mekling og tilgang til heilskapleg bistand frå hjelpeapparatet (familievernkontor, psykisk helsevern, NAV) kan vere godt eigna til å redusere konfliktnivået mellom foreldra og styrkje høvet til å få gjennomført samværsavgjerder. Gode tilbod om foreldresamarbeid i regi av familievernkontora og andre vil gjere at foreldra betre kan skilje mellom rollene som foreldre og ekspartnerar. Dersom det i tillegg blir gitt høve til tilsyn under samvær på dette stadiet, kan det bidra til å gjere bustadsforelderen og/eller barnet tryggare i tilfelle der dette er ei aktuell problemstilling.

Samtidig er det viktig å sikre at saksbehandlninga til tingrettane i tvangsfullføringssaker er forsvareleg og gjer det mogleg å skilje ut dei sakene som ikkje er eigna for mekling og/eller ikkje skal tvangsfullførast på grunn av «umoglegheit», til dømes fordi det å gjennomføre avgjerda vil føre til al-

vorlege psykiske belastningar for barnet. Saker der det er særlege grunnar til å få prøvd innhaldet i avgjerda på nytt, bør kanalisert til ny realitetsbehandling ved domstolen.

Fysisk avhenting av barnet som mogleg tvangsmiddel ved manglande oppfyljing av samværsavgjerder kan truleg ha ein preventiv effekt og dermed føre til at fleire samværsavgjerder blir gjennomførte. Det er i utgangspunktet positivt. Å tvangshente barnet til samvær er like fullt eit svært sterkt verkemiddel som krev avveging opp mot andre omsyn. Det er fare for at høve til gjennomføring av fysisk avhenting kan verke psykisk belastande på barnet i saker som frå før er fastlåste, og det kan ha ein negativ effekt på den totale omsorgssituasjonen til barnet. Fysisk avhenting som verkemiddel kan òg auke konfliktnivået og verke negativt inn på framtidig samarbeid om oppfyljing av samværet, og det kan gjere det vanskeleg å byggje opp tryggleik hos barnet. Verkemiddelet kan elles vere problematisk med tanke på at samvær er ei stadig tilbakevendande hending, og at samvær vanlegvis gjennomgår forandringar over tid.

På bakgrunn av dette ønskjer regjeringa at det, i tillegg til eksisterande verkemiddel, blir utreda alternativ til forslaga frå utvalet som vil vere betre egna til å fremje fastsett samvær i desse fastlåste sakene der samværet ikkje blir oppfylt som fastsett. Regjeringa vil òg påpeike at arbeidet med å sikre at forlik og dommar er gode og robuste er viktig for å forebygge desse vanskelege sakene.

5.7.5 Andre forslag til tiltak

Regjeringa ser det som eit viktig mål å sikre barn ein tilfredsstillande situasjon etter samlivsbrot mellom foreldra. Fordi konfliktylt foreldresamarbeid verkar svært negativt både på vaksne og barn, er det viktig å styrkje hjelpetilbodet på dette området.

Slike tiltak kan setjast inn på mange nivå. Det kan vere juridiske eller økonomiske tiltak, konfliktreduserande tiltak mellom foreldre eller tilbod om hjelp og støtte før og etter brotet. For å leggje til rette for ein god og nær kontakt med begge foreldra etter eit samlivsbrot må det setjast i verk tiltak som kan redusere konfliktnivået i tilfelle der foreldra ikkje klarer å leggje gamle konflikthar bak seg.

- I konklusjonsnotatet sitt⁸⁸ rår Mannspanelet til at barnelova blir endra, slik at ho tek utgangs-

punkt i eit likeverdig foreldreskap. Regjeringa vil vurdere kva endringar som best kan sikre eit likeverdig foreldreskap med barnets beste som rettesnor. Vurderinga skal mellom anna ta utgangspunkt i Barnelovutvalet sin lovverks gjennomgang (NOU 2008:9) med påfølgjande høyringsrunde, og tilrådingane frå Mannspanelet.

- Det må setjast i verk tiltak for å få foreldre til å gjere meir bruk av det etablerte tilbodet om konfliktløsning og betre foreldresamarbeid, mellom anna meklingsordninga. Gifte foreldre som har barn under 16 år, må møte til mekling før dei kan få innvilga separasjon. Også sambuarar med barn under 16 år må møte til mekling når dei flytter frå kvarandre. Foreldre som vil ha spørsmål om barn avgjorde i retten, må møte til mekling før sak kan reisast. Formålet med meklinga er at foreldra skal komme fram til ein avtale om foreldresansvar, kvar barnet skal bu fast, og kva samværsordning som skal gjelde. Mannspanelet foreslår i konklusjonsnotatet at meklingsordninga som ligg føre i dag, bør evaluerast. Dagens ordning med éin obligatorisk time og inntil seks valfrie timar burde i utgangspunktet vere tilstrekkeleg til å gjennomarbeide dei sentrale problemstillingane rundt ordningane for barna. Hovudutfordringa i dag ligg i å få foreldre til å utnytte meklingsordninga betre. Meklingsordninga blei sist endra i januar 2007. Det blei innført obligatorisk mekling ved samlivsbrot for sambuarar med barn under 16 år, og timetalet for mekling blei endra. Meklingsordninga skal evaluerast på nytt, mellom anna for å sjå om ho verkar slik det var tenkt.
- Barne- og likestillingsdepartementet arbeider med problemstillingar knytte til korleis ein kan redusere konfliktane etter samlivsbrot, mellom anna korleis ein kan redusere talet på saker som reisast for domstolane.
- Det må setjast i verk tiltak for å dempe konfliktnivået mellom foreldre i samband med samlivsbrot og i det vidare samarbeidet om felles barn. Foreldremekling og andre konfliktløysingstilbod kan hjelpe foreldra til å skilje betre mellom foreldrekonfliktar og samarbeid om barna på den eine sida, og konfliktar mellom dei vaksne på den andre sida. Tilbod om konfliktløsning og betre foreldresamarbeid etter samlivsbrot kan vere eit viktig bidrag til at færre barn veks opp i langvarige og skadelege konfliktar mellom foreldra. Familievernkontora blir ein sentral aktør i dette arbeidet.

⁸⁸ Sjå vedlegg 2.

6 Menn, livsstil og helse

6.1 Innleiing

Kvinner lider – menn dør heiter ei ny bok om folkehelse i eit kjønnsperspektiv.¹ Tittelen er ei god oppsummering av helseforskjellane mellom menn og kvinner. Samtidig som gutar/menn har høgare dødsrisiko enn jenter/kvinner heilt frå første leveåret, er arbeidsfråværet på grunn av sjukdom og bruken av førebyggjande og andre helsetenester lågare hos gutar/menn enn jenter/kvinner. Sjølv om forskjellen i levealder mellom kvinner og menn er redusert dei siste tiåra, er forventa levealder i 2007 framleis om lag fem år høgare for kvinner enn for menn. Det finst òg kjønnsforskjellar i dødsårsak som ikkje kan knytast til biologiske ulikskapar, men heng saman med sosiale forhold og livsstil, der også kulturelt bestemte forventningar til det å vere gut/mann verkar inn.

Eigenrapporteringa av helsetilstand er alt i alt meir positiv hos menn enn hos kvinner. Forskjellane har dels reint faktiske årsaker, men kjem òg av at kjønna aksepterer sjukdom i ulik grad. Framleis finst det haldningar som går ut på at sjukdom og svak helse bryt med dei stereotype mannsidealane. I granskinga oppgir langt fleire menn enn kvinner at dei er fornøgde med eigen kropp, og vesentleg færre menn oppgir å ha kroppslege plager som verk i hovud, rygg, skuldrer og anna. Samtidig er det fleire menn enn kvinner som i granskinga melder om redusert eller låg livskvalitet.

Mykje av forskinga på menn og sjukdomshandtering som er utført i Noreg, er av kvalitativ art. Resultata frå denne forskinga kan tyde på at det finst ein utprega mannleg måte å handtere sjukdom på som er lite heldig for mannen sjølv. Dette viser seg særleg på tre arenaer: ved sosial kontakt, i arbeidet og ved bruk av helsetenester. Kjønningsstatistikken over sjukdomsførekommst kan likevel føre til feilaktige konklusjonar. Mange av forskjellane som blir forklarte med kjønn, har ofte andre årsaker som alder, sosioøkonomisk status og ekteskapeleg status. Det er eit

grunnleggjande prinsipp at folk skal ha likeverdige tilgang til helse- og omsorgstenester uavhengig av kjønn, bustad og anna. Det knyter seg likevel spesielle utfordringar både til kvinnehelse og mannshelse, og desse må møtast med kunnskap og ressursar. Kjønnsspesifikk kunnskap om helse, sjukdommar og helsetenester er viktig for å kunne tilby sjukdomsførebyggjande, behandling, omsorg og rehabilitering for både kvinner og menn.

Helse- og omsorgstenestene må òg ha eit kjønnsperspektiv. Mange menn med kreft synest at mannlege legar er for røffe og for kjappe². Derfor går mange heller til kvinnelege legar. Kreftdiagnosen blir vanskeleg å handtere når dårleg kommunikasjon med helsepersonell fører til mangel på kunnskap. Mennene veit ikkje kva dei kan vente seg, kva som er normalt, og kva dei skal reagere på.

Mannspanelet har i sitt konklusjonsnotat peikt på dei mange kjønnsforskjellane som gjer seg gjeldande på helseområdet, og har foreslått at forskinga på slike forskjellar må styrkjast, og at tiltak for å redusere dei blir nærmare utgreidde. Panelet etterlyser òg eit klarare kjønnsperspektiv i sektoren. Regjeringa meiner det er naudsynt med kunnskap om årsakene til forskjellane. Eit kjønns- perspektiv i helse- og omsorgstenestene gir brukarane, pasientane og mottakarane av informasjon om helse og livsstil meir bevisste på kva kjønn har å seie for eige tilstand.

Helse er eit omgrep som kan tolkast på fleire måtar. Gjennom djupnesamtalar med intervjuersonar har Statistisk sentralbyrå kartlagt kva «folk flest» forstår med helse. Omgrepet blei tillagt ulikt innhald av personar i ulike alder og avhengig av om det var ei kvinne eller ein mann som svarte. I samtalanane kom det fram at det folk i Noreg først og fremst meiner med omgrepet, er fysisk og mental helse, men i tillegg sunt leveste og god fysisk form. Vanlegvis blir helse sett på som ein eigenskap ved individet, men det kan òg forståast som eit uttrykk for ein relasjon mellom enkeltmennesket og omverda. Forstått på denne måten er ikkje helse ein reint objektiv storleik, men er

¹ Schei og Bakketeig (red.) 2007.

² Kreftforeningen 2007, "Menn og kreft – Innsiktsrapport"

avhengig av kva forventningar individet har til kroppen, helsetenesta og samspelet med dei sosiale omgivnadene.

Helsetilstanden i befolkninga og forskjellar i helsetilstand mellom personar i ulike sosiodemografiske grupper blir vurderte etter ei rekkje indikatorar. Både eigenvurdering av helse og levekår og faglege vurderingar frå medisinsk utdanna personell tel med.

Menn har ifølgje statistikken høgare dødsrisiko enn kvinner – på visse alderstrinn dobbelt så høg eller meir.³ Fleire menn enn kvinner dør som følge av ulykker, og langt fleire menn enn kvinner tek sitt eige liv. Men kjønnsforskjellen minkar, hovudsakleg som følge av at færre menn dør av hjarte- og karsjukdommar.⁴ Forventa levealder i 2005 er 78,1 år for nyfødde gutar og 82,5 år for nyfødde jenter, ein auke på nesten fem og eit halvt år for menn og tre og eit halvt år for kvinner sidan tidsrommet 1976–1980. Dette er òg eit resultat av likestilling og minkande forskjell i livsstil mellom kvinner og menn. Det blir færre typiske mannlege og kvinnelege fenomen. Hjarteproblem har i årevis vore rekna som eit typisk mannfenomen, men i 2000 utgjorde kvinner heile 46 % av alle som døydd av hjarteinfarkt, viser tal frå Statistisk sentralbyrå.

Samtidig som kvinnene lever lenger, har dei fleire år med helseplager enn menn. Ved sjølvrapporterte helseplager oppgir fleire kvinner enn menn at dei har varige eller stadig tilbakevendande smerter i kroppen, at dei har hovudpine/migræne, at dei er trøytte og slappe, og at dei har søvnproblem og er ramma av ei rekkje andre psykiske og kroppslege symptom.⁵ Kvinner har høgare sjukefråvær⁶ enn menn, og dei har i større grad enn menn varige, kroniske sjukdommar.⁷

Korleis kan desse kjønnsforskjellane forklarast? Til ein viss grad kan kjønnsforskjellar i helsetilstand forklarast biologisk. Men dei er òg knytte til ulik åtferd mellom kvinner og menn. I forskinga er det sett fram ein hypotese om at jentebarn græt meir enn gutebarn fordi dei oppfattar smerte ulikt. Gråt uttrykkjer samtidig eit behov for omsorg frå omverda. Ein mogleg kjønnsbasert biologisk forskjell fører såleis til ei kjønnsbasert åtferd. Ulikskapar i sjukdomsførekost hos kvinner og menn kan utan tvil forklarast ut frå sosiale

faktorar. Menn er like sterkt genetisk disponerte for ukontrollert overeting som kvinner, men kvinner blir ramma nesten dobbelt så ofte. Nesten éi av ti kvinner overet, og kjønnsforskjellane må forklarast ut frå sosiale faktorar.⁸

I den grad åtferdsendringar kan gi menn ein betre objektiv og sjølvopplevd helsetilstand, er det eit mål å støtte opp under ønskelege endringar. Stereotype kjønnsroller og tradisjonelle oppfatningar om maskulinitet kan motverke slike endringar. Menn bør til dømes vere ekstra nøye med å verne seg mot sola. Trass i åtvaringar frå helsestyresmaktene synest mange gutar og menn framleis at det er «femi» å smørje seg inn med solkrem.⁹ Dersom det finst barrierar mot ønskede endringar, til dømes i form av nedarva haldningar, må det òg gjerast ein innsats for å bryte slike barrierar. Dette må vurderast på bakgrunn av observerte forskjellar.

Kjønnsforskjellar i levealder, rapportert sjukdom, bruk av helsetenester og eigenrapportert livskvalitet og helse kan ha biologiske årsaker, men er òg i stor grad påverka av sosiale faktorar.

6.1.1 Levealder

Dei seinare åra har menn hatt ein større auke i forventa levealder enn kvinner, og avstanden mellom kjønna minkar. Forskjellen i forventa levealder er redusert med ein tredjedel dei siste 20 åra. I 2006 kunne kvinner i gjennomsnitt vente seg å leve 4,5 år lenger enn menn. Ein auke i levealder er derimot ikkje det same som fleire «friske» leveår. For enkelte kan det bety fleire år med redusert helse eller funksjonsproblem. Helse taper seg med alderen, og førekosten av sjukdom og skadar aukar.

Utrekningar av forventa leveår med god helse eller utan nedsett funksjonsevne viser at menn lever kortare, men får fleire friske leveår enn kvinner. «Healthy Life Years» (HLY) er ein indikator som måler kor mange år ein person i ein gitt alder kan rekne med å leve utan funksjonsvanskar. Utrekningar viser at forventa levealder med god helse i gjennomsnitt var 66,3 år for menn og 64,2 år for kvinner i 2003. Stilt saman med estimert levealder betyr det at rundt 11 år for menn og i underkant av 18 år for kvinner i gjennomsnitt vil vere leveår der helseproblem set grenser for livsutfaldinga (<http://epp.eurostat.ec.europa.eu>).

³ SSB 2007 : "Socioøkonomisk status og dødelighet 1960-2000", <http://www.ssb.no/emner/02/02/10/dode/tab-2007-04-26-02.html>

⁴ Svalund 2005.


⁵ Helse i Noreg.

⁶ <http://www.ssb.no/emner/06/02/sykefratot/main.html>

⁷ Svalund 2005.

⁸ Reichborn-Kjennerud 2004.

⁹ Tatiana Oberyszyn, Ph.D., Kathleen Tober, Ph.D. et al.: "Gender differences in antioxidant activity, DNA damage, and vasculature in ultraviolet light exposed skin".



Figur 6.1 Forventa levealder frå fødsel, 1971–2005. Menn og kvinner

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Når forskjellane i levealder mellom kvinner og menn er reduserte dei siste tiåra, har det ei rekkje medisinske og sosiale årsaker. Dødsrisikoen for spedbarn er vesentleg redusert sidan 1990, og på-


rallet med denne positive utviklinga har forskjellane mellom kjønna minka. Utviklinga i dødsrisiko for gutar og jenter i spedbarnsalder er vist i figur 6.2.

6.1.2 Eigenvurdering av helse og livskvalitet hos menn

Fleire menn enn kvinner vurderer sin eigen helsestilstand som god eller svært god. Det gjeld for menn og kvinner i ulike aldersgrupper, men forskjellane er størst blant dei over 67 år.


Eigenvurdert helse er eit stabilt mål som ifølgje fleire studiar kan predikere dødsrisiko. Det har vore små endringar i korleis kvinner og menn vurderer eiga helse dei siste ti åra. Sjølv om det er prosentvis færre eldre som seier at helsa er god, er det i denne gruppa vi ser den mest positive utviklinga. Blant eldre menn, og i nokon grad blant eldre kvinner, har det vore ei forbetring i same perioden (helse- og levekårsundersøkingane, SSB).

Helsetilstanden i befolkninga blir òg målt ved at menn og kvinner i levekårsundersøkingane blir spurde om dei opplever sjukdom eller plager i kvardagen som påverkar dei i nokon eller stor grad. Svara stemmer overeins med vurderingane av eigen helsetilstand. Færre menn enn kvinner melder om plager som påverkar dei negativt i kvardagen.



Figur 6.2 Utviklinga i dødsrisiko for spedbarn 1990-2004

Per 1000 levandefødde; Heile landet, gutar; Heile landet, jenter



Figur 6.3 Menn og kvinner med god eller svært god helse i ulike aldersgrupper. Prosent. 2005

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Likestillingsgranskinga viser det same hovudbiletet som levekårsundersøkinga, nemleg at menn gjennomgåande rapporterer betre livskvalitet og helse enn kvinner. Granskinga viser òg, ikkje overraskande, ein positiv samanheng mellom jamleg fysisk aktivitet og eigen helsetilstand.

Eit anna interessant funn i granskinga er ein positiv samanheng mellom livskvalitet hos menn og grad av likestilling i parforhold. Menn som lever i likestilte parforhold, melder om betre helse og livskvalitet enn gjennomsnittet.

6.1.3 Førekost av sjukdom og ulikskapar i diagnosar mellom kvinner og menn


Kjønn er både biologi og kultur, og sjølv om dei biologiske likskapane mellom menn og kvinner er større enn forskjellane, skil kvinner og menn seg frå kvarandre på ei rekkje område. Ein opplagd forskjell mellom kjønna ligg i reproduksjonen – kvinner går gravide, føder og ammar barn. Nokre av forskjellane i helsesvikt handlar om biologi og genetik, men i mange tilfelle er biologi berre ein del av forklaringa på kjønnsforskjellane. Korleis feminitet og maskulinitet er sosialt og kulturelt utforma, spelar ei viktig rolle for å forstå og forklare kvifor menn og kvinner har ulik helsesvikt og dødsrisiko. «Knappt noen egenskap har så mange og viktige implikasjoner for helsebelastninger og helseressurser gjennom livsløpet som kjønn,» skriv Mæland og Haugland.¹⁰ Når menn døyr før kvinner, samtidig som kvinner lir meir, kan det komme av at kvinner lir meir av sjukdommar som ikkje fører til død, og/eller at kvinner opplever

¹⁰ Mæland og Haugland, 2007:78.



Figur 6.4 Prosentdel med sjukdom som påverkar kvardagen i nokon grad og i stor grad. Menn og kvinner i ulike aldersgrupper. 2005

Kjelde: Statistisk sentralbyrå




Figur 6.5 Endringar i dødsårsaker 1973–2005, utval av dødsårsaker. Nasjonalt folkehelseinstitutt

meir lidning ved sjukdommar som også rammar menn. Alt frå første leveåret er dødsrisikoen størst blant gutane. Høgare dødsrisiko blant yngre og middelaldrande menn kan òg komme av at menn undervurderer og underkommuniserer lidningane sine. Det kan medføre at menn ikkje får den behandlinga dei treng, og døyr før tida.¹¹ Menn har òg ein livsstil som aukar risikoen for ulykker og valdeleg død.

Sjølv om forskjellane har minka dei siste 30 åra, er det framleis store kjønnsforskjellar når det gjeld dødsårsak. Menn er overrepresenterte i gruppa som døyr som følge av ulykker, skadar eller sjølvmord (valdeleg død). Figur 6.5 viser utviklinga dei siste tiåra. Eit særtrekk er auken i talet på menn som døyr som følge av diabetes. Ei spesiell utfordring her er auken blant yngre menn.

Hjarte- og karsjukdommar kan knytast til menn og maskulinitet fordi slike lidningar framleis er langt hyppigare dødsårsak for menn enn for kvinner. Både betre medisinsk behandling og

¹¹ Bakketeig og Nordhagen 2007:89.



Figur 6.6 Død som følge av hjarte- og karsjukdommar 1973–2005, menn og kvinner.

Kjelde: Nasjonalt Folkehelseinstitutt

Tabell 6.1 Prosentdel som har vore plaga av ulike symptom i ein tremånadersperiode. Kvinner og menn 16–24 år. 2005

Har dei siste tre månadene vore plaga med	Menn	Kvinner
smerter i kroppen	10	17
hovudpine eller migrene	16	30
kløe eller svie	3	8
kvalme eller fordøyingsvanskar	5	12
svimling eller dårleg balanse	3	9
angst eller fobiar	2	6
nedstemt eller deprimert tilstand	5	13
irritabilitet eller aggresjon	7	12
konsentrasjonsvanskar	10	12
søvnproblem	7	14
trøytteleik eller energimangel	12	29

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

kampanjar for å styrkje folkehelsa har redusert dødsrisikoen som følgje av hjarte- og karsjukdommar dei siste tretti åra, men kjønnsforskjellane er enno vesentlege (figur 6.6).


Befolkningsundersøkingar viser at menn opplever symptom på sjukdom i langt mindre grad enn kvinner. Det gjeld særleg i dei yngste aldersgruppene, og funna stemmer godt overeins med resultatata frå likestillingsgranskinga 2007 og data frå allmennlegeundersøkingane. Når befolkninga blir eldre, minkar kjønnsforskjellane noko, og blant personar over 45 år rapporterer menn større førekomst av nokre diagnosar enn kvinner.

I intervju i helse- og levekårsundersøkinga 2005 seier fleire menn enn kvinner i alderen 45–66 år at dei har diabetes. Det er òg fleire menn enn kvinner som går til legen med diabetes (SEDA). Det gjeld både diabetes 1 og type 2-diabetes. Fastlegane skriv ut fleire reseptar til menn over 40 år med diabetes enn til kvinner på same alder (reseptregisteret, FHI). Blant yngre er det liten forskjell. Diabetes aukar risikoen for hjarteinfarkt, og menn får gjerne hjarteinfarkt tidlegare enn kvinner. Førekomsten aukar dramatisk med alderen. I aldersgruppa 45–66 år er det fire gonger så mange menn som kvinner som seier at dei har hatt hjarteinfarkt. Registreringar hos fastlegen viser at meir enn dobbelt så mange menn som kvinner i alle aldrar går til legen med infarkt (SEDA). Figur 6.7 viser førekomst av utvalde lidingar blant menn og kvinner 45–66 år.

6.1.4 Sjukefråvær


Når vi korrigerer for forskjellar i yrkesdeltaking, er menn sjeldnare enn kvinner borte frå arbeid som følgje av sjukdom. Også når vi ser på sjukedagar i alt (eigen- og legemelde), viser statistikken mindre fråvær blant menn.

Kjønnsforskjellar i bruken av sjukmeldingar (sjukmeldingspraksis) får støtte i SSBs statistikk over sjukefråvær, som viser at 7,6 % av dei kvinnelege arbeidstakarane og 4,3 % av dei mannlige



Figur 6.7 Førekomst av utvalde lidingar. Menn og kvinner 45–66 år. Prosent. 2005

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Figur 6.8 Tapte dagsverk pga. eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær for arbeidstakarar 16–69 år, i prosent av avtalte dagsverk. Kvartalstal. Kvinner og menn 2000–2006

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

hadde legemeldt fråvær frå arbeidet i 2006. Det eigenmelde sjukefråværet ligg på rundt 1 % for begge kjønn, noko lågare for menn enn for kvinner.

Likestillingsgranskinga stadfester dei fleste av funna som tidlegare er gjorde i befolknings- og pasientundersøkingane. Funna frå granskinga kan oppsummerast slik:

- Ein større del av dei med høg utdanning trenar og held seg i form, og kvinner noko meir enn menn.
- Noko fleire menn enn kvinner føler seg vel med kroppen sin.
- Noko fleire kvinner enn menn seier at dei har ulike psykiske og fysiske lidingar som depresjon, angst, stress, vond rygg og manglande sexlyst.
- Overvekt rammar kvinner hardare enn menn i form av ubehag og problem.

I granskinga oppgir eldre over 65 år å vere meir fornøgde med eigen kropp enn dei yngre aldersgruppene (over 18 år). Granskinga stadfester dessutan ein tendens som er fanga opp av andre undersøkingar – at menn (og kvinner) med høgare utdanning trenar oftare og melder om færre kroppslege og psykiske plager enn andre utdanningsgrupper.

6.2 Bruk av helsetenester

Helsetenestene skal vere likeverdige for heile befolkninga utan omsyn til kjønn. Samtidig varierer bruken av helsetenestene mellom kvinner og menn. Forskjellane kan ha å gjere med ulikskapar i forekomsten av symptom på lidingar, men kan i tillegg liggje i måten menn og kvinner tolkar signala frå kroppen på.

6.2.1 Bruk av primærhelsetenester

Allmennlegen/fastlegen representerer ofte det første møtet brukaren har med helsetenesta. I ungdomsåra er skulehelsetenesta eller helsestasjonen for ungdom eit viktig tilbod. Begge tenestene står sentralt i det helsefremjande og sjukdomsførebyggjande arbeidet og tilbyr mellom anna individuell rådgiving. Allmenlegeundersøkinga viser at menn oppsøker legekontora i mindre grad enn kvinner. Om lag 65 % av mennene og 75 % av kvinnene går til allmennlegen i løpet av eit år. Når vi ser på utvalde grupper, er forskjellane særleg store. For einslege mellom 25 og 44 år er forskjellen mellom kvinner og menn tju prosentpoeng. I aldersgruppa 45–66 år er det ti prosentpoeng fleire kvinner som har vore hos allmennlegen. I gruppa over 67 år har prosentvis like mange menn som kvinner vore hos allmennlegen siste året. Blant einslege over 67 år er det nær 10 prosentpoeng fleire kvinner enn menn som har oppsøkt legekontoret, mens det for par over 67 år er omvendt ved at nær 10 % fleire menn enn kvinner har oppsøkt legekontoret. For menn ser det altså ut til at eit einsleg tilvære byr på særlege utfordringar når det gjeld å tolke eigen kropp og helsestilstand og oppsøkje fastlegen.

Også når vi ser på kor ofte folk har kontakt med legekontora, er kjønnsforskjellane klare. Prosentvis dobbelt så mange kvinner som menn har vore i kontakt med allmenlege fleire enn fem gonger siste året. Ein rapport frå NAV viser at kvinner mellom 20 og 40 år har nesten dobbelt så mange konsultasjonar hos fastlegen som menn i same aldersgruppa. Mykje av forskjellen kan truleg forklarast med at kvinner i fertil alder oppsøker lege oftare i samband med prevensjon, graviditet, underlivsrelaterte problemstillingar og liknande. Undersøkinga viser samtidig at kvinner og menn over 40 år oppsøker legevakta i omtrent like stor grad.¹²

¹² Referanse: "Hva foregår på legekantorene? Konsultasjonsstatistikk for 2006". NAV-rapport 4/2007

Tabell 6.2 Prosentdel som har vore hos allmennlege siste året, og prosentdel som har vore hos allmennlege fem eller fleire gonger siste året. Menn og kvinner og familiefase. 2005

		Hos allmennlege	Meir enn fem gonger hos allmennlege
Alle	Menn	65	11
	Kvinner	75	18
Einslege 16–24 år som bur hos foreldre	Menn	60	6
	Kvinner	70	10
Einslege 16–24 år elles	Menn	55	5
	Kvinner	77	14
Einslege 25–44 år	Menn	60	7
	Kvinner	79	21
Par 16–44 år utan barn	Menn	58	7
	Kvinner	73	17
Einslege forsørgjarar	Menn	64	8
	Kvinner	74	24
Par med barn 0–6 år	Menn	60	7
	Kvinner	67	16
Par med barn 7–19 år	Menn	60	11
	Kvinner	68	15
Par utan barn 45–66 år	Menn	71	14
	Kvinner	83	19
Par utan barn 67 år og eldre	Menn	81	19
	Kvinner	74	16
Einslege 45–66 år	Menn	69	18
	Kvinner	79	24
Einslege 67 år og eldre	Menn	74	21
	Kvinner	81	19

Kjelde: Helse- og levekårsundersøkingane, Statistisk sentralbyrå


Etter 45-årsalderen minkar forskjellane i helsetenestebruk mellom menn og kvinner. Menn over 45 år som lever i parforhold, ser ut til å gå meir til legen enn menn som lever åleine, men ikkje oftare enn kvinner i same familiefase. Etter pensjonsalder er det relativt fleire menn enn kvinner som har vore hos legen fem eller fleire gonger siste året.

6.2.2 Bruk av spesialisthelsetenester

Éi av fire kvinner og éin av fem menn har vore hos spesialist på sjukehus siste året (helse- og levekårsundersøkinga 2005). Prosentvis har vesentleg fleire kvinner i fruktbar alder enn menn i tilsvarende alder vore hos spesialist, både spesialistar på sjukehus og private spesialistar. Held ein tilvi-

singar i samband med svangerskap og fødsel utanfor, går den kvinnelege prosentdelen av tilvisingane ned. Trass i dette er det fleire kvinner enn menn som blir viste vidare til spesialist (SEDA). Forskjellane mellom menn og kvinner blir mindre med alderen. Blant barn i alderen 2–14 år er det relativt fleire gutar enn jenter som blir viste vidare inn i spesialisthelsetenesta.

Pasientstatistikken viser at menn og kvinner har ulikt forbruk av sjukehusenester, men ulik bruk er ikkje det same som forskjellsbehandling. Menn og kvinner har ikkje heilt samanfallande helseproblem, og kva sjukehusa kan tilby ulike pasientgrupper, kan ikkje utan vidare tolkast som mangel på likestilling. Likevel kan data som viser forskjellar i forbruksratar, vere eit utgangspunkt for vidare likestillingsstudiar i sjukehussektoren.



Figur 6.9 Døgnopphald ved somatiske sjukehus per 1000 innbyggjarar etter kjønn og alder. Svangerskapsrelaterte opphald er haldne utanfor. 2006

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I 2006 var det i overkant av 820 000 døgnopphald ved dei somatiske sjukehusa for personar bu-sette i Noreg. Kvinner stod for 54,3 % av opphalda. Den gjennomsnittlege liggjetida per opphald er derimot nokolunde lik for begge kjønn og har vore det i ei årrekke. I 2006 var liggjetida 5 døgn for menn og 5,1 døgn for kvinner. Sidan kvinner i tillegg har fleire opphald, betyr det at menn har færre liggjedagar årleg ved sjukehusa.

Hjarte- og karsjukdommar er den vanlegaste årsaka til døgnopphald for menn og står for 18 % av opphalda deira. Her er hjertesjukdommar som hjarteinfarkt og angina pectoris (hjartekrampe) dei vanlegaste hovuddiagnosane. Menn har nesten dobbelt så mange opphald som kvinner for desse hjertesjukdommane. Hjernekar-sjukdommar som hjerneslag er derimot nesten like hyppige som innleggingsårsak for begge kjønn.

6.3 Sjukdomsrapportering hos menn

Tradisjonell maskulinitet med høgt fokus på styrke, sjølvkontroll, sjølvbehersking, uthald, handlekraft og forakt for fysisk smerte gir seg utslag i mannshelsa. Menn oppsøker helse- og om-

sorgstenestene i mindre grad enn kvinner, noko forskarar beskriv som eit forsøk på å bagatellisere og fornekte helseproblem.¹³ Å vere sjuk og svak truar den tradisjonelle maskuliniteten og fører til at menn ofte trekkjer seg tilbake når dei får helseproblem, og heller lir i det stille.¹⁴ Gutar og menn har lenge blitt sosialiserte til å skjule svake sider og kontrollere og dempe medkjensle, sårbarheit og gråt.¹⁵ Store gutar græt ikkje, heiter det.

Undersøkinga viser at unge gutar i liten grad bruker tradisjonelle informasjonskanalar og tilbod når dei treng hjelp og opplysning¹⁶. Gutar skal helst takle problem på eiga hand og ser det som lite maskulint å snakke om dei. Det gjeld ikkje minst sex og samliv. Eksisterande hjelpetilbod blir av gutar rekna for å vere jenteorienterte og lite relevante¹⁷. Berre 5–10 % av brukarane av vanlege hjelpetilbod og opplysningstiltak for ungdom er gutar, mens gutar står for om lag 50 % av trafikken på helserelaterte nett- og telefoneneser for ungdom. Samtidig viser undersøkingane at gutar treng hjelp og opplysning i like stor grad som jenter.

Lilleaas har intervjuva menn som har hatt hjarteinfarkt, og legg vekt på ein inngrodd, mannleg *forsørgjarlogikk* som forklaring på korleis menn ser på kropp, helse og sjukdom. Det dei intervjuva mennene seier om jobb, karriere og forsørgjarsvar, viser at dei alltid har sett på seg sjøve som hovudforsørgjar i familien, sjølv om dei fleste hadde koner som jobba fulltid, og mange av mennene hadde arbeidd svært mykje. Biletet desse mennene teiknar av kroppen sin slik han var før infarktet, er av «en sterk, utholdende og alltid arbeidende kropp,» skriv Lilleaas.¹⁸ Mennene fortel stolte at dei så å seie aldri hadde vore borte frå jobben på grunn av sjukdom før dei fekk infarkt. Denne sida ved tradisjonell maskulinitet blir eit problem når resultatet er at menn overser sjukdomsteikn. Samtidig kan dei same eigenskapane påverke behandlingsgangen og habiliteringa i positiv retning. I ein studie viste maskuline menn større grad av betring frå dei blei lagde inn på sjukehus, til eitt år etter at dei var utskrivne. Ei grunnsetning i mannleg maskulinitet har vore at ein skal tole motgang og vise vilje til å overvinne vanskar.¹⁹

¹³ Charmaz 1995; Madsen 2006; White 2006.

¹⁴ Simonsen 2006.

¹⁵ Rådd at falla, 1998.

¹⁶ Økland og Glavin 2005.

¹⁷ Nasjonalt Folkehelseinstitutt 2004.

¹⁸ Lilleaas 2006b.

¹⁹ University of Missouri-Columbia Tidsskriftet "Psychology of Men and Masculinity" 2006.

Når sjukdom blir tolka som eit teikn på veikskap, noko som truar identiteten som skikkeleg arbeidskar og bryt med stoltheita over å ikkje vere sjuk, blir resultatet ofte at menn teier om eigne helseplager. I «trøttleiksprosjektet», der mannlege ingeniørar og leiarar blei intervjuar om korleis dei takla å vere trøytte og slitne, fann Lilleaas og Widerberg at måten mange av mennene snakka om dette på, i første omgang gav inntrykk av at dei aldri hadde hatt helseproblem.²⁰ Først mot slutten av intervjuar kom det fram at dei hadde fått ei rekkje signal om at kroppen var overbelasta. Mange leid av typiske stressymptom som dei ikkje snakka med andre om, ikkje eingong med den nærmaste familien. I del 4 og 5 blir det påpeikt at yngre menn er den gruppa som arbeider mest overtid. Yngre menn er samtidig den gruppa som slit mest med sjukleg trøttleik.²¹ Det heng saman med nattskift, overtid og liknande, der menn er overrepresenterte. Ein konsekvens av å vere sjukleg trøytt kan vere auka risiko for å bli innblanda i ulykker.

Også studien av menn som har hatt hjarteinfarkt, viser at eit fellestrekk for mennene er at dei i liten grad snakkar med andre om korleis dei har det. Motviljen mot å snakke om eiga helse har som konsekvens at menn underrapporter sjukdom og ikkje innrømmer at dei har smerter og plager. Dermed går dei mindre til lege og får ikkje behandling. Det inneber sjølv sagt at mange menn lever med plager som kunne vore behandla. Til dømes er betennelse i blærehalskjertelen (prostata) ei lite påakta mannleg lidning som også rammar yngre menn. Sjukdommen skriv seg frå ein bakteriell infeksjon og medfører smerter i underlivet som gir plager i større eller mindre grad. Studiar viser at mange menn kvir seg for å søkje hjelp med slike diffuse underlivsplager.²² Ved å la vere å søkje hjelp pådreg dei seg større plager enn dei hadde behovd. Langt alvorlegare er det når menn ikkje oppsøker lege med det som viser seg å vere symptom på dødelege sjukdommar.

Fleire menn enn kvinner får kreft, og fleire menn enn kvinner døyr av kreft. Menn døyr dessutan oftare av kreftformer som rammar flest kvinner. Vondarta føflekkreft er hyppigast blant kvinner, men det er fleire menn som døyr av denne kreftforma. Grunnen er at menn oftare enn kvinner har spreiding når kreften blir oppdaga. Ifølgje kreftforeninga er den viktigaste årsaka til at fleire menn døyr, at dei kjem for seint til legen. Menn kjenner ikkje symptomata eller tek dei ikkje alvorleg. Også

symptom på hjarte- og karsjukdommar er det mange menn som overser. Mange av mennene Lilleaas intervjuar som hadde hatt hjarteinfarkt, hadde hatt symptom som vondt i armen og halsen og kjent seg svært uvel. Men fleire av mennene hadde bagatellisert og oversett symptomata fordi dei hadde hatt så mykje å gjere på jobben. Når kollektive haldningar i befolkninga resulterer i at menn lét vere å oppsøkje helsetenestene, er det ei likestillingspolitisk utfordring. Slike haldningar må endrast, slik at menn oppsøker helsetenestene når signala frå kroppen tilseier at dei bør gjere det.

6.3.1 Psykisk helse

Dess sunnare livsstil mennene hadde, dess færre psykiske plager som kravde hjelpetiltak, hadde dei.²³ Pasientundersøkingar viser at dei vanlegaste psykiske lidningane førekjem oftare hos kvinner enn hos menn, samtidig som lidningane har ulik uttryksform. Dahl²⁴ formulerer dette slik: «Kvinner og menn presenterer forskjellige lidelsesbilder. Mens kvinnes psykiske lidelser domineres av forstyrrede emosjoner og individuell misere, synes mennenes psykiske lidelse i større grad å være preget av atferdsvansker som får større konsekvenser for deres nærmeste.» Studiar viser òg at det er forskjell på kva kjønna opplever som psykiske påkjenningar. Kvinner legg størst vekt på problem med relasjonar og tap av menneske, mens menn oftast oppgir problem med økonomien, problem på jobben og tap av arbeid.

Som for somatisk sjukdom kan motvilje mot å snakke om problem spele inn også når det gjeld psykisk helse. Mange menneske med angstsymptom oppsøker ikkje lege. Det gjeld i særleg grad menn, som nødig fortel om plagene sine fordi det kolliderer med ei oppfatning om at det er umandig å være redd. Også når det gjeld depresjonar, kan evna til å fortelje andre om kjensler vere med på å forklare forskjellar mellom menn og kvinner. Den største forskjellen mellom menn og kvinner viser seg i dei lette depresjonane. Langt fleire kvinner enn menn har slike plager. Alvorlege depresjonar er meir jamt fordelte mellom kjønna, og det same gjeld bipolar (manisk-depressiv) lidning.²⁵ Det kan henge saman med at menn ikkje tek kontakt med helsetenesta for lette depresjonar, men vil klare seg sjølve. Dermed blir dei for lite og for seint behandla, og ofte er det ved sjølv mord eller sjølv mordsforsøk andre blir klar over kor gale det har stått til.

²⁰ Lilleaas og Widerberg 2001.

²¹ Waage m.fl. 2007.

²² Bakketeig og Nordhagen 2007:94.

²³ Nasjonalt Folkehelseinstitutt, Oslo-undersøkinga II.

²⁴ Dahl 2007:169.

²⁵ Garde og Gerlach 2006.

6.3.2 Sjølv mord

Kvinner gjer sjølv mordsforsøk 10–20 gonger så ofte som menn.²⁶ Samtidig er det langt fleire menn enn kvinner som tek livet av seg. Det er særleg unge menn med psykiske lidingar, stoff- og alkoholproblem og eldre, einsame og deprimerte menn som gjer sjølv mord.²⁷ I 2004 var det 359 menn og 170 kvinner som valde å avslutte livet for eiga hand,²⁸ altså dobbelt så mange menn som kvinner. Tidlegare har denne forskjellen vore endå større, men frå 2003 til 2004 auka talet på kvinner som tok livet av seg, mens talet på menn gjekk litt ned. Forklaringa på den store forskjellen mellom sjølv mordsforsøk og fullbyrda sjølv mord ligg i metodane menn og kvinner bruker ved sjølv mord. Kvinnene tek oftare overdosar av medikament som dei overlever. Mennene bruker meir dramatiske metodar som skyting, henging eller drukning. Nyare forskning tyder likevel på at dette er i endring, og at fleire menn tek overdosar og fleire kvinner bruker valdelegare metodar som henging.²⁹

6.4 Menns livsstil

Tradisjonell maskulinitet verkar inn på menns levevanar på ein måte som har betydning for helse og dødsrisiko. Dette gjeld både med omsyn til ernæring, fysisk aktivitet, tobakk, seksuell helse, rusmiddel og ulykkesrisiko.

Levevanar bidreg til kjønnsforskjellar og sosiale forskjellar i helse. Skal desse forskjellane bli mindre, må det takast i bruk verkemiddel som gjer det enklare for alle å leggje seg til helsefremjande levevanar. Strukturelle verkemiddel har større betydning for folkehelsa på befolkningsnivå enn verkemiddel som primært rettar seg mot individet. Normative verkemiddel som lover, forskrifter, retningslinjer og tilrådingar er viktige, og effekten blir størst om ein tek i bruk og kombinerer fleire typar verkemiddel på fleire arenaer samtidig. Skular, arbeidsplassar, nærområde og helseinstitusjonar er store samfunnsarenaer der det er viktig å leggje til rette for gode levevanar. Dette er arenaer der store delar av befolkninga oppheld seg kvar dag, og her kan mange nåast.

6.4.1 Ernæring

Når ein samanliknar matinntaket hos ulike grupper i dei nasjonale kosthaldsundersøkingane, viser det seg at menn et meir av dei fleste matvarer enn kvinner. Dette er naturleg ettersom mennene i gjennomsnitt hadde nesten 40 % høgare energiinntak enn kvinnene. Forskjellen kan til dels forklarast med større behov. Trass i dette hadde kvinner eit høgare inntak av grønnsaker, frukt og bær, skumma mjølk, te og vin enn menn.

Ein vanleg praksis blant menn er å gå lenge utan mat for så å ete eit kraftig måltid. Mange menn tenkjer at frukt, grønnsaker og annan sunn mat ikkje mettar godt nok eller gir den energien som trengst. I ein studie om menn og slanking viser Lien³⁰ at mange av informantane opplevde sunn mat som «damemat». Å vere oppteken av kosthald og ernæring har i vårt samfunn vore knytt til feminitet, men dette kan vere i ferd med å endre seg.

Med aukande alder blei det ete mindre av dei fleste matvarer. Særleg store forskjellar var det for varegrupper som leskedrikker, søtsaker og snacks, der bruken var høvesvis fire, fem og sju gonger større blant menn i alderen 16–29 år enn blant menn i alderen 60–79 år. Inntaket av matvarer som poteter, grønnsaker og fisk var derimot lågare blant dei yngre enn blant dei eldre. Norkost 1997 viste òg at dei med lang utdanning og høgare sosioøkonomisk status hadde eit meir helsesamt kosthald enn dei med kort utdanning og lågare sosioøkonomisk status. Vidare hadde ikkje-røykjarar og dei med regelmessig mosjon eit sunnare kosthald enn røykjarar og inaktive.

Menn og kvinner med minst 13 års utdanning hadde høgare inntak av grønnsaker, frukt, fisk, skumma mjølk, te, øl, vin og brennevin, og lågare inntak av poteter og lettmjølk enn dei med mindre enn 13 års utdanning. Dessutan hadde menn med lang utdanning lågare inntak av kjøt, heilmjølk, matfeitt, sukker, honning, søtsaker, snacks og leskedrikker enn menn med kort utdanning. Både menn og kvinner med lang utdanning var oftare brukarar av vitamin- og mineraltilskot enn dei med kort utdanning.³¹

Tiltak på ernæringsområdet er forankra i handlingsplanen for betre kosthald i befolkninga (2007–2011).

²⁶ Dahl 2007.


²⁷ Kringlen 2005.

²⁸ SSB 2006.

²⁹ Garde og Gerlach 2006.

³⁰ Lien 2004.

³¹ Sosial- og helsedirektoratet: Utviklingen i norsk kosthold 2007. IS-1509.



Figur 6.10 Utviklinga i prosentdel kvinner og menn i alderen 20–29 år som er overvektige (KMI 25,0–29,9 kg/m²) eller har utvikla fedme (KMI 30 kg/m²) mellom HUNT 1 (1984–1986) og HUNT 2 (1995–1997)

Som figur 6.10 viser, er halvparten av mennene mellom 20 og 29 år overvektige. Dette er vesentleg fleire enn blant kvinnene. Blant alle over 20 år viser HUNT 2 at 53 % av mennene og 40 % av kvinnene kan karakteriserast som overvektige.³² Ut frå dokumentasjonen frå Nord-Trøndelag kan vi gå ut frå at det er forskjellar i kroppsvekt mellom kjønna.

6.4.2 Fysisk aktivitet

I det såkalla trøytteleksprosjektet fann Lilleaas og Widerberg at mange av mennene framstilte kroppen som ein ting som ikkje treng vedlikehald, noko ein bruker til det går i stykke.³³ Ein seinare studie viser at toppidrettsutøvarar har den same kroppsforståinga.³⁴

I likestillingsgranskinga 2007 er kvinner og menn spurde om haldning til eigen kropp, og resultatata frå granskinga viser at menn i større grad enn kvinner trivst med eigen kropp.

Mens 64 % av mennene seier seg heilt eller delvis samde i utsegna «eg føler meg vel med kroppen min», er tilsvarende tal for kvinner 48 %. Berre 4,6 % av mennene seier seg heilt usamde (dei føler seg ikkje vel med eigen kropp). Tala kan vere uttrykk for substansielle forskjellar, men òg for ulik terskel hos kvinner og menn når det gjeld å vere tilfreds med eigen kropp. Tala står i mot-svar til fleire av dei faktorane som normalt blir tolka negativt i samband med kropp (fedme/overvekt og anna).

Når vi ser på fysisk aktivitet, viser fleire norske studiar at menn trenar oftare enn kvinner. Samtidig er prosentdelen menn på 40–42 år som har tungt fysisk arbeid, halvert til ca. 15 % i perioden 1974–1994. Talet for kvinner ligg nokså stabilt på 3–4 %.³⁵ Det kan tyde på at menn generelt er blitt noko mindre fysisk aktive i løpet av arbeidsdagen. MMI-undersøkingar i Noreg viser at menn i mindre grad trenar for å få overskot, kjenne velvære, førebyggje plager, regulere vekta eller forandre utsjånaden. Mennene rapporterer i staden spenning og det å måle krefter med andre som grunnar for å trene.³⁶ Både hos kvinner og menn ser vi ein sterk sosial gradient: Dei med lengre utdanning trenar oftare enn dei med kortare utdanning.³⁷

For å få fleire vaksne menn til å vere fysisk aktive, i samsvar med tilrådinga om minst 30 minutt dagleg moderat fysisk aktivitet, må det arbeidast bevisst med å etablere lågterskeltilbod som appellerer til menn. Evalueringa av ordninga med grøn resept viser at 76 % av deltakarane er kvinner.³⁸ Populære lågterskeltilbod i grøn resept-ordninga og generell tilrettelegging for fysisk aktivitet, til dømes trening til musikk, stavgang og gågrupper, appellerer mindre til menn. For å få gode lågterskeltilbod er det derfor viktig å involvere menn i utvikling og organisering av aktivitet. Tiltaka på aktivitetsområdet er forankra i handlingsplanen for fysisk aktivitet 2005–2009.

6.4.3 Tobakk

Utrekingar viser at røyking var årsak til om lag 6700 dødsfall i 2003. Det tilsvarende 16 % av alle dødsfall, eller 19 % hos mennene og 14 % hos kvinnene.³⁹ Talet på dødsfall som kunne tilskriva

³² Drøyvold mfl. 2006: Change in height, weight and body mass index: Longitudinal data from the HUNT (Helse Undersøkelse i Nord-Trøndelag) Study in Norway. *Int J Obes (Lond)*. 2006 Jun;30(6):935-9.

³³ Lilleaas og Widerberg 2001.

³⁴ Lilleaas 2004.

³⁵ Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet og helsekartlegging. 2001:1.

³⁶ Gunnar Breivik, personleg fråsegn MMI-undersøkingane 2007.

³⁷ Folkehelseinstituttet: Sosial ulikhet i helse – en faktarapport. 2007:1.

³⁸ Møreforskning 2008 (personleg fråsegn).

røyking, var høgare for menn (3700) enn for kvinner (3000), men mens talet aukar blant kvinner, minkar det blant menn fordi røykinga der har gått kraftig ned over fleire år.

I 1973 røykte over halvparten av den vaksne mannlege befolkninga, mot om lag 30 % av kvinnene. Denne forskjellen har medverka til ulik fordeling av røykjerelatert sjukdom og død mellom kjønna. I 2007 blei det målt ein lik prosentdel kvinner og menn som røykjer dagleg, om lag 22 %. Blant dei yngste er det heller ikkje nokon store kjønnsforskjellar å spore.⁴⁰


Røyking er den helseåtferdsfaktoren der samanhengen med helsetilstand er best dokumentert, og der dei sosiale forskjellane er klarast. Røyking er klart overrepresentert i grupper med låg inntekt, kort utdanning og manuelle yrke. Dei seinare åra har det likevel blitt prosentvis færre røykjarar på alle utdanningsnivå. Særleg blant menn har nedgangen vore stor og jamn sidan 1970-talet, mens utviklinga blant kvinner har variert meir.

Når det gjeld snus, er det er svært stor forskjell på menn og kvinner. Blant menn har dagleg bruk av snus auka frå 3 % prosent i 1985 til 11 % i 2007, mens talet aldri har vore over 1 % for kvinner. Blant unge menn har auken vore nærmast eksplosiv. I aldersgruppa 16–34 år har gruppa som bruker snus dagleg, auka frå rundt 3 % i 1985 til drygt 20 % i 2007. Her er bruk av snus blitt vel så vanleg som røyking. Det er i denne gruppa røyking har vore sterkast på retur, og ein samanheng kan ikkje utelukkast. Blant kvinner har derimot røykjeprosenten gått ned utan nokon tilsvarende auke i snusbruk.

Den nasjonale strategien for det tobakksforebyggjande arbeidet i Noreg 2006–2010 har sosial ulikskap, kjønn og kulturell bakgrunn som tverrgående perspektiv. Det inneber at alle desse perspektiva skal telje med når tiltaka i planen skal utviklast. Også i overvaking, undersøkingar og evalueringar skal det takast omsyn til kjønnspektivet.

6.4.4 Gutar og menn – seksualitet og seksualvanar

Seksualvanar er kopla til kjønn og kjønnsbaserte forskjellar i forståinga og opplevinga av seksuali-



Figur 6.11 Utviklinga i prosentdel kvinner og menn i alderen 16–74 år som røykjer eller bruker snus dagleg, 1973–2007

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

tet. Kulturelle kjønnsbaserte forskjellar har historisk verka inn på seksualvanane hos kvinner og menn. I likestillingsgranskninga blei kvinner og menn spurde om dei såg på sexlivet sitt som godt eller ikkje. Drygt halvparten av både kvinner og menn såg på sexlivet sitt som godt eller svært godt. Noko fleire kvinner enn menn ser på eige sexliv som godt, men samtidig er noko fleire kvinner enn menn svært misfornøgde. Noko fleire yngre enn eldre, både blant kvinner og menn, er fornøgde med eige sexliv.

Sidan 1960-talet har menn og kvinner fått meir like seksualvanar. Undersøkingar tyder på at det først og fremst er kvinner som har endra åtferdsmønster. Arbeidet for likestilling mellom kjønna, stor grad av utjamning av tidlegare kjønnsforskjellar i utdanning og enklare tilgang til sikker prevensjon har vore påpeikt som sentrale forklaringsfaktorar for endringane i åtferdsmønster. Kunnskap om seksualvanane i befolkninga er nødvendig for å forstå, føreseie og førebyggje spreieing av seksuelt overførbare sjukdommar som hiv/aids, klamydia og herpes. Vidare er slik kunnskap viktig for å førebyggje uønskte svangerskap. Nasjonalt Folkehelseinstitutt har derfor undersøkt seksualvanane i befolkninga med fem års mellomrom, første gongen i 1987.

Det store fleirtalet blant kvinner og menn over 18 år oppgir å ha seksuell erfaring. Berre 5 % av kvinner og 8 % av menn over 18 år sa i 2002 at dei ikkje hadde seksuell erfaring. Den vanlege debut-

³⁹ Hvor dødelig er røyking? Rapport om dødsfall og tapte leveår som skyldes røyking. Rapport 2006:4. Nasjonalt folkehelseinstitutt.

⁴⁰ Røyking i Norge, 2007. Stadig færre røyker daglig. SSB. <http://ssb.no/royk/>

alderen for gutar var 17,5 år i 2002, for jenter 17,1 år. Debutalderen for jenter har endra seg lite sidan 1987 (første året seksualvanane blei undersøkte), men er redusert med 0,7 år for gutar (menn). Ein av fem gutar har debutert seksuelt før den seksuelle lågaldren (16 år). Det same har fjerdekvart jente. Sidan 1987 er det lita endring i debutalder for gutar, men ein vesentleg nedgang for jenter.

Eit godt seksualliv blir av mange sett på som eitt av fleire viktige kriterium for god livskvalitet, jamfør likestillingsgranskinga. Undersøkingar viser òg at mange er seksuelt aktive i høg alder, sjølv om prosentdelen som er seksuelt aktive, minkar med alderen.⁴¹ I dei eldste gruppene er det store kjønnsforskjellar. Mens 40 % av mennene mellom 75 og 85 år oppgav å vere seksuelt aktive, var tilsvarende tal for kvinner 17 %. Dette trass i at like mange menn som kvinner oppgav smerter eller andre kroppslege problem som årsak til mangelfullt seksualliv.

Fleire menn enn kvinner oppgir å ha hatt svært mange seksualpartnarar. Blant menn har seksualvanane likevel endra seg i retning færre seksualpartnarar. I 2002 er det framleis fleire menn enn kvinner som oppgir å ha hatt fleire partnarar, men kjønnsforskjellane er vesentleg reduserte sidan 1987.

Eit særleg interessant aspekt ved undersøkingane er endringane når det gjeld erfaring med sex med ein person av same kjønn. Av mennene svarte 4 % i 1987 at dei hadde slik erfaring, mens 11 % av mennene i 2002 oppgav at dei hadde hatt seksuelt samvær med ein annan mann. Både i 1992 og 2002 oppgav menn 15 år som medianalder ved første kontakt. Det er primært i den yngste aldersgruppa endringane i homoseksuell erfaring har skjedd. I aldersgruppa 18–24 år var prosentdelen menn som oppgav homoseksuell erfaring, 5,8 i 1987 og 14,1 i 2002. Ser vi på personar i alderen 45–49 år, oppgav 2,8 % av mennene homoseksuell erfaring i 1987 og 4,5 % i 2002.

Seksualvaneundersøkingane frå 1987–2002 understrekar at seksuell erfaring med person av same kjønn på ingen måte er einstyddande med homofil, lesbisk eller biseksuell legning. Eit klart fleirtal av dei som oppgir homoseksuell erfaring, meiner sjølve å ha ei heteroseksuell legning (61 %).

I 2002 oppgav 13 % av norske menn at dei ein eller annan gong i livet hadde kjøpt sex. Det re-

Tabell 6.3 Prosentdel menn og kvinner som har hatt seksuelt samvær med partnar av same kjønn

	Menn	Kvinner
1987	3,6	3,3
1992	4,8	3,7
1997	5,1	6,4
2002	10,7	11,7

presenterer ein auke på 2 % frå 1992. Prosentdelen kvinner som seier at dei kjøper sex, er låg på alle undersøkingstidspunkt.

6.4.5 Seksuelt overførbare infeksjonar

Statistikk over seksuelt overførbare infeksjonar viser tydelege kjønnsforskjellar i førekomst. Heilt sidan registrering av hiv og aids kom i gang tidleg på 1990-talet, har to av tre personar som blei registrerte med infeksjonen, vore gutar eller menn. I gruppa gutar/menn er personar med homoseksuell erfaring overrepresenterte. I figur 6.12 er førekomst fordelt på kjønn vist for perioden 1993–2007.

Det same kjønnsmonsteret som for hiv finn vi i førekomsten av gonoré, og omfanget er tilsvarende. Også hepatitt C kan overførast via seksuell omgang, men her varierer smitteforma meir. Uansett er det langt fleire gutar og menn enn kvinner som blir smitta av hepatitt C. I 2007 blei det registrert 69 tilfelle blant kvinner og 127 tilfelle blant menn.

Av seksuelt overførbare infeksjonar er det no genital klamydia som har størst utbreiing med 23 000 registrerte tilfelle i 2007. Kvinner er overrepresenterte både når det gjeld testaktivitet og registrerte tilfelle. Her er det truleg store mørketal, og det er tvilsamt om statistikken gir eit fullgodt bilete av situasjonen.


Det er liten tvil om at kjønnsforskjellar i seksualvanar og seksuell praksis verkar inn på førekomsten av infeksjonar.

6.4.6 Alkohol og rus

Menn drikk vesentleg meir alkohol enn kvinner, dei drikk meir kvar gong dei drikk, og dei drikk seg oftare rusa, sjølv om jenter og kvinner har nærma seg mennene i drikkemonster dei siste 10–15 åra.⁴² Utrekna årleg konsum er 2,5 gonger

⁴¹ Bancroft 2007.

⁴² Rossow 2007.



Figur 6.12 Årlege tilfelle av hiv blant kvinner og menn


høgare blant menn enn blant kvinner, og forskarar har rekna ut at vi kan forvente omtrent seks gonger fleire menn enn kvinner med alkoholmisbruk. Samtidig er det berre rundt dobbelt så mange menn som kvinner i behandlingstiltak for alkoholmisbrukarar, og det heng truleg saman med at menn også på dette området er meir tilbakeholdne med å søkje hjelp for problema sine. Det har vore hevda at menn i større grad maskerer både sorg og depresjon med rus,⁴³ og at menn sjølvmedisinerer psykiske vanskar med alkohol.⁴⁴

Når det gjeld narkotika, oppgir 13 % av 15–20-åringane i spørjeundersøkingar blant ungdom at dei har brukt hasj.⁴⁵ Blant desse er det ei viss overvekt av gutar, men det er ingen vesentlege forskjellar mellom gutar og jenter når det gjeld å eksperimentere med narkotiske stoff i ungdomstida. Når det gjeld langvarig og alvorleg misbruk, blir kjønnsforskjellane meir markante. Studiar av stoffmisbrukarar i behandlingstiltak og ved sprøyteutdeling viser at det er meir enn dobbelt så mange menn som kvinner i desse utvala.⁴⁶ Dei aller fleste av dei som prøver narkotiske stoff i ungdommen, gjer det i avgrensa omfang i ein kortare periode av livet, for så å halde opp. Men nokre utviklar eit meir omfattande rusmiddelmissbruk, og risikoen for dette ser altså ut til å vere vesentleg høgare for menn enn for kvinner.

Bruk og misbruk av rusmiddel kan føre til helsemessige og sosiale rusmiddelrelaterte skadar, både akutte skadar og kroniske skadar som følgje av langvarig og høgt inntak. Eit høgt alkoholkonsum over lengre tid aukar risikoen for å utvikle alkoholisk leversjukdom, til dømes feittlever, hepatitt og leversvikt. 10–30 % av dei som har eit svært høgt og langvarig alkoholforbruk, utviklar alkoholisk leversjukdom. Omfanget av sjukehusinnleggingar og dødsfall på grunn av alkoholisk leversjukdom er dobbelt så høgt blant menn som blant kvinner. Dette er overraskande lågt når vi tek omsyn til at gjennomsnittskonsumet er to til tre gonger så høgt blant menn som blant kvinner. At menn ikkje utgjer ein endå større del av alle med alkoholisk leversjukdom, kjem av at kvinner som drikk mykje, ifølgje forskinga har større risiko for å utvikle alkoholisk leversjukdom enn menn med tilsvarende alkoholkonsum.⁴⁷

Årleg er det omkring 200–300 overdosedødsfall som følgje av for høgt inntak av opiat som til dømes heroin. Talet på overdosedødsfall varierer frå år til år, og det har gått ned dei siste åra. I Oslo er det omkring 1400–1500 ambulanseutrykkingar i samband med overdosar. Både når det gjeld overdosedødsfall og ambulanseutrykkingar, utgjer kvinner rundt 20 % av tilfella. Menn står altså for rundt 80 % av tilfella. Overdosedødsfall førekjem oftast blant relativt unge vaksne og utgjer ein vesentleg del av dødsfalla i aldersgruppa 20–50 år. På landsbasis utgjer overdosedødsfalla 12 %

⁴³ Dahl 2007:172.⁴⁴ Garde og Gerlach 2006.⁴⁵ Skretting 2007.⁴⁶ Bretteville-Jensen i Rossow 2007:209.⁴⁷ Rossow 2007:212.



Figur 6.13 Drikk mykje alkohol to eller fleire gonger i veka. Menn og kvinner i ulike aldersgrupper. Prosent. 2005

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

og i Oslo rundt 25 % av dødsfalla i denne aldersgruppa.⁴⁸

6.4.7 Ulykker

Tradisjonell maskulinitet, med forventningar til at gutar og menn skal vere meir aktive, pågåande, modige og dristige enn jenter og kvinner, speglar seg i ulykkesstatistikkane. Alt frå dei tidlege barneåra er gutar i betydeleg større grad enn jenter utsette for ulykker og skadar. Ulykker utgjer ein stor del av dødsrisikoen for barn. I aldersgruppa 0–17 år har 42 % av dødsfalla ytre årsaker, mens 58 % er forårsaka av sjukdom. Gutane dominerer i ulykkesstatistikken. Gutar er òg langt meir utsette for skadar enn jenter. I 2003 var til dømes tala for brotskadar i alderen 0–17 år 464 per 100 000 for gutar, mot 240 for jenter.⁴⁹

Forskjellane mellom kjønna held seg livet ut, slik at fleire menn enn kvinner døyr som følgje av ulykker. I 2004 var det 1165 menn som døydd av ulykker, mot 815 kvinner,⁵⁰ og det er fleire menn enn kvinner som døyr av ulykker i alle alderskategoriar og typar ulykker – med eitt unntak: Fleire kvinner enn menn i aldersgruppa 80 år og over

døyr som følgje av fall (358 kvinner mot 225 menn).

Trafikkulykker utgjer ein stor del av alle ulykker. I Noreg er det årleg omkring 12 000 trafikku-lykker med personskade, og rundt 200 personar døyr i trafikkulykker kvart år. Fleire menn enn kvinner blir skadde og drepne i trafikken. I 2005 blei 220 personar drepne, av desse 154 menn og 66 kvinner.⁵¹ Same året blei 6553 menn og 4661 kvinner drepne eller skadde i trafikken, og det er særleg i ungdomsåra tala er høge.⁵² Når det gjeld bilulykker, er det blant skadde bilførarar vesentleg fleire menn, mens det blant skadde passasjerar er fleire kvinner enn menn. Det er særleg unge gutar som er utsette for å bli skadde og drepne i trafikken, og det blir sett i samanheng med at dei køyrer aggressivt og fort.

Rossow⁵³ skil ut trafikkulykker som kan klassifiserast som rusmiddelrelaterte skadar, då rusmiddelbruk er ein av dei viktigaste risikofaktorene for trafikkulykker. I Noreg har ein funne at mellom 20 % og 40 % av bilførarane i dødsulykker var alkoholpåverka. I trafikkulykker med promillekøyning finn vi òg at personskadane er meir alvorlege enn i trafikkulykker utan promillekøyning.

⁴⁸ Sst.

⁴⁹ Grøholt og Nordhagen 2005.

⁵⁰ SSB, 2006. Dødsfall av ulykker. 2004.

⁵¹ SSB 2007 c

⁵² S.st.

⁵³ Rossow 2007:214.

I Noreg registrerer politiet årleg rundt 5000 tilfelle av alkoholpåverka køyring og 4000 tilfelle av køyring under påverknad av narkotika eller roande legemiddel. Det er i all hovudsak menn som står for slik påverka køyring, og dei utgjør 85 % av dei påverka sjåførane.

6.5 Strategiar for å redusere forskjellar i helse og bruk av førebyggjande helsetenester blant gutar og menn

Kjønnsforskjellane er klare både når ein ser på rapportering av sjukdom og bruk av helsetenester. Menn og kvinner har i dag om lag fem års forskjell i forventade levealder, og dødsårsakene varierer mellom kvinner og menn. Eit langsiktig mål er å redusere og utlikne kjønnsforskjellane, men sidan årsaksforholda bak forskjellane er så komplekse, er det ikkje mogleg å fastsetje forpliktande mål med den kunnskapen vi har i dag. Kjønnsforskjellane kan ikkje berre forklarast biologisk. Ei rekkje andre faktorar verkar inn, mellom anna livsstil og kulturelt fastlagde haldningar, haldningar til eigen kropp og forskjellar i bruk av helse- og omsorgstenester. Sosiale forskjellar får òg ulike helsefølgjer for menn og kvinner.

Det kan òg vere andre faktorar som verkar inn, og det er ikkje kjent kor mykje dei ulike årsakene betyr kvar for seg. Noreg har som andre land hatt ei utvikling med auka levealder for begge kjønn, og dei siste tiåra er forskjellen mellom kvinner og menn redusert. Ein faktor som har medverka både til å heve den forventade levealderen og å minske forskjellen mellom kjønna, er den reduserte dødsrisikoen hos spedbarn. Brorparten av veksten i forventade levealder kjem av betre folkehelse og førebygging av sjukdom, mens ein mindre del av forklaringa ligg i den medisinske utviklinga.

Merksemd om kjønnsforskjellar i helse og helsetenestebruk kan medverke til betre helse i befolkninga og betre kvalitet på helse- og omsorgstenestene. Sentrale element i arbeidet er

- formidling av helseinformasjon som når begge kjønn
- ei skulehelseteneste og helsestasjonar for ungdom som er like attraktive for gutar som for jenter
- eit innarbeidd kjønnsperspektiv i helse- og omsorgstenestene, og i forskinga om helse
- auke kunnskapen om kjønnsforskjellar i bruken av helsetenester

- målrette tiltak for å redusere førekomsten av seksuelt overførbare infeksjonar

6.5.1 Formidling av helseinformasjon

Styresmaktene bruker i dag store ressursar på å spreie helseinformasjon til befolkninga. Informasjonsspreinga skjer direkte i regi av offentlege styresmakter og gjennom forskingsinstitusjonar, frivillige organisasjonar og brukargrupper. Informasjonen blir spreidd i form av publikasjonar, via Internett og på andre måtar. Kommunikasjon er i dag brukt som tiltak på linje med lovgiving, finansieringsordningar og strukturelle rammevilkår.

Informasjon er viktig både for å førebyggje sjukdom i befolkninga og som hjelp til alle som har identifiserte og ikkje-identifiserte helseplager. Å informere befolkninga om både risikofaktorar og vernefaktorar i samband med sjukdom medverkar til betre folkehelse og færre dødsfall. Endringar i livsstil har ført til auka livskvalitet og høgare forventade levealder for kvinner og menn. Når informasjon skal spreiest, er det vesentleg at kjønn ikkje verkar inn på prioriteringa av informasjonen som blir tilbydd.

For regjeringa er det vesentleg å bidra til at helseinformasjon når fram til både kvinner og menn. Menn og kvinner bør i ein del tilfelle møtast ulikt med helseinformasjon, på same måten som det må takast høgd for andre sosiale bakgrunnsvariablar når det skal utviklast kommunikasjonstiltak, og når helsepersonell møter pasientar med ulikt kjønn og ulik bakgrunn. Nokre tilfelle er opplagde ved at budskapet er vesentleg meir relevant for anten menn (til dømes regelmessig skrotumundersøking) eller kvinner (til dømes rusmiddelbruk i svangerskapet). Informasjon bør i same grad tilpassast ulike sosiale grupper. Slik situasjonen er i dag, skaper inntekt og utdanning like viktige skiljeliner som kjønn. Sosial bakgrunn er ein sterkare indikator enn kjønn når det gjeld å føreseie levealder, sjølv om kjønn òg medverkar til vesentlege forskjellar.

Korleis seksuallivet fungerer verkar inn på helse og livskvalitet. Det visast til 6.4.4 med data mellom anna frå seksualvaneundersøkingane. I likestillingsgranskinga sa eit fleirtal både blant kvinner og menn seg nøgd med eige seksualliv. Men samstundes veit ein at seksualliv er eit sensitivt tema for mange. Arbeidet med likestilling mellom kjønn, mellom anna for å motverke uheldige stereotypiar, kan tyde på at seksualitet og oppfatningar om seksualitet, er noko ein bør skaffa meir kunnskap om.

I offentlege helsekampanjar må kjønn vurderast som ein variabel det må takast omsyn til når kommunikasjonsstrategiar skal utviklast. Korleis dette bør gjerast, skil seg naturleg nok frå tiltak til tiltak. I nokre tilfelle kan helseinformasjon som er tilrettelagd etter kjønn, vere nyttig.

Det førebyggjande arbeidet på livsstilsområdet er forankra i handlingsplanen for betre kosthald i befolkninga (2007–2011), handlingsplanen for fysisk aktivitet (2005–2009), den nasjonale strategien for det tobakksskadeførebyggjande arbeidet (2006–2007) og opptrappingsplanen på rusfeltet.

Kjønnnet si innverknad står sentralt i det førebyggjande arbeidet innafor kosthold, fysisk aktivitet, tobakk og rus. Alle dei aktuelle strategiane og planane inneheld omtale av kjønnsforskjellar og legg vekt på kjønnspektivet ved utforming av tiltak. Det er ikkje funne store kjønnsforskjellar når det gjeld røykjestart, røykjeslutt, motiv og motivasjon for å slutte å røykje eller kunnskap om helserisiko. Menn og kvinner kan likevel i nokon grad ha ulike motiv for å røykje og ulik måte å kommunisere på som kan ha innverknad på utforminga av røykjeavvenjingsopplegg. Menn er noko mindre tilbøyelege enn kvinner til å søkje hjelp, til dømes å gå på kurs. Trass i slike kjønnsforskjellar var det i 2007 for første gong fleire menn enn kvinner (51 % mot 49 %) som tok kontakt med Røykjetelefonen, som er ei gratis rettleiingsteneste der ein kan få hjelp til å slutte med røyk eller snus.

Dei seinare åra har det vore gjennomført fleire massemediekampanjar om røyking. Kampanjar kan tilpassast ulike målgrupper både i utforming, sendekanal, aktørar og budskap. I Noreg er det i størst mogleg grad valt kjønnsnøytrale element og sendeplanar for å nå kvinner og menn i like stor grad. Resultata frå evalueringa av røykjesluttkampanjar i 2003 og 2006 viste ikkje systematiske kjønnsforskjellar. Sidan det hovudsakleg er menn som bruker snus, har informasjonsmateriell om snus ein meir «maskulin» profil. Likevel har sjølvhjelpsbrosjyrrar truleg liten effekt. For å nå unge menn med informasjon om snus kan vidaregåande skule og militæret vere aktuelle arenaer.

Når det gjeld rusproblem, er det kjent frå ulike forskingsrapportar at kvinner har betre resultat av behandlingsintervensjonar enn menn. Det er òg godt dokumentert at kjønns sensitiv behandling gir langt betre resultat enn kjønnsnøytral behandling. Det er sannsynleg at kjønnsdimensjonen har innverknad òg i det rusførebyggjande arbeidet. Alkoholbruk betyr ikkje det same for gutar og jenter, gutar og jenter opplever

risiko og vernefaktorar ulikt, og problemområda når det gjeld rus, slår ulikt ut for gutar og jenter. Kjønsdimensjonen bør derfor leggjast vekt på i det førebyggjande arbeidet der det er relevant.

Eitt av dei sju regionale kompetansesentra for rusmiddelspørsmål i Noreg, Stiftelsen Bergensklinikkene, har kjønn og rus som sitt spisskompetanseområde. Kompetansesenteret har på fleire kurs i regionen og på nasjonalt plan kasta lys over guteproblematikk i eit førebyggings- og risikoperspektiv. Stiftelsen Bergensklinikkene gav i 2007 ut artikkelsamlinga «Kjønnheten og udyret», der rusførebygging, tidleg intervensjon og behandling i eit kjønnspektiv er tema. Dei nasjonale kompetansesentra tilbyr kurs om menn og rusproblematikk og kvinner og rusproblematikk. Vidare skal dei hjelpe kommunar å utarbeide rusmiddelpolitiske handlingsplanar. Eit sentralt element i dette arbeidet er å kartlegge rusmiddelsituasjonen lokalt. Gjennom kartlegging kan kjønnsprofilar komme til syne, og dei førebyggjande tiltaka kan målrettast betre.

I det treårige utviklingsprosjektet som blir gjennomført i samarbeid mellom Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani (AKAN) og Stiftelsen Bergensklinikkene, er eitt av formåla å auke kunnskapen om behovet for kjønns spesifikke førebyggingsstrategiar i arbeidslivet. På bakgrunn av denne kunnskapen skal det vurderast om det skal utformast kjønns spesifikke metodar i det rusmiddelførebyggjande arbeidet i arbeidslivet. Også enkelte andre prosjekt som får tilskot frå Helsedirektoratet, rettar seg mot arenaer der guteproblematikken står sentralt, til dømes trafikk og alkohol. Det same gjeld arbeidet for betre homohelse, som samlar arbeidsområda hiv, rus og psykisk helse i eit utvida helseperspektiv.

Helsedirektoratet arbeider no med ei rettleiing for tidleg identifisering og tidleg intervensjon blant tilsette som kjem i kontakt med risikoutsette barn og unge. Rettleiinga skal ta opp forskjellar på åtferdsmønster hos gutar og jenter i samband med begynnande rusproblem.

6.5.2 Bevisst satsing på gutar i skulehelsetenesta for å gjere det meir attraktivt for gutar å bruke tenesta

Helsestasjons- og skulehelsetenesta

Helsestasjons- og skulehelseteneste frå 0 til 20 år er ei lovpålagd kommunal teneste som skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. I mange kommu-

nar inkluderer tilbodet helsestasjon for ungdom. Tenesta skal førebyggje psykiske og fysiske plager og lidningar hos barn, ungdom og gravide gjennom rettleiing, rådgjeving, nettverksarbeid og helseundersøkingar. Ferske tal frå SINTEF Helse⁵⁴ viser at gutar i langt mindre grad enn jenter oppsøker skulehelsetenesta.

I alderen 0–5 år kjem barna til helsestasjonen i følgje med føresette. Det er først i skulealder at barna oppsøker tenesta åleine. Undersøkingar viser at det er fleire jenter enn gutar som oppsøker tenesta. For å sikre lik tilgang til tilbod er det nødvendig å ta omsyn til brukarane og behova deira. Brukarmedverknad er sentralt for å bidra til at tilsette i tenesta er oppdaterte på kva gutar er opptekne av, og for å kunne drøfte problemstillingar på deira premissar.

For at gutar skal få sine behov stetta, er det viktig at tilbodet er tilgjengeleg på skulen og synleg i skulemiljøet. Det skal takast i bruk fleire informasjonskanalar for å gjere tenesta lettare tilgjengeleg. Informasjon på nett kan bidra til at gutar gjer meir bruk av tilbodet. Nettstaden «Klara Klok» er eit døme på det. Tekstmeldingar er ein annan aktuell kanal for informasjon. Helsesyster som bruker mobiltelefon og tekstmeldingar, rapporterer at fleire gutar tek kontakt med tenesta då. Andre viktige kanalar er informasjon i klasse-samanheng, eigne gutegrupper, nyheitsbrev, informasjonsmaterieill retta spesielt mot gutar og liknande.

I Asker kommune er det etablert eit eige helsestasjonstilbod for gutar med opningstid to timar i veka. Trass i at gutane har tilgang til det ordinære tilbodet i regi av helsestasjonen for ungdom, vel 50 % av gutane å møte på tidspunkt som er avsette spesielt for gutar. Det kan tyde på at gutar oppsøker tilbodet i regi av helsestasjons- og skulehelsetenesta når det er tilrettelagt for deira behov. Helsestasjonen for gutar i Asker arrangerer kvart år ein «gutekonferanse» for gutar i 10. klasse. Tema for konferansen i 2008 var identitet og psykisk helse. I tillegg arrangerer helsestasjonen temakvelder for gutar og for fedrar. Helsestasjonen har som mål å gjere målgruppa meir helsebevisst, betre det psykososiale miljøet og motivere ungdom til å utvikle ein sunn livsstil. Spørsmål som blir tekne opp, handlar mellom anna om

- kroppen
- seksualitet/prevensjon

- rusmiddel
- anabole steroid
- testing for seksuelt overførbare sjukdommar
- kjærast, familie, skule, jobb
- førstegongstenesta

Departementet oppfordrar kommunane til å utvikle skulehelsetenesta slik at ho blir like attraktiv for gutar som for jenter.

6.5.3 Eit innarbeidd kjønnspektiv i helse- og omsorgstenestene, og i forskinga om helse

Kvinnehelseutvalet (NOU 1999:13) seier i si innstilling om kjønnspektivet på helse og sjukdom at «kjønn er biologi, og som sådan opplagt relevant for å forstå sykdom og helse. Men kjønn er også identitet (hvordan vi opplever oss selv som mann eller kvinne), kulturelle symboler (hvordan vi assosierer visse egenskaper og uttrykk til kvinnelighet og mannlighet).» Vidare seier utvalet at «et trekk som gjenfinnes innen mange av utredningens deltemaer, er hvordan kunnskapsgrunnlag, regelverk og praksis ofte bygger på en uuttalt mannlig norm (mann som biologisk kjønn).»

Allmennlegeundersøkinga som Kreftforeininga fekk gjennomført i 2007, viser at kjønn verkar inn på behandlingssituasjonen. Menn som pasientar har høgare terskel for å uttrykkje bekymring, og det spelar dessutan inn om allmennlegen er mann eller kvinne.

Menn og kvinner har ulike erfaringar med helse og sjukdom. Derfor er eit kjønnspektiv på helse og livskvalitet viktig. Eit mannspektiv på helse og livskvalitet vil gagne likestillinga og leggje til rette for at menn og gutar kan oppnå levekår og helse meir på linje med kvinner.

Både forskingsresultat og erfaringar hos helsepersonell tyder på at menn og kvinner har ulik psykososial tilnærming til kroppen og handterer helse og sjukdom ulikt.

Talet på mannsesifikke sjukdomstilfelle (især prostata- og testikkelkreft) aukar, og menn har særleg høg dødsrisiko som følgje av ulykker. Menn er overrepresenterte i sjølvmondsstatistikken, og psykiske problem blant menn synest å vere underbehandla. Nyare Forsking viser at ein av fire foreldre som gjennomgår eit samlivsbrot, blir sjukmeld etter brotet. Dette rammar mange menn.

Helse- og omsorgsdepartementets forskingsstrategi for 2006–2011 understrekar behovet for meir kunnskap om kjønnsforskjellar på helsefeltet. Programma i regi av Noregs Forskingsråd,

⁵⁴ SINTEF Helse 2008, følgjevaluering av opptrappingsplanen for psykisk helse.

som får tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet, speglar òg dette. I programma skal forskingsrådet stimulere til at kjønn og kjønnsforskjellar i helse og sjukdom blir tekne opp og drøfta i alle relevante prosjekt. I tillegg blei det i oppdragsdokumentet til dei regionale helseføretaka for 2007 og 2008 lagt vekt på at kjønnsperspektivet skal integrerast på ein god måte.

Ministerkomiteen i Europarådet vedtok 30. januar 2008 ein rekommandasjon om at kjønnsperspektivet og arbeidet for å minske kjønnsforskjellane på helseområdet skulle innarbeidast i den nasjonale helsepolitikken. I rekommandasjonen blir medlemsstatane oppfordra til å innarbeide eit tydeleg kjønnsperspektiv i helsetenestene og å utvikle særskilde strategiar for å førebyggje uhelse og behandle lidningar som er særleg knytte til menn eller kvinner. Statane blir oppfordra til å samle inn kjønnsesifikke helsedata rutinemessig og å utvikle eit tydeleg kjønnspektiv i helseforskninga.

Hovudutfordringane på likestillingsområdet innafor helse- og omsorgssektoren er å auke kunnskapen om kjønnsforskjellar i helse, sjukdomar og helsetenester, og ta omsyn til kjønnsforskjellar ved utforming av tiltak i førebygging og behandling. Helse- og omsorgsdepartementets mål er konsentrert om to aksar. Den eine er å inkludere kjønnspektiv i all verksemd der perspektivet er relevant. Den andre er å fokusere spesielt på lidningar som utelukkande kvinner eller menn har, eller sjukdomar der det eine kjønn er i fleirtal eller har særskilde vanskar.

Helse- og omsorgsdepartementet har bede dei regionale helseføretaka og Helsedirektoratet om å leggje vekt på at helsetenestene utviklast i et kjønnspektiv. Generelt skal kjønnspektivet ivaretakast innafor det ordinære arbeidet med å førebyggje og behandle helsevanskar. Eigne tilbod for kvinner og menn vil vere unnataket. Spesielle utmaningar knytte til kvinners og menns helse skal møtast med tilstrekkeleg kunnskap og ressursar i det ordinære tenesteapparatet. Helse- og omsorgsdepartementet har i det årlege oppdragsdokumentet til dei regionale helseføretaka informert om at kjønnspektivet må sikrast i den kliniske forskinga (kjønnsforskjellar i sjukdom og behandling), mellom anna må det sikrast at det gjennomførast analyser av forskingsresultat etter kjønn der dette er relevant.

I St. meld. nr. 20 Nasjonal strategi for å utjamne sosiale forskjellar (2006-2007) visast det til at samanhengen mellom sosiale forskjellar i helse og kjønn, er kompleks. Dersom ein tar utgangs-

punkt i levealder, er dei sosiale forskjellane mindre for kvinner enn for menn. For andre helse mål, som til dømes psykisk helse, er dei sosiale forskjellane større for kvinner. Enkelte studiar viser at tilgang til helsetenester er kjønnsmessig skeivt fordelt. Det leggst i meldinga vekt på at alle strategiar og tiltak for å påverke helseåtfærd må vurderast med omsyn til korleis dei vil slå ut på kjønn.

Kjønnspektivet følgjast opp i Helse- og omsorgsdepartementets dokumenter:

- Helse- og omsorgsdepartementets forskningsstrategi 2006-2011
- St.meld. nr. 16 (2002–2003) «Resept for et sunnere Noreg»
- St.meld. nr. 25 (2005-2006) «Mestring, muligheter og mening, Framtidas omsorgsutfordringer»
- Strategiplan for kvinners helse 2003–2013
- Nasjonal strategi for kreftområdet 2006–2009
- Nasjonal strategi for diabetesområdet 2006–2010
- Nasjonal strategi for det tobakksforebyggende arbeid 2006–2010
- Nasjonal strategi for KOLS-området 2006–2011
- Nasjonal strategi for barns miljø og helse 2007–2016 Barnas framtid
- Handlingsplan for forebygging av uønsket svangerskap og abort 2004–2008
- Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005–2009
- Opptrappingsplan for rusfeltet 2007–2010
- Handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen 2007–2011
- Ansvar og omtanke, forebygging av hiv og seksuelt overførbare infeksjoner (2002)

6.5.4 Målretta tiltak for redusert førekomst av seksuelt overførbare infeksjonar

Strategiplan for forebygging av hiv og seksuelt overførbare sykdommer har eit eige delmål om å vurdere kjønnsrelaterte problemstillingar i planer, prioriteringar og tiltak. Organisasjonar som arbeider med forebygging av hiv og seksuelt overførbare sjukdommar og som mottar tilskot frå det offentlege, skal ivareta kjønnspektivet i søknader og prosjektbeskrivelser. Det skal skje ein auka bevisstgjerjing av betydningen av kjønn gjennom informasjon og fagleg rådgjeving frå sentrale helsemyndigheiter og relevante fagmiljøer. Det skal òg settjast i verk tiltak rettet spesielt mot kvinner og tiltak spesielt retta mot menn. I tillegg leggst det stor vekt på betydningen av kjønn i samheng med dei andre delmålene i planen.

Strategiar og tiltak på området seksuell helse er forankra i handlingsplanen for førebygging av uønskte svangerskap og abortar (2004–2008) og strategiplanen for førebygging av hiv og seksuelt overførbare sjukdommar. På begge desse områda skal det leggjast fram nye planar i 2009.

Arbeidet som blir gjort for å førebyggje spreiding av seksuelt overførbare infeksjonar og betre den seksuelle helsa blant unge gutar og menn meir generelt, omfattar rådgjeving, rettleiing og testing for seksuelt overførbare infeksjonar. Det er ei omfattande oppgåve å få unge gutar og menn til å ta vare på eiga seksuell helse. Det gjeld både kondombruk og seksuell helse meir generelt. Tiltaka har som mål å bidra til auka meistring i samband med seksuelle val, handlingar og identitet, og auka kompetanse og autonomi i seksuelle relasjonar. Menn som har sex med menn, er ei viktig målgruppe fordi dei er spesielt utsette for seksuelt overførbare infeksjonar. Døme på tiltak for å nå denne målgruppa er styrking av lågterskeltilbod om testing, rettleiing og rådgjeving, identitetsbyggjande tiltak retta mot seksuell identitet og kompetansehevande tiltak og rettleiingsmateriell for helsepersonell med fokus på homofili og seksuell minoritetsstatus.

Kjønnsforskjellar har stor innverknad i arbeidet med ungdom og seksualitet. Gutar har andre erfaringsverder, bruker andre arenaer for helse-

opplysning og har nytte av andre tiltak enn jenter. Helseinformasjon på dette området må derfor ha eit språk og ei form som er i pakt med metaforane i gutekulturen, og vere innretta på behova blant gutar. Undersøkingar viser at gutar har dårlegare kunnskap enn jenter i sentrale spørsmål som vedgår kropp og seksuell helse. Undersøkingane viser òg at gutar ønskjer slik kunnskap, og at dei gjerne vil kommunisere med nokon som veit kva guteproblem dreier seg om. Det er ei utfordring at det er stor mangel på vaksne menn som rollemodellar, rådgjevarar og samtalepartnarar på handlingsarenaene til unge gutar. Det kan vere ein viktig grunn til at gutar ikkje bruker tilbodet i regi av helsestasjons- og skulehelsetenesta i same grad som jenter. Ungdomshelsestasjonane er framleis ein kvinnedominert arena både når det gjeld brukarar og helsearbeidarar.

Bruk av informasjons- og undervisningsopplegg med utgangspunkt i gutekultur og teknokultur (til dømes problemløysande dataspel og kjøpte SMS-meldingar) har vist seg nyttig for å nå fram til gutar. Helsestasjon på nett (www.klarklok.no) og SUSS-telefonen er døme på det. Gruppeopplegg med informasjon frå gutar til gutar i regi av Medisinernes seksualopplysning og Aktivt valg – Røde Kors Ungdom har òg vist seg å vere ein god informasjonskanal.

7 Gutar og menn som er sosialt utsette

7.1 Innleiing

Vi finn menn både på toppen og botnen av samfunnet. Departementet har i del 9 referert til tal frå Statistisk sentralbyrå og Likestillings- og diskrimineringsombodet som viser at menn i 2007 utgjør eit klart fleirtal blant leiarar i offentleg og privat sektor. Åtte av ti toppleiarar er menn. Menn utgjør fleirtalet av representantane på Stortinget og i dei fleste kommunestyre og selskapsstyre. I del 3 har departementet vist at menn har høgare timelønn og årsinntekt enn kvinner. Departementet har samtidig påpeikt at inntektsspreinga for menn er høgare enn for kvinner. Det inneber at det i gruppa med lågast inntekt i Noreg er eit stort innslag av menn. I del 7 tek departementet opp spørsmål knytte til område der gutar og menn utgjør fleirtalet i risikogrupper med omsyn til marginalisering¹, og ser nærmare på situasjonen for marginaliserte grupper.

For likestillinga har det sentrale målet lenge vore omfordeling av makt og omsorg mellom kvinner og menn. Den historiske bakgrunnen for dette er at menn har hatt dei sentrale maktposisjonane i samfunnet, mens kvinner har teke seg av oppgåver i familien og heimen. Ei viss utjamning ved kommunevalet hindrar ikkje at meir enn tre av fire ordførarar er menn. Menn er heilt dominerande blant offiserar, i kyrkja og i leiinga i akademia. Derfor blir ei jamnare kjønnsfordeling blant leiarar og avgjerdstakarar framleis ei sentral oppgåve for likestillinga. Drøfting av strukturell makt med utgangspunkt i «menn» og «kvinner» er med på å usynleggjere dei store forskjellane innafor gruppene. Sanninga er at gutar og menn i Noreg utgjør ei svært heterogen gruppe. Forskjellane er større enn for kvinner, og ulikskapane i gruppa har snarare auka enn minka dei seinare tiåra. Mange samfunnstoppar er menn, og slik kjem det til å vere. I motsett ende er situasjonen den at den typisk bustadlause er ein einsleg etnisk norsk

mann tidleg i 30-åra utan fullført vidaregåande utdanning og utan varige arbeidsforhold. Dermed er han avhengig av økonomisk sosialhjelp. I tillegg er han gjerne rusavhengig og/eller har ei psykisk lidning. Denne gruppa blir her omtala som «marginalisert».

Det ligg utanfor ramma for denne meldinga å drøfte kva omfang og type tiltaka for bustadlause generelt, og gruppa bustadlause menn spesielt, bør vere av. Departementet vil peike på at rådgivingstenesta i skulane, velferdstenestene, helsetenestene og andre instansar har eit ansvar for å fange opp alle som står i fare for å falle utanom sosialt, uavhengig av kjønn. Men tenestene som arbeider med marginaliserte grupper og med risikogrupper, må ha eit kjønnsperspektiv. Det at fire av fem som på meir varig basis står utan bustad, er menn, indikerer at kjønnsroller og eigenskapar ved mannsrolla bør endrast. Og at tenestene som marginaliserte grupper eller grupper med risiko for marginalisering får tilbod om, må ha eit tilstrekkeleg kjønns- og mannsperspektiv. Desse tenestene lykkast nemleg mindre overfor menn enn overfor kvinner, målt etter dei resultatane dei ifølgje tilgjengeleg offisiell statistikk oppnår.

7.2 Risikogrupper

Blant dei det er naturleg å vurdere som risikogrupper, endar berre eit fåtal som varig marginaliserte. Eit utgangspunkt for å avgrense gruppa kan vere å sjå på personar som ikkje står i eit utdannings- eller arbeidsforhold. Men det er mange i denne gruppa som er aktiviserte og dermed ikkje kan reknast som marginaliserte. Blant personar utanfor arbeidsmarknaden og utdanningssystemet, utgjør yngre menn ein stadig større del. Her finn vi menn som ikkje taklar forventningane samfunnet stiller til dei, eller som stiller seg på sida av aksepterte grunnverdiar i samfunnet. Blant menn finst det òg grupper som til dømes bodstedslause, og gruppene veks i tal.

Marginaliserte er dei som ufrivillig står utanfor lønnsarbeid, utdanning, arbeid i heim og familie eller annan aktivitet som normalt blir rekna for

¹ «Marginalisering innebærer en glidning og en bevegelse bort fra samfunnets sentrum i retning av samfunnets rand eller utkant (periferi)» (www.leksikon.org). Levekårsmarginalisering har både ein økonomisk dimensjon og ein helsedimensjon.

å gjere kvardagen meningsfylt. Det finst inga enkeltstående årsak til at gutar og menn blir marginaliserte.

Det komplekse årsaksforholdet er knytt til ulike risikofaktorar. Éin slik risikofaktor er fråfall frå vidaregåande opplæring, som i dagens samfunn aukar risikoen for å bli ståande utan fast arbeid seinare i livet. Nedsett funksjonsevne eller psykiske lidningar, som inneber mellombels eller permanent frávær frå lønna arbeid, er ein annan risikofaktor, likeins misbruk av rusmiddel. Dei same faktorane kan vere årsak til arbeidsløyse, som òg kan føre til marginalisering dersom situasjonen varer ved. Vidare må livsopphaldet baserast på sosialhjelp og ytingar frå trygdesystemet, noko som i seg sjølv kan opplevast som stigmatiserande, og som dessutan gir dårlegare levekår. Det ligg ikkje føre forskingsresultat som viser i kva grad endra kjønnsroller og endra verdsetjing av tradisjonelt maskuline (eller feminine) eigenskapar verkar inn på risikoen for marginalisering.

I marginaliserte grupper vil mange oppleve sin eigen situasjon som nedverdiggande. Mange opplever at dei ikkje får ta i bruk egne evner og ressursar, noko som er eit tap både for dei sjølv og for samfunnet. Det er viktig å drive førebygging og arbeide for at flest mogleg menn skal få bruke evnene og ressursane sine på ein meningsfylt måte. Mellom ungdom generelt og ungdom som er marginalisert, finn SSB² påfallande forskjellar. Dei marginaliserte har generelt dårlegare helse, relativt fleire er langvarig sjuke, og dei rapporterer psykiske plager to til tre gonger oftare enn unge generelt. På område som alkoholforbruk, mosjon, røyking og fedme er det opp til tre gonger så mange med dårlege vanar blant dei marginaliserte som blant unge elles. I tillegg kjem dei dårlegare ut enn andre på indikatorar for sosial kontakt, mellom anna ved at dei manglar venner, manglar nærleik og deltaking frå andre og har vanskeleg for å få praktisk hjelp.

7.3 Fråfall i utdanning

Dagens arbeidsmarknad etterspør i høg grad formell kompetanse, og utdanning er ofte nøkkelen. På 1960- og 1970-talet var det lettare for unge menn å gå rett ut i jobb etter obligatorisk skulegang. Tidlegare tok bedriftene inn unge ufaglærte for å lære dei opp; no har skulane i større grad teke over dette ansvaret. I dag er det av den grunn

vanskeleg for unge utan utdanning å søkje seg ut i arbeidslivet. Dei som manglar arbeidserfaring og utdanning, vil i større grad bli tilbydde jobbar med dårleg lønn, utrygge tilsetjingsforhold og små sjansar for opprykk.³ Derfor er det grunn til å vere bekymra over at stadig fleire avbryt vidaregåande utdanning. Gutar avbryt vidaregåande skule oftare enn jenter, og kvinner går i større grad enn menn over til høgare utdanning. Sosial bakgrunn, mellom anna etnisk minoritetsbakgrunn, verkar òg inn på kor mange som avbryt vidaregåande.⁴

7.3.1 Utdanningsnivå blant gutar og menn

Per 1. oktober 2005 var 91 % av 16–18-åringane i vidaregåande utdanning. Innvandrarungdom vel i mindre grad vidaregåande utdanning, og spesielt gjeld dette gruppa førstegenerasjonsinnvandrarar, der 71 % av 16–18-åringane var i vidaregåande utdanning.⁵

Analysar frå SSB viser at det gjennomgåande var relativt færre som fullførte vidaregåande opplæring i 2000-kullet enn i 1999-kullet. Jenter fullførte i større grad enn gutar. I 2000-kullet hadde 74 % av jentene og 62 % av gutane fullført etter fem år. Flest med avbroten utdanning finn vi blant dei med foreldre som berre har grunnskuleutdanning. Gutar med etnisk minoritetsbakgrunn avbryt vidaregåande utdanning i langt større grad enn ungdom utan slik bakgrunn.

I eit likestillingsperspektiv er det uheldig at elevlar som vel kjønnsutradisjonelt, er meir tilbøyelige til å slutte heilt eller velje ny studieretning i vidaregåande opplæring. Dette gjeld både jenter som begynner på tradisjonelle gutefag, og gutar som vel tradisjonelle jentefag. Det kan ha samanheng med at det er vanskelegare for ein elev å gjennomføre studieløpet i ei gruppe der han eller ho representerer ein kjønnsmessig minoritet.⁶ Det kan òg komme av at undervisning, litteraturval og andre forhold ved studiet ikkje er tilrettelagde for begge kjønn.

Minoritetsspråklege grupper ser ut til å vere meir polariserte enn majoritetsbefolkninga i val av utdanning. Samanlikna med majoritetsgruppa er det relativt mange som fell frå i vidaregåande opplæring. Derimot har dei som har oppnådd studiekompetanse, større sjanse for å halde fram heilt

² Ungdoms levekår, SSB 2007.

³ Ungdoms levekår, SSB 2007.

⁴ Ungdoms levekår, SSB 2007.

⁵ Ungdoms levekår, SSB 2007.

⁶ Byrhagen mfl 2006.

opp til fullført høgare utdanning enn tilsvarende gruppe i majoritetsbefolkninga.

7.3.2 Tiltak for å hindre fråfall i vidaregåande skule

Mens 15 % av elevane i vidaregåande skule slutta før dei var ferdige, gjennomførte nærmare 20 % utan å stå. Dette er blant dei urovekkjande funna frå ei fersk undersøking på Austlandet.⁷

Jentene i undersøkinga hadde betre kompetanseoppnåing enn gutane. Fleire gutar enn jenter sluttar, og fleire gutar gjennomfører utan å stå. Undersøkinga viser elles

- at høg utdanning hos foreldra gir betre kompetanseoppnåing for ungdommen
- at majoritetsungdom har betre kompetanseoppnåing enn minoritetsungdom
- at ungdom som bur saman med begge foreldra, har betre kompetanseoppnåing enn dei som ikkje gjer det
- at innfridd førsteønske gir best kompetanseoppnåing
- at dei som sluttar, har lågast karaktergjennomsnitt
- at variasjonen i kompetanseoppnåing er sterkt påverka av grunnskulekarakterar

Departementet har i del 2 i meldinga vist til dei systematiske forskjellane i læringsutbytte for gutar og jenter målt gjennom avgangskaraktarar frå grunnskulen.

«Satsing mot fråfall» var ein tiltakspakke som blei gjennomført i perioden 2003 til 2006 på bakgrunn av regjeringa sin handlingsplan mot fattigdom. Satsinga hadde til mål å hindre fråfall frå vidaregåande opplæring og fange opp og rettleie ungdom som fell ut, og få dei tilbake i arbeid eller utdanning.

Det er mange og samansette årsaker til at elev-ar avbryt vidaregåande opplæring. Satsinga mot fråfall har då òg vore prega av store regionale forskjellar og eit mangfald av tiltak. I alle fylke medførte satsinga at fleire både i og utanfor skulen engasjerte seg i arbeidet mot fråfall. Tiltak som syntest å ha god effekt, var mellom anna styrkt yrkes- og utdanningsrettleiing for elevar, auka involvering av foreldre, kompetanseutvikling for rådgivarar, kontaktlærarar og NAV-tilsette og informasjonsutveksling og samarbeid mellom ungdomsskule og vidaregåande skule om utsette elevar. Barne- og like-

stillingsdepartementet starta hausten 2008 opp mentorordning «Nattergalen», sjå del 7.8.

Til no er det ikkje funne revolusjonerande enkelttiltak som kan hindre fråfall. Regjeringa meiner at eit langsiktig og målretta arbeid på mange frontar samtidig må til for å oppnå gode resultat. I dette arbeidet vil fokus bli retta mot gutar, særleg gutar med svake avgangresultat frå grunnskulen, sidan dei utgjer ei vesentleg risikogruppe med tanke på fråfall i utdanning.

7.4 Fråfall i arbeidsmarknaden

Ei stabil tilknytning til utdanning og arbeidsmarknad er viktig for å oppnå og sikre gode levekår. Deltaking i arbeidslivet gir enkeltmennesket arbeidsinntekt og fremjar ei jamnare fordeling av dei økonomiske ressursane i samfunnet. Svak tilknytning til arbeidsmarknaden er ofte ei hovudårsak til at enkelte får fattigdomsproblem.

7.4.1 Menn som er utanfor arbeidslivet

Noreg har ein stor del av den vaksne befolkninga i arbeid samanlikna med andre land.

I 2006 var 76 % av mennene og 68 % av kvinnene i aldersgruppa 16–74 år yrkesaktive. I aldersgruppa 25–54 år var yrkesaktiviteten 91 % for menn og 83 % for kvinner.

Sidan tidleg i 1970-åra har samla yrkesdeltaking auka frå om lag 61 % i 1972 til 72 % i 2006. Denne auken kan dels forklarast med eit veksande befolkningssegment i yrkesaktiv alder, og særleg med auka yrkesdeltaking blant kvinner.

Endringa i yrkesdeltaking har vore påverka av fleire forhold. I primærnæringane er sysselsetjinga redusert til litt over ein tredjedel sidan 1970. For menn har dette isolert sett redusert yrkesdeltakinga meir enn for kvinner. For begge kjønn har aldringa i befolkninga, fleire innvandrarar og auka uførepensjonering medverka til å dra ned den gjennomsnittlege yrkesdeltakinga. For menn har yrkesaktiviteten gått ned i alle aldersgrupper sidan tidleg i 1970-åra. Særleg for menn over 55 år var nedgangen i yrkesaktivitet betydeleg fram til midten av 1990-talet, men yrkesdeltakinga har auka igjen dei siste åra.

Yrkesdeltakinga varierer òg med konjunkturane. Det gjeld både menn og kvinner. Sidan menn i større grad jobbar i konjunkturutsette næringar (til dømes industri og bygg/anlegg), og kvinner i større grad jobbar i skjerma næringar (til dømes helse- og kommunesektoren), varierer arbeidsløy-

⁷ NIFU STEP 2008.

sa over tid noko meir blant menn enn blant kvinner.


Ifølgje Statistisk sentralbyrås arbeidskraftundersøking (AKU) er det første kvartal 2008 om lag 7000 langtidsledige menn og 6000 langtidsledige kvinner.

7.4.2 Unge utanfor arbeidslivet

Unge vil oftare enn eldre mangle nødvendig utdanning og arbeidserfaring, samtidig som arbeidsgivarar kan vere usikre på kor stabile og produktive dei er. Derfor er unge meir sårbare på arbeidsmarknaden, og dermed er dei i større grad enn andre grupper avhengige av etterspørselen etter arbeidskraft. Den stramme arbeidsmarknaden i dag betyr at historisk få er ledige, også i dei yngste aldersgruppene. Den låge arbeidsløysa inneber at unge i dag som ikkje fullfører vidaregåande utdanning, likevel kjem i arbeid. Men det gjeld ikkje alle, og kjønnsforskjellar finst. I mars 2008 var nær to av tre arbeidsledige i gruppa 20–24 år menn. Arbeidslivet klarer altså ikkje å jamne ut kjønnsforskjellane i fråfall frå vidaregåande skule, noko som medfører at fleire menn enn kvinner i denne aldersgruppa er inaktive.

I rapporten «Ungdoms levekår» har SSB kartlagt arbeidsmarginaliseringa blant unge i perioden 2001–2003. I analysen skil SSB mellom *delvis marginaliserte* unge, som er borte frå studium eller arbeid i eitt år, og *marginaliserte* unge, som har vore borte frå studium eller arbeidsmarknad i tre år på rad.

Rapporten viser ein klar auke i *delvis* marginaliserte, men trass i denne auken er det berre 2 % av dei som verken er i utdanning eller jobb dei tre åra analyseperioden omfattar. Det er desse to prosentane som blir definerte som marginaliserte. I 2001 er det ingen kjønnsforskjellar, både gutar og jenter står for 6 %. Prosentdelen som står utanfor arbeidsmarknaden, aukar meir for gutar enn for jenter etter 2001. Prosentdelen gutar som står utanfor arbeidsmarknaden dei påfølgjande åra, er høvesvis 21 % og 26 %. Tilsvarende for jenter er 17 % og 19 %. Sjølv om fleire gutar enn jenter står utanfor arbeidsmarknaden når ein ser på enkelte år, og altså er *delvis* marginaliserte, er det ingen kjønnsforskjellar blant dei som er utanfor arbeidsmarknaden i tre påfølgjande år og dermed er definerte som marginaliserte.



Figur 7.1 Utvikling i talet på unge som vert uføretrygda 1995–2006

Tal; Heile landet, begge kjønn samla, 18–24, totalt; Heile landet, menn, 18–24, totalt; Heile landet, kvinner, 18–24, totalt

7.4.3 Uføretrygda

Tal frå NAV⁸ viser at stadig fleire unge menn blir uføretrygda. Psykiske lidningar er den desidert hyppigaste årsaka til at unge menn under 40 år blir uføretrygda.⁹ I 2006 var over seks av ti menn med uførepensjon eller uførestønad i denne aldersgruppa blitt trygda på grunn av ulike psykiske lidningar. I praksis dreier det seg om drygt 10 000 menn i alderen 18 til 40 år.

Figur 7.1 viser utviklinga for aldersgruppa 18–24 år.

Samla sett er færre menn enn kvinner uførepensjonerte. Ved utgangen av 2006 tok 11 % av befolkninga i alderen 18–67 år imot ei uføreyting (uførepensjon eller tidsavgrensa uførestønad). Fordelinga på kvinner og menn var høvesvis 12,9 % og 9,2 %. I 2006 var gjennomsnittsalderen 53,8 år. Det er prosentvis fleire uføre blant mannlege førstegenerasjonsinnvandrara enn blant alle menn i befolkninga over 50 år.

Av alle nye kvinnelege uførepensjonistar i 2006 fekk nesten halvparten tidsavgrensa uførestønad, mot berre éin av tre av alle nye uføre menn. Menn får med andre ord sjeldnare uføreytingar enn kvinner, men når dei først får dei, er dei oftare av varig karakter.¹⁰

7.5 Sosialhjelp

Det er fleire menn enn kvinner blant unge mottakarar av sosialhjelp, og kjønnsforskjellen blant unge mottakarar er omtrent den same som blant alle mottakarar.

I alle aldersgrupper er over 50 % av mottakarane menn. Mellom 3 % og 4 % av befolkninga fekk økonomisk sosialhjelp i 2005, og den prosentvise delen av befolkninga som får økonomisk sosialhjelp, har vore ganske stabil i fleire år.¹¹ Som i tidlegare år er dei unge sterkt overrepresenterte blant mottakarane i 2005. Av unge i alderen 16–30 år hadde 5,7 % sosialhjelp i 2005, mot berre 2,8 % av alle over 30 år.

Det er kjent at det er prosentvis fleire personar med låg utdanning blant mottakarar enn i befolkninga elles. Resultata viser mellom anna at 25 % av alle mannlege mottakarar i alderen 18–24 år hadde grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå. Det same gjaldt berre 8 % av alle menn

i alderen 18–24 år i befolkninga. For kvinnene var dei tilsvarande tala høvesvis 21 % og 5 %. Men utdanningsnivået hos mottakarar speglar aldersforskjellane i utdanningsnivå i samfunnet generelt, og det er blant dei aller eldste mottakarane vi finn relativt flest personar med grunnskule som høgaste utdanningsnivå.¹²

7.6 Bustadlause

Som eit ledd i satsinga mot fattigdom vil regjerinnga sikre eit tilbod til bustadlause. Mange har eit bilete av ein bustadlaus som ein eldre, alkoholisert mann. Biletet er delvis rett. Kartlegginga av bustadlause¹³ i 2005 viste at 76 % av dei rundt 5500 bustadlause her i landet er menn.

Tiltak retta mot bustadlause er på generelt grunnlag ikkje noko relevant tema i ei melding om menn og likestilling, sjølv om eit klart fleirtal er menn. Derimot er det relevant å sjå nærmare på om eigenskapar ved mansrolla gjer menn særleg utsette for marginalisering, og kor vidt tiltak for bustadlause har eit tilstrekkeleg kjønns- og mannspektiv.

Kartlegginga av bustadlause viste at tyngda av bustadlause er i aldersgruppa 20–45 år. Aldersfordelinga skil seg lite mellom kvinner og menn. I gruppa bustadlause er det langt fleire enn i normalbefolkninga som ikkje har fullført vidaregåande utdanning og har grunnskule som høgaste fullførte utdanning. Berre éin av 35 bustadlause har lønnsinntekt. Dei fleste bustadlause har lita eller inga erfaring frå arbeidslivet og er avhengige av økonomisk sosialhjelp fordi dei har få trygderettar. Rusavhengige og personar med psykiske lidningar eller dobbeltdiagnose er overrepresenterte blant bustadlause. Det same er grupper med etnisk minoritetsbakgrunn. I denne gruppa er risikoen for å komme i ein situasjon utan nokon stad å bu dobbelt så stor som i befolkninga sett under eitt.

For ein del av dei bustadlause er problemet av forbigående karakter, men for fleirtalet er det langvarig eller permanent. I eit likestillingsperspektiv er det særleg urovekkjande at mannsinnslaget er endå høgare i gruppa langvarig eller permanent bustadlause. Det kan indikere at tiltak for bustadlause ikkje har eit tilstrekkeleg kjønnspektiv, og at tiltak for menn har mindre effekt enn tiltak for kvinner.

⁸ Brage og Thune 2008.

⁹ Aftenposten, 19.02.08

¹⁰ Sst.

¹¹ Statistisk sentralbyrå 2005

¹² Dahl mfl. 2006

¹³ Dyb og Hansen 2007.

Kjenneteikn ved bustadlause stadfester at fråfall frå vidaregåande skule, manglande innpass i arbeidslivet og liknande faktorar aukar risikoen for marginalisering. Gutar/menn er overrepresenterte i risikogrubbene. Det understrekar at rådgivingstenesta i vidaregåande skule og i NAV må ha eit kjønnsperspektiv, slik at tiltak kan få same effekt for gutar som for jenter.

7.7 Kriminalitet

Kriminalitet er eit av dei mest mannsdominerte områda i samfunnet vårt. Lovbrytarane og fengselsbefolkninga er hovudsakleg menn eller unge gutar. Kvinner har utgjort rundt 10 % av dei registrerte lovbrytarane¹⁴ og 5 % av fengselsbefolkninga¹⁵ i fleire tiår. Kvinneinnslaget har auka noko dei seinare åra. I 1990 utgjorde kvinner 12 % av dei sikta i straffesaker. I 2000 hadde talet auka til 16 %, og der ligg det òg i 2005.

Ei rekkje studiar viser at det er ein samheng mellom levekår og kriminalitet, sjølv om årsaksrekkefølga ikkje alltid er like klar.¹⁶ Rapporten «Lovbruddskarrierer og levekår» gir ei oversikt over i kva grad personar fødd i 1977 blei sikta for lovbrøt i tidsrommet 1992–2001.¹⁷ Analysen omfattar personar fødte i Noreg i 1977 som var busette i Noreg i løpet av 1992. Desse fylte 15 år i 1992 og 24 år i 2001. Utvalet er alle personar i denne kohorten.

Dei aller fleste i denne aldersgruppa blei ikkje sikta for lovbrøt i det heile. Blant dei som blei det, blei dei fleste sikta berre éin gong. Men nokre er aktive lovbrytarar over lengre tid. Lovbrøtskarrierane er forskjellige, og nokre er meir typiske enn andre. *Dess alvorlegare lovbrøtskarriere ein har, dess dårlegare skårar ein på viktige sosiale indikatorar.* Svært mange personar med eit langvarig lovbrøtsmønster har ikkje fullført vidaregåande skule, mange er langtidsmottakarar av sosialhjelp og har i liten grad stabil tilknytning til arbeidslivet. Sjølv om dei aller fleste i alle grubbene har foreldre med utdanning frå vidaregåande skule eller meir, er innslaget av personar med låg eller inga utdanning langt høgare blant dei med ein alvorleg lovbrøtskarriere enn det er i normalbefolkninga.

Vidare er risiko for død ein indikator på helsestilstand og livsstil, og denne risikoen er høga-

re dess alvorlegare lovbrøtskarrieren er. Studien konkluderer med at lovbrøtskarrierar i stor grad må sjåast i samheng med allmenn livssituasjon og med marginaliseringsprosessar i samfunnet.

7.7.1 Ungdomskriminalitet

Ungdomskriminalitet er eit kjønnsnøytralt omgrep på eit svært kjønna felt. Det er for det meste gutar som blir registrerte for kriminalitet i ungdomsåra. Ungdom, og då spesielt unge menn, har alltid vore overrepresenterte i kriminalstatistikken. 75 % av alle som blir sikta for lovbrøt i alderen 15–17 år, og 85 % av alle som blir sikta i alderen 18–20 år, er gutar.

Auka fokusering på barne- og ungdomskriminalitet frå slutten av 1990-talet førte til at talet på sikta og straffa ungdom auka noko, men dei aller siste åra har dette endra seg. I gruppa under myndig alder blei 20 % færre sikta for brotsverk i 2005 enn i 2001. Eldre ungdom, og i endå større grad vaksne, har hatt ei heilt anna utvikling. Samanlikna med 1980 er i dag 150 % fleire i alderen 18–29 år sikta for brotsverk, og over 500 % fleire i alderen 30 år og over. Aldersfordelinga blant dei som er sikta for brotsverk, har altså endra seg kraftig dei siste 25 åra: Ungdom under 18 år har gått frå å utgjere 35 % til 15 %, og dei i alderen 30 år og over frå 18 % til 41 %. Dei yngste har i same perioden redusert sin del av straffereaksjonane for brotsverk tilsvarande, frå 30 % til 8 %.¹⁸

Biletet av ungdomskriminalitet som ein relativt «normal» del av ungdomslivet ser ut til å vere i endring. Balvig¹⁹ påpeiker at det har skjedd ei polarisering ved at relativt færre plasserer seg i den store mellomgruppa av gråtonar, der dei fleste unge er å finne. Biletet er blitt meir svart-kvitt. Fleire er heilt lovlydige, og fleire av dei som ikkje er det, gjer seg skuldige i mykje og til dels alvorleg kriminalitet.

Samtidig som færre unge gjer noko kriminelt, viser studiar at dei som gjer det, gjer det oftare. Det er altså ei auka polarisering i ungdomsbefolkninga. Dei aller fleste gjer seg ikkje skuldige i alvorleg kriminalitet, men ei lita gruppe står fram som særleg belasta. Og gutar utgjer det store fleirtalet i den gruppa.

Kriminelle unggutar har alltid opptredd som tøffe, og jamaldringane har sett på dei som det. Dei vaksne har meir sett på dei som gutar som

¹⁴ Vegheim 1997.

¹⁵ Fridhov 1997:276.

¹⁶ Kyvsgård 1998; Thorsen 2004.

¹⁷ Skardhamar 2005.

¹⁸ Stene 2007.

¹⁹ Balvig 2000 og 2006

*vil vere tøffe.*²⁰ Kriminalitet kan sjåast som ein måte å «styrkje sin maskulinitet» på blant gutar og menn som elles ikkje har andre ressursar til å gjere seg gjeldande.²¹ Unge marginaliserte menn kan til dømes gjennom vald og vilje til å slåst oppnå status, rykte og sjølvrespekt. Også vinningskriminalitet kan for desse vere ein maskulin ressurs. Utbyttet av kriminaliteten, det å ha mykje pengar mellom hendene, kan gi ei kjensle av å vere noko. Også i sjølve utøvinga av dei ulovlege handlingane kan desse gutane vise seg fram som modige, teknisk dyktige og smarte.²²

Eit slikt maskulinitetsprosjekt som det mange gutar set i scene ved å drive med kriminalitet, har blitt kalla *cowboymaskulinitet*.²³ Det er eit maskulinitetsprosjekt der det gjeld å vere tøff, vise individualitet og mot, og vere i opposisjon.

7.7.2 Gjengkriminalitet og gutar med innvandrarbakgrunn

Gjengkriminalitet har vore eit problem i det norske samfunnet sidan 1950-talet. Det er på 1950-talet at ungdom som eigen sosial kategori veks fram. *Tenåringar* blir eit omgrep og eit ideal som blir kopla til ein «tenåringsmarknad» etter kvart som unge får større kjøpekraft som følgje av den økonomiske veksten.²⁴ Oppblomstringa av ein tenåringsmarknad skaper både tilbod og etterspørsel etter særskilte forbruksvarer for ungdom. Desse varene tener som livsstilsteikn for aldersgruppa og skil medlemmene ut som ein eigen kategori mellom barn og vaksne. Parallelt med dette veks det fram grupper av barn og unge som driv med det vi i dag kjenner som *gjengkriminalitet*. Gjengar og bandar var stadig tema i pressa på 1950-talet; klipparkiva i avisene fortel at politiet opp gjennom femtiåra hadde hendene fulle med å avsløre og rulle opp gutebandar og bilbandar som spesialiserte seg på alt frå tjuveri av elektrisk utstyr, barbermaskiner og filmapparat til dynamitt, våpen og spesielle bilmerke.²⁵

Dei to siste tiåra er «gjeng» langt på veg blitt synonymt med den typen gjengar og kriminalitet vi finn blant gutar med etnisk minoritetsbakgrunn. Desse gutane framhevar ofte sin eigen etniske kultur for å forklare kvifor dei er så opptekne av ære og respekt, og også forskarar²⁶ har

lagt vekt på kulturbakgrunnen deira. Til dømes skriv ein forskar: «Innvandrerne bringer med seg ei æreskodeks fra føydale strukturer i u-land og inn igjen i vestlige samfunn.»²⁷ Andre forskarar²⁸ problematiserer denne forståinga ved å leggje eit maskulinitetsperspektiv til grunn, og understrekar at det ikkje er besteforeldra og deira æresomgrep unge gutar med innvandrarbakgrunn prøver å leve opp til når dei snakkar om ære og respekt.²⁹ Symbolbruken varierer, men innhaldet er til dels det same, i alle fall som ideal, blir det påpeikt.³⁰ Det handlar ikkje (i alle fall ikkje berre) om opphavskulturen til innvandrar-gutane, men om sentrale kulturelle maskulinitetsideal i vår eigen vestlege kultur.³¹

Grupper med etnisk minoritetsbakgrunn blir ofte gjenstand for forenkla idear om kven dei er. Slike stereotypiar kan lett føre til at dei unge i desse gruppene prøver å leve opp til det biletet andre har av dei. Framstiller media unge med innvandrarbakgrunn som farlege, kan det lett danne seg grupper som set seg sjølve i scene som nettopp det. Det er ikkje noko nytt at grupper av menneske spelar på stereotypiar for å få respekt. Men det er alvorlegare når gutar med innvandrarbakgrunn spelar dei på hudfarge, ikkje på klesstil eller andre identitetsteikn som kan skiftast ut. Dessutan er dei med og stigmatiserer ei større gruppe enn seg sjølve, nemleg alle etniske minoritetsgutar.³²

Ei undersøking av lovbrotskarrierar frå 15-årsalderen fram til fylte 25 år viser at 10 % av ikkje-vestlege innvandarane og 17 % av dei ikkje-vestlege³³ innvandarane blei sikta for eitt eller fleire brotsverk.³⁴ Ikkje-vestlege innvandarar utgjer 5 % av alle som er sikta for brotsverk, og står for ein noko større prosentdel av alle siktingar. Ofte blir enkeltstående kriminelle handlingar tolka som symptom på ein svak integrerings- og innvandringspolitikk. Det blir lett gløymt at det ofte er dei same forholda som skaper kriminalitet både blant innvandrarungdom og etnisk norsk ungdom.

Ikkje-vestlege innvandarar er meir eksponerte for faktorar som er kjende for å ha samband med kriminalitet. Det er fleire unge blant dei, dei bur i større grad i Oslo, har lågare utdanning og

²⁰ Whyte 1981; Cohen 1955; Ericsson, Lundby og Rudberg 1985; Varang 2004.

²¹ Messerschmidt 1993.

²² Næss 1999.

²³ Jon 2007.

²⁴ Bjurström 1982:48.

²⁵ Telste 2004:5.

²⁶ Larsen 1992; Lien 2002, 2003.

²⁷ Lien 2003:164.

²⁸ Prieur 2004; Jon 2007.

²⁹ Prieur 2004.

³⁰ Prieur 2004:104.

³¹ Jon 2007.

³² Sandberg 2005.

³³ Innvandarar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania utanom Australia og New Zealand.

³⁴ Skarðhamar 2006.

høgare arbeidsløyse og er i ein vanskelegare økonomisk situasjon enn nordmenn flest. Kjønnt, utdanningsnivå hos foreldra, eigen økonomisk situasjon og integrasjon i skule og arbeidsliv er viktigare årsaker enn innvandrarbakgrunn for å forklare registrert kriminalitet.

Alle desse sosiale forholda har meir å seie enn innvandrarbakgrunn når det gjeld å bli teken for brotsverk i ungdomstida.³⁵ Men ikkje-vestlege innvandrarakgrunn er framleis overrepresenterte i forhold til resten av befolkninga. Samtidig er det ein stor del av innvandrarungdommen som held seg unna kriminalitet sjølv om dei har svært dårlege levekår. Det er ingen automatikk i at dårlege levekår fører til kriminalitet.

Ung i Noreg-undersøkinga³⁶ viser klare tendensar til polarisering blant ikkje-vestleg innvandrarungdom: Dei aller fleste er lovlydige, men det veks fram ei lita gruppe som er særleg belasta med alvorleg kriminalitet. Desse står bak mange lovbrøt, også samanlikna med tilsvarende kriminell ungdom utan innvandrarbakgrunn, og utgjør eit betydeleg problem. Men for dei aller fleste er lovbrøt eit eingongstilfelle. Ei lita gruppe svært kriminelt aktive personar må ikkje få skape inntrykk av at alle er like.³⁷

Personar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn slår inn på ei kriminell løpebane seinare enn personar utan innvandrarbakgrunn. Samanlikna med nordmenn gjer kriminalitetsnivået eit hopp i 19-årsalderen. Effekten av manglande lærlingplassar og utestenging frå arbeidslivet på grunn av svake resultat eller fråfall i vidaregåande skule melder seg òg i den alderen.

7.8 Barnevern

Av dei rundt 40 000 barn og unge som fekk hjelp frå barnevernet i 2006, var om lag 54 % gutar. Barnevernet skal nå ut til alle familiar, barn og unge og gi formålstenleg hjelp tilpassa behovet. Barn med etnisk minoritetsbakgrunn er langt oftare mottakarar av hjelp frå barnevernet enn barn utan etnisk minoritetsbakgrunn.³⁸ Barne- og likestillingsdepartementet er i gang med å styrkje den fleirkulturelle kompetansen i barnevernet. På oppdrag frå departementet har fire utvalde høgskular utvikla ei vidareutdanning for

auka fleirkulturell kompetanse i barnevernet. Målet er å gi studentane grunnleggjande kunnskap om kva eit kultursensitivt barnevern er, og å auke ferdigheitene deira i arbeidet med barn, unge og familiar med etnisk minoritetsbakgrunn. Vidareutdanninga starta opp hausten 2008.

Hausten 2008 starta Barne- og likestillingsdepartementet dessutan opp mentorordninga «Nattergalen» ved åtte høgskular/universitet. Hovudmålet er å styrkje det fleirkulturelle erfaringsgrunnlaget i barnevernet ved at studentar ved barnevernsfagleg og sosialfagleg utdanning får auka kunnskap om barn, unge og familiar med etnisk minoritetsbakgrunn. Vidare er eit mål å bidra til at fleire barn og unge med etnisk minoritetsbakgrunn fullfører vidaregåande opplæring og held fram i høgare utdanning. Prosjektet vil særleg prøve å nå gutar, etter som dei har størst fråfall i skulen.

7.8.1 Barnevernsbarn får oftare eit vanskeleg liv

Ein longitudinell studie av barnevernsbarn i perioden 1990 til 2005 viser at det går dårleg med mange barnevernsbarn.³⁹ Hovudkonklusjonen er at personar som har vore barneverns klientar, får dårlegare levekår enn personar som ikkje har vore i barnevernet. Det viser seg at det går relativt bra med ein tredjedel av barnevernsbarna, mens to tredjedelar har dårlegare levekår enn personar som ikkje har vore i barnevernet. Det blir dokumentert store forskjellar når det gjeld utdanning, inntekt, bruk av sosialhjelp og arbeidsløyse. Vidare indikerer resultatane at tidlegare klientar har større helseproblem enn befolkninga elles. Helse er indirekte målt på grunnlag av grunn- og hjelpestønad og uførepensjon. Tidlegare studiar har vist at forskjellane er store mellom barnevernsbarna og resten av befolkninga når det gjeld siktingar for brotsverk. Kunnskap om opphoping av levekårsproblem hos utsette grupper tilseier at det er store forskjellar på andre område òg.

Det blir i tillegg rapportert nokre fordelingar etter kjønn, og det viser seg at det går endå dårlegare med gutane i barnevernet enn med jentene. Figur 7.2 viser at kjønnsforskjellane er store for alle saksgrunnlag for melding til barnevernet når det gjeld prosentdelar av barna som seinare tek høgare utdanning.


³⁵ Skarðhamar 2006; Stene 2007.

³⁶ Øia 2005.

³⁷ KRÅD 2007.

³⁸ SSB-rapport 2006/19.

³⁹ Kristofersen og Clausen 2008.



Figur 7.2 Prosentdel barnevernsbarn med høgare utdanning etter saksgrunnlag og kjønn.

Nynorsk!

7.8.2 Eit maskulinitetsperspektiv i barnevernet

Det statlege barnevernet arbeider med å implementere og vidareutvikle metodar og modellar retta mot unge med alvorlege åtferdsvanskar, deriblant kriminelle unge. Tiltaka og metodane rettar seg mot både gutar og jenter, men eit eksplisitt maskulinitetsperspektiv er i liten grad innarbeidd i barnevernsarbeidet.

Norsk forsking har i liten grad sett på gutar i barnevernet, kriminalitet blant gutar og møtet mellom kontrollapparatet og desse gutane, i eit kjønnsperspektiv. Også på dette feltet er det i all hovudsak jenter det har vore forska på i eit kjønnsperspektiv. Dei få forskingsbidraga som legg eit maskulinitetsperspektiv til grunn, viser at ein slik synsmåte gjer det lettare å forstå kvifor unge gutar blir kriminelle, og likeins korleis kjønn verkar inn på samhandlinga mellom miljøarbeidarane og gutane, og på det daglege livet i institusjonen.⁴⁰

I ein historisk studie av Foldin verneskole (tidlegare Bastøy skolehjem) i perioden 1953–1970

blir arbeidet ved institusjonen analysert i eit maskulinitetsperspektiv.⁴¹ Analysen av arkivmaterialet frå 1950- og 1960-talet avdekkjer dilemma i arbeidet med dei barnevernsgutane med dei største utfordringane, som gjer seg gjeldande den dag i dag.

I doktoravhandlinga «Vanlig og uvanlig. Miljøarbeid hjemme med 14–18-åringar»⁴² blir det presentert ein studie av hjelpetiltak barnevernet har sett i verk i heimemiljøet. Studien viser at den same forståinga som kjenneteikna funksjonærane på Foldin på 1950- og 1960-talet, framleis pregar dei tiltaka barnevernet set i verk for gutar med særlege utfordringar i dag. «Gutar er gutar» – også for barnevernet i dag – og det viser seg at eit kjønnsperspektiv i liten grad er tematisert i dagens barnevern. I den grad det blir gjort, handlar det framleis ofte om å skaffe gutar med særlege utfordringar mannlege rollemodellar. Dagens barnevern vil ha mykje å hente på å trekkje nyare kjønnsforskning, spesielt nyare maskulinitetsforskning, inn i kunnskapsgrunnlaget sitt når det gjeld arbeid med gutar. Auka medvit om kjønn

⁴⁰ Sagatun 2005; Jon 2007.

⁴¹ Jon 2007.

⁴² Sagatun 2005.

som praksis, relasjon og prosess vil redusere faren for at barnevernsarbeidarar undergrev sitt

eige arbeid – slik dei tilsette på Foldin langt på veg gjorde.

8 Maskulinitet og vald

8.1 Innleiing

Johan Galtung påpeiker at menn står for 95 % av all vald som blir utøvd i verda. Slik sett er valden kjønna, og slik sett er vald noko som kan vere knytt til mannsrolla og det mannlege.

Samtidig må det understrekast at dette ikkje betyr at alle menn er valdelege. Dei fleste menn utøver ikkje vald og er heller ikkje utsette for vald. Vald inngår ikkje i handlingsrepertoaret til menn flest.

At nokre menn bruker vald også mot sine næraste, er eit alvorleg hinder for likestillinga og gjer at ikkje alle kvinner og barn kan kjenne seg trygge for overgrep i sin eigen heim.

At valden er kjønna, betyr ikkje at kvinner ikkje bruker vald, men at menn i større grad enn kvinner utøver vald.

Samtidig som det er vesentleg at valdsovergrep blir omtalte og overgriparen blir dømd og straffa, må samfunnet ta eit ansvar for at menn som gjer seg skuldige i overgrep, får hjelp til å endre eit valdeleg handlingsmønster. Like viktig er det at samfunnet tydeleg signaliserer nulltoleranse for all annan valdsbruk enn den statsapparatet er tillagd etter lova, og arbeider førebyggjande mot vald.

Som eit ledd i den nye handlingsplanen mot vald i nære relasjonar, «Vendepunkt», skal regjeringa utarbeide ein plan for å gjere hjelpe- og behandlingstilbodet til valdsutøvarar landsdekkjande. Kapitlet drøfter arbeidet som skal gjerast for å etablere dette landsdekkjande tilbodet.

8.2 Om menns vald

I all politimeld vald utgjer menn den største kategorien både som offer og utøvarar. Menn utgjer 88 % av alle som blir sikta for brotsverk mot liv, lekam og helse.¹ Når det gjeld drap, er utøvaren mann i over 90 % av tilfella.² I 2006 blei det meldt 33 drap. Samanlikna med tidlegare år var det få

mannlege og over gjennomsnittleg mange kvinnelege offer. 2006 var uvanleg i og med at over 60 % av drapsofra var kvinner.³ Den typiske gjerningspersonen er ein norsk mann i alderen 30–40 år som har ein nær relasjon til offeret. Ofte er rusmiddel med i biletet. Offeret er i godt over halvparten av tilfella ei norsk kvinne. Gjennomsnittleg har det vore registrert 38 drap i året på 2000-talet. På 1990-talet låg gjennomsnittet i underkant av 40.

Menn utgjer størstedelen av ofra for politimelde lovbrøt, og i 2006 auka også talet på mannlege valdsoffer. Samanlikna med året før auka talet på personoffer for valdskriminalitet med 3 %, hovudsakleg som følgje av at det blei 5 % fleire mannlege offer.⁴ Auken heng saman med at fleire har blitt offer for fysisk vald, mens relativt færre har vore utsette for truslar.

Ikkje all opplevd vald blir meld til politiet. Den siste levekårsundersøkinga tilseier at berre 15 % av alle tilfelle av vald og truslar blir politimelde.⁵ Stort sett er det to faktorar som avgjer om ein valdsepisode blir meld: alvoret i episoden og relasjonen mellom offer og utøvar. Dess alvorlegare handlinga er, dess meir sannsynleg er det at valden blir meld til politiet. Og vald mellom ukjende blir oftare meld enn vald som blir utøvd i familien eller av folk som kjenner kvarandre. Levekårsundersøkinga i 2004⁶ viser at kjønnsforskjellane blir utviska når faktisk valdsbruk og truslar om vald skal rapporterast. Omtrent 5 % av både kvinner og menn rapporterer å ha vore utsette dei siste tolv månadene. Undersøkinga viser at det å bli utsett for vald har ein klar samanheng med alder. Det er langt fleire valdsoffer blant dei aller yngste enn blant eldre, og det gjeld både kvinner og menn. Det er blant dei yngste mennene det er flest valdsoffer med fysiske skadar, men òg blant kvinnene er det dei yngste som har størst risiko for å bli valdsoffer med fysiske skadar. Det er altså omtrent like mange menn som kvinner som melder at dei har vore utsette for vald eller truslar om vald, og aldersfordelinga mellom kjønna er relativt lik. Samtidig er det tydelege kjønnsfor-

¹ Kriminalstatistikk 2007, tabell 15.

² s.st.

³ SSB 2007e

⁴ s.st.

⁵ Stene 2005.

⁶ SSB 2004c

skjellar når ofra beskriv kva dei er utsette for. Kvinner opplever i større grad å bli utsette for vald i nære relasjonar og på stader i nærmiljøet. Menn kjem i større grad ut for heilt eller delvis ukjende valdsutøvarar på offentleg stad på kveldstid og i helgane.

Vald er ingen eintydig kategori. Kva som blir oppfatta som vald, skifter mellom kulturar, samfunn og epokar. Det som blir kalla vald i éin epoke, har andre namn til andre tider. Og ikkje minst motsett: Det som i éin epoke ikkje blir oppfatta som vald, kan i andre epokar bli definert og omtalt som det. Dette blir tydeleg om vi går tilbake til 1950- og 1960-talet. Då var det ikkje uvanleg at vaksne slo barn. Korporleg straff i skulesamanheng blei forbode så tidleg som i 1936, men på 1950- og 1960-talet hadde foreldre enno rett til å slå barna sine. Heimelen for å refse barna låg i lov om innskrenking i bruk av lekamleg refsing av 20. juni 1891 nr. 1. Først i 1972 blei denne føresegna oppheva og fysisk straff forbode. Slåstkampar mellom gutar var ikkje uvanleg og blei heller ikkje kalla vald. Slåstkamp var slåstkamp, «gutar var gutar» og slåsting var forventa gutar imellom. I den før omtalte studien av Foldin verneskole på 1950- og 1960-talet går det tydeleg fram at gutar som vegrar seg mot å bruke vald, som ikkje tek ein slåstkamp når det trengst, og som prøver å skape seg ein plass i hierarkiet ved å smiske for dei større gutane, av dei tilsette blir stempla som blaute, ynkelege og feige.⁷ Mishandling, både av kvinner og barn, var eit fenomen som på 1950- og 1960-talet blei oppfatta annleis enn det blir i dag. *Kvinnemishandling* og *bar-nemishandling* er omgrep som voks fram etter kvinnekampen på 1970-talet.⁸ 1950- og 1960-talet var fullt av det vi i dag definerer og forstår som vald, men omgrepet var sjeldan i bruk. Handlingane hadde andre namn på den tida.

Som sagt i innleiinga er dei aller færreste menn valdelege. I vår tid er vald rekna som ei uakseptabel løysing. Å slå barn blir sett på som eit heilt uakseptabelt middel i barneoppsedinga. Det same gjeld alle former for vald i parforhold og nære relasjonar. Slåsting i skulegarden er ikkje lenger ein del av den forventa åtferda gutar imellom, men blir definert som vald. Gutar i vår tid blir som regel ikkje oppfordra til å «slå tilbake» og bruke vald som konfliktløysingsstrategi. Samtidig er det enno slik at det å vere feig og svak (både fysisk og moralsk) for mange står som det fremste kjenneteiknet på det umandige,⁹ og dette pregar til dels forventningane til gutar også i dag. Ein

skal ikkje vere for tøff, men ein må heller ikkje vere «umandig». Det som kan assosierast med feigskap, veikskap og mangel på sjølvkontroll, står framleis lågt i kurs.

Samtidig som samfunnet fordømmer vald, blir valden dyrka i dei ulike massemedia. Paradoksalt nok blir valden der ofte tiljubla. Når den godhjarta helten etter seriar med krenkingar og overgrep mirakuløst reiser seg og slår tilbake, knuser overmakta med velretta spark, kastar skurkane til hai-ane, skjer halsen over på dei, sprengjer dei i filler og fyller dei med bly, er det mange som frydar seg over slik rettkommen vald. Valden blir hylla som eit ideal og assosiert med styrke, mot og kraft. Og manndom. Valdsutøvarane blir heltar, personar ein gjerne skulle vere. Den valdelege heltemannen blir sett opp til, og i nyare tid gjeld det same for den valdelege heltekvinna.¹⁰

Fleire påpeiker ein ambivalens til vald i Noreg. Vald er negativt og skal motarbeidast. Samtidig finn ein stort tilbod om underhaldningsvald.

Sjølv med atterhald om underrapportering tyder ikkje tal på at vald utgjer noko dominerande trekk ved kvardagslivet til det norske gjennomsnittsparet. Andre undersøkingar viser at kvinner oftare enn menn rapporterar å ha vore utsett for vald i nære relasjonar. Når det gjeld vald utanfor heimen, er menn ifølgje likestillingsgranskinga meir involverte både som offer og utøvarar. Samtidig viser granskinga på same måten som ei rekkje andre norske studiar,¹¹ at alder spelar ei viktig rolle. Det er i hovudsak blant dei yngste mennene vi finn dei høge tala. Etter fylte 50 år er det dramatisk færre menn som blir involverte i vald ute, og tala for menn og kvinner nærmar seg kvarandre.¹²

Ein treng å nyansere koplinga mellom kjønn og makt for å få menn flest til å ta avstand frå vald.

Nedanfor drøftest ulike sider ved valden for å kunne nærme oss dei likestillingsmessige utfordringane samfunnet står overfor. Det er nødvendig å sjå og forstå valden som ein del av maskuliniteten for å kunne få i stand endringar.

8.3 Ulike former for vald

Kva som blir oppfatta som vald, endrar seg som nemnt over tid og i takt med endringar i samfunnet. Men sjølv i ein gitt tidsepoke er ikkje vald nokon eintydig kategori. Vald kan definerast som

⁷ Jon 2007.

⁸ Skjørtén 1988; Skjælaaen 1980.

⁹ Liliequist 1999.

¹⁰ Isdal 2000:73.

¹¹ Stene 2003; Haaland, Clausen mfl. 2005.

¹² Likestillingsgranskinga s. 257.

«enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje, eller slutte å gjøre noe den vil.»¹³

Samtidig er det slik at vald som kjem inn under straffelova kapittel 22 om liv, lekam og helse, rommar svært ulike sosiale fenomen, sjølv om alle har det til felles at vald er utøvd. Vald mellom ukjende ute på gata er eit anna fenomen enn vald i nære relasjonar, og dei ulike fenomenene må forståast i ulike perspektiv.¹⁴ Samanhengen mellom maskulinitet og vald varierer òg mellom dei ulike fenomenene.

8.3.1 Vald på offentleg stad

Som vist ovanfor utgjør menn størstedelen av alle offer for politimelde valdslovbrot. Kor stor prosentdel menn som er offer, varierer med type lovbrott. Ut frå hovudlovbrotet er det større kjønnsforskjell i førekomsten av lekamsskading (84 % menn) enn i dei mindre grove lekamskrenkingane (63 % menn) og truslane (55 % menn).¹⁵ Kvinner er på den andre sida sterkt overrepresenterte blant ofra for seksualbrottsverk (88 % kvinner) og mishandling i familieforhold (85 % kvinner), og dette er tema som drøftast nærare nedanfor. Her er det fokusert på vald som skjer på offentleg stad.

Menn kjem i større grad ut for heilt eller delvis ukjende valdsutøvarar på offentlege stader på kveldstid og i helgane. Levekårsundersøkingane viser at 57 % av alle valdstilfelle mot menn skjedde på offentleg stad.¹⁶ Ein del valdsepisodar skjer i tilknytning til uteliv, og her er dei yngste ofra, spesielt unge menn, sterkt overrepresenterte. På desse arenaene og tidspunkta er det å forvente at mange er påverka av alkohol eller andre rusmiddel, og som i dei tidlegare undersøkingane går det fram at gjerningspersonen er påverka i svært mange valdstilfelle. Heile 62 % av gjerningspersonane som utøvde vald mot menn, var påverka av alkohol, viser levekårsundersøkinga.

Risikoen for å bli utsett for vald og truslar heng òg saman med alkoholpåverknad hos offeret. I ei omfangsundersøking av valdsrisikoen hos Oslo-befolkninga¹⁷ fann forskarane at personar

som ofte drakk seg rusa, var langt meir utsette for både truslar og vald. Dei fann òg ein samheng med besøksfrekvens på skjenkestader, særleg hos menn.

Svært mykje av valden som blir meld til politiet, er vald som unge menn utøver mot og blir utsette for frå andre menn på utelivsarenaen på kveldstid eller i helgane. Politimeistrane i Oslo, Bergen og Trondheim har i 2007 påpeikt at altfor store ressursar i desse byane går med til å halde orden i seine nattetimar med mykje fyllebråk og slåsting.

I del 7.7.1 nemnast at unge gutar kan bruke kriminalitet og vald som ressurs for å se seg sjølv som maskuline. Omtalen gjeld gutar med eit meir omfattande maskulinitetsprosjekt, omtalt som cowboy-maskulinitet, der kriminalitet og vald inngår. Unge gutar og menn utan slike oppfatningar kan imidlertid nytta vald, ikkje minst i situasjonar der dei kjenner seg trua som menn.

Valden kan altså forståast som eit uttrykk for eit maskulinitetsprosjekt. Det kan skiljast mellom tabubelagd og annan vald, skriv Isdal.¹⁸ Den tabubelagde valden er vald som samfunnet fordømmer som forkasteleg: vald mot kvinner og barn eller mot ein som er klart mindre og svakare enn utøvaren. Vald som ikkje er tabubelagd, blir lettare uproblematisk i den forstand at utøvaren ikkje treng å sjå noko gale i det han har gjort. Nokre gonger kan handlinga snarare få utøvaren til å kjenne seg stolt, modig og sterk og gi ei god kjensle av å ha vunne, skriv Isdal.

Vald mellom menn byggjer opp under biletet av ein aggressiv, uredt mannleg identitet. Når menn skal fortelje om denne valden, blir gjerne valdshendingane skildra i detalj. Vald mellom menn kan i visse samanhenger gi godkjenning og respekt, same kven som vinn kampen.¹⁹ Å svare på provokasjon med vald og ikkje rygge ut av konfliktsituasjonar kan for mange, særleg unge menn, demonstrere at ein er ein mann som ikkje er feig og vik unna, men ein mann som toler og tør å både gi og få juling.

Ei oppsamling av fulle, trøyte unge menn ute på byen i seine nattetimar aukar sjansen for at utsegner og kroppsspråk blir oppfatta som provoserande, og desto lågare blir kan hende terskelen for enkelte for å demonstrere ein uredt mannsidentitet.

¹³ Isdal 2000:36.

¹⁴ Jon 1994.

¹⁵ SSB 2007. Ofre for lovbrudd anmeldt 2006, <http://www.ssb.no/emner/03/05/lovbruddo/>.

¹⁶ Stene 2006.

¹⁷ Pape og Stefansen 2004.

¹⁸ Isdal 2000:159.

¹⁹ Newburn og Stanko 1994; Dobash og Dobash 1998. Her frå NOU 2003:31.

Tabell 8.1 Erfaringar med truslar og ulike former for maktbruk utøvd av partnar

Partnaren har:	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
	Siste år	Siste år	Tidlegare	Tidlegare
Trua deg med vald	1,6	0,7	11,5	2,8
Hindra deg i å bevege deg fritt	2,9	1,7	17,5	5,6
Slått deg med flat hand	1,9	3,0	11,8	13,1
Kasta ein hard gjenstand mot deg	1,3	1,8	6,3	8,8
Slått med knytt hand eller gjenstand, sparka	0,9	1,7	8,3	5,3
Teke kvelartak, forsøkt å kvele deg	0,5	0,3	5,6	0,8
Brukt kniv eller anna våpen mot deg	0,1	0,2	2,3	1,5
Banka hovudet ditt mot golv eller gjenstand	0,6	0,2	4,8	0,4
Prøvd å tvinge deg til å ha sex	1,0	0,5	9,0	1,0
Opptredd valdeleg på annan måte	2,5	1,6	15,6	6,7
Minst éi av desse formene	5,7	5,6	27,1	21,8

8.3.2 Vald i nære relasjonar og partnervald

I ei undersøking av kor sterkt utsett Oslo-befolkninga er for truslar, vald og seksuelle overgrep,²⁰ sa omtrent like mange menn som kvinner at dei var blitt utsette for partnervald siste året, men få (2–3 %) var blitt påførte grov og/eller høgfrekvent vald. I eit livsløpsperspektiv seier langt fleire kvinner (12 %) enn menn (3 %) i undersøkinga at dei har vore utsette for grove former for fysisk vald frå ein partnar eller tidlegare partnar.

I mai 2005 presenterte Norsk Institutt for By- og Regionforskning rapporten «Vold i parforhold – ulike perspektiver». Det er den første landsdekkjande undersøkinga i Noreg som kartlegg omfanget av vald i parforhold. Dei to hovuddelane av rapporten tek føre seg maktbruk og vald blant ektefellar og sambuarar og vald mot kvinner. Eitt av funna i undersøkinga er at bruk av fysisk makt og vald i parforhold har eit betydeleg omfang om ein ser det i eit livslangt perspektiv. Etter fylde 15 år har meir enn fjerdekvart kvinne og meir enn femtekvart mann opplevd at ektefelle eller sambuar minst éin gong har brukt fysisk makt eller trua med vald.²¹ Når det gjeld handlingar med stort skadepotensial (partnaren har teke kvelartak, brukt våpen, banka hovudet til offeret mot golv eller gjenstand), er det derimot store forskjellar mellom kvinner og menn. Langt fleire kvinner enn menn har opplevd dette. I underkant av 10 % av kvinnene og vel 2 % av mennene har opplevd

slik alvorleg vald frå ein partnar ein eller annan gong i livet.

I overkant av 5 % av både kvinner og menn har vore utsette for fysisk makt og vald minst éin gong det siste kalenderåret. Tabell 8.1 visar truslar og ulike former for maktbruk utøvd av partnar.²²

Mellom 0,1 % og 3,0 % av informantane seier at dei har vore utsette for ei av dei ulike formene for maktbruk frå noverande eller tidlegare partnar i løpet av siste året. Lågast førekomst har bruk av kniv eller anna våpen, som 0,1 % av kvinnene og 0,2 % av mennene seier dei har vore utsette for. Blant menn er slag med flat hand den oftast opplevde forma for maktbruk, mens det å bli hindra i å bevege seg fritt er den forma flest kvinner rapporterer. Ser vi på dei tre kategoriane med stort skadepotensial (partnaren har teke kvelartak, brukt våpen eller banka hovudet til offeret mot golv eller gjenstand), har ei av 10 kvinner og ein av 40 menn vore utsette for dette siste året. Om ein ser på rapportert tidlegare maktbruk er tala der menn gjer overgrep mot kvinner gjennomgåande klart dei største. Unnataket er slag med flat hand og kasting av hard gjenstand.

Vald i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem, og i utgreiinga frå Kvinnevaldsutvalet²³ er omgrepet *menns vald mot kvinner og barn i nære relasjonar* lagt til grunn for å synleggjere at det primært er menn som utøver vald, og kvinner og barn som blir ramma. Omgrepet vald i nære relasjonar

²⁰ Pape, Stefansen m. fl. 2004.

²¹ Haaland og Clausen 2005 – <http://www.retriever-info.com/services/archive.html>.

²² Haaland, Clausen og Schei 2005:59.

²³ NOU 2003:31.

er såleis nært knytt til det som på 1970- og 1980-talet blei omtalt som *kvinnemishandling*.

Nyare forskning framhevar at partnervald ikkje er eit eintydig fenomen, men handlar om distinkt forskjellige valdsformer.²⁴ Partnervald er ei fellesnemning for heilt ulike former for vald. Eit hovudskilje går mellom det som blir omtalt som *patriarkalsk terrorisme*, som vi heretter kallar *grov, gjenteke vald*, og det som blir omtalt som *episodisk partnervald, heretter kalt vald som hender ei gong i blant*. Den førstnemnde valdsforma ligg tett opp til det som vanlegvis er omtalt som *kvinnemishandling*, og dreier seg både om fysisk brutalitet, psykisk terror, systematisk undertrykking, fornedring og maktmisbruk. I all hovudsak er det kvinner det går ut over. *Episodisk partnervald* har derimot ingen klar kjønnsprofil og inngår heller ikkje som ingrediens i meir omfattande undertrykkingsregime. Valdsepisodane er som regel ikkje grove og opptrer relativt sjeldan. I første rekke synest dei å handle om sviktande kommunikasjon og dårleg konflikthandtering.²⁵

Den mest utbreidde valden i nære relasjonar er vald som hender ei eller nokre gongar. Begge paratar slår, valden oppstår i samband med konflikhtar og kranclar, og det er mest blant yngre par det skjer. I aldersgruppa 20–24 år har tre gonger så mange kvinner som i gruppa 50–54 år vore utsette for maktbruk frå partnaren siste året. Blant menn er fem gonger så mange ramma i dei to yngste aldersgruppene som i dei eldste.²⁶

Sjølv om denne typen vald i nære relasjonar er mindre grov enn den systematiske mishandlinga, må han ikkje bagatelliserast. Førekosten tilseier at dette er eit stort problem som sjølv sagt kan opplevast som både krenkjande og vondt av dei som er ramma, understrekar forskarane bak dei to norske omfangsundersøkingane.²⁷

I motsetning til systematisk mishandling er vald som hender ei eller nokre gongar svært lite utforska, og temaet er i liten grad diskutert i faglitteraturen. Mekanismane bak vald som hender ei eller nokre gongar i parforhold er såleis lite kjende. Koplinga mellom kjønn, makt og vald er langt mindre tydeleg når valden er sporadisk, enn når han er grov og gjenteken.²⁸

I begge dei nemnde studiane av omfanget av partnervald i Noreg som no ligg føre, går det fram at vald som hender ei eller nokre gongar er langt

meir utbreidd enn gjentekne overgrep. Det er viktig at forskingsfunn om utbreiinga av partnervald ikkje blir tekne for å dreie seg om utbreiinga av *kvinnemishandling*. Forskarane bak desse to studiane understrekar at *kvinnemishandling* er eit alvorleg nok problem som det er, om ein ikkje skal overdrive omfanget. Her påpeiker forfattarane at gjentekne overgrep førekjem i alle land, òg i Noreg, der om lag 2000 kvinner overnattar på krisesentra årleg. Men trass i påstandar som ofte blir framsette, er det lite som tyder på at ein stor del av den kvinnelege befolkninga her til lands lever i eit mishandlingsforhold. Det finst heller ikkje haldepunkt for å seie at denne typen vald aukar i omfang. Tvert om ser det ut til at førekosten har vore stabil i lang tid. Talet på kvinner som overnattar på krisesentra, har til dømes ikkje variert nemneverdig dei siste 20 åra.²⁹

Resultata frå den landsomfattande undersøkinga til NIBR konkluderer med at vald mot kvinner i nære relasjonar er eit stort folkehelseproblem. Kvinner som rapporterte vald frå partnaren, opplevde oftare sjølv mordstankar, depresjon, angst og posttraumatiske stressymptom enn andre kvinner. Resultata i denne undersøkinga viser at vald mot kvinner i nære relasjonar kan føre til omfattande helseskadar, men at mange framleis ikkje kontaktar hjelpeapparatet, sjølv ikkje etter fysiske skadar.³⁰

Ein annan viktig part er barna som blir vitne til vald i nære relasjonar, både episodisk og systematisk vald. Kunnskapen om dei store belastningane barn blir utsette for når dei blir eksponerte for vald i familien, blei framheva i handlingsplanen mot vald i nære relasjonar.³¹ Fleire tiltak, mellom anna kompetanseheving i barnevernets fagteam og det treårige nasjonale prosjektet «Barn som lever med vold i familien», er døme på det. For ytterlegare å understreke at barn blir utsette for overgrep når dei blir vitne til vald, er valdsoffererstatningslova endra frå 1.1. 2008 slik at barn som har vore vitne til vald av og mot nærstående person(ar), no får rett til valdsoffererstatning.

8.3.2.1 Kven rammar *kvinnemishandling*?

I forskning med eit kjønnsperspektiv på vald kan vald utøvd av menn forståast i samheng med ein hierarkisk maktstruktur i samfunnet der menn er overordna kvinner (patriarkalsk struktur). Denne samfunnsordnen gjer til at somme

²⁴ Pape og Stefansen 2006 – læreboka.

²⁵ Stefansen mfl., <http://www.dagbladet.no/kultur/2005/11/15/449363.html>.

²⁶ Haaland, Clausen og Schei 2005:63.

²⁷ Stefansen mfl.

²⁸ Pape og Stefansen 2006 – læreboka.

²⁹ Stefansen mfl.

³⁰ Haaland, Clausen og Schei 2005.

³¹ «Vendepunkt»

menn etablerer og bevarer ein dominerande posisjon overfor kvinna dei lever saman med, ved å bruke ulike former for makt og kontroll. Mannleg dominans eller makt kjem då til uttrykk gjennom vald og overgrep, også seksuelle overgrep. Også gjennom kontrollerande åtferd utøver mannen dominans over kvinna. Eit kjønnsperspektiv på vald handlar med andre ord om koplinga mellom kjønn, makt, kontroll og seksualitet.³²

Mishandlingsrelasjonar er ikkje likestilte. Dei er leivningar frå ei føydal tid då mannen eigde familien og hadde moralsk og juridisk rett til å gjere som han ville med den. Menneskerettane gjeld òg for kvinner og barn. Alle har rett til å vere trygge, òg privat.

Eit anna viktig poeng som kjem fram i begge undersøkingane, er at valden ikkje ser ut til å ramme blindt i sosial forstand. Ingen sjikt av befolkninga går fri, men problemet er langt meir utbreidd blant personar med svake levekår. Oslo-undersøkinga viser at valden er langt meir utbreidd blant vanskelegstilte grupper som arbeidsledige, sosialhjelpsmottakarar, uføretrygda og andre med dårlege økonomiske levekår.³³ Tilsvarande funn kjem fram i den landsomfattande undersøkinga: Maktbruk i parforhold er meir utbreidd blant kvinner og menn med ulike former for levekårproblem. Blant kvinner og menn som fekk sosialhjelp siste året, eller som seier å ha mykje dårlegare råd enn folk flest, er prosentvis over dobbelt så mange kvinner utsette for maktbruk frå mannleg partnar siste året som i resten av utvalet. Også i gruppene som fekk trygdeytningar eller hadde vore arbeidslause i siste treårsperioden, er vesentleg fleire kvinner utsette for maktbruk frå mannleg partnar enn i utvalet elles.³⁴

Ser vi på dei som oppsøker krisesentra, viser det seg at talet på personar er relativt stabilt, mens gruppene blant kvinner som oppsøker sentra, endrar seg. Tal frå 2006 viser at det er ein klar auke i talet på kvinner med innvandrarbakgrunn som oppsøker krisesentra, og av desse har omtrent 90 % bakgrunn frå ikkje-vestlege land.³⁵ Nesten ein tredjedel av kvinnene er gifte med norske menn utan innvandrarbakgrunn.

I samfunnsdebatten om personar med etnisk minoritetsbakgrunn er det ein tendens til at kultur blir brukt som forklaring på vald, og i NOU 2003:31 «Retten til et liv uten vold» blir det åtvarta mot dette. På ein konferanse arrangert av Kvinne-

valdsutvalet i samarbeid med minoritetsrepresentantar frå Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmaktene (KIM) blei det uttrykt bekymring over tendensen til å «etnifisere» vald. Det blei påpeikt at ei slik tilnærming kan falle saman med rasistiske mønster, og at ein kan komme i skade for å oversjå dei mange fellestrekkene vald mot kvinner har på tvers av sosial, kulturell og religiøs tilknytning. Eit slikt fokus på bestemte grupper kan òg medføre at ein slepp å sjå ubehagelege sider ved eigen kultur, samtidig som det forsterkar marginaliseringa av minoritetar. Eit felles arbeid for å komme alle former for vald mot kvinner og barn i nære relasjonar til livs, også dei som gjer seg gjeldande blant minoritetar, blei understreka som viktig. Det blei teke til orde for at dette må skje utan stigmatisering.³⁶

Dette er viktige påpeikingar, men dei må sjåast i lys av det som tidlegare er referert frå Arnlaug Leira om kvifor menn nyttar vald mot partnaren. Samtidig kan det vere grunn til å sjå nærmare på kor vidt det kan vere slik at enkelte grupper menn i det norske samfunnet i større grad enn andre er prega av den antikke og føydale kjønnskoden med maskulin dominans og kvinneundertrykking. Dette vil i så fall ikkje berre gjelde undergrupper av innvandarmenn, men like mykje delar av gruppa etnisk norske menn som gifter seg med kvinner med ikkje-vestleg opphav og delar av gruppa etnisk norske menn som gifter seg med kvinner med etnisk norsk bakgrunn.

8.3.2.2 Kvifor blir valden utøvd?

Systematisk mishandling er det i all hovudsak menn som står bak. I den konteksten er koplinga mellom kjønn, makt og vald tydeleg. Valden er voven inn i eit maskulint kontrollregime som held den kvinnelege parten fast i ein underordna posisjon. Føresetnaden for mansregimet er at mannen er fysisk overlegen. Når kvinner bruker vald mot ein valdeleg og kontrollerande mannleg partnar, er det rimeleg å sjå på valden som sjølvforsvar, og slik vald har som regel langt mindre alvorlege konsekvensar.³⁷

Tidlegare er det vist til at menns vald mot andre menn kan vere ledd i eit identitetsprosjekt som går ut på å stadfeste seg sjølv som den tøffe, uredde mannen. Menns vald mot kvinner, derimot, er ikkje ein type handling som gir positiv uttelling for den maskuline identiteten. Å «slå dei

³² NOU 2003:31.

³³ Pape og Stefansen 2004:69.

³⁴ Haaland, Clausen og Schei 2005:69.

³⁵ Nørgaard 2007.

³⁶ NOU 2003:31.

³⁷ Pape og Stefansen 2006:216.

Boks 8.1 Handlingsplan mot vold i nære relasjoner (2008-2011) «Vendepunkt»

I november 2007 vart Handlingsplan mot vold i nære relasjoner (2008-2011) «Vendepunkt» lansert. Planen inneheld 50 konkrete tiltak under følgjande hovudinnsatsområder:

- Ofre for vald i nære relasjonar skal sikrast naudsynt hjelp og vern.
- Valdsspiralen skal brytast ved å styrka tilbodet om behandling til valdsutøvarar.
- Ofre for vald i nære relasjonar skal få eit tilbod om tilrettelagte samtalar med valdsutøvar (restorative justice).
- Samarbeidskompetansen og kunnskapen i hjelpeapparatet skal styrkjast.
- Forskning og utviklingsarbeid skal setjast i verk og først vidare.

- Vald i nære relasjonar skal gjerast meir synleg.
- Vald i nære relasjonar skal førebyggjast gjennom å endre haldningar.

Justis- og politidepartementet har det koordinerande ansvaret for gjennomføringa av handlingsplanen. Gjennomføringa skjer i samarbeid med Barne- og likstillingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Ein oversikt over status for arbeidet med handlingsplanen finst på Justis- og politidepartementet sine heimesider.

som er mindre enn seg» er snarare rekna som feigt og umandig. Menn som utøver systematisk vald mot den kvinnelege partnaren sin, ser ut til å skape ei anna form for mannsidentitet, nemleg den dominerande mannen.

Eit mannleg identitetsprosjekt som vald mot kvinner kan tene til, er å stadfeste kvinna som underordna mannen i familien. Menn fortel om vald mot kvinner på ein annan måte enn dei fortel om vald mot andre menn. I forteljingar om kvinnemishandling blir ofte sjølv valdshendingane nedtona, og ein alvorleg mishandlingsepisode kan til dømes bli forklart med at «det sprakk» for han.³⁸ Vald mot kvinner er ein type handling som ikkje gir positiv uttelling med omsyn til maskulin identitet. Derfor må sjølv handlinga nedtonast. Det maskuline prosjektet er her retta mot konsekvensane av valden, ikkje mot valdshandlingane i seg sjølv. Det desse mennene oppnår med valdshandlingane, er å få viljen sin igjennom og å stadfeste ein posisjon som overordna kvinna i samlivet.³⁹

At ein del menn uttrykkjer dominans gjennom vald mot kvinner, er ein regel som gjeld heile samfunnet, påpeiker Holter.⁴⁰ Men samanhengane mellom kjønn, makt og vald er ikkje enkle. Det er ikkje nødvendigvis «patriarkane», mennene med makt, eller dei «harde» mennene som slår. Valden er rett nok eit *uttrykk* for eit samfunnsforhold, nemleg at menn er overordna og kvinner underordna, men ofte er det dei relativt makteslause mennene som tyr til vald. Det er velkjent frå studi-

ar av maktsystem at det ikkje er blant dei mektige, men blant dei makteslause at makta viser seg frå si verste side.

Isolert blir vald ofte knytt til omgrepet *ære*. Dette må truleg tolkast ut frå dei nemnde førestellingane nokre menn har om å vere overordna og ha rett til å dominere, ikkje som eit eige kulturelt akseptabelt grunnlag for å bruke vald.

8.3.2.3 Arbeid mot menns vald mot kvinner i nære relasjonar

Regjeringa har arbeidd på ulike måtar for å motverke denne valden – sjå boks 8.1–8.3.

8.4 Menn som offer for vald og seksuelle overgrep

Gutar og menn som offer for vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep blir i liten grad tematisert i den offentlege debatten. Søkelyset er i langt større grad retta mot kvinner, sidan det er dei som utgjer fleirtalet av overgrepsofra.

Den alvorlege og gjentekne valden i nære relasjonar som er omtalt ovanfor, har vore kalla *patriarkalske overgrep* og er i all hovudsak kjenneteikna av at det er menn som er utøvarar og kvinner som er offer. Denne valden dreier seg både om fysisk brutalitet og psykisk terror, og om systematisk undertrykking, fornedring og maktmisbruk. Også seksuelle overgrep og valdtekt rammar fleire kvinner enn menn, og også her er dei fleste utøvarane menn. Sjølv om fleire kvinner enn menn

³⁸ Skjørten 1994, Isdal 2000.

³⁹ Dobash og Dobash 1998. Her frå NOU 2003:31.

⁴⁰ Holter 2002:216.

Boks 8.2 Valdtektsutvalets utgreiing

Seksuelle overgrep høyrer til dei mest krenkjande og traumatiserande lovbrota eit menneske kan bli utsett for og representerer ei særleg utfordring både for rettsapparatet og helsetenesta. Det er urovekkjande at så få saker blir melde og endar med fellande dom. Det er dessutan urovekkjande at helsetenestetilbodet til valdtekne er varierende med omsyn til kvalitet, innhald og organisering av tenesta rundt om i landet. Ifølgje tal frå politiet er det meldt 9,6 % fleire valdtekter i 2007 enn i 2006, og 28,6 % fleire i 2007 enn i 2003. I 2007 blei det meldt 1014 valdtekter og valdtektsforsøk (STRASAK 2007).

1. september 2006 sette Justisdepartementet ned eit utval som skal utgreie situasjonen for personar som har vore utsette for valdtekt (Valdtektsutvalet). Arbeidet tok utgangspunkt i Soria Moria-erklæringa, der regjeringa set seg som mål å styrkje situasjonen for valdtektsutsette. Utvalet har mellom anna vurdert førebyggjande tiltak og tiltak for å bidra til at ofra blir møtte av offentlege instansar på ein betre og meir samordna måte. Utvalet leverte si innstilling 24. januar 2008 og har mellom anna foreslått desse tiltaka:

- Etablere ei ny sentral, landsdekkjande spesialleining i politiet med ansvar for seksualisert vald (SEPOL). Utvalet foreslår at eininga skal vere operativ 24 timar i døgnet i nært samarbeid med politidistrikta. I tillegg til å kvalitetssikre enkeltsaker skal SEPOL sikre nødvendige rutinar for informasjonsutveksling, saksbehandling og analyse.
- Utvide rådgivingskontora for kriminalitetsoffer (RKK) til ein landsdekkjande støttfunk-

sjon for valdtektsoffer. Kontora bør òg utvidast med støttfunksjonar for å vareta behova til valdtekne med spesielle behov.

- Opprette SO-team i kvart politidistrikt med minst ein taktisk og ein teknisk etterforskar og ein jurist med utdanning og kompetanse innanfor seksuelle overgrep. Eit SO-team er sett saman av fagpersonar med spesialkompetanse på saksfeltet seksuelle overgrep.
- Heve kompetansen i rettsapparatet, på overgrepsmottaka, i lærarutdanninga og helse- og sosialutdanninga med meir.
- Innføre gratis helsehjelp ved overgrepsmottak.
- Innføre gratis oppfølging hos psykolog eller psykiater ut over akutthjelp i eitt år frå behandlinga startar, uavhengig av om hjelp blir ytt av spesialist med eller utan avtale med det offentlege.
- Gi høve til å få saksdokumenta omsette og reise og opphald dekt i samband med ei eventuell rettssak når valdtekta skjer i utlandet.
- Innføre obligatorisk opptak av avhøyr i valdtektssaker, også avhøyr av den fornærma.
- Setje i verk forskning for å kartleggje omfanget av valdtekt og forske på unge som forgrip seg, og på sedskapsdømde generelt.
- Opprette ein nettportal for informasjon om valdtekt og kontakt med politiet og hjelpeapparatet.
- Utvalet opnar for at det kan setjast i gang eit prøveprosjekt med tilrettelagd samtale mellom offer og gjerningsmann.

blir utsette for alvorleg og gjenteken vald i nære relasjonar og for seksuelle overgrep og valdtekt, blir også menn ramma av slike overgrep. Dei blir òg offer for vald på offentleg stad, som vist ovanfor. Heller ikkje desse offeropplevingane blir tematiserte i særleg grad.

8.4.1 Det problematiske offeromgrepet

Å sjå på seg sjølv og bli sett på som offer er ei sak med to sider. Å bli sett på som offer frittek for skuld. Dette var eit viktig element for kvinnerørsla i arbeidet med å synleggjere den private valden på 1970-talet. Da slost kvinnerørsla for at kvinner skulle ha *rett til å bli sett som offer* og ikkje som infame og provoserande kjerringar eller flørtande

jenter som dreiv mannen til vald eller overgrep. I staden for å sjå på valden som eit samspel mellom to partar, fekk kvinnerørsla fram at dette handla om overgrep og at det var snakk om ein relasjon mellom ein gjerningsmann og eit offer.

Samtidig er offerrolla belastande.⁴¹ Eit *offer* blir sett på som passivt, hjelpelaust og stakkarsleg, og negative assosiasjonar som ufri, øydelagd, tapar og utrygg hefter ved ordet. Offerstatusen kan altså vere nyttig, men retten til å vere offer er ikkje uproblematiske. Det blir sagt at det finst få rettar utan plikter, og retten til å vere offer inneber ei plikt til å vere stakkarsleg og svak og eit passivt objekt.⁴²

⁴¹ Eggebø 2007.

Boks 8.3

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) blei etablert 1. januar 2004. Fem departement – Barne- og likestillingsdepartementet, Justisdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Forsvarsdepartementet – står bak opprettinga av senteret. Målet er å samle og styrkje kompetanse om vald, familievald og seksuelle overgrep, flyktninghelse og tvungen migrasjon, stressmeistring og kollektive belastningssituasjonar. Oppgåvene til senteret er forskning, utviklingsarbeid, utdanning, rett-

leiing og rådgiving. Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress har ei sentral rolle i gjennomføringa av tiltak i regjeringa sin handlingsplan om vald i nære relasjonar (2008–2011). Det er òg etablert fem regionale ressurscenter på valds- og traumefeltet. Sentra skal støtte tenesteapparatet med informasjon, rettleiing og kompetanseutvikling og etablere nettverk mellom alle relevante samarbeidspartar i regionen. Tiltak for seksuelt misbrukte barn, psykososialt arbeid for flyktingar og sjølvmoordsførebyggjande arbeid inngår i sentra.

Å bli sett på som eit passivt objekt er rekna som svært problematisk, og derfor er offeromgrepet blitt problematisk i eit feministisk perspektiv. Ein studie av informantar frå Krisesentersekretariatet viser at informantane er kritiske til å snakke om valdsutsette kvinner som «offer».⁴³

Mange kvinner tek altså avstand frå offeromgrepet. For menn blir det ikkje mindre problematisk. Omgrepet er feminint assosiert, og alle dei negative assosiasjonane står i kontrast til biletet av ein «skikkeleg mann». I ein studie av valdteknar menn⁴⁴ kjem det fram at dei følte skuld og skam etter overgrepet og heldt det skjult for omverda.

Det er problematisk for menn å bli utsette for overgrep frå andre menn. Og dersom mannen er offer for overgrep frå ei kvinne, blir ikkje situasjonen betre. Ein mann som blir slått og trakassert av ei kvinne kan lett bli oppfatta som ein latterleg figur, og det blir problematisk for han å stå fram som offer i ein slik situasjon. Å vere offer blir ein altfor sterk kontrast til forventninga om å verke mannleg. Å vere offer er å bli krenkt og miste verdigheit. For menn inneber ein slik situasjon også tap av manndom.

8.4.2 Offer for vald i nære relasjonar

Rapporteringa frå krisesentra i 2007⁴⁵ viser at fire menn overnatta på krisesentra det året. At så få menn overnatta, heng saman med at krisesentra primært skal vere eit tilbod til mishandla kvinner. Dei fleste sentra held fast ved kvinner og barna

deira som målgruppe og tek ikkje imot menn til overnatting.

Ved krisesentra kan brukarane òg få møte til samtalar og få råd og rettleiing. I 2007 utgjorde menn 5 % av alle dagbrukarane, og desse i alt 95 mennene var på 45 dagbesøk på 24 av dei 51 krisesentra som tok imot dagbesøkjande.⁴⁶

Som nemnt i avsnitt 8.3.2 viser omfangsundersøkingane,⁴⁷ når ein ser partnervald under eitt, at omtrent like mange menn som kvinner seier å ha vore utsette for slik vald det siste året. Den landsdekkjande undersøkinga⁴⁸ viser at i overkant av 5 % av både kvinner og menn minst éin gong har opplevd fysisk makt og vald frå partnaren det siste kalenderåret. Ser vi på kategoriane med stort skadepotensial (kvelartak, bruk av våpen, hovudet dunka mot golv eller gjenstand), har 8,4 % kvinner (1 av 10) og 2,2 % (1 av 40) menn vore utsette for dette. I ein rapport frå Reform – «Menn utsatt for vald i nære relasjonar»⁴⁹ – blir det slått fast at kanskje så mange som 300 menn årleg har eit potensielt behov for hjelp eller bistand etter å ha vore utsette for vald i nære relasjonar. Reform blir kontakta både på dagtid og kveldstid, mellom anna via Mannstelefonen, og på bakgrunn av denne kontakten veit ein litt om behova til desse mennene. Av rapporten går det fram

- at den psykososiale situasjonen er slående lik den som blir skildra av kvinner som er utsette for partnervald
- at mange er på leiting etter ein stad dei kan få hjelp

⁴² Ericsson 1993:76.

⁴³ Eggebø 2007.

⁴⁴ Almedal og Danielsen 1994.

⁴⁵ Hirsch og Nørgaard 2008.

⁴⁶ Sst.

⁴⁷ Pape og Stefansen 2004; Haaland, Clausen og Schei 2005.

⁴⁸ Haaland, Clausen og Schei 2005.

⁴⁹ Bredesen Norfjell 2008.

- at fleire blir buande hos valdsutøvaren i mangel av butilbod som tek imot menn som er utsette for vald i nære relasjonar
- at den utsette viser ein påtakeleg redsel for ikkje å bli trudd
- at terskelen for å søkje hjelp er så høg at pårørande som oftast tek kontakt først

Reform slår fast at om gutar og menn skal få høve til å søkje hjelp for situasjonen dei er komne i, må eit spesifikt tilbod til denne gruppa både etablerast og gjerast kjent, samtidig som det må arbeidast for å fjerne tabua som knyter seg til denne typen vald. I rapporten heiter det:

«Menn og gutter utsatt for vold i nære relasjonar synes å ha en påtakelig redsel for ikke å bli trodd og en høy terskel for å søke hjelp. Gruppen synes å ha behov for at deres problem får større samfunnsmessig aksept, og at tabuet motarbeides. Slik kan deres terskel for å søke hjelp bli lavere. Det er både behov for en utvikling av en samfunnsmessig forståelse og utvikling av et eksisterende språk for at alvorlig vold i parforhold eller i familierelasjoner kan ramme gutter og menn, og at de kan trenge hjelp.»

8.4.3 Offer for seksuelle overgrep

Gutar og menn blir òg utsette for seksuelle overgrep og valdtekt. I ei undersøking blant elevar i avgangsklassar ved vidaregåande skular melde 22 % av jentene og 8 % av gutane at dei hadde vore utsette for eit mildt seksuelt overgrep.⁵⁰ Milde krenkingar omfattar uønskte seksuelle hendingar som mellom anna tukling. Meir alvorlege krenkingar var alle andre former for uønskt sex, medrekna valdtekt og valdtektsforsøk. Slike alvorlege krenkingar melde 15 % av jentene at dei hadde opplevd, mens det tilsvarande talet for gutane var 7 %. Av jentene rapporterte 9 % om erfaringar med valdtekt eller valdtektsforsøk. Under 1 % av gutane rapporterte om slike hendingar.

Undersøkinga viser at erfaringar med seksuelle overgrep gav auka risiko for sjølvdestruktiv åtferd som sjølvmoordsforsøk, sjølvskading og eteforstyrningar, utagerande åtferd, problem knytte til seksualitet i form av tidleg seksuell debut, sex mot betaling og det å tvinge andre til å ha sex (gjaldt berre grove seksuelle overgrep). I tillegg auka risikoen for psykiske problem i form av dårleg sjølvbilette (gjaldt berre grove seksuelle overgrep), angst, depresjon og dissosiasjon.

⁵⁰ Stefansen og Mossige 2007.

Eit overraskande funn i denne undersøkinga er at mange gutar rapporterte at dei hadde vore utsette for overgrep frå ei kvinne. Dette gjaldt halvparten av gutane som svarte at dei var blitt utsette for ei uønskt seksuell handling.

Tal frå Senteret for seksuelt misbrukte menn viser at meir enn ein fjerdepart av mennene som oppsøker senteret, melder at overgriparen er ei kvinne. I 2006 gjaldt dette 26,5 % av mennene.

Ingen tidlegare nasjonale eller kjende internasjonale studiar har vist ein så høg prosentdel gutar og menn som melder ein kvinneleg overgripar. Forskjellen kan komme av ulikskapar i dei undersøkte utvala og undersøkingsopplegga. Men forskjellen kan òg spegle endringar over tid i biletet av overgripar og offer. Forskjellen kan vere uttrykk for at fleire kvinner er overgriparar overfor menn no enn tidlegare. Ei anna mogleg forklaring er at menn har fått ein lågare terskel når dei rapporterer om slike forhold, og altså i større grad enn for nokre år sidan opplever og rapporterer slike hendingar som overgrep.

At fleire gutar rapporterer uønskte seksuelle hendingar, kan òg vere uttrykk for eit aukande medvit blant gutar når det gjeld å ha styring over eiga seksuell lyst og ulyst.

Risikoen for seksuelle overgrep mot gutar og menn er eit fenomen vi i dag har altfor mangelfull kunnskap om, og forskingsinnsatsen på området må aukast.

8.4.4 Offer for vald på offentlig stad

Den valden flest menn opplever, er vald på offentlig stad frå heilt eller delvis ukjende valdsutøvarar på kveldstid og i helgane, jamfør avsnitt 8.3.1. Sett i forhold til omfanget av denne valden får ikkje ofra mykje merksemd, og det er forska lite på temaet. Ei ny undersøking⁵¹ bøter på denne mangelen. Formålet med studien var å få auka innsyn i dei psykiske reaksjonane etter såkalla tilfeldig vald, der gjerningspersonen oftast er ukjend. Undersøkinga viser at heile 33 % av utvalet har fått ei posttraumatisk stresslidning etter valdsepisoden. 44 % viser symptom på angst og depresjon i den akutte fasen like etter valdshendinga. Vidare er søvnproblem, mareritt, spenning, irritasjon og isolasjon vanlege reaksjonar.

Undersøkinga avdekte òg at ofra for tilfeldig vald opplevde det som vanskeleg å stå fram då det har danna seg eit svart-kvitt bilete av offeret som ein «ung, rusa mann som nærmast har seg sjølv å

⁵¹ Johansen 2007.

takke». Slike haldningar førte til at mange av ofra lét vere å fortelje om overfallet til familien eller kollegaer av frykt for å bli dømde som uansvarlege.

Mange av ofra i undersøkinga opplevde at dei ikkje blei følgde godt nok opp av helsevesenet, og intervjuobjekta følte seg gløymde, oversett og dårleg vareteknne sjølv om dei sleit med store problem. Undersøkinga viser at det er behov for eit tilbod til alle som har vore utsette for vald, uavhengig av kjønn og om gjerningsmannen er i familie eller ikkje. Det må vere eit tilbod som gjer det mogleg å ta tak i og følgje opp dei som får sterke reaksjonar etter ei slik hending, og ofra må få høve til å arbeide med reaksjonane sine.

8.5 Strategiar og tiltak for å dempe valdelege haldningar og handlingar, særleg hos gutar og menn

Ei viktig årsak til at vi ikkje har oppnådd full likestilling, er vald som menn brukar mot kvinner og barn.

Dei profesjonelle aktørane på fagfeltet snakkar ofte om vald nytta av menn mot kvinner som om det var snakk om ein eintydig type vald nytta av ei eintydig gruppe menn. Mennene er forskjellige, og valden deira er forskjellig både i omfang, grad og systematikk. Heller ikkje handlar menns vald mot kvinner i dag berre om mannen som utøvar vald mot kona eller sambuaren. Det handlar òg om prostitusjon og menneskehandel.

Vald i nære relasjonar handlar dessutan om identitetsbiletet hos menn. Jenter og gutar har ulike toleransegrenser for aggresjon og brutalitet. Det påverkar forståinga av kva som er gangbar underhaldning. Klientane hos Alternativ til Vold opplever ofte alternativa til vald som «uattraktive» i starten, fordi dei kjennest som ein trussel mot det mannlege sjølvbiletet deira.

Dei fleste gutar og menn har ikkje noko valdsproblem og utøvar ikkje vald, verken i eller utanfor nære relasjonar. Det er utøvaren av valden som har ansvaret for valdshandlinga. Men alle menn har eit kollektivt ansvar for å ta tydeleg stilling mot vald på arbeidsplassen, blant venner og i sitt eige sosiale nettverk.

Vald handlar ikkje berre om kvinneundertrykkande haldningar som uttrykk for manglande likestilling. Vald handlar òg om nærværet av vald, toleransen for vald og i kva grad valden er normalisert i livet til ein mann. Valden kan vere situasjonsbestemt eller knytt til egne valdstraume hos den enkelte.

For denne regjeringa har innsats mot vald, medrekna vald utøvd i nære relasjonar, høgaste prioritet. Gjennom handlingsplanen «Vendepunkt» set regjeringa i verk ei rekkje tiltak for å førebyggje vald. I handlingsplanen ligg det hjelpe- og behandlingstiltak overfor offer for vald, men òg tilbod til valdsutøvarar.

I eit likestillingsperspektiv, og med særleg fokus på gutar og menn, blir desse strategiane sentrale i det vidare arbeidet:

- Greie ut samanhengen mellom den kommersielle valden og valdelege haldningar og handlingar, særleg hos gutar og menn
- Utvikle landsdekkjande hjelpe- og behandlingstilbod for gutar og menn med valdelege haldningar og handlingar
- Drive haldningsskapande arbeid blant menn og i mannsdominerte miljø
- Drive førebyggjande innsats i grunn- og vidaregåande opplæring

8.5.1 Greie ut samanhengen mellom den kommersielle valden og valdelege haldningar og handlingar, særleg hos gutar og menn

Den kommersielle valden og måten han særskilt rettar seg mot gutar og menn på, kan ha stor innverknad. Likestillingsgranskninga spør mellom anna om respondentane liker å sjå valdsfilmar på film, TV og Internett. Mens meir enn ein av tre menn seier at dei liker slik underhaldning, seier færre enn ei av ti kvinner det same. Undersøkingar av mediebruk hos barn i regi av Kultur- og kyrkjedepartementet viser at gutar i langt større grad enn jenter bruker spel eller Internett på ein måte der vald og action inngår som vesentlege element. Statens institutt for forbruksforskning summerar opp at leiker retta mot gutebarn ofte fokuserer på vald, mens det så å seie ikkje førekjem når målgruppa er jenter.

Å førebyggje tidleg er viktig. Regjeringa meiner at ein òg må sjå nærmare på graden av årsaks-samheng mellom den kommersialiserte valden, som marknadsmessig særleg rettar seg mot gutebarn, gutar og menn, og utøvd mobbing og vald slik det går fram av skule- og kriminalstatistikk. Regjeringa vil derfor sette i verk ei utgreiing om kva den kommersielle valden har å seie, set i samheng med andre moglege årsaker til valdelege haldningar og bruk av vald hos grupper av unge gutar og menn.

8.5.2 Utvikle landsdekkjande hjelpe- og behandlingstilbod for gutar og menn med valdelege haldningar

Soria Moria-erklæringa slår fast at behandlingstilbodet til valdsutøvarar skal vidareutviklast og gjerast landsdekkjande. Vidare går det fram at Alternativ til Vold skal ha ei sentral rolle i ei slik etablering.

Som eit første trinn i arbeidet med å utvikle eit landsdekkjande tilbod har Nasjonalt kunnskaps-senter om vald og traumatisk stress (NKVTS) på oppdrag frå aktuelle departement kartlagt eksisterande tilbod. Kartlegginga viste at dei fleste hjelpe- og behandlingstilboda til vaksne valdsutøvarar blir gjennomførte i regi av kriminalomsorga, og at få av tilboda er opne for personar som ikkje samtidig er klientar i kriminalomsorg, psykisk helsevern eller rusomsorg. Geografisk er tilboda sentrerte i Sør-Noreg og på Austlandet. I dei tre nordlegaste fylka er det berre to opne tilbod.

Kartleggingsrapporten frå NKVTS er følgd opp i handlingsplanen mot vald i nære relasjonar, «Vendepunkt» (2008–2011), der det går fram at det skal leggjast til rette for fleire og betre tilbod til personar som utøvar vald. Det skal utviklast ein gjennomføringsplan for å opprette eit landsdekkjande tilbod til valdsutøvarar som er tilpassa situasjonen og behova deira. Fleire tilbod skal vere opne, og det skal leggjast til rette for å styrkje hjelpe- og behandlingstilbodet innanfor familievern, psykisk helsevern og dei allereie etablerte tilboda som har behandling av valdsutøvarar som sitt hovudområde. Hjelpe- og behandlingstilbodet til menn må ha eit mangfaldsperspektiv, og det må tilbydast både samtalegrupper og meir spesialiserte tenester, alt etter kva valdsutøvaren treng. Tilbodet må leggjast til rette for unge og vaksne, både dei som sjølve ønskjer hjelp til å førebyggje og unngå vald, og dei som allereie er valds- og overgrepssdomde. I tillegg er det viktig at tilbodet er tilrettelagt for menn med ulik etnisk bakgrunn.

Som eit ledd i utbygginga av eit landsdekkjande tilbod vert det i 2008 etablert ytterlegare tre behandlingstilbod under leiing av Alternativ til Vold, høvesvis i Stavanger, Kristiansand og Arendal. Desse tilboda kjem i tillegg til eksisterande verksemd i Oslo, Drammen, Asker og Bærum, Vestfold og Langesund. Den nasjonale spreinga av tilbodet om sinnemeistringsmodellen frå St. Olavs Hospital, avdeling Brøset, vert vidareført slik det framgår av tiltak 18 i handlingsplanen mot vald i nære relasjonar (2008-2011) «Vendepunkt».

I 2009 er det lagt opp til at det skal opprettast fire nye tilbod i regi av Alternativ til vold i Horda-

land, Nordland, Troms og Hedmark/Oppland. I tillegg vert familievernet styrka med 2 millionar kroner for å utvida tilbodet til valdsutøvarar i region nord, i samarbeid med Alternativ til vold. Også REFORM – ressurs-senter for menn, og deira gruppetilbod om meistring av sinne, skal styrkast. Med denne styrkinga i 2009 vil hjelpe- og behandlingstilbodet til valdsutøvarar bli tilnærma landsdekkjande.

8.5.3 Haldningsskapande arbeid blant menn og i mannsdominerte miljø

Mannspanelet seier i sitt konklusjonsnotat at etablerte gute- og mannstiltak bør styrkjast og utviklast. Den internasjonale kampanjen Kvite band er eit døme på ei grasrottrørsle blant menn som skal fremje nulltoleranse for vald, og som bør styrkjast og utviklast.

8.5.4 Førebyggjande innsats i grunnskule og vidaregåande opplæring

Elevundersøkingane måler jamleg førekomsten av fysisk og psykisk mobbing i skulen. Nyleg framlagde tal viser at meir enn 6 % av elevane no blir mobba jamleg, trass i tiltaka som blir gjennomførte som ledd i «Manifest mot mobbing». Igjen er det gutar som både seier å mobbe mest, og som blir mest mobba. Unntaket er seksuell trakassering, som jenter peiker på som eit større problem enn gutar. Mobbing i skulen er òg peikt på som ei utfordring i skulen i St.meld. nr. 16 (2006–2007) «... og ingen sto igjen», der det òg heiter at mobbing har eit kjønnsaspekt. Det manglar likevel tiltak særskilt retta mot gutar.

Regjeringa vil ta initiativ til å utvikle eit tydelegare kjønns-perspektiv i det førebyggjande arbeidet mot vald, som mellom anna går føre seg gjennom oppfølging av Manifest mot mobbing.

Som eit tiltak i Handlingsplan mot vold i nære relasjonar (2008-2011) skal det utviklast eit prøveprosjekt for vidaregåande opplæring med særleg fokus på familierelasjonar, kommunikasjon og konflikthandtering. Prosjektet skal utviklast som eit samarbeid mellom familievern og skule, og skal vere eit tilbod til skular i nokre regionar, gjennom utvalde familievernkontor.

8.5.5 Tiltak i forhold til gutar og menn som vert utsette for vald

Med støtte frå Barne- og likestillingsdepartementet skal Kirkens ressurs-senter mot vold og seksu-

elle overgrep arrangere ein internasjonal konferanse om seksuelle overgrep mot gutar og menn i januar 2009. Konferansen er mynta på fagpersonar og andre som arbeider med, eller ønskjer kunnskap om, overgrepssproblematikk sett i lys av kjønnspektiver.

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) skal gjennomføre ei undersøking om vald og overgrep mot menn i nære relasjonar, og deira hjelpebehov. Resultata av undersøkinga skal danne grunnlag for vidare metode- og tiltaksutvikling.

9 Nyare kjønns- og mannsforskning – om menn og maskulinitet

Formålet med dette kapitlet er å gi ei kort innføring i generelle tema som gjeld menn i eit kjønns-perspektiv, og syne den kunnskapen som ein meir generelt har om menn og maskulinitet. Kapitlet viser kvar forskinga står når det gjeld visse sider ved det å vere mann i Noreg i dag, og det dannar derfor eit viktig grunnlag og bakteppe for drøftingane og forslaga i kapitla i meldinga. Det inneheld naturleg nok ein del forskingsomgrep og forståingsrammer som ikkje er direkte knytte til omgrepa som blir brukte i dagleglivet. Referansane her er derfor reint forskingsmessige beskrivingar og presentasjonar, ikkje politiske vurderingar.

Mannsforskinga som har vakse fram dei to siste tiåra, har vore med og kasta lys over mansroller og maskulinitet – over endringane på dette området og årsakene til dei. Mannsforskinga, som ein del av kjønnsforskninga, kan syne korleis politiske avgjerder kan påverke mansrollene, men politiske avgjerder kan òg skje som resultat av dei mansrollebeskrivingane forskinga presenterer. Kjønnsforskninga oppstod samtidig med og som ein del av kvinnerørsla på 1960- og 1970-talet. Rørsla hadde eit reindyrka kvinnefokus og arbeidde for likestilling for kvinnene. I den første fasen var kjønnsforskning synonymt med *kvinneforskning*. Kvinneforskningsprosjektet var langt på veg eit *synleggjeringsprosjekt*, og ein fokuserte på å få fram kunnskap om kvinner som historiske aktørar og å ta erfaringane deira på alvor¹ i ei tid då verda syntest kjønnsnøytral og mannen gjekk for å vere norma og det «normale subjektet». Framleis blir eit *kjønns*perspektiv av mange oppfatta som synonymt med eit *kvinne*perspektiv.

Ei spissformulering frå nyare kjønnsforskning går ut på at ein «ikkje har sett mannen for berre menn».² Sjølv om mannen historisk har vore norma, også i forskinga, har bevisst tenking om mannen som kjønn i stor grad mangla. Mannsforskinga voks fram på 1980-talet, og særleg utover på 1990-talet bar ho preg av å vere ei forlenging av den feministiske forskinga. Mannsforskning er ikkje all forskning om menn og deira bedrifter, men

forskning som er seg bevisst at også menn har eit kjønn, at menn står i ein kjønnsrelasjon til andre menn og til kvinner.³ Som fleire⁴ har påpeikt, kan ein med ei lett omskriving seie at utgangspunktet for mannsforskninga ligg i det sentrale og velkjende sitatet etter Simone de Beauvoir:⁵ «Ein blir ikkje fødd til mann, ein *blir* det.»

Det finst kulturelle forventningar og førestellingar om det å vere mann i dagens norske samfunn. Parallelt med dei tradisjonelle og historisk baserte forventningane og førestellingane ser vi at den politiske fokuseringa på kjønn og arbeidet for likestilling mellom kvinner og menn har ført til endringar i dei tradisjonelle oppfatningane. Politisk innsats gjennom 30 år med kjønn og likestilling på dagsordenen har utan tvil betydd noko for menn òg.

Førestellingar og ideal knytte til maskulinitet varierer med konteksten. Alt etter variablar som alder, klasse og etnisk bakgrunn er det ulike forventningar til og vurderingar av kva som er maskulint.

9.1 Maskulinitet i endring

Omgrepa *maskulint* og *feminint* er flittig brukte både i daglegtalen, i media og i forskinga. Men korleis feminitet og maskulinitet blir oppfatta, er i kontinuerleg endring. Når ein ser på kva som prega normene for kvinner og menn på 1950- og 1960-talet, er det lett å få auge på slike endringar. Tradisjonell feminitet og maskulinitet knytte kvinner til omsorg og den private sfæren, og menn, som var forsørgjarar, til den offentlege sfæren. Kvinnekampen og kvinneforskninga på 1970-talet medførte endringar i forståinga av kva ei kvinne er og kan vere, og jenter og kvinner har fått mykje større rom for handling samanlikna med dei rigide førestellingane om kjønn på 1950- og 1960-talet. Jenter har i dag eit rom for handling som spenner frå tradisjonelle feminine aktivitetar som å leike med dokker og vere oppteken av rosa pynt, til

¹ Halsaa 2006.

² Ambjörnsson 2001.

³ Lorentzen 1997.

⁴ Johansson 1998a; Liliequist 1999.

⁵ Simone de Beauvoir 2000.

å vere tøffe, pågåande og fysisk aktive. Samtidig som det blir forventa at unge kvinner skal vere omsorgsfulle, er det blitt naturleg at dei skal ta utdanning, gjere karriere og vere medforsørgjarar i familien.

Mannsrolla og normene for det mannlege har òg forandra seg dei tre siste tiåra. Den «nye mannen» er likestillingsorientert. Granskinga viser at særleg yngre menn har ein likestillingsorientert praksis i heim og familie og deltek meir aktivt i matlaging og anna husarbeid. Særleg er mennene blitt meir delaktige i omsorga for barna, og endringane i farsrolla er store.⁶ På 1950-talet blei det rekna som *unaturleg* for ein mann å trille barnevogn; i dag er det ei sjølvfølgje at fedrar yter omsorg for barna sine, om enn i mindre grad enn dei sjølv gjerne vil.⁷ Men sjølv om ikkje alle fedrar i dag har ein likestillingsorientert praksis, har ideala for farsrolla gjennomgått grunnleggjande endringar sidan 1950- og 1960-talet. I dag er det ikkje legitimt for ein far å la vere å prioritere tid til barna. Fedrar som til dømes står fram offentleg og seier at dei ikkje prioriterer fødselsdagane til barna, blir sette i offentleg gapestokk.⁸


⁶ Holter og Aarseth 1993; Johansson 1998b; Brandth og Kvande 2003.

⁷ Johansson 1998b.

Endringar i mansrollene ser vi òg på mange andre samfunnsarenaer. Unge menn i dagens Noreg har fleire og tettare vennskapar både med menn og kvinner enn generasjonane før dei. Grensene for kor opptekne menn kan vere av eigen utsjånad, klede, motar og interiør, er òg flytta, og granskinga viser at yngre menn har langt større aksept for ulikskapar i kjønnsuttrykk og kjønnsidentitetar enn generasjonane før dei. Dette er trendar som eksisterer samstundes med tradisjonelle haldningar i same aldersgruppe.

Likestillingsgranskinga viser at likestillinga mellom kjønna er kommen langt i Noreg, og det har skjedd ei markant forbetring dei siste tjue åra. Heile 90 % av både menn og kvinner meiner at arbeidet i heimen og forsørgjaransvaret for familien bør delast likt mellom menn og kvinner. Fleire enn før følgjer opp i praksis. I 1988 var det heile 95 % av mennene som svarte at kona heilt eller delvis tok seg av matlaginga. I dag svarer 35 % av mennene at dei deler dette arbeidet likt med partnaren, og rundt 15 % tek hovuddelen av det. Menn deltek òg meir aktivt i andre typar husarbeid og i omsorga for barna, mellom anna gjennom auka uttak av foreldrepermisjon. Dei fleste

⁸ Brandth og Kvande 2003.



Figur 9.1 Kjønnskala

meiner dessutan at barn bør oppsedast til å bli kjønnslikestilte som vaksne, og at valdtekt er menns ansvar, og eit stort fleirtal av både menn og kvinner vil ha lengre pappapermisjon – 70 % av mennene og 80 % av kvinnene.

I likestillingsgranskinga blei respondentane bedde om å plassere seg sjølve på ein «kjønnskala» frå maskulin til feminin. Figur 9.1 viser svara for både menn og kvinner.

Fleire kvinner enn menn oppgjer at dei meiner å ha ei nokså lik blanding av maskuline og feminine eigenskapar. Fleire kvinner enn menn, men svært få av begge kjønn, oppgjer at dei har «ganske mykje» av det motsette kjønnet i seg. Tala kan tyde på at kvinner plasserer seg sjølve noko jamnare på kjønnskalaen enn menn.

Figur 9.1 tyder på at likestillingsstrukturen har endra seg meir enn kjønnsystemet i dagens Noreg. Det har blitt mykje større aksept for likestilling i form av delt ansvar for arbeid og omsorg, mens friare kjønnsgrenser synest vanskelegare å akseptere. I rapporten frå likestillingsgranskinga skriv forskarane:⁹

«Det er nærliggende å tenke på *sosiale stigma og tabuisering* når man ser på denne delen av fordelingen. Er det å være «svært» lik motsatt kjønn reelt sett et tabu i dagens Norge? Hvordan skal man ellers forklare at ingen, verken kvinner eller menn, har kryssset av her? Selv med forbehold for feiltolkning av spørsmålet, osv. blir dette sannsynlig. Svarfordelingen får frem en type *disiplinering på kjønnsområdet* som er temmelig ulik de varierende forholdene som rår på mange deler av likestillingsområdet. Her gjelder ikke tendenser, modifiseringer og variasjon. Her gjelder det å gå i takt.»

9.1.1 Haldningar til likestilling mellom kjønn

Data frå likestillingsgranskinga tyder på at innhaldet i likestillingsomgrepet i dag er til *forhandling*. Når menn og kvinner blir bedde om å ta stilling til ulike utsegner om likestilling mellom kjønn, er svara dels samanfallande og dels kjønnsespesifikke.

Både menn og kvinner sluttar opp om «gjenkjennelege» likestillingspolitiske utsegner som «kvinner og menn bør ta like mykje ansvar for å forsørge familien økonomisk» og «kvinner og menn bør dele arbeidet heime likt». Fleirtalet av både menn og kvinner meiner dessutan at fleire menn bør inn i typiske kvinneyrke, og at fleire kvinner bør inn i typiske mannsyrke. Dessutan

konstaterer fleirtalet av både kvinner og menn at menn har dei fleste økonomiske privilegia i samfunnet vårt, og at kvinner framleis har hovudansvaret for heim og familie. Endeleg sluttar stort sett heile utvalet av både menn og kvinner opp om at eit viktig mål for barneoppsedinga er at barna skal bli likestilte når dei veks opp.

Samtidig meiner fleire menn enn kvinner i utvalet (64 % mot 41 %) at likestillinga mellom kjønna no har komme langt nok, og at likestillinga stort sett er innført allereie (67 % av mennene mot 46 % av kvinnene). Vidare er fleirtalet av mennene mot kvoteringsordningar som kan rette på kjønnsfordelinga i yrke og utdanningar der ho er skeiv. Dei er meir positive til andre tiltak, især informasjons- og haldningskampanjar.

Likestillingsgranskinga viser at det norske likestillingsprosjektet har «treft betre» i middelklassen enn i arbeidarklassen, der forbetringane ikkje blir opplevde som like klare. Heile 70 % av alle spurde seier seg samde i utsegna om at dagens likestillingsarbeid er mest til fordel for dei vellykka i samfunnet. Blant dei låglønte stig talet til heile 84 %. Her er det berre små forskjellar i oppfatning mellom menn og kvinner.

Sidan likestillinga ikkje blir halden for å gi like klare fordelar blant dei med lågast inntekt, er skepsisen til mykje av det offentlege likestillingsarbeidet òg størst i denne gruppa. Bruk av andre typar verkemiddel, til dømes kontantstøtte, har større oppslutning i låglønnsgruppa. Dess mindre ein person tener, dess meir positiv er han eller ho til kontantstøtte. Sidan det i hovudsak er mødrer som tek ut kontantstøtte, er ordninga med på å halde oppe ei skeiv arbeidsfordeling i heimen. Av dei spurde med barn under sju år har berre 15 % av mennene, mot heile 72 % av kvinnene, teke imot kontantstøtte.

Resultata som kjem fram av granskinga om haldningar til likestilling, har ikkje eintydig støtte i andre studiar. Ein studie¹⁰ som ser på haldningar til likestilling målt gjennom fire representative befolkningsutval i perioden 1985 til 2001, viser ein tendens til aukande polarisering mellom menn og kvinner når det gjeld tilslutning til kjønnslikestilling. Her er det spesielt to endringstendensar som peiker seg ut når det gjeld korleis menn ser på likestilling: Det er ein kraftig nedgang i tilslutninga til likestillingsarbeid blant unge menn, og nedgangen er særleg stor blant menn med høg utdanning.

⁹ Likestillingsgranskinga s. 186.

¹⁰ Teigen 2006.

Likestillingsgranskninga stadfester ikkje ei slik kjønnsopolarisering i likestillingshaldningane. Mange haldningar er nokså likt fordelte mellom kjønna. 66 % av kvinnene meiner òg at dagens likestillingsarbeid er mest til fordel for dei vellykka i samfunnet. Dessutan viser granskninga relativt sterke samvariasjonar mellom negative haldningar til kvoteordningar og tilslutning til utsegnene «vi har nok innvandrarakar og asylsøkjarakar her i landet» og «det offentlege blandar seg for mykje inn i folks privatliv». Like gjerne som å vere uttrykk for kjønnsbaserte interesseposisjonar kan negative haldningar til kvoteringsordningar tolkast som uttrykk for ideologibaserte interesseposisjonar.

9.1.2 Nokre omgrep

Omgrepa *mannsrolle* og *kjønnsrolle* er til dels innarbeidde i norsk daglegspråk. I denne meldinga refererer omgrepa til dei kulturelle forventningane og førestellingane som knyter seg til det å vere mann.

I nyare kjønnsforskning er det etablert ei forståing av at kjønn ikkje er noko ein *har* eller *er*; i staden blir det lagt vekt på kjønn som praksis, noko vi *gjer* («doing gender»).¹¹ Kjønn er ikkje berre eit resultat av noko ibuande i personen, men noko som blir produsert og gjort i konkrete kontekstar. Det inneber at kjønn må sjåast som ein kontinuerleg prosess, ikkje som noko fastlagt og statisk.

Kjønnsforskninga fokuserer på at normer er noko som heile tida blir stadfest, utfordra eller omforhandla gjennom praksis. Når individa samhandlar, blir dei forma av normene for kva som er akseptert som kvinneleg og mannleg, samtidig som samhandlinga òg formar normene.¹² Kva som blir oppfatta som feminitet og maskulinitet, er sosialt konstruert. I eit slikt perspektiv er ein oppteken av personlege og sosiale identitetar som noko som blir til i samhandlinga mellom menneske. Identitet er ikkje eit ferdig sluttprodukt, men eit fenomen i ein endringsprosess.¹³

Omgrepet *maskulinitet* viser til dei forventningane, normene og reglane som samfunnet rettar mot menn. På grunnlag av biologisk kjønn blir individa sosialiserte inn i ei kjønnsrolle. I seinare tid er omgrepet *kjønnsrolle* blitt kritisert for å vere for statisk og fastlåst ved at det fokuserer vel mykje på at sosialiseringa berre går éin veg, og at kjønnsroller berre blir noko individa blir påførte eller overtek. Omgrepet refererer til dei kulturel-

le førestellingane og normene som er forbundne med å vere mann. Maskulinitet og feminitet blir her forstått som analytiske omgrep som femner vidare enn biologisk kjønn. Maskulinitet og feminitet er dels kulturelle førestellingar, dels analytiske omgrep for kjønn.

Eit maskulinitetsperspektiv i forskinga inneber mannsforskning med vekt på menn som kjønna individ.¹⁴ Det betyr at ein i forskinga om menn undersøker kva førestellingane om det maskuline og det mannlege har å seie for menns praksis. Å operere med kjønn som variabel og sjå etter fordelingar av menn og kvinner på ulike statistikkar inneber ikkje nødvendigvis i seg sjølv eit kjønns-perspektiv.

9.1.3 Kven definerer maskulinitet?

Dei moderne media speler ei avgjerande rolle som formidlarar av kjønnsrollemodellar for gutar og menn. I aukande grad finn særleg gutar gjennom den TV-orienterte kulturen ut at mannlege heltar er blant dei mest tilgjengelege, oftast kopierte og mest offentleg aksepterte modellane for mannleg sosialisering.¹⁵

Det er ei gjennomgåande oppfatning innanfor medieforskninga at dei felles kulturelle oppfatningane av kva som er å rekne for «mandig» eller «feminint», blir danna og kjem til syne gjennom ulike medieuttrykk. Media fungerer på mange måtar som eit kartotek over dei ulike kjønnsrollene og -uttrykka som gutar og jenter har å velje mellom i danninga av sin eigen identitet. I eit samfunn der tradisjonelle kategoriar som religion, sosial klasse og familie er blitt mindre viktige, og der ulike medium blir stadig meir nærverande, vil media òg etter kvart få større innverknad på den offentlege meiningsdanninga.

Måten media påverkar oppfatningar av kjønn og kjønnsidentitet på, har vore eit prioritert område i norsk og internasjonal medieforskning. Som på mange andre forskingsfelt har omgrepet *kjønn* i medievitskapen i stor grad vore knytt til kvinner og det kvinnelege. Forsking på menn, maskulinitet og medium fekk først fofeste tidleg på 1990-talet. Eit manglande mannsperspektiv har gjort sitt til at det i medievitskapen er ei utbreidd oppfatning at det berre er kvinner, og det som blir oppfatta som det kvinnelege, som blir forma og formidla gjennom media. Men mykje tyder på at oppfatningane av mansroller og maskulinitet i vel så

¹¹ West og Zimmerman 1987.

¹² Solbrække og Aarseth 2006.

¹³ Søndergaard 2000.

¹⁴ Lorentzen 2006.

¹⁵ Donald 2001.

stor grad har blitt sementert gjennom kulturelle uttrykk. Kvinner har fått tilført identitetskapital gjennom kvinnekamp, forskning, bevisstgjøring og liknande, mens menn framleis hentar identitetsforståinga si frå dei maskulinitetsrekvisittane som finst i kulturen.¹⁶

9.1.4 Maskuline stereotypiar

På mange måtar kan vi seie at media har teke over som vår felles historieforteljar og dermed som skapar og formidlar av moderne mytologiar. Moderne mediemytologiar fortel oss kva verdiar vi er samde om, kven vi kan stole på, kva kampar som må kjempast, og kva offer som kan og må gjerast for å nå målet. Mytologiane fungerer som kulturelle grunnsteinar og blir ofte framstilte som udiskutable og «naturgitte», noko det ikkje kan setjast spørsmålsteikn ved. Ei slik mytedanning påverkar òg vårt syn på kjønn og kjønnsidentitet.

Til stereotypiane om menn høyrer førestellingar om menn som konkurranseorienterte, aggressive, ambisiøse, dominerande, sterke, uthaldande og uavhengige. I motsetning til kvinner, som tiskar og kviskrar, er menn uredde, reale og lite redd for konflikthar. Menn blir dessutan framstilte som teknisk orienterte, instrumentelle og resultatretta, i motsetning til kvinner, som typisk er omsorgsfulle, emosjonelle og relasjonsorienterte.

9.1.5 Om forståing av det mannlege

Kjønnsforskinga har vist at det finst fleire måtar å vere mann på og ei variasjonsbreidd for kva som blir oppfatta som maskulint. Dei siste tiåra har menn fått eit utvida rom for handling som omfattar omsorg for barn, openheit og nære relasjonar. Men rommet for handling er framleis trengt, og undersøkingar viser at det går klare grenser for kva ein gut og mann kan gjere.

Homofobi

Blant unge i dag er «hore» og «homo» skjellsord som er aktivt brukte. På nettstaden www.ung.no er det gjort eit intervju¹⁷ med ein ung gut som seier

«At man kaller noen 'homo', behøver ikke ha noe med seksualitet å gjøre. 'Homo' er et generelt skjellsord. Det henger sammen med oppførsel. Om en gutt kler seg spesielt eller oppfører seg feminint, blir han raskt kalt 'homo'.»

Observasjonar i klasserom¹⁸ viser at det å gi ope uttrykk for negative haldningar til homofile i dag blir oppfatta som marginalt og avleggs av medelevar. Studien viser at det var gutar som allereie var «utafor» i klasseromskulturen, som framførte slike haldningar, og at det tente til å stadfeste posisjonen til utøvaren. Røthing refererer til internasjonal forskning som peiker på at gutar med etnisk minoritetsbakgrunn gir uttrykk for slike haldningar i større grad enn gutar frå den etniske majoritetsbefolkninga. Haldningane blir gjerne oppfatta som opprør mot eller markering av avstand til (den antekne) aksepten av homofile i majoritetsamfunnet, og som forsøk på å markere eigen heteroseksuell maskulinitet som kompensasjon for ein etnisk eller klasseprega marginalisert posisjon. I granskinga finn vi att ulike oppfatningar av homofili hos kvinner og menn. Mens fire av ti menn ville sjå det som vanskeleg å ha eit homofilt barn, har berre to av ti kvinner ei tilsvarande oppfatning. Skepsisen aukar med stigande alder, og i motsetning til andre funn viser granskinga at skepsisen aukar med stigande utdanning og årsinntekt.

Ein ny forskingsrapport frå NOVA viser at det å forstå seg sjølv som lesbisk eller homofil tidleg i tenåra, er assosiert med ein vesentleg auka risiko for å bli mobba eller slått.¹⁹ Eit hovudfunn i rapporten er at unge lesbiske og homofile tenåringar i Oslo er særleg utsette for mobbing, systematiske truslar og vald. Ei av tjue lesbiske/bifile tenåringssjenter og éin av fem homofile/bifile gutar i tenåra i Oslo melder at dei har vore utsette for dagleg mobbing det siste året. To av ti lesbiske/bifile og fire av ti homofile/bifile melder å ha vore utsette for vald som kravde legebehandling siste året. I desse gruppene er det altså fire gonger fleire som blir utsette for vald enn blant heterofile.

Hatkriminalitet mot homofile og lesbiske blir gjerne framstilt som «blind vald», ofte som overfall på open gate med ukjend gjerningsmann. I NOVA-studien går det derimot fram at unge lesbiske, bifile og homofile som regel blir utsette for vald frå menneske dei kjenner eller er i nær familie med. Ein av dei mest påfallande forskjellane samanlikna med heterofile tenåringar er kor mange unge lesbiske/bifile/homofile tenåringar som melder å ha vore utsette for vald frå eigne foreldre. Blant heterofile tenåringar er det forsvinnande få som melder å ha opplevd heimebasert vald; 3 % av jentene og 2 % av gutane svarer at dei har

¹⁶ Kolnar 2005.

¹⁷ [ung.no](http://www.ung.no) 2007.

¹⁸ Røthing 2007.

¹⁹ Moseng 2007.

opplevd dette siste året. Blant lesbiske/bifile/homofile ungdommar er tala 12 % av jentene og 16 % av gutane.

Gutar og menn dømmar i stor grad seg sjølve og andre av same kjønn etter ytre standardar, med styrke og muskler som dominerande innslag når menn skal vurdere det mandige hos kvarandre.²⁰ Konkurransen om å vere øvst i det fysiske hierarkiet – vere den sterkaste guten i klassen – blir såleis ein del av maskulinitetsprosjektet. Disiplineringa til maskulinitet går gjennom disiplinering av kjensler. Ved å vere tause om kroppsleg og emosjonell smerte unngår dei skamma ved å vere sårbare, og dermed feminine. Andre menns maskuline standardar verkar styrande for kva tema menn kan tillate seg å snakke om. Det er derfor viktig å synleggjere korleis dei rådande maskulinitetsidealane kan undertrykke kjenslelivet hos menn og til dømes true helsa deira på individuelt nivå. Konformiteten i maskulinitetsnormene kan gjere sitt til at gutar og menn lét vere å snakke om det dei opplever som problematisk.

9.1.6 Maskuline fellesskap og vennskap mellom menn

I forlenginga av den tradisjonelle maskuliniteten vi kjenner i dag, med høgt fokus på sjølvkontroll og sjølvbehersking, har gutar og menn generelt i liten grad utvikla eit språk for intimitet og kjensler.²¹ Dette verkar også inn på vennsksapsrelasjonar mellom menn. Vesentlege element i vennsksapsrelasjonar er evne til å vise intimitet, tillit, omsorg og kjensletilknytning. Slike eigenskapar har gjennom lang tid vore assosierte med feminitet. I boka *I Venskaps Paradiis* viser Marianne Berg Karlsen²² korleis mannsideal og normer for mannleg vennskap tidleg på 1800-talet var vesentleg annleis enn det som pregar vår tid. Mot slutten av 1800-talet skjedde det store endringar i normene for mannleg vennskap, og i vår tid blir vennskap mellom menn karakterisert som instrumentelt og konkurranseorientert. Nære og intime vennsksapsforhold blir rekna som noko kvinneleg. Under overskrifta «Gutter i horder og jenter i par» oppsummerar Nielsen og Rudberg²³ forskingsfunn frå 1970- og 1980-talet som viser forskjellen på vennsksapsalliansar mellom gutar og jenter. Jentene har intime, fortrulege vennsksapar som inkluderer kroppsleg nærleik og er sterkt prega av dya-

dar (dei leikar to og to). Relasjonane mellom gutar har vore prega av at gutane ikkje dannar nære, fortrulege vennsksapar. I staden leikar gutane saman i større grupper, og samværet er prega av å *gjere noko* saman. Vennsksap mellom gutar handlar meir om konkurranseprega kollektive aktivitetar enn fortruleg prat.

Maskuline fellesskap er altså ofte meir aktivtetsstyrte enn samtalestyrte. Samanlikna med dei fortrulege og intime samtalevennsksapane mellom kvinner er mannlege fellesskap tause. Men også slike «tause fellesskap» er viktige for livsgleda og identitetsdanninga hos menn. Til dømes er jakt og fisketurar saman med andre menn for mange heilt vesentleg for livskvaliteten. Ein studie viser at jegerar som har gjort jakt til ein livsstil, gjennom jakta identifiserer seg med det dei ser på som ein gammal lokal kultur bestående av ein maskulin kulturell praksis og ein lokalt forankra maskulin identitet. Ved å vidareføre skikkane og verdiane til fedrane og bestefedrane blir dei sjølv berarar av ein lokal arbeidarklassekultur, og dei gir uttrykk for ei sjølvforståing som berarar av ein kultur med lange tradisjonar i lokalsamfunnet. Fellesskapet og vennsksapen mellom mennene, og kjensla av lokal tilknytning som oppstår, er truleg eit nødvendig sosialt fundament for den jegeridentiteten mennene viser fram, meiner forskarane.²⁴

Eit anna viktig maskulint fellesskap oppstår gjennom fotball. Sjølv om kvinnene har gjort sitt inntog både på bana og på tribunen, utgjer gutar og menn framleis storparten av fotballentusiastane. Fotballinteresse femner og sameiner menn på tvers av nasjonalitet, klasse, alder, utdanning, hudfarge, yrke og eit mangfald av ulike individuelle erfaringar.²⁵ På fotballtribunen kan menn agere på måtar dei elles aldri ville gjort – her kan dei skrike, gråte, danse, gestikulere og omfanne framande menn. Dei kan òg tillate seg mishagsytningar som ville vere uaktuelle i andre samanhengar.

For supporterane er ikkje fotball først og fremst underhaldning og avkopling; det representerer tvert imot *tilkopling* og engasjement.²⁶ Fotball er eit felt som tilbyr felles opplevingar, felles gleder og felles sorger, og for supporterane gir fotballen vennsksap, fellesskap og tilhøyr.²⁷

Maskuline fellesskap er vesentlege for menn sjølv om dei, samanlikna med dei fortrulege, samtalestyrte vennsksapane mellom kvinner, er «tause

²⁰ Seidler 1997.

²¹ Seidler 1997; Lorentzen 2004a; Simonsen 2006.

²² Karlsen 2001.

²³ Nielsen og Rudberg 1991.

²⁴ Krange og Skogen 2003.

²⁵ Johnsen 2007.

²⁶ Sst. s. 54.

²⁷ Johansen 2002.

felleskap». Det er likevel ein viktig variabel i levekår å ikkje berre ha «tause fellesskap», men òg nære relasjonar som gir opning for å vere intim og snakke om kjensler – særleg dersom livet blir vanskeleg. På dette området ser det no ut til å skje ei endring blant menn. Endringa er særleg merkbar hos unge menn og gutar. I takt med at maskuliniteten endrar seg, og den tradisjonelle machomaskuliniteten går ut på dato, endrar unge menn og gutar sine vennsapsrelasjonar.

Fleire no enn for 15–20 år sidan melder at dei har kontakt med gode venner, og auken i denne forma for vennsapskontakt har vore omtrent lik for både kvinner og menn.²⁸ Ser ein på gutar i alderen 16–24 år, har prosentdelen som er utan fortrulege venner gått ned frå ca. 20 % i 1980 til ca. 10 % i 1998. Også i alderen 25–44 år har det vore ein stor nedgang. I 1980 melde over 30 % av mennene i denne aldersgruppa at dei ikkje hadde fortrulege venner, mens det i 1998 var ca. 18 %.

Også granskinga viser at langt færre yngre enn eldre menn melder å stå utan nære og fortrulege venner. Yngre menn melder elles i større grad enn eldre å ha nære venner av begge kjønn. Det ser ut til at vennskapen er i ferd med å styrkje sin posisjon som relasjon, særleg blant unge menn. Samanliknar vi eldre og yngre menn, stadfester granskinga den utviklinga Statistisk sentralbyrå har funne tidlegare, nemleg at fleire menn har nære venner i dag enn før. Blant menn over 35 år utgjør dei som ikkje har nære venner, ca. 20 %. Blant dei yngste (17–24 år) fell talet til 7 %.

Også innhaldet i vennsapsrelasjonane blant dei unge ser ut til å ha endra seg. Nyare forskning²⁹ viser at det i «nye vennsapsapar» mellom menn er for enkelt å seie at menn berre «gjer» vennskap – i aukande grad «snakkar» no menn vennskap. På nettstaden www.ung.no er to unge gutar intervjuja om vennskapen sin.³⁰ Her fortel ein gut at to venner snakkar om alt. Det han ikkje kan seie til vennen, kan han ikkje seie til nokon. Dei har vore bestevenner i fem–seks år, og vennskapen har utvikla seg. Om det er noko som plagar han, seier han det til vennen. Vidare seier han at dei ikkje er redde for å vise kjensler for kvarandre. Har han kjærleikssorg eller er lei seg for noko, kan han vise det til vennen, som han veit ikkje vil gjere narr eller snakke bak ryggen på han. Desse utsegnene står i sterk kontrast til den måten vennsapsforhold mellom gutar blei skildra på av forskarar på 1970- og 1980-talet.

²⁸ Barstad 2000.

²⁹ Klatran 2007.

³⁰ «Jente- og guttevennsaps». ung.no 2007.

9.2 Ulike maskulinitetsideal

9.2.1 Innleiing

Omgrepet *maskulinitet* dekkjer dei førestellingane, normene og ideala som er forbundne med det å vere mann til kvar tid i eit gitt samfunn. Ideala og førestellingane kan endre seg avhengig av den kulturelle konteksten. Men òg i eit gitt samfunn i ein bestemt tidsepoke kan førestellingar og ideal variere. Til dømes kan det vere ulike forventningar til og vurderingar av kva som er maskulint, alt etter alder, klasseposisjon og etnisitet. Forventningane kan òg variere etter om det er fokusert på ein mann som er til dømes son, far, ektemann eller kollega.

Eit viktig formål med kjønnsforskninga i dag er å undersøkje og understreke korleis kjønn påverkar og samspeler med andre sosiale kategoriar som seksualitet, alder, klasse og etnisitet. Då finn ein ut korleis ulike relasjonar gjensidig påverkar kvarandre, korleis dei forsterkar eller svekkjer kvarandre, utfyller eller konkurrerer med kvarandre i eit dynamisk samspel. I mannsforskninga er derfor fokuset blitt flytta til «maskulinitetar» i fleirtal.³¹

9.2.2 Alder og klasse

I ulike fasar av livsløpet blir det lagt vekt på forskjellige ideal knytte til det å vere mann. For unge menn er det lagt meir vekt på den stereotype heltefiguren enn for vaksne menn. For dei unge blir maskulinitet i stor grad knytt til det å vere tøff, kunne prestere og vere fysisk sterk. Vidare har det vore påpeikt at det å bli vaksen i vår tid handlar om sjølvrealisering, med stort fokus på individualisme og på å utvikle egne evner. I større grad enn før er verdiar, livssyn og livsstil ikkje noko ein arvar frå foreldra, men noko unge må definere og konstruere på eiga hand. I ein slik situasjon, der så mykje er ubestemt og ope, står kjønn fram som det einaste konstante, som derfor kan danne utgangspunkt for sosialisering og sjølvrealisering. Dermed blir kjønn ein viktig faktor i identitetskonstruksjonen for unge; særleg tidleg i tenåra blir symbol for jenter og gutter understreka og kanskje òg overdrivne som trekk i identiteten deira.³²

Ungdomstida blir òg knytt til fridom, eigenorientering og ansvarsfridom. For den meir vaksne

³¹ Connell 1995.

³² Schreiner 2006.

mannen er *ansvar* eit nøkkelord. I studien «Fabrikkarbeider, far og forsørger»³³ er fabrikkarbeidarane på koksverket i Mo i Rana på 1950-, 1960- og 1970-talet intervjua. Studien viser korleis fast arbeid fekk kulturell mening for dei intervjua mennene og korleis omgrepet *fast arbeid* blei brukt for å karakterisere den vaksne, ansvarlege mannen. I forteljningane til desse mennene står den faste jobben fram som det som gjorde guten til mann, og ein uansvarleg individualist til ein ansvarleg familieforsørgjar med fellesskapsplikter. Den ansvarlege, modne maskuliniteten er kjenneteikna av «det faste»: fast arbeid, fast lønn, fast arbeidstid, fast sambuar og fast bustad. Det var ein maskulinitet prega av ordna forhold og plikter overfor seg sjølv og andre.

I ein studie av handverkarar legg dei intervjua mennene sjølv vekt på at alder har spelt ei vesentleg rolle i deira mannlige sjølvforståing og praksis.³⁴ Dei fortel at dei med alderen har fått ein «maskulinitetstryggleik» og ein «mannsrollerseinerøsitet» som dei mangla i ungdommen. Med alderen har dei fått erfaring, dei har modnast, og dei er blitt trygge på sin eigen manndom på ein måte som gjer at dei er mindre engstelege for å verke umandige enn dei var i ungdomsåra og som unge menn.

Kva maskulinitet betyr for menn i alderdommen, har vi lite kunnskap om. Både i norsk og nordisk samanheng er det forska lite på eldre menn i eit kjønnsperspektiv. Det har vore påpeikt at alderdom kan vere ei kjelde til posisjon, makt og status for menn, men at alderdom òg kan marginalisere dei som menn.³⁵ Dersom fysisk styrke er ei viktig kjelde til maskulin identitet, inneber dei kroppslege endringane og tapet av kroppsstyrke som følgjer med alderdommen, at kjelda tørkar ut. Eit av dei få døma på nordisk forskning om gamle menn er ein studie av svenske eldre, ugifte menn.³⁶ Mennene gir sjølv uttrykk for at dei saknar å ha familie. Mange forklarar ungkarlivet med at dei har teke stort ansvar for eigne foreldre og yngre sysken, eller dei har prioritert hardt arbeid på foreldregarden eller i industrien for å forsørge slektningar. Analysen av den mannlige identiteten til desse mennene viser at kroppen og ein sterk fysikk har stor betydning for dei. Dermed blir dei meir sårbare når alderen fører til sjukdom og svekking av fysikken.

For menn som i mindre grad har ein sterk kropp som kjelde til maskulinitet, treng ikkje alderdommen vere så truande. For desse mennene kan livserfaring, familieband og oppnådd posisjon i yrkeslivet vere ein ressurs for ein maskulin identitet. Dette viser at det ikkje er enkle samanhengar mellom maskulinitet og alder, men at òg andre kategoriar spelar inn, til dømes klasse.

Klasseposisjon i samfunnet har òg mykje å seie for kva ideal og praksis som rår når det gjeld maskulinitet. Omgrepet *hegemonisk maskulinitet*³⁷ er kopla til førestellinga om middelklassemannen, der bokleg lærdom, høg utdanning og karriere står sentralt. For den tradisjonelle arbeidarklassemaskuliniteten er det andre ideal som har rådd grunnen. I arbeidarklassekulturen var samhald, solidaritet og fellesskap viktige stikkord for tilhøvet mellom den enkelte og fellesskapet. I romanen *Blind*³⁸ seier far til romanfiguren dette om korleis han ser på fellesskapet:

«Du skal ikkje stilla deg ut. Du skal ikkje stilla deg framfor dei andre. Ikkje stikk deg ut. Ver vanleg. Ver grå. Ver usynleg. Ikkje tru at du er noe spesielt. Det spesielle ved deg er at du er samen med dei andre. At du og kompisane dine står i same båt. Det er det spesielle ved å vera menneske. Det er det som tel. Individet er ingenting. Å vera del av eit arbeidsfellesskap. Å gjøra jobben sin. Å ta det som kjem utan å kny. Det er å vera menneske. Det er å vera mann. Det er å vera en ekte arbeider ved Odda smelteverk.»

I sosiologiklassikaren *Arbeiderkollektivet*³⁹ blir den kollektive innstillinga omtalt som eit forsvar ved at arbeidarkollektivet representerer ei løysing på problemsituasjonen til dei underordna. Samtidig blir janteaspektet påpeikt som eit negativt trekk ved arbeidarkollektivet: «Du må ikkje tru du er noko.» For å kunne utfalde seg som menneske må ein først og fremst tru at ein er noko. Skal ein gjere karriere, må ein utmerkje seg og gjere seg gjeldande.

Skilbrei påpeker at gutar frå middelklassen ser på utdanning som vegen til suksess. For gutar frå arbeidarklassen er det annleis, seier han. Etter arbeidarklassens maskulinitetsoppfatning er ikkje ein ikkje-manuell jobb noko ideal, heller tvert imot. For arbeidarklassen er det kroppsarbeid som gjeld. Det er ikkje negative eigenskapar som utelukkar dei frå kontorarbeid, det er *positive* ei-

³³ Slottemo 2003.

³⁴ Koldre 2006.

³⁵ Sandberg 2007.

³⁶ Nilsson 1999.

³⁷ Connell 1995.

³⁸ Seljestad 2005.

³⁹ Lysgaard 1967.

genskapar som gjer dei i stand til å klare noko ikkje kven som helst kunne klart.⁴⁰ Det er viktig å påpeike at ei slik maskulinitetsoppfatning nok blir meir utdatert etter kvart som fysiske yrke blir færre og mindre etterspurde.

Når gutar frå arbeidarklassen vel manuelle arbeidarklassejobbar i industri og transport, jobbar som er prega av slit og tunge lyft, så er det nett opp noko dei *vel*, framhevar Paul Willis⁴¹ i klassikaren «*Learning to labour*». Her viser han korleis gutar frå arbeidarklassen blir produserte til arbeidarklassejobbar, og han understrekar at det ikkje er slik at desse gutane er mislykka og må nøye seg med jobbar gutane frå middelklassen ikkje vil ha. Snarare er det slik at desse gutane blir sosialiserte til heilt andre livsprosjekt. Gutane frå arbeidarklassen tek ikkje berre avstand frå dei skuleflinke gutane, men er dei etter eiga oppfatning fullstendig overlegne. Dei er opptekne av at dei har tent pengar og levd livet mens dei skuleflinke har brukt ungdomstida på å svette over bøkene.

9.2.3 Menn i ulike posisjonar

Arbeid har tradisjonelt vore sentralt for mannsidentiteten, og ein sjølvskreven del av mannslivet. Holter og Aarseth⁴² omtaler jobb og offentleg virke som kjernen i mannens «førstskap» – først og fremst *er* han det han *gjer* i arbeidslivet. Fleire forskarar framhevar kor sentralt arbeidet er for konstruksjonen av maskulin identitet. Eitt av dei dominerande kriteria for maskulinitet har tradisjonelt vore rolla som *familieforsørgjar*. Å vere hovedeforsørgjar har blitt ståande som ein av dei sentrale karakteristikkane på det mannlege.⁴³

Moderne menn skal vere likestillingsorienterte, ta del i hushaldsarbeid og prioritere samvær med barna. Granskinga stadfester både at slike forventningar finst, og at mange menn i Noreg i stor grad lever opp til dei. Samtidig lever dei tradisjonelle forventningane til arbeidsinnsats i beste velgåande: Ein mann skal jobbe heiltid, vere lojal, prestere målbare resultat, stille opp på overtid når det trengst, vere karriereorientert, søkje utfordringar og sikte mot posisjonar som gir høg lønn og status.⁴⁴

Samanlikna med kvinner har menn som gruppe høgare yrkesdeltaking, høgare lønn og langt

fleire maktposisjonar. Men sjølv om menn som gruppe har ei trygg forankring i arbeidslivet, gjeld ikkje dette alle. Også her kan vi snakke om det ekstreme kjønnet.

Likestillings- og diskrimineringsombodets «SaLDO» for 2007 viser at det framleis er langt att til full likestilling mellom kvinner og menn på leiarnivå i Noreg. Ombodet slår fast: «Ser vi på mulighetene til å få lederverv, står fortsatt menn i første rekke. Langt svakere står kvinner, bak dem igjen står personer med nedsatt funksjonsevne, og bakerst står personer med ikke-vestlig bakgrunn.»⁴⁵

9.2.3.1 Fleire menn enn kvinner er leiarar

To av tre leiarar er menn, og blant toppleiarar er åtte av ti menn. Mannsdelen blant topp- og mellomleiarar har likevel gått noko ned (sju prosentpoeng) frå 2001 til 2007. Likestillingssaldoen viser at menn er overrepresenterte i leiinga både i staten, kommunane og næringslivet. I staten er 63 % av leiarane menn. Dette talet har endra seg lite dei siste åra. Eliten i forsvaret, kyrkja, justissektoren, sentralforvaltninga og kulturinstitusjonane er menn. Av rådmennene i kommunane er 84 % menn. Kvinnene utgjør halvparten av befolkninga. Likevel er det ei overvekt av menn blant politikarane på Stortinget, og klar overvekt av mannlege ordførarar. Sametinget er eit lyspunkt, med 51 % kvinner i inneverande periode. Også fylkestinga har prosentvis fleire kvinner enn Stortinget og kommunestyra. Samtidig er det berre ei lita gruppe menn som er leiarar. Blant sysselsette menn i 2006 utgjør menn i leiaryrke 8 %.

9.2.4 Menn med innvandrarbakgrunn

Merksemda om samspelet mellom kjønn, etnisitet og klasse kan føre til nye og lite meningsfulle forenklingar. I Noreg synest førestellinga om eit mannleg mangfald berre å gjelde den etnisk norske befolkninga.⁴⁶ «Innvandrar mannen», «den muslimske mannen» eller «den pakistanske mannen» blir i mange samanhengar brukt som eintydige kategoriar der alle menn som har innvandrarbakgrunn, er muslimar eller seier seg å tilhøyre den etniske gruppa pakistanarar, blir tilskrivne visse eigenskapar. Skildringane av «innvandrar menn» i samfunnsdebatten og media er til tider unyansert. Forskarar påpeiker at også dei etniske

⁴⁰ Skilbrei 2003.

⁴¹ Willis 1977.

⁴² Holter og Aarseth 1993.

⁴³ Kimmel 1996.

⁴⁴ Nordberg 2007:313.

⁴⁵ SaLDO 2007.

⁴⁶ Walle 2004.

minoritetsgruppene viser eit mangfald av måtar å vere mann på, og at skiljet som blir sett opp mellom det mannlege mangfaldet i majoritetsbefolkninga og den meir monolittiske «innvandrarmannen», i beste fall forenkler biletet av menn med innvandrarakgrunn.⁴⁷ Med «minoritetsetniske» menn meiner ein gjerne menn som har busett seg her dei siste tiåra, men det har vore menn frå minoritetsetniske grupper i Noreg vesentleg lenger. Mannsforskinga har i liten grad gått særskilt inn på menn i slike grupper.

9.2.4.1 Ulike grupper, ulikt integrerte

«Innvandrarbefolkninga» i Noreg er ein vid og mangfaldig kategori og er så samansett at det sjeldan har noko for seg å sjå på alle innvandrarakgruppene som ei gruppe under eitt, slår ein rapport frå Statistisk sentralbyrå fast.⁴⁸ I dag består innvandrarbefolkninga av 415 000 personar. Denne gruppa utgjør 8,9 % av befolkninga. Om lag 54 000 personar kjem frå andre nordiske land, 51 000 frå resten av Vest-Europa og Nord-Amerika, 80 000 frå Aust-Europa og 230 000 frå Tyrkia og land i Asia, Afrika og Sør-Amerika.⁴⁹

9.2.4.2 Forskjell på menn innanfor gruppene

Deler vi innvandrarbefolkninga inn etter landbakgrunn, kjem mangfaldet mellom gruppene tydeleg fram. Samtidig inneber ei gruppering etter landbakgrunn ei generalisering. Det kan vere store forskjellar i åtferd, haldningar og verdiar mellom personar frå til dømes Pakistan, og ein vil finne menn derfrå som har meir til felles med norskfødde menn enn med andre pakistanske.

Kjønnsforskinga i Noreg har til no skaffa fram lite kunnskap om menn med innvandrarakgrunn og deira maskulinitetsforståing. Barne- og likestillingsdepartementet har derfor sett i gang eit prosjekt om familieforhold og likestilling blant innvandrarakgruppene. Formålet er å få auka kunnskap om familieåtferd og likestilling for å kunne utforme offentlege tilbod som betre kan stette behova til familiar med innvandrarakgrunn, og for å få kunnskap om korleis menn med innvandrarakgrunn ser på maskulinitet og kjønnsroller for å målrette likestillingspolitikken. Prosjektet skal kartlegge familiedanning, familiestorleik, familiepraksis og haldningar til familie- og likestillings spørsmål gjennom registerdata og survey. Menn

og maskulinitet skal kartleggjast ved mellom anna å spørje menn korleis dei oppfatar og opplever si rolle og sine oppgåver i familien, i kva grad dei opplever at vilkåra er til stades i Noreg for at dei kan realisere sine oppfatningar om maskulinitet innanfor familien og i forhold til barna, og korleis norske likestillingsideal blir opplevde og oppfatta. Eit viktig tema vil vere kva strategiar menn og kvinner bruker for å handtere nye sett forventningar. FAFO gjennomfører undersøkinga, som etter planen skal vere ferdig i mai 2009.

Det ligg føre nokre få kvalitative studiar der menn frå grupper med etnisk minoritetsbakgrunn er blitt intervjuet om korleis dei opplever den norske kjønnslikestillinga, korleis dei uttrykkjer maskulinitetsforståinga si, og korleis den mannlege praksisen deira artar seg i ein slik kontekst.⁵⁰ Desse studiane indikerer at det er eit stort mangfald også her, og at mennene oppfatar og fyller rolla som mann på vidt forskjellige måtar. Mange gir uttrykk for meir kjønnsstradisjonelle haldningar, mens fleire seier at nytenking omkring kjønn ikkje nødvendigvis blir oppfatta som negativt. Maskulinitetssynet hos mennene blir både utfordra og styrkt i møtet med ein annan kjønnspraksis.

Nokre informantar fortel at dei har endra syn både på seg sjølv og på saker som til dømes homofili etter at dei kom til Noreg. Også oppfatninga av farsrolla har for mange endra seg etter at dei kom hit. Fleire menn beskriv heimlandet på ein måte som minner om Noreg på 1950-talet: Å trille barnevogn og skifte bleier høyrer ikkje til repertoaret for ein mann, og møtet med norske menn som trilla barnevogn på gata, var merkeleg. Etter ei tid i Noreg har dei endra haldning, og det er blitt ein naturleg ting å delta også i det praktiske arbeidet med små barn. Den moderne faren skal ta del i barnas liv og vere ein omsorgsfull og nærvarande far, ikkje berre ein økonomisk bidragsytar. Fleire av mennene med innvandrarakgrunn fortel historier om ein far som var utilgjengeleg, autoritær og fråverande. I ein studie av muslimske menn er unge, muslimske menn i større grad opptekne av å vere «venn med barna» enn dei opplevde at deira egne fedrar var.⁵¹

Samtidig viser dei kvalitative studiane at mange menn med ikkje-vestleg innvandrarakgrunn er prega av ei meir tradisjonell, patriarkalsk oppfatning av mansrolla enn det som er vanleg i det norske samfunnet i dag. Ein patriarkalsk fami-

⁴⁷ Sst.

⁴⁸ Henriksen 2007.

⁴⁹ SSB 2007a.

⁵⁰ Skarsaune 2006; Aljarroudi 2002; Prieur 2004; Jensen og Liversage 2007.

⁵¹ Skarsaune 2006.

liestruktur er kjenneteikna av ei hierarkisk oppbygging der menn har meir makt enn kvinner, og der familiens eldste har meir makt enn dei yngre. Nokre av dei intervjua mennene gir uttrykk for at ulikskapane mellom kjønna er skapte av Gud, og at det er forklaringa på kvifor kvinner og menn er eigna til ulike livssfærar og aktivitetar.⁵² Mange innvandarmenn gir uttrykk for meir kjønstradisjonelle haldningar til kvinneleg deltaking på arbeidsmarknaden og fordeling av husarbeidet i heimen. Dette er haldningar som mange kvinner med innvandrarbakgrunn deler med mennene, og dei ønskjer å vere heime med barna. Det har vore påpeikt at det er for snevert å setje lønna arbeid som målestokk for kor integrerte ikkje-vestlege innvandrar kvinner er.⁵³ Mange etnisk norske familiar deler desse oppfatningane. Mange foreldre med innvandrarbakgrunn oppmuntrar òg døtrene sine til å prioritere utdanning og dermed eige yrkesliv.⁵⁴

Dei meir tradisjonelle mennene med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn lyfter ikkje berre fram haldningar til kvinners plass og posisjon. Det som trer fram som sentralt i danninga av maskulinitetsførestellingar hos svært mange av dei intervjua mennene, er *forsørgjaridealet* og *forsørgingsproblematikk*.⁵⁵ Det same finn danske forskarar.⁵⁶ Ansvarstenking står fram som eit sentralt omgrep for å forstå korleis innvandarmennene oppfattar maskulinitet. Eit viktig innslag i det å vere mann er å ha ei høg nok inntekt. Familieøkonomien og utdanninga og framtida til barna er mannens ansvar åleine. Å vere ein god forsørgjar blir knytt til stoltheit og glede over å kunne vere sjenerøs. Men dei reelle sjansane ein innvandrar har på arbeidsmarknaden i Noreg, gjer at han ikkje alltid kan forsørgje både kone og barn. Mennene opplever at dei blir fråtekne sjølvkjensle og identitet dersom dei ikkje kan leve opp til sine eigne forventningar til kva ein mann skal vere. Dei føler at dei har svikta, og at systemet gjer det umogleg for dei å rette opp tapet. Dette heng òg saman med at det er mannen som skal sørgje for inntekta, også ved å oppsøkje hjelp dersom han ikkje lykkast med det åleine. Eitt av problema i møtet med det offentlege – der mange av dei tilsette er kvinner – er at mennene opplever å få lite forståing for at det er deira oppgåve som forsørgjarar å skaffe inntekt. Mennene sjølve legg vekt på at dei møter for-

dommar om at kollegaene deira trur dei hindrer kona å jobbe, men at dette kan vere ei avgjerd ektefellane har teke i fellesskap.⁵⁷

Det har vore påpeikt at ein mann som lever i ein patriarkalsk familie og mislykkast i å forsørgje familien, blir dobbelt marginalisert. Både hans eige miljø og den norske offentlegheita vil sjå på han som mislykka. I eit tradisjonelt perspektiv har mannen som mislykkast som forsørgjar tapt anerkjenning. I den norske offentlegheita er ein mann med etnisk minoritetsbakgrunn i utgangspunktet marginalisert og lett mistenkt for å vere undertrykkjande.⁵⁸

9.2.5 Menn med nedsett funksjonsevne

Forskning om funksjonshemming har i svært liten grad hatt eit kjønnspektiv, samtidig som kjønnsforskninga har mangla fokus på personar med nedsett funksjonsevne.

Eit nordisk forskingssamarbeid (Gender and Disability) har resultert i to publikasjonar.⁵⁹ Gjennomgangen av desse publikasjonane viser at kjønnspektiv i forskning om funksjonshemming har ført til kunnskapsbygging om kjønn og funksjonshemming. Med utgangspunkt i ulike fagdisiplinar kastar kunnskapen nytt lys både over kjønna forhold ved grupper av funksjonshemma og over formelt og uformelt omsorgsarbeid. Kjønnspektivet har såleis bidratt til auka kunnskap om desse forholda.

Forskninga gir ei stemme til dei aktuelle gruppene, samtidig som auka kunnskap gir grunnlag for større forståing av eigen og andre funksjonshemma sin situasjon. Kunnskap om kjønna samfunnsforhold gir avgjerdstakarane eit betre grunnlag for å leggje til rette for inkludering og like sjansar for funksjonshemma kvinner og menn. Dei som jobbar i felten, kan nyttiggjere seg kunnskapen for å produsere gode og adekvate tenester for funksjonshemma.

Som nemnt ovanfor blir det i nyare kjønnsforskning lagt vekt på at kjønn ikkje er noko vi *er* eller *har*, men noko vi *skaper* dagleg, både individuelt og kollektivt, gjennom å delta på ulike samfunnsarenaer. Kvar persons oppleving av eige rom for handling oppstår på *individnivå*. Kvar kvinne og mann gjer seg opp meiningar om kva som er mogleg å realisere av ønske og ambisjonar. Rom for handling blir danna på individnivå, men det blir

⁵² Sst.

⁵³ Farstad 2004.

⁵⁴ Hult-Markgren 2006.

⁵⁵ Skarsaune 2006.

⁵⁶ Jensen og Liversage 2007.

⁵⁷ Skarsaune 2006.

⁵⁸ Døving 2006.

⁵⁹ Genus och funktionshinder. 2004; Gender and Disability Research in the Nordic Countries. 2004.

påverka av den betydninga kjønn blir gitt på høvesvis *strukturelt* og *symbolsk* nivå.⁶⁰

På same måten kan funksjonshemming eller varierende funksjonsevne forståast på ulike måtar. Mens funksjonshemming tidlegare blei rekna som ein eigenskap ved individet, blir det no sett på som noko som blir til i relasjonane mellom personen og miljøet. Forhold i samfunnet gjer at individet støyter på funksjonshemmande barrierar og kan oppleve ulike gradar av funksjonshemming i ulike situasjonar.

På strukturelt nivå handlar det om at funksjonshemma er underrepresenterte på område som arbeidsliv, organisasjonsliv, fritidsaktivitetar og politikk, og at fysiske strukturar set grenser for samfunnsdeltakinga deira. På symbolsk nivå handlar det om kva som blir oppfatta som passande for kvinner og menn med funksjonshemmingar, og kva som blir forventa av dei. Korleis blir menneske med funksjonshemming framstilte når vi til dømes snakkar om deltaking i arbeidslivet? Kva språk og kva omgrep bruker vi?

⁶⁰ Harding 1991.

Blir funksjonshemma framstilte som handlande individ eller som offer som må hjelpast til å få ein plass i arbeidslivet? Korleis vi tenkjer og snakkar om sosiale grupper, verkar inn på det opplevde rommet for handling til den enkelte.⁶¹

Relativt mange av kapitla i dei nordiske antologiane tek opp problemstillingar knytte til identitet og identitetsutvikling som kvinne og som funksjonshemma. Under det første temaet finn vi eit kapittel om korleis kvinner som har blitt funksjonshemma i vaksen alder, opplever prosessen med å omdefinere og bevare identiteten som kvinne. Ein annan forfattar tek opp kva sosiale førestellingar som er kopla til å vere kvinne og funksjonshemma. Ein tredje har fokus på konstruksjonen av identitet og overvekt. To andre forfattarar ser kvar på sin måte på seksualiteten som ein del av identitetsutviklinga hos funksjonshemma jenter.

Tilsvarande studiar av identitetsutvikling blant menn bør setjast i verk.

⁶¹ Guldvik 2006.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Meldinga gir ei brei gjennomgang av livssituasjonen for ulike grupper menn og utviklinga av mansroller i relasjon til likestilling. Integrering av eit kjønnsperspektiv i alle sektorar, og på alle samfunnsområda er det sentrale grepet for å fremje full likestilling mellom kvinner og menn, også på område der menn som gruppe kjem dårleg ut, samanlikna med kvinner.

Ivaretaking av kjønnsperspektivet skal skje i sektorane, og innafor dei økonomiske rammene som er satt for sektorane. Ansvaret omfattar òg analysar av tenesteproduksjonen, vurdering av om der eksisterar særskilde utfordringar knytt til gutar og menn som tilsette og/eller brukarar, og iverksetjing av naudsynte tiltak for å hindre at gutar og menn indirekte vert diskriminert. I meldinga visast korleis dette ansvaret ivaretakast innafor barnehage og skule (kap. 2), i familievernet (kap. 5), i helsetenesta (kap. 6) og i sosialtenestene (kap. 7).

Regjeringa varslar i meldinga i tillegg særskilde grep på utvalde område. Dei økonomiske konsekvensane av desse grepa er omtala nærare i det følgjande.

Regjeringa varslar i meldinga ein strategi for vidare utvikling av foreldrepengeordninga (kap.4). Strategien inneheld eit langsiktig mål om å utvide fedrekvoten til fjorten veker innafor målet i Soria-Moria-erklæringa om ein stønadsperiode (ved fødsel) på inntil 48/58 veker. Målet byggjer på den same modellen for forlenga fedrekvote til ti veker som er foreslått innført 1. juli 2009. Det betyr nye fire veker fedrekvote der to av ekstravekene kjem som ei forlenging av stønadsperioden. Kostnadene for folketrygda ved å utvide fedrekvoten frå seks til ti veker kan anslåast til om lag 290-320 mill. kroner årleg, jf. St.prp. nr. 1 (2008-2009). Kostnadene ved å utvide fedrekvoten frå ti til fjorten veker kan anslåast å ha tilsvarande budsjettverknad. Strategien inneheld òg eit mål om at alle fedrar som har opptent rett til foreldrepengar skal ha rett til å ta ut fedrekvote. Dei årlege kostnadene ved sistnemnde tiltak er anslått til 435-500 mill. kroner ved ei fedrekvote på 10 veker, og til 630-700 mill. kroner ved ei fedrekvote på 14 veker. An-

slaga er usikre, mellom anna fordi meirutgiftene vil ha samanheng med den faktiske permisjonsbruken til fedrane. Vidare utvikling av foreldrepengeordninga vurderast i samband med dei årlege budsjettframlegga. Dei resterande tiltaka i strategien vert gjennomført innafor gjeldande budsjettammer.

Meldinga varslar styrking av tilbodet til nybakke fedrar (kap. 5). Tilbodet skal gis grupper og i kontakt med helsestasjonane. Utvikling av eit kursopplegg er berekna å koste 2 millionar kroner. Ein legg opp til at drift av pappagruppene kan finansierast med midlar til vaksenopplæring. Årlege kostnader avheng av kor mange menn som ønskjer å nytte seg av tilbodet. Det varslast i meldinga endringar i barnelova, eller at praktisering av einskilde bestemmingar skal ytterlegare utgreiast. Endringane kan på sikt føre til ei auke i tallet på sakar for domstolane, utan at det er mogleg å talfeste dei økonomiske konsekvensane.

Meldinga varslar fleire grep retta mot arbeidslivet, og med menn som målgruppe, for å bidra til ein betre kjønnsbalanse i verksemdene (kap. 3). Det varslast ei utviding av verkeområdet for føresegna etter likestillingslova om positiv særbehandling av menn ved tilsetting. Endringa kan ha verknad for sektorane sine rekrutteringsstrategiar, men dei økonomiske konsekvensane er vanskelege å talfeste.

Det varslast i meldinga (kap. 8) ei rekkje mindre grep for å førebyggje valdelege haldningar hos gutar og menn. Sentralt her står fullføringa av eit landsdekkjande lågterskeltilbod til menn som har eller vil kunne utøve vald mot partner. Utbygging av tilbodet i dei regionar som i dag manglar slikt, eller der tilbodet treng styrkast, er berekna å koste 7 millionar kroner årleg. Utbygginga skal skje innafor den økonomiske ramma for 2009 til familievernet og stiftinga Alternativ til Vold (ATV). Vidare utbygging vurderast i samband med dei årlege budsjettframlegga. Meldinga varslar òg auka førebyggjande innsats i regi av Ressurssenteret for Menn (REFORM). Denne innsatsen er berekna til om lag 0,5 millionar kroner årleg.

Barne- og likestillingsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet av 12. desember 2008 om menn, mansroller og likestilling blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Likestilling og livskvalitet 2007***Øystein Gullvåg Holter, NIKK, Helge Svare, AFI, Cathrine Egeland, AFI***Sammendrag**

Denne rapporten presenterer resultatene fra prosjektet «Likestilling og livskvalitet 2007». Prosjektet er utført på oppdrag av Barne- og likestillingsdepartementet (BLD), som også har finansiert prosjektet.

Målet med prosjektet slik det ble definert i BLD's prosjektutlysning var å gjennomføre en «undersøkelse blant kvinner og menn, om menns oppfatning og forståelse av kjønnslikestilling i relasjoner, familie, arbeidsliv og samfunn». Undersøkelsen skulle bidra til kunnskapsgrunnlaget for en kommende stortingsmelding om menn, og oppdatere kunnskapen i forhold til tidligere forskning, bl.a. Mannsrolleutvalgets undersøkelse «Menn i Norge» fra 1988.

Dataene til prosjektet er hentet inn gjennom en survey basert på et spørreskjema med i alt 123 spørsmål om likestilling¹ og livskvalitet, som ble besvart av 2805 personer første halvår 2007. Dette innebærer en samlet svarprosent på 41 prosent.

TNS Gallup sto for utsending og innsamling av skjema. Design, analyse og utarbeidelse av rapport ble utført av et prosjektteam basert på et samarbeid mellom Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning (NIKK) og Arbeidsforskningsinstituttet (AFI).

Hovedpunkter fra rapportens del 1:**Oppvekst**

- Savnet etter far er mindre hos de yngre mennene enn hos de eldre, noe som tyder på at far er blitt mer tilstedeværende i guttenes oppvekst de siste årtiene, innenfor den oppvekstperioden som undersøkelsen dekker, det vil si frem til ca 1990. På spørsmål om de synes far burde ha vært mer sammen med dem, svarer 57 prosent av mennene mellom 35 og 49 år «ja» eller

«delvis» (samlet). Blant dem mellom 17 og 24 år har andelen sunket til 38 prosent.

- I samme periode er det en utvikling i retning av at far fremstår som en mindre streng skikkelse i barnas liv, enn før. Bare rundt 4 prosent av de aller yngste rapporterer at de har opplevd fysisk straff eller vold fra fars side, mot rundt 18 prosent av dem mellom 35 og 49 år. Dette gjelder både menn og kvinner.
- Samtidig tyder tallene på at oppvekstmiljøet utenfor hjemmet er blitt tøffere i perioden som dataene våre beskriver, med større innslag av erting og plaging. I MN88² svarte 45 av mennene «ja» eller «delvis» (samlet) til at de hadde opplevd å bli ertet eller plaget i oppvekstmiljøet utenfor hjemmet. I vår undersøkelse er andelen øket til 54 prosent.

Utdanning

- Blant dem med universitets- og høyskoleutdanning på inntil 4 års varighet, er andelen kvinner i dag høyere enn andelen menn.
- Blant menn er det en noe høyere andel som svarer «ja» og «delvis» (sammenlagt) på det «i venneflokkene ikke var så nøye med skolearbeid og lekser». 68 prosent av mennene svarer dette, mot 55 prosent av kvinnene. I aldersgruppen 17 til 34 år er andelen menn enda større, nemlig på 75 prosent. Blant kvinner er det ingen signifikant aldersvariasjon.
- Det er betydelige kjønnsforskjeller i innstillingen til utdanning og jobb. Flere kvinner enn menn sier det er viktig med en jobb der de kan hjelpe andre, eller som lar seg kombinere med barn og familie. Flere menn er opptatt av at jobben skal gi god inntekt, og at den skal gi mulighet for å løse tekniske og praktiske oppgaver.
- Men også rundt 60 prosent av mennene sier at det er viktig med en jobb og som lar seg kombinere med barn og familie

¹ Likestilling skal her og i resten av rapporten forstås som kjønnslikestilling, med mindre noe annet er nevnt eksplisitt.

² "Menn i Norge", Mannsrolleutvalgets undersøkelsen fra 1988.

- Blant yngre menn er det også en større andel som tilslutter seg utsagnet «Jeg ville ha en jobb der jeg kunne hjelpe andre». 29 prosent av dem mellom 35 og 49 år svarer «ja» og «delvis» (sammenlagt) til dette. Blant menn mellom 17 og 24 år øker andelen til 42 prosent.

Arbeid

- Norsk arbeidsliv er kraftig kjønnsdelt. Mens rundt 30 prosent av mennene rapporterer at de jobber innen industri, håndverk, bygg og anlegg, er det bare snaue 10 prosent av kvinnene som gjør det. På den andre siden har vi helse og omsorg der vi finner rundt en fjerdedel av kvinnene, men bare rundt fem prosent av mennene.
- En sammenligning med MN88 tyder ikke på at det har skjedd noen forbedring på dette området de siste tjue årene.
- Gjennomsnittsmannens gjennomsnittlige arbeidsdag er i gjennomsnitt en drøy time lengre enn gjennomsnittskvinnens.
- Menn er oftere enn kvinner å finne blant dem som i gjennomsnitt jobber fra 40 timers i uken og oppover. Blant dem som oppgir at de jobber 50 timer i uken eller mer, finner vi nesten utelukkende menn. Kvinnene, på den andre siden, er overrepresentert blant dem som jobber mindre en normal arbeidsuke.
- Når gjennomsnittlig ukentlig arbeidstid øker utover normaltid, øker også andelen av både menn og kvinner som svarer at de arbeider «mer enn de ønsker». Andelen kvinner som sier de jobber mer enn de ønsker, er likevel større enn andelen menn, både blant dem som jobber normal arbeidsuke, og dem som i gjennomsnitt jobber mer enn dette.
- Blant dem som sier at de «jobber akkurat passe» har gjennomsnittsmannen en gjennomsnittlig ukentlig arbeidstid som er om lag fem timer lengre enn gjennomsnittskvinnen. Det ser ut som om gjennomsnittsmannen og gjennomsnittskvinnen har ulik oppfatning av hva det vil si å jobbe «passe mye».
- Flere menn (47 prosent) enn kvinner (38 prosent) svarer «ja» og «delvis» (sammenlagt) på at de ofte tar arbeidsoppgaver fra jobben med seg hjem. Blant mennene er det særlig de som jobber i kultur, media, undervisning og forskning som svarer dette (69 prosent). På andre plass kommer de som jobber i bank, forsikring, finans og IT (64 prosent). Lavest er andelen blant dem i industri, håndverk, bygg og anlegg

(35 prosent). Også hos kvinner ligger kultur, media, undervisning og forskning her på topp (82 prosent).

- På spørsmål om de ofte tenker på jobben når de er hjemme, svarer 74 prosent av både menn og kvinner «ja» og «delvis» (sammenlagt). Igjen topper i kultur, media, undervisning og forskning lista for både menn og kvinner (87 prosent). I helse/omsorg er det noen flere kvinner (74 prosent) enn menn (71 prosent) som svarer «ja» og «delvis» (sammenlagt) på at de ofte tenker på jobben når de er hjemme.
- Flere menn enn kvinner sier de arbeider mer enn normal arbeidsuke (35 til 40 timer i gjennomsnitt) fordi arbeidsplassen krever det, eller fordi «det er nødvendig for karrieren». De fleste kvinnene som jobber mindre enn normal arbeidsuke, gjør det for å ta seg av hjem og familie. På andre plass følger de som svarer at jobben ikke tilbyr heltidsarbeid.
- Også en gruppe menn (15 prosent) svarer at de jobber mindre enn normal arbeidsuke for å få mer tid til hjem og familie.

Livet i husholdningen

- Hvis vi sammenligner nåværende bosted med oppvekststed, finner vi en tendens til at kvinner i noe større grad enn menn trekker mot de største byene: Blant kvinnene som vokste opp i spredtbygd strøk, er det 23 prosent som oppgir at de nå bor i en by med over 50 000 innbyggere, mot 19 prosent av mennene.
- I vår undersøkelse kartlegges arbeidsdelingen rundt sju typiske arbeidsoppgaver i husholdningen (vasking, rydding, matlaging, med mer). Vi har sammenlignet svarene med tilsvarende svar fra 2002,³ og finner at andelen menn og kvinner som svarer at de enten deler på disse oppgavene eller gjør dem sammen, er noe større i dag. Vi tolker tallene som en indikasjon på at utviklingen mot større likestilling i hjemmene, er en prosess som stadig pågår.
- Handling av dagligvarer er den arbeidsoppgaven som parene deler mest på, etterfulgt (i synkende orden) av rydding, gjøre rent i huset, betale felles regninger, lage mat, vedlikehold/oppussing, og klesvask, som er den minst likestilte aktiviteten.
- Både menn og kvinner er samtidig enige om at kvinner bestemmer noe mer på de områdene i husholdningen som tradisjonelt har vært kvin-

³ ISSP

nens ansvarsområde. Omfordeling av ansvar og innflytelse synes å være en «tregere» prosess enn omfordeling av arbeid. Det er på områdene som historisk sett har vært mest kvinne-dominerte, at mannens ansvar/innflytelse er minst. 63 prosent av kvinnene sier at det «vanligvis jeg» som bestemmer «hva som er rent og ryddig nok». På motsatt side kommer bilkjøp, hvor mannen bestemmer mest. Her svarer 40 prosent av mennene at det er «vanligvis jeg» som bestemmer.

- Om lag 80 prosent av mennene og 70 prosent av kvinnene mener likestillingen hjemme er «svært» eller «ganske» bra.
- Blant dem med høyere sosioøkonomisk status er det en større andel som bor sammen med en partner, enn blant dem med lavere sosioøkonomisk status, særlig blant menn.
- Blant dem med høyere sosioøkonomisk status er det en større andel som bor sammen med barn. Sammenhengen er også her sterkere for menn enn for kvinner.

Partner, partnervalg

- Mens 75 prosent av kvinnene som mener likestillingen i hjemmet er svært bra, er meget fornøyd med samlivet, er det bare 34 prosent av dem som mener likestillingen er «verken bra eller dårlig» som er meget fornøyd. Mennenes svar følger i hovedsak samme mønster. Hos kvinner som vurderer likestillingen hjemme som «ganske dårlig» synker andelen meget fornøyde helt ned til 11 prosent.
- Ved valg av partner er utseende og seksuell tiltrekning noe viktigere for menn enn for kvinner.
- Omtrent halvparten av alle menn og kvinner har en partner på samme utdanningsnivå som dem selv.
- Det er flere kvinner enn menn som svarer at partners jobb er/var et hinder når det gjelder egen jobb eller karriere. Blant dem som beskriver nåværende samliv, er det rundt 5 prosent av mennene og 17 prosent av kvinnene som svarer at partners jobb er/var et hinder når det gjelder egen jobb eller karriere.
- Vold og trusler om vold synes å være et problem som rammer en relativt liten andel av dem som lever sammen. 96 prosent av dem som bor lever sammen med en partner, svarer at det aldri har forekommet vold i parforholdet.
- Andelen som rapporterer vold i tidligere (nå avsluttede) parforhold er likevel betydelig høy-

ere enn blant de som rapporterer fra sitt nåværende parforhold.

- Kvinner tar litt oftere enn menn initiativ til å søke hjelp i samlivet.
- Andelen menn som har vurdert å bryte ut av samlivet, er betydelig større i dag enn for tyve år siden, men kvinnene vurderer dette noe oftere enn menn.

Barn og foreldre

- Både mødre og fedre ytrer ønske om å jobbe mindre og være mer sammen med barna. Andelen som ønsker dette øker når arbeidstiden øker, og andelen øker også med synkende alder på yngste barn.
- Blant dem med yngstebarn mellom 15-18 år er det 15 prosent som ønsker å jobbe mindre av hensyn til barna. Går vi til dem som har barn mellom ett og tre år, øker andelen til rundt 80 prosent. Det er for få kvinner i denne kategorien til at vi får signifikante resultater.
- Blant dem med normalarbeidstid (35-40 timer) kan vi sammenligne dem der det yngste barnet er mellom 15 og 18 år, og dem der det yngste barnet er mellom ett og tre år. Her øker andelen som ønsker å jobbe mindre av hensyn til barna hos både menn og kvinner fra 23 prosent hos de med de eldste barna til om lag 65 prosent hos dem med de yngste barna.
- Nær 80 prosent av fedrene med barn under tre år som jobber mer enn 40 timers uke i gjennomsnitt, ville gjerne ha jobbet mindre, og vært mer sammen med barna.
- Både menn og kvinner ønsker at far skal få mer permisjon. Alternativet som får mest støtte av både menn og kvinner, at fars betalte permisjon bør økes, men at mor bør beholde like lang permisjon som i dag. Av de mer radikale forslagene, er det forslaget om en likedeling av permisjonen som får mest støtte, ca 15 prosent av begge kjønn støtter dette.
- Blant fedrene som var alene hjemme med barnet under permisjonstiden, er det en økt andel som mener dette har ført til bedre kontakt med barnet senere.
- En større andel menn enn kvinner mener barna bør bo omtent like mye hos begge foreldrene etter et samlivsbrudd. Mannsandelen som mener dette er også større enn for tyve år siden. På spørsmål om hvor barna bør bo etter et eventuelt samlivsbrudd, svarte i 1988⁴ 83 pro-

⁴ MN88

sent av mennene «hos begge eller hos meg». I vår undersøkelse er andelen steget til 88 prosent.

- Rent faktisk bor barn i dag i langt større grad hos mor enn hos far etter et samlivsbrudd. Andelen som har barn, men som ikke bor sammen med dem, er betydelig større blant menn enn blant kvinner.
- En lavere andel menn enn kvinner mener at mødre og fedre i dag regnes som likeverdige foreldre.

Likestilling – Erfaringer og holdninger

- Kvinner rapporterer i større grad enn menn at de opplever å bli negativ forskjellsbehandlet på grunnlag av sitt kjønn. Fire prosent av mennene oppgir at de har «blitt hindret i å nå et mål» «fordi de er menn». 14 prosent av kvinnene oppgir at de har «blitt hindret i å nå et mål» «fordi de er kvinner».
- Likestillingsbegrepet er i dag til forhandling. Det er ikke enighet om hva likestilling er eller bør være.
- Både menn og kvinner slutter opp om likestillingspolitiske kjerneelementer som «Kvinner og menn bør ta like mye ansvar for å forsørge familien økonomisk» og «Kvinner og menn bør dele arbeidet hjemme likt».
- En større andel av mennene enn av kvinnene mener at likestillingen mellom kjønnene har kommet langt nok og at likestillingen stort sett er innført allerede.
- Flertallet av både kvinner og menn mener at likeverd er viktigere enn likestilling.
- To av tre mener dagens likestillingsarbeid er mest til fordel for de vellykkede i samfunnet.
- Oppslutningen om kvoteringsordninger er ikke spesielt høy, men støttes av flere kvinner enn menn.
- Rundt 80 prosent av både menn og kvinner mener voldtekt er menns ansvar.

Helse og livskvalitet

- En større andel menn enn kvinner føler seg vel med kroppen sin.
- En større andel kvinner enn menn sier de har ulike psykiske og fysiske plager, som depresjon, angst, stress, vond rygg og manglende sexlyst.
- Overvekt rammer kvinner hardere enn menn i form av ubehag og dårlig selvbilde.

- Flere menn enn kvinner er i kontakt med vold utenfor hjemmet, både som utøvere og som ofre.

Hovedpunkter fra rapportens del 2:

Hoveddimensjonene i studien

- Likestilling består av flere dimensjoner. Hva man mener om likestilling eller hvilke holdninger man har, er noe annet enn hva man gjør i praksis. Positiv holdning betyr ikke uten videre at holdningen følges opp i handling. Likestillingsholdning og likestillingspraksis er to ulike sider eller dimensjoner ved likestilling. Det finnes også flere slike dimensjoner.
- I del 2 av rapporten presenterer vi analyser av seks dimensjoner knyttet til likestilling:
 1. Likestillingsholdning
 2. Likestillingspraksis
 3. Parfordeling (ressursfordeling mellom kvinne og mann i samliv)
 4. Kjønnsutforming (maskulinitet – femininitet)
 5. Likestilling i oppveksten
 6. Livskvalitet
 - Kapitlet presenterer et analyseapparat med disse seks dimensjonene, som kan brukes til analyse av likestillingens tilstand. Det gir en oversikt over hvordan de ulike dimensjonene henger sammen, blant menn og kvinner, og i ulike inntekts- og aldersgrupper.
 - Resultatene viser at likestilling i praksis påvirkes mye av holdning til likestilling. Et nytt resultat, i forhold til debatt som har fremhevet at menn er splittet overfor likestilling, er at sammenheng mellom holdning og handling kommer klart frem blant menn.
 - Mannens holdning er imidlertid slett ikke det eneste som avgjør hvordan han opptrer i praksis. Et annet trekk med stor betydning er fordelingen av ressurser, særlig inntekt, i parforholdet. Også forholdene på jobben har betydning.
 - Likestilling avhenger både av egne valg og holdninger, og av livssituasjon og sosial kontekst. Analysen viser at sosial struktur, men også kjønnskultur og sosialpsykologiske mønstre, betyr mye. Dette kommer mer klart frem enn i tidligere forskning.
 - Kapitlet gir en oversikt over hvilke trekk som øker sjansen for likestilling i praksis blant menn og kvinner. Ved siden av parfordeling og yrkesliv viser det seg at kjønnsutforming og kjønnskultur et viktig momen-

ter, mens likestilling i oppveksten virker noe svakere inn.

- Kapitlet gir også en oversikt over trekk som virker positivt inn på livskvalitet. Likestilling er knyttet til økt livskvalitet særlig blant kvinner. Dette gjelder også blant menn, men svakere.
- Det er fortsatt såpass mange problemer knyttet til å gjennomføre likestilling i praksis i hjemmet og på jobben, at gevinsten i form av økt livskvalitet ennå ikke er klar og tydelig blant menn, selv om den er større enn før.
- Analyseapparatet gir mulighet til mer systematiske analyser av hvordan ulike likestillingsforhold opptrer, enn det som tidligere har vært tilgjengelig i forskning. Det blir mulig å se ulike dimensjoner og bakgrunnstrekk i sammenheng, og vurdere hva som er viktig og mindre viktig.
- Et hovedresultat er at likestilling er et bredt samfunnsmessig, kulturelt og psykologisk mønster som ikke kan sees isolert fra andre forhold i samfunnet.

Likestillingholdning

- Likestillingsholdninger blir målt gjennom om lag tyve spørsmål i undersøkelsen. Noen av disse handler om personens egen holdning, mens andre også har et element av vurdering. Vi laget flere samlemål (indekser) for likestillingsholdninger. De gir omtrent det samme bildet, for selv om det er gradsforskjeller mellom holdninger og vurderinger, utgjør dette én dimensjon. Kapitlet beskriver hovedindeksen for dimensjonen, som bygger på klare holdninger.
- Undersøkelsen viser fire hovedmønstre blant likestillingsholdningen. Dette er holdninger knyttet til henholdsvis:
 1. Kjønn- og likestillingspolitikk
 2. Observasjon/kritikk
 3. Tradisjonalt og miljø
 4. Likedeling av forsørging, beslutninger og arbeid i hjemmet («kjerneverdier»).
 - Noen av disse holdningsmønstrene har mer effekt enn andre overfor likestilling i handling (likestillingspraksis). Dette gjelder særlig holdninger knyttet til kjønns- og likestillingspolitikk, og holdninger knyttet til likedeling.
 - De som har tradisjonelle eller negative holdninger knyttet til kjønns- og likestillingspolitikk, er ofte også preget av «like-

verdsorientering» («likeverd viktigere enn likestilling») og «særartstenkning» («menn og kvinner er grunnleggende forskjellige»).

- Undersøkelsen viser at kjønnspolitikk er er knyttet til personlig kjønnsutforming. Særlig blant menn er det forbindelse mellom tradisjonell kjønnsutforming, og motstand mot videre likestilling, vekt på særart, og andre spørsmål innen denne undergruppen av holdninger.
- For å se nærmere på holdninger som innebærer at man er negativ til videre likestilling, slo vi sammen tre delvis overlappende holdninger – «nok likestilling», «nok innvandring», «nok statlig interaksjon» – i én indeks, altså en «nok-er-nok»-tendens. Selv om denne tendensen som ventet er sterkt partipolitisk assosiert, er det synet på innvandring og stat, mer enn synet på likestilling, som mest trekker i partipolitisk retning.
- Man kunne kanskje ventet å finne en slags «politisk kjerne av likestillingsmotstand», men sporene her er nokså moderate eller svake. Vi lette etter denne kjernemotstanden på litt forskjellige måter, uten å finne så mye. Det analysene viste, var i stedet en ganske sterk assosiasjon med *lavere utdanning* som gikk igjen på flere punkter – hos respondenten, foreldrene og partneren. Dessuten fant vi en forbindelse til enkjønnete mansarbeidsplasser og lite samarbeid med kvinner på samme nivå. Det ser også ut som «nok-er-nok»-tendensen har et element av forskansning og underlegenhetsfølelse i seg, særlig knyttet til utdanning.
- Noen av holdningene er preget av større kjønnsforskjeller enn andre. De er kanskje mer «avslørende» i forhold til en kjønnsdelt virkelighet. Dette gjelder blant annet familieansvar og forsørgeransvar. Disse holdningene kan også sees som utspill i forhandlingene i hjemmet – ikke bare rapport om hvordan situasjonen er.

Likestillingspraksis

- Undersøkelsens hoveddimensjoner er svært relevante for å forklare variasjon i likestillingspraksis. De har ofte mer forklaringskraft enn tradisjonelle bakgrunnsvariabler som kjønn, utdanning, inntekt og alder. Det er særlig ba-

- lansert parfordeling, positiv holdning til likestilling, og ikke-tradisjonell kjønnsutforming som virker inn, men også likestilling i oppveksten har betydning.
- Av bakgrunnsvariablene er det særlig yngre alder som øker sjansen for likestilt praksis. Mer utdanning virker svakt i samme retning.
 - God livskvalitet henger også sammen med økt sjanse for likestilt praksis. God livskvalitet (særlig tydelig hos kvinner) er trolig ikke bare en virkning av likestilt praksis, men kan også være en årsak.
 - Analyser av bakgrunnen for likestillingspraksis viser at hele «anatomien» omkring likestilling betyr mye, med parfordeling i teten – ikke bare menns eller kvinners holdninger og forventninger.
 - Sammenhengen mellom likestilling og livskvalitet blir tydeligere når likestillingen har kommet lengre. Dette har blant annet samband med sosial innovasjon. Dersom innovasjon eller oppbrudd fra tradisjonelt ulikestilte kjønnsroller blir samfunnsmessig og kulturelt godtatt, har likestillingspraksis tydeligere forbindelse med god livskvalitet både hos menn og kvinner. , ikke bare blant kvinner, men generelt.
 - Her ligger også en sentral utfordring for politikktutforming. Et gjennomgående budskap i undersøkelsens resultater er at likestilling handler om organisering, rammebetingelser og fordeling av ressurser – ikke bare om holdninger.
 - Den psykologiske dimensjonen er også viktig. Vi ser mange tegn på at kjønnsutforming og trygghet til å velge mer individuelt, betyr mye. Vi ser også at tillit til at samlivet vil vare, virker sterkt inn på livskvalitet, som igjen (særlig blant kvinner) er assosiert med likestillingspraksis.

Parfordeling

- Mer likeverdig parfordeling øker sjansen sterkt for mer likestilt praksis. Dette er et hovedfunn i surveyen. Effekten er mest tydelig blant menn, men den er trolig like viktig blant kvinner.
- Likeverdig parfordeling øker også sjansen – litt svakere – for mer likestillingsvennlige holdninger. Parfordelingen er altså mer et handlingsparameter enn et holdningsparameter. Den virker så å si «bak ryggen» på holdningene.
- Innen dimensjonen parfordeling er det særlig inntektsfordelingen som har sterk innvirkning på likestilling. Fordelingen av andre ressurser betyr også en del, men inntekt peker seg ut.
- I et samfunn med menn i tradisjonell overhodeposisjon, vil mannsdominans innen ulike typer ressurser slå ut omtrent på samme måte (dvs. gi lite likestilling). Dette er ikke lenger situasjonen i dagens Norge. Utdanning har blitt likt fordelt i det norske gjennomsnittsparet. Og av de mannsdominerte ressursene, er det først og fremst inntektsfordelingen som virker inn på likestillingspraksis. Andre typer ressursdeling betyr mindre. Dette kan tolkes i retning av en fortsatt «erosjon» av mannens tradisjonelle overhodeposisjon.
- Likestilling i oppveksten har en modererende men nokså svak forhindrende effekt på mannsdominert parfordeling senere i livet. Effekten av likestilling i oppveksten er større blant menn enn blant kvinner. Vi hadde ventet noe sterkere resultat, særlig blant kvinner.
- Parfordelingen er bare svakt assosiert med kjønnsutforming. Dette resultatet er overraskende i forhold til mange antakelser i debatten. Resultatet kan ha sammenheng med at kjønn i dag har blitt mer «frisatt» eller noe individuelt. Det er også mulig at den ene faktoren i noen grad kan erstatte den andre. Det man ikke har i ressurser, kan man forsøke å «kompensere for» gjennom kjønnsutforming. Slike momenter kan forklare lav samlet assosiasjon.
- Effekten av inntektsfordeling på likestillingspraksis er nesten like sterk blant kvinner som blant menn. Den er sterk og klar for begge kjønn. Men den bestemmer ikke alt. Vi finner en tendens til «individuering» som innebærer at parfordelingens effekt blir dempet. Mange, både blant menn og kvinner, ser ut til å kunne oppføre seg nokså frihetlig overfor parfordelingen. Dette er tydeligst blant kvinnene, blant de yngre, og blant de som markerer uavhengighet i parforholdet.
- Man kunne tenkt seg at likestilt parfordeling i dagens Norge betyr økt livskvalitet. Dit har vi imidlertid ikke kommet. Resultatene forteller i stedet om varierende effekter. Det er ikke klart at kvinner og menn med lik ressursfordeling også har bedre livskvalitet. I stedet får vi et bilde der parfordelingen særlig i form av skjev inntektsdeling bremser likestillingen i hjemmene.
- Resultatene viser at inntektsfordelingens effekt *ikke* er «rent økonomisk». Dette handler

ikke bare om hva som lønner seg mest, mannens eller kvinnens lønnsarbeid. Sosiale, kulturelle og sosialpsykologiske forhold kommer sterkt inn i bildet, ikke bare de økonomiske.

